

Forvaltingsplan for verneområda i Breheimen



Breheimen nasjonalpark

Publikasjonsnummer
978-82-691091-0-8

Breheimen nasjonalpark, Strynefjellet landskapsvernområde,
Mysubytta landskapsvernområde, Høydalen landskapsvernområde,
Mørkridsdalen landskapsvernområde, Vigdalen landskapsvernområde og
Høyrokampen naturreservat

Breheimen nasjonalparkstyre

Utførande institusjon

Breheimen nasjonalparkstyre

Kontaktperson

Eldrid Nedrelo og Bjørn Dalen

Publikasjonsnummer	År	Sidetall	Opplag
978-82-691091-0-8	2017	208 m/ vedlegg	700

Utgjevar

Breheimen nasjonalparkstyre

Forfattarar

Eldrid Nedrelo, nasjonalparkforvaltar Bjørn Dalen, nasjonalparkforvaltar

Forvaltingsplan for verneområda i Breheimen

Forvaltingsplan for verneområda i Breheimen: Breheimen nasjonalpark, Strynefjellet landskapsvernombord, Mysubytta landskapsvernombord, Høydalen landskapsvernombord, Vigdalen landskapsvernombord, Mørkridsdalen landskapsvernombord og Høyrokampen naturreservat.

Sammandrag

Forvaltingsplanen for verneområda i Breheimen er utarbeidd av Breheimen nasjonalparkstyre. Det overordna målet med planen er å ta vare på verneverdiane i området; eit stort, samanhengande og villmarksprega område som inneholder særegne økosystem og landskap som er utan tyngre inngrep. Dette femner om biologisk mangfald, leveområda til villrein, vassdragsnaturen, særegne geologiske førekommstar, grotter, kulturlandskapet og kulturminne.

Forvaltingsplanen er eit viktig styringsdokument for nasjonalparkstyret, og gjev ei utdjuping og ei forklaring av verneforskriftene. Planen seier noko om kva som er tillate og ikkje i området, og kva tiltak eller aktivitetar det evt. kan søkjast om dispensasjon til. Det er også sett opp forvaltingsmål og ein plan for tiltak som skal gjennomførast for å ta vare på verneverdiane.

Forvaltingsplanen har fem hovuddelar: ei kort innleiing, ei kort skildring av verneområda i Breheimen, ein lengre del som tek for seg forvalting av verneområda med ei skildring av brukarinteressene i områda, ein kortare del om forvaltingsoppgåver og tiltak, og til slutt ein del om sakshandsaming.

Framsidefoto

Tverrådalskyrkja 2088 moh. sett frå Tverrådalen. Tverrådalskyrkja er grensefjell mellom Luster og Skjåk kommunar, og er kanskje det mest kjende fjellet i Breheimen.

FØREORD

Verneplanen for Breheimen vart vedteken ved Kongeleg resolusjon (Kgl. res.) av Kongen i statsråd, 7. august 2009, og omfattar Breheimen nasjonalpark, Strynefjellet landskapsvernområde, Mysubytta landskapsvernområde, Høydalens landskapsvernområde, Mørkridsdalen landskapsvernområde, Vigdalen landskapsvernområde og Høyrokampen naturreservat. Ved vernevedtaket vart det fastsett ei eiga forskrift og eit eige vernekart for kvart av verneområda.

Verneforskriftene er omfattande og gjev samstundes eit visst rom for skjønn. I den praktiske og daglege forvaltinga er det difor behov for ein forvaltingsplan som utdjupar og konkretiserer verneforskriftene, med særleg vekt på § 3 Vernereglar.

Føremålet med forvaltingsplanen er å gjere forvaltinga av verneområda meir framsynt for rettshavarar og brukarar av verneområda. Samstundes er òg mål for å ta vare på natur- og kulturkvalitetane i områda, og tiltak knytt til innfallssportar og informasjon ein viktig del av forvaltingsplanen. Ein forvaltingsplan er difor òg eit svært viktig verktøy for forvaltingsmyndigheita.

Gjennom verneplanarbeidet for Breheimen vart det utarbeidd ei skisse til forvaltingsplan av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Fylkesmannen i Oppland. Denne skissa følgde med vernevedtaket. Breheimen nasjonalparkstyre har sluttført arbeidet og sende «Framlegg til forvaltingsplan for Breheimen nasjonalpark med tilgrensande verneområde» på ei brei høyring i tre månader sommaren 2015. Nasjonalparkstyret fekk inn til saman 40 høyringsuttalar. I samband med høyringa vart det arrangert opne orienteringsmøte, eitt i kvar av kommunane, på Dønnfoss i Skjåk, i Gaupne i Luster og på Galdesand i Lom. Dagen etter desse møta hadde nasjonalparkforvaltarane opne kontordagar i kvar av kommunane. Hausten/vinteren 2015 oppsummerte og vurderte nasjonalparkstyret høyringsuttalane og sende si tilråding til fagleg godkjenning hjå Miljødirektoratet 22.01.2016. Endeleg godkjenning av planen låg føre ved brev frå Miljødirektoratet av 27.06.2016. Miljødirektoratet godkjende planen under føresetnad av at deira framlegg til endringar vart tekne til følgje, slik det gjekk fram av det nemnde brevet. Endringane er innarbeidd i dokumentet vinteren 2016/2017, og Breheimen nasjonalparkstyre har endeleg vedteke «Forvaltingsplan for Breheimen nasjonalpark, Strynefjellet-, Mysubytta-, Høydalens-, Vigdalen- og Mørkridsdalen landskapsvernområde og Høyrokampen naturreservat» med tilhøyrande vedlegg den 01.03.2017.

Forvaltingsplanen inneholder naturfaglege skildringar av verneområda i Breheimen, status for ulike brukarinteresser og drøfting av problemstillingar knytt til forvalting av verneområda. Det er utdjupa konkrete retningslinjer for forvalting og bruk, knytt til dei einskilde reglane i verneforskriftene. Utarbeidinga av det endelege dokumentet er utført av nasjonalparkforvaltarane i Breheimen, Eldrid Nedrelo og Bjørn Dalen.

Gaupne/Skjåk, februar 2017.

Marit Aakre Tennø
Leiar i Breheimen nasjonalparkstyre



Hestbreapiggane med Lundadalen. Her ligg mellom anna høgste fjellet i Breheimen nasjonalpark, Store Hestbreapiggen 2172 moh. Foto: Bjørn Dalen



Innhold

FØREORD	3
OPPSUMMERING	9
1. INNLEIING	15
1.1 Vern av Breheimen	15
1.2 Forvaltingsplan	16
1.3 Dei ulike verneformene	18
1.4 Føringar i naturmangfaldlova – Miljørettslege prinsipp	21
1.5 Oppbygging av dokumentet og forkortinger	23
2. VERNEOMRÅDA I BREHEIMEN	24
2.1 Verneføremål og utfordringar	24
2.2 Forvaltings- og bevaringsmål	26
2.3 Natur- og kulturgrunnlag	27
2.3.1 Landskap og geologi	27
2.3.2 Klima	30
2.3.3 Planteliv	30
2.3.4 Dyreliv	33
2.3.5 Kulturminne	38
3. BRUKARINTERESSER	44
3.1 Jakt, fangst og fiske	44
3.1.1 Fiskekultivering og kalking	46
3.1.2 Bruksprøvar for hund (jakthundprøvar)	48
3.1.3 Taksering av rype med laus hund	49
3.1.4 Bruk av kvist til snarefangst	50
3.1.5 Oppsetting av kassar for utstyr og proviant ved fiskevatn	51
3.1.6 Opplag av båtar	53
3.2 Anna friluftsliv	55
3.2.1 Bruer og klopper	60
3.2.2 Stiar og løyper	63
3.2.3 Bålbrening	66
3.2.4 Ferdsel	67
3.2.5 Regulering av ferdsel	69
3.2.6 Organisert ferdsel: grotter	72

3.2.7	Organisert ferdsel: telting.....	74
3.2.8	Klatring	75
3.2.9	Sykling	76
3.2.10	Bruk av hest	79
3.2.11	Hund.....	81
3.2.12	Kiting og skisegling.....	83
3.2.13	Omsynet til tryggleik og vesentlege samfunnsinteresser	84
3.3	Jordbruk og skogbruk	86
3.3.1	Gjerde og sanketrøer	92
3.3.2	Saltsteinar o.l.....	95
3.3.3	Beitebru er	96
3.3.4	Drift av jordbruksareal og rydding av stølsvollar	97
3.3.5	Oppdyrkning av nye areal.....	100
3.3.6	Vassvegar (i Lom og Skjåk).....	101
3.3.7	Bufor veg i Mørkridsdalen og til Osen.....	103
3.3.8	Samlekve i Vigdalen.....	104
3.3.9	Master i beitebruk.....	105
3.3.10	Forvalting av rovvilt og andre artar	106
3.3.11	Vedhogst og annan hogst.....	107
3.3.12	Lagring av gjerde og materialar til bruk i jordbruket.....	113
3.3.13	Utfordringar ved flaum	113
3.4	Tamreindrift	114
3.4.1	Beiting	115
3.4.2	Gjerde og andre anlegg	116
3.5	Hytter/stølshus/seterbygningar og andre bygningar	117
3.5.1	Vedlikehald av bygningar og anlegg	120
3.5.2	Ombygging og mindre utviding (tilbygg) av bygningar	121
3.5.3	Nye bygningar i landbruket	123
3.5.4	Nye bygningar og anlegg for tamreindrifta	126
3.5.5	Riving av bygningar og gjenoppføring etter brann eller naturskade osb.....	127
3.5.6	Særleg om freda bygningar, verneverdig bygninga og bygningar med kulturhistorisk verdi.....	129
3.5.7	Nye sjølvbetente hytter	130
3.5.8	Ny stølsvoll på Dulsete.....	130
3.5.9	Kulturlandskapssenter i Mørkridsdalen.....	131
3.6	Reiseliv	132
3.7	Forsking	135
3.8	Tekniske inngrep	137
3.8.1	Kraftanlegg: mini- og mikrokraftverk	139
3.8.2	Master	141
3.8.3	Vegar og parkering.....	143
3.8.4	Jordkabel.....	145
3.8.5	Rassikring.....	147

3.9 Motorferdsel	148
3.9.1 Operativ verksem: redning, politi, brann, oppsyn, militær verksemd osb.	156
3.9.2 Øvingsverksem i samband med redning, politi, brann, oppsyn, militær verksemd osb.	157
3.9.3 Utøving av tamreindrift.....	159
3.9.4 Transport av ved, varer, utstyr og materialar (til stølar, hytter, bruver osb.).....	160
3.9.5 Bruk av snøskuter for transport av personar med funksjonsnedsetting.....	163
3.9.6 Jord- og skogbruk	164
3.9.7 Vedlikehald av vassvegar	168
3.9.8 Stikking, vedlikehald og preparering av skiløyper	169
3.9.9 Transport av felt elg og hjort	171
3.9.10 Kalking og fiskekultivering	172
3.9.11 Fiske	174
3.9.12 Motorbåt på Lundadalsvatnet	174
3.9.13 Motorferdsel på bilvegar.....	175
3.9.14 Transport i samband med energi- og kraftforsyning og snømålingar.....	178
3.9.15 Teljing av dyr.....	179
3.9.16 Rassikring.....	181
3.9.17 Drift av Strynefjellet sommarskisenter.....	182
3.9.18 Filming på Spørtegggreen.....	182
3.9.19 Drift av Høydalsseter turiststasjon.....	183
3.10 Ureining , avfall og støy	184
4. FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK	189
4.1 Differensiert forvalting	189
4.2 Informasjon	191
4.2.1 Informasjon og skilting av innfallsportar	191
4.3 Miljøvedtaksregisteret.....	196
4.4 Skjøtsel.....	197
4.5 Oppsyn	198
5. SAKSHANDSAMING	200
5.1 Forvaltingsstyresmakt – lokal forvalting.....	200
5.2 Eigedomsforhold og andre rettslege forhold.....	202
5.3 Forvalting av verneforskrifta	203
5.3.1 Generelle dispensasjonsreglar	203
5.4 Generelle retningsliner for sakshandsaming.....	204
5.5 Kongeleg resolusjon	205
6. REFERANSAR	206
7. VEDLEGG	209

OPPSUMMERING

Forvaltingsplanen for Breheimen nasjonalpark, Strynefjellet-, Mysubytta-, Høydalen-, Mørkridsdalen-, og Vigdalen landskapsvernområde, samt Høyrokampen naturreservat trekker opp retningsliner for handsaming av saker etter verneforskriftene og føreslår tiltak for dei ulike aktivitetane og brukarinteressene i områda. Forvaltingsplanen er retningsgjevande for forvaltinga av desse verneområda, men retningslinene er ikkje juridisk bindande med mindre det er synt direkte til forvaltingsplanen i forskrifta.

Arbeidet med forvaltingsplan er ikkje ein ny omgang med å lage verneforskrifter. Verneforskriftene vart fastsette ved vernevedtaket, og utgjer altså ramma for innhaldet i forvaltingsplanen.

Gjennom verneplanarbeidet for Breheimen vart det utarbeidd ei skisse til forvaltingsplan av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Fylkesmannen i Oppland. Denne skissa følgde med vernevedtaket. Breheimen nasjonalparkstyre slutførde arbeidet i 2015, og gjorde det klart før høyring. Fagleg rådgjevande utval bidrog med gode råd til sekretariatet i denne prosessen. Fagleg Rådgjevande utval har representantar frå grunneigarane i Luster, Skjåk og Lom, Luster Fjellstyre, Reinheimen-Breheimen villreinutval, Lom tamreinlag, Norsk Fjellmuseum, Breheimsenteret, DNT Oslo og Omegn, Bondelaga i Luster, Bondelaga i Lom og Skjåk, og Naturvernforbundet i Oppland og Sogn og Fjordane.

I arbeidet med forvaltingsplanen har det vorte definert nokre naturkvalitetar som ein meiner er særleg viktige å ta vare på i verneområda i Breheimen. For desse kvalitetane er det utarbeidd bevaringsmål. Bevaringsmål skal vere målbare og definerer den tilstanden ein ønskjer ein naturkvalitet i verneområdet skal ha. Bevaringsmåla skal følgjast opp og gjere det lettare for forvaltinga å registrere eventuelle endringar i naturkvalitetane.

Forvaltingsplanen veg vern mot bruk innanfor rammene av verneforskrifta. Når det er motstridande interesser mellom bruk og vern, skal brukarinteressene vike til fordel for verneføremålet. Dette følgjer av sentrale retningsliner og føremålet med vernet. «Føre-var-prinsippet» er viktig i forvaltinga av verneområde.

Forvaltingsplanen har fem hovuddelar: Ei kort innleiing, ei kort skildring av verneområda i Breheimen, ein lengre del som tek for seg forvalting av verneområda, ein kortare del om forvaltingsoppgåver og til slutt ein del om sakshandsaming. Den tredje delen skildrar brukarinteressene i områda, tolkar og utdjupar verneforskriftene opp mot desse (kva som er meint i forskrifta) og praktisering av forskrifta (korleis forvaltinga av nasjonalparken, landskapsvernområda og naturreservatet vil vere).

Forvaltingsplanen skisserer behovet for ulike tiltak, m.a. tilrettelegging og informasjon. Breheimen nasjonalparkstyre har eit særleg ansvar for desse arbeidsfelta, men det krev eit godt samarbeid med andre aktørar og kan/bør gjennomførast i samarbeid med Statens naturoppsyn, grunneigarar, fjellstyre, kommunane og andre.



Villrein i Breheimen. Reinheimen – Breheimen villreinområde er det 3. største leveområdet for villrein i Noreg. Breheimen utgjer søre del av villreinområdet. Foto: Øyvind Angard.







Mørkridsdalen, frodig, vill og vakker! Kulturlandskapet i Mørkridsdalen er særleg verdifullt, og stølene pregar dalføret. I biletet ser vi både stølen Råsane, Dulsete, Knivabakkli og Knivabakkgjerdet. Foto: Bjørn Bergum.



Tundradalskyrkja, Breheimen nasjonalpark.
Foto: Kari Elin Sperstad.

1. INNLEIING

1.1 VERN AV BREHEIMEN

Verneplanen for Breheimen vart vedteken ved Kgl. res. av Kongen i statsråd, 7. august 2009, og omfattar følgjande verneområde:

- Breheimen nasjonalpark 1691 km²
- Strynefjellet landskapsvernområde 11,8 km²
- Mysbytta landskapsvernområde 5,6 km²
- Høydalen landskapsvernområde 11,1 km²
- Mørkridsdalen landskapsvernområde 34,7 km²
- Vigdalen landskapsvernområde 29,2 km²
- Høyrokampen naturreservat 9,9 km²

I tillegg grensar Honnsrøve naturreservat (16,4 km², oppretta i 2005, i Skjåk kommune) og Jostedalsbreen nasjonalpark (1310 km², oppretta i 1991, i Sogn og Fjordane) til Breheimen nasjonalpark. Breheimen nasjonalparkstyre gjorde vedtak om å ta imot tilbodet om å overta forvaltingsansvaret for Honnsrøve naturreservat i styremøte den 06.02.2015, sak 8/15. Honnsrøve naturreservat er ikkje omfatta av forvaltingsplanen sidan arbeidet med planen allereie var godt i gong då nasjonalparkstyret fekk ansvar for forvaltinga av dette siste området.

Verneområda ligg i Luster kommune i Sogn og Fjordane fylke, og i Lom og Skjåk kommunar i Oppland fylke, med eit samla areal på omlag 1793 km².

Framlegget om at Breheimen og Mørkridsdalen skulle vernast som nasjonalpark saman med Jostedalsbreen, kom gjennom NOU 1986:13 *Ny landsplan for nasjonalparker*. På grunnlag av denne utarbeidde Regjeringa St. meld nr. 62 (1991-1992 *Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge*). Der vart det bestemt at arbeidet skulle vidareførast med framlegg om vern av Breheimen og Mørkridsdalen. Dette vart stadfesta då Stortinget handsama nasjonalparkmeldinga gjennom Innst. S. nr. 124 (1992 – 1993) om *Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge*.

Fylkesmennene i Oppland og i Sogn og Fjordane fekk i oppdrag frå dáverande Miljøverndepartementet (No Klima- og miljødepartementet KLD) og Direktoratet for naturforvalting (no Miljødirektoratet) å følgje opp nasjonalparkmeldinga med å utgreie vern i Breheimen-Mørkridsdalen etter gjelande regelverk.

1.2 FORVALTINGSPLAN

Verneområda i Norge varierer mykje med omsyn til storleik, naturtype, dyre- og planteliv og menneskeleg bruk. Det er eit mål at forvaltinga av verneområda skjer etter ein nasjonal, heilskapleg og framtidsretta strategi. Samstundes må forvaltinga av det einskilde verneområdet vere forankra i verneforskrifta og føremålsparagrafen der.

For nasjonalparken og dei fem landskapsvernombordene, samt naturreservatet i Breheimen, er det nedfelt i verneforskriftene at det skal utarbeidast ein forvaltingsplan for områda. Forvaltingsplanar for nasjonalparkar og landskapsvernombordene vert utarbeidde etter ein felles mal, men vert tilpassa kvart einskild verneområde og forskrift. Verneforskrifta set rammene for forvaltingsplanen, og forvaltingsplanen kan difor ikkje utforme retningsliner som går ut over det som er heimla i verneforskrifta.

Ved å utarbeide ein forvaltingsplan for verneområda i Breheimen ønskjer ein å få ei samla oversikt og handsaming av aktuelle brukarinteresser og problemstillingar. Hovudmålet med forvaltingsplanen er å trekke opp retningsliner og konkretisere felles mål for forvaltinga, slik at føremåla med etableringa av verneområda vert ivaretakne. Forvaltingsplanen skal såleis vere eit praktisk hjelpemiddel, og medverke til samordna praksis for området. Planen er såleis viktig for å oppnå lik handsaming og ei pårekneleg, heilskapleg forvalting av verneområda. Forvaltingsplanen vil også fungere som ein rettleiar for brukarar av områda, m.a. landbruks- og reindriftsnæringer og frivillige organisasjoner.

Verneforskriftene set rammene for forvaltingsplanen. Føremålsparagrafen i verneforskriftene, § 2, er sentral i høve bruken som kan skje i verneområda. Gjennom forvaltingsplanen kan det ikkje gjevast løyve til tiltak som det er forbod mot i verneforskriftene. Likeins kan ein ikkje i forvaltingsplanen forby tiltak som det er gjeve direkte opning for i verneforskriftene. Utover dette er det ei rekke tiltak og aktivitetar som det etter søknad kan gjevast løyve til i verneområda i Breheimen (også kalla dispensasjon). Forvaltingsplanen skal avklare nærmere kva som kan eller bør tillatast med utgangspunkt i verneverdiar og føremål.

Forvaltingsplanen kan ikkje gje fritak frå søknadsplikta slik den er fastsett i verneforskrifta, men kan omtale tiltak ein kan vente å få løyve til etter søknad, og om det t.d. kan vere aktuelt å gje fleirårige løyve.

Arbeidet med å lage forvaltingsplan er ikkje ein ny omgang med å lage verneforskrifter.

Verneforskriftene vart fastsette ved vernevedtaket, og utgjer altså ramma for innhaldet i forvaltingsplanen.

Forvaltingsplanen er utarbeidd med heimel i § 5 i verneforskriftene. Han er i utgangspunktet ikkje eit juridisk bindande dokument, men kan vere juridisk bindande der reglar i verneforskrifta viser direkte til forvaltingsplanen. Av dette følgjer det at ein forvaltingsplan kan innehalde både reglar og retningsliner. Planen skal godkjennast av Miljødirektoratet som ansvarleg fagstyremakt for forvalting av nasjonalparkar og andre større verneområde.

Forvaltingsplanen har eit langsiktig perspektiv, og bør difor ha ei funksjonstid på inntil ti år. Temakarta vil i alle tilfelle bli revidert saman med resten av innhaldet i forvaltingsplanen, men sidan temakarta ligg som vedlegg til planen vil delar kunne oppdaterast oftare så lenge det er snakk om direkte feil i vedlegga og det ikkje er opplysningar som må, eller bør sendast på høyring.



Kyr på beite i Tundradalen med Tundradalskyrkja og Tverrådalskyrkja i bakgrunnen, Breheimen nasjonalpark.

Foto: Per Dagsgard

Rådgjevande utval:

Fagleg rådgjevande utval har bidrige med gode råd til nasjonalparkforvaltarane i arbeidet med forvaltingsplan.

Samansetjinga i Fagleg rådgjevande utval er per januar 2017 slik det går fram av tabellen nedanfor. Kvart organ har ein representant:

Representasjon i Fagleg Rådgjevande Utval Breheimen

Grunneigarane i Skjåk

Grunneigarane i Luster

Grunneigarane i Lom

Statskog SF og fjellstyra i Lom og Luster

Reinheimen - Breheimen villreinutval

Lom Tamreinlag

Norsk Fjellmuseum

Breheimsenteret

DNT Oslo og Omegn

Bondelaga og Bonde- og småbrukarlaga i Sogn og Fjordane

Bondelaga og Bonde- og småbrukarlaga i Oppland

Naturvernforbundet i Oppland og Sogn og Fjordane

1.3 DEI ULIKE VERNEFORMENE

Nasjonalparkar

Pr 1.1.2012 er om lag 16.8 % av alt landareal i Noreg verna, og av dette er 9,3 % verna som nasjonalpark. Breheimen nasjonalpark vart oppretta som den 31. nasjonalparken i Noreg. Dette er den første nasjonalparken som er oppretta etter at naturmangfaldlova tredde i kraft 1. juli 2009, med tilvising til § 34 og § 77, jf. § 35 og § 62. Det er § 35 i naturmangfaldlova som gjev den direkte heimelen for å etablere nasjonalparkar:

Naturmangfaldlova § 35

Som nasjonalpark kan vernes større naturområder som inneholder særegne eller representative økosystemer eller landskap og som er uten tyngre naturinngrep.

I nasjonalparker skal ingen varig påvirkning av naturmiljø eller kulturminner finne sted, med mindre slik påvirkning er en forutsetning for å ivareta verneformålet. Forskriften skal verne landskapet med planter, dyr, geologiske forekomster og kulturminner mot utbygging, anlegg, forurensning og annen aktivitet som kan skade formålet med vernet, og sikre en uforstyrret opplevelse av naturen. Fersel til fots i samsvar med friluftsløvens regler er tillatt. Slik fersel kan bare begrenses eller forbys i avgrensede områder i en nasjonalpark, og bare dersom det er nødvendig for å bevare planter eller dyr, kulturminner eller geologiske forekomster.

Utkast til forvaltingsplan skal legges frem samtidig med vernevedtaket.



Drivandefossen, Mørkridsdalen landskapsvernombord.
Foto: Eldrid Nedrelo

Vern som nasjonalpark inneber eit relativt strengt områdevern. Forbod mot tekniske inngrep står sentralt og skal handhevast særstegn ved eventuelle søknader om dispensasjon. Vedlegg 4 syner status for inngrepsfrie naturområde i Breheimen. Motorferdsle skal haldast på eit minimum. Sikring av område for friluftsliv og naturoppleveling er eit viktig delmotiv for oppretting av store verneområde.

Landskapsvernområde

Landskapsverneområde kan etablerast med heimel i § 36 i naturmangfaldlova:

Naturmangfaldlova § 36

Som landskapsvernområde kan vernes natur- eller kulturlandskap av økologisk, kulturell eller opplevingsmessig verdi, eller som er identitetsskapende. Til landskapet regnes også kulturminner som bidrar til landskapets egenart.

I et landskapsvernområde må det ikke settes i verk tiltak som kan endre det vernede landskapets sær preg eller karakter vesentlig. Pågående virksomhet kan fortsette og utvikles innenfor rammen av første punktum. Nye tiltak skal tilpasses landskapet. Det skal legges vekt på den samlede virkning av tiltakene i området. I forskriften kan det gis bestemmelser om hva som kan endre landskapets sær preg eller karakter vesentlig, om krav til landskapsmessig tilpassing, og om ferdsel som ikke skjer til fots.

For de deler av landskapsvernområdet der bruk er en vesentlig forutsetning for å ivareta verneformålet, skal det senest samtidig med vedtak om vern etter første ledd legges frem et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk godtgjørelse til private som bidrar til områdets skjøtsel.

Utkast til forvaltingsplan skal legges frem samtidig med vernevedtaket. Der det også er aktuelt med skjøtselsplan, skal den inngå i forvaltingsplanen.

Å ta vare på landskapet sitt sær preg og karakter er ei sentral målsetting ved oppretting av landskapsvernområde. Restriksjonsnivået er gjennomgåande lågare enn for dei andre verneformene.

Det er ikkje lov å setje i verk tiltak som vesentleg kan skade eller endre landskapet. Jord- og skogbruk kan normalt halde fram som tidlegare, men det vil ofte vere reglar som pålegg ein å ta større omsyn til dei landskapsmessige konsekvensane av verksemnda enn det ein gjer i andre område.

Tradisjonell landbruksdrift vil som hovudregel halda fram som før, men for å ta vare på verneverdiane kan det vere naudsynt å regulere driftsformer og arealbruk i landbruket. Det kan også vere ønskjeleg å oppretthalde driftsformer som har skapt ei spesiell og kulturpåverka vegetasjonssamsetting, t.d. beiting av bufe.

Naturreservat

Naturreservat kan etablerast med heimel i § 37 i naturmangfaldlova:

Naturmangfaldlova § 37

Som naturreservat kan vernes områder som

- a) inneholder truet, sjeldent eller sårbar natur,
- b) representerer en bestemt type natur,
- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,
- d) utgjøre en spesiell geologisk forekomst, eller
- e) har særskilt naturvitenskapelig verdi.

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettningstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringar verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettningstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for å ivareta verneformålet, skal det samtidig med verneverdaket legges frem et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk godtgjørelse til private som bidrar til områdets skjøtsel.

Vilkåra for å opprette naturreservat er knytt til området sin funksjon for biologisk mangfold (eller geologi). Eit naturreservat kan totalfredast eller fredast for bestemte føremål. Restriksjonsnivået er både tilpassa verneføremålet, og dei lokale forholda tilhøva på staden. Verneforma er den strengaste forma for områdevern etter naturmangfaldlova.



Marisko, Høyrokampen naturreservat.
Foto: Bjørn Dalen

1.4 FØRINGAR I NATURMANGFALDLOVA – MILJØRETTSSLEGE PRINSIPP

Ved utøving av all offentleg mynde skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8-12 i Naturmangfaldlova leggjast til grunn som retningsliner ved forvalting av verneområde.

For handsaming av dispensasjonssøknader etter verneforskrifta skal følgjande miljørettslege prinsipp i naturmangfaldlova vurderast, jf. § 7 i lova:

- Kunnskapsgrunnlaget (§ 8)
- Føre-var-prinsippet (§9)
- Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10)
- Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar (§ 11)
- Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode (§ 12)

Prinsippa skal vurderast i alle dispensasjonssaker. Det skal gå fram av vedtaket korleis prinsippa er brukte og kva vekt det er lagt på kvart av dei i den konkrete saka.

Klima- og miljødepartementet har våren 2016 gjeve ut ein rettleiar om bruken av prinsippa. Rettleiaren er tilgjengeleg frå heimesidene til både Klima- og miljødepartementet, og Miljødirektoratet.

Kunnskapsgrunnlaget - Naturmangfaldlova § 8

Kunnskapskravet inneber at utøving av all offentleg mynde som omfattar natur skal vere kunnskapsbasert.

Kunnskapen skal ikkje berre baserast på vitskapleg kunnskap, men også på den erfaringsbaserte, jf. Ot. prp. nr. 52

s 379-380. I samband med motorferdsel vil dette gjelde generelt, for løyve til køyring på bar mark og snødekt mark.

Kunnskapen kan til dømes kome frå kartleggingar, konkrete faglege utgreiingar osb.

Føre-var-prinsippet - Naturmangfaldlova § 9

Dersom forvaltingsstyresmakta ikkje har kunnskap eller tilstrekkeleg kunnskap om konsekvensane for naturmangfaldet som følge av til dømes ein søknad om motorferdsel vil føre-var-prinsippet nyttast, sjå naturmangfaldlova § 9, vidare Ot. prp. nr. 52 s. 380 og flg. Føre-var-prinsippet er ei retningsline for korleis styresmaktene handterer usikkerheit om kunnskapsgrunnlaget. Det er difor ein nær samanheng mellom kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldlova § 8 og føre-var-prinsippet i § 9. Dersom det t.d. vert søkt om løyve til motorferdsel i eit område ein antek er sårbart vert kravet til kunnskap om verknadene av bruken skjerpa. I dei tilfella ein har lite kunnskap vil føre-var-prinsippet få størst vekt. Dersom ein må ta avgjerder utan tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag for å kunne fastslå verknadene på naturmangfaldet seier § 9 at det skal «tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet». Det kan i slike tilfelle tyde avslag på søknad om løyve, eventuelt at løyve vert gjeve på strenge vilkår.

Økosystemtilnærming og samla belastning - Naturmangfaldlova § 10

Prinsippet i naturmangfaldlova § 10 skal sikre at nye påverknader vert underlagt ei heilskapsvurdering av kva belastning økosystemet vert utsett for. Det inneber først at prinsippet ikkje skal sjåast isolert, men vurderast i samanheng med den miljøbelastning som allereie er skjedd gjennom ulike påverknader frå tidlegare løyve. Dette gjeld særleg dersom miljøbelastninga er ved ei kritisk grense der sjølv ein liten auke, t.d. i motorferdsle, vil ha mykje å seie for økosystemet. For det andre vil prinsippet gjelde også på eit første tiltak dersom det kan ventast mange framtidige søknader om dispensasjonar frå regelverket og antatt samla påverknad vil kunne gje vesentlege eller alvorlege eller uopprettelege skader på naturmangfaldet. I slike tilfelle bør søknadar om tiltak verta avslått.

Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar - Naturmangfaldlova § 11

Regelen er ei retningsline for forvaltingsstypesmakta, og inneber at den som valdar skade på naturmangfaldet skal bere kostnadane ved skade, samt bere kostnadane ved å hindre eller avgrense skaden. Dette kan vere førebyggande, for eksempel utgifter for å hindre eller avgrense støy eller terrengslitasje. Det kan også vere avbøtande tiltak for oppretting av naturtilstanden o.l., eller det kan vere kostnadane med å få utgreidd eventuelle konsekvensar av tiltaket.

Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode - Naturmangfaldlova § 12

Regelen gjeld val av driftsmetode, teknikk eller lokalisering «for å unngå eller begrense skader» på naturmangfaldet, jf. § 12. Det skal takast utgangspunkt i slike driftsmetodar og slik teknikk og lokalisering som, ut frå ei samla vurdering av tidlegare, noverande og framtidig bruk av mangfaldet og økonomiske forhold, gjev dei beste samfunnsmessige resultata. Dette inneber at det må vurderast kva løysing med tanke på til dømes kva bruk av motorkøyretøy, tidspunkt for hausting eller kva lokalisering som gjev minst skade osb. og som etter ei samla vurdering gjev dei beste samfunnsmessige resultata.

Tiltakshavar kan for eksempel søkje om løyve til bruk av snøskuter for å frakte byggematerialar til hyttebygging. Køyringa kan føre til forstyrring av villrein i det aktuelle tidsrommet. I slike tilfelle kan forvaltingsstypesmakta i medhald av alminnelege forvaltingsrettslege prinsipp og naturmangfaldlova § 11 stille vilkår om at ferdsel skal skje på eit anna tidspunkt, evt. med helikopter, sjølv om dette fører til auka kostnader for tiltakshavar. Det vil også vere naturleg å vise til verneforskrifta som opnar for slik transport med helikopter.

Miljørettsprinsippa skal vere ein del av vurderinga av om dei rettslege vilkåra for dispensasjon er oppfylt, t.d. at tiltaket «ikke strider mot vernevedtakets formål». Miljørettsprinsippa kan øgtrekka inn i vurderinga av om det skal gjevest dispensasjon. Dersom det vert gjeve dispensasjon, bør vurderinga av effekten av tiltaket på verneverdiane vere avgjerande for omfang og vilkår som vert stilt for dispensasjonen. I mindre saker med lita tyding for verneverdiar og verneføremål kan vurderinga av miljørettsprinsippa vere enklare enn i større saker. Det må likevel alltid gå fram at prinsippa har vore vurdert i saka.



1.5 OPPBYGGING AV DOKUMENTET OG FORKORTINGAR

Dokumentet er omfattande, og for å gjøre det lettare å lese er delar av innhaldet systematisert i boksar med ulike fargar. I det følgjande definerer teksten i dei lys oransje boksane «Forvaltingsmål» (jf. kap. 2.2), medan teksten i dei grå boksane er «Rammer og reglar» som er sitert frå verneforskriftene, og teksten i dei lyseblå boksane presiserer «retningsliner for forvalting og bruk». **Teksten i desse lyseblå boksane utdjupar forskriftene, og seier noko om korleis forvaltingspraksis og framtidig bruk skal vere. Teksten i dei lysegrøne boksane forklarer ulike ord/omgrep.**

I dei følgjande kapitla nyttar ein nokre stader forkortingane NP og LVO.

- NP står for nasjonalpark
- LVO står for landskapsvernombråde

Når området blir omtalt som Breheimen i forvaltingsplanen meiner ein heile verneplanområdet. Det vil seie at namnet inkluderer nasjonalparken, landskapsvernombråda og naturreservatet.

Med LVO-forskrift meiner ein t.d. forskrifa for det aktuelle landskapsvernombrådet som vert omtala i eit avsnitt, evt. forskriftene for alle dei fire landskapsvernombråda i Breheimen om det er ein meir generell omtale.

Fleire stader i dokumentet vert det synt til kgl. res. når ein skal utdjupe eller presisere forskriftene. Kgl. res. står for Kongeleg resolusjon, og er det dokumentet som låg ved saka då Kongen i statsråd vedtok opprettinga av verneområda i Breheimen den 07.08.2009. Sjå elles kap. 5.6.

Breheimen nasjonalparkstyre er forvaltingsstyresmakt for verneområda i Breheimen. Når forvaltingsstyresmakta vert omtala som «nasjonalparkstyret», meiner ein Breheimen nasjonalparkstyre.

Kapittel 2 og 3 i forvaltingsplanen har eigne avsnitt om «tiltak». Tiltaka som er omtala i hovuddokumentet til forvaltingsplanen er tiltak som har vore aktuelle i perioden forvaltingsplanen har vore under utarbeiding (alt frå skissa til forvaltingsplan låg føre med vernevedtaket i 2009). Samstundes vil det stadig skje endringar i verneområda når det gjeld tiltak: Nokre tiltak vert gjennomført og avslutta og nye tiltak som må gjennomførast kjem til. Alle tiltak er difor lagt inn i ein eigen tiltaksplan, jf. vedlegg 3. Prioritering av tiltak i tiltaksplanen er ei pågående oppgåve for nasjonalparkstyret og tiltaksplanen må reviderast årleg, uavhengig av hovuddokumentet til forvaltingsplan. Nokre tiltak vil såleis både vere omtala både i sjølve hovuddokumentet og i tiltaksplanen i vedlegg 3. Tiltaka som er omtala i hovuddokumentet er likevel ikkje tekne ut då det kan vere nyttig for samanhengen i teksten og av omsyn til forståinga for tiltaket at dei står der. Samstundes vil vedlegg 3 til ei kvar tid innehalde den mest oppdaterte opplistinga av aktuelle tiltak i verneområda.



SNO legg ny klopp
over Vetsota, Breheimen
nasjonalpark.
Foto: Bjørn Dalen.

2. VERNEOMRÅDA I BREHEIMEN

2.1 VERNEFØREMÅL OG UTFORDRINGAR

Verneforskrifta

Forskriftene for verneområda i Breheimen ligg som vedlegg 1 a)-g). Forskriftene trer i kraft straks ved vedtak, det vil sei at dei tredde i kraft frå 7. august 2009. Forvalting av verneområda skal vere i samsvar med dei rammene som verneforskriftene set.

Føremål

Breheimen nasjonalpark og dei tilhøyrande verneområda er oppretta for å gje vern mot inngrep der sjølve Breheimen og områda rundt hører saman i ein heilskap. I føremålsregelen vert området sin eigenart/særtrekk framheva for kvart av verneområda.

Føremålet med Breheimen nasjonalpark er gjeve i § 2 i verneforskrifta for nasjonalparken, jf. vedlegg 1a). Føremålet med dei tilhøyrande landskapsvernombråda og naturreservatet er gjeve i § 2 i dei aktuelle verneforskriftene, jf. vedlegg 1b)-g).

Verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark § 2

Føremålet med Breheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde som inneholder særegne, representative økosystem og landskap som er utan tyngre inngrep.

Vidare er føremålet med nasjonalparken å:

- ta vare på eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfold
- ta vare på leveområde til villreinstammen i Ottadalen villreinområde
- ta vare på vassdragsnaturen i området
- ta vare på ein variasjonsrikdom i geologi med særprega geologiske førekomstar, vegetasjon og landskap
- ta vare på grottene i området
- ta vare på kulturminne.

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra oppleving av naturen gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Breheimen blir i hovudsak nytta til tradisjonell hausting av naturressursane i form av beiting, jakt og fiske og ymse former for enkelt friluftsliv. I områda er det bygningar og andre innrettingar knytt til denne bruken. Det er ikkje bilvegar i nasjonalparken, reservatet eller i Mørkridsdalen- og Vigdalen landskapsvernombråda, og mest all motorferdsle skjer på vinterføre.

Når eit område får status som nasjonalpark, er dette eit stempel på at her finst noko av det flottaste av norsk natur som er viktig å ta vare på for framtida. Ein slik status trekker til seg turistar, både norske og utanlandske.

Truslane mot verneverdiene i Breheimen er i første rekke auka ferdsel, forsøpling og slitasje på vegetasjonen.

Gjennom arbeidet med forvaltingsplanen ser ein særleg følgjande utfordringar knytt til forvaltinga av verneområda:

- Ferdsel og slitasje i grottene i Dumdalen.
- Naturtypar som krev skjøtsel: Bevaring av naturverdiane innanfor verneområda er komplisert og kan vere krevjande. Det er snakk om ulike verdiar som krev ulike omsyn. Samstundes er variasjon i naturtilhøve i seg sjølv ei viktig årsak til dei høge verdiane innanfor området, og denne variasjonen er dels skjøtsels-/kulturbetinga og dels avhengig av liten påverknad.
- Å balansere interessene mellom bruk og vern, særleg sett i forhold til omsynet til villrein.
- Å ta vare på gamle bygningar og kulturminne som syner historisk bruk

Strategiar for forvaltinga

Verneføremåla i nasjonalparken og dei tilhøyrande mindre områda er knytte til kvalitetar som store urørde høgfjellsøkosystem, biologisk mangfold, naturtypar, villreinstammen i Ottadalen, kulturlandskap, kulturminne, geologiske førekomstar og landskapsformer og vassdragsnatur. Vidare er friluftslivet ein del verneføremålet i nasjonalparken og landskapsvernombåda.

For verneområda i Breheimen kan ein samanfatte utfordringane og måla slik:

- Sikre verneverdiane i eit langsiktig perspektiv (200 år).
- Sikre det biologiske mangfaldet, mellom anna villreinstammen i Reinheimen - Breheimen
- Sikre eit særprega kulturlandskap i landskapsvernombåda, der støls-/seterlandskap er sentralt for landskapet sin eigenart.
- Gje ålmenta moglegheiter til å utøve eit naturvenleg og enkelt friluftsliv innanfor rammene av verneforskriftene.

Forvaltinga skal skje etter ein hovudregel om at brukarinteressene skal tilpassast verneverdiane. For å unngå konfliktar mellom bruk og vern skal Breheimen nasjonalparkstyre ha ein god dialog med brukarane og arbeide for å skape semje om løysingar.

Breheimen nasjonalparkstyre vil peike på at vernet kan kombinerast med ymse slags bruk av områda, både bruk som støttar opp om verneføremålet og bruk som ikkje har nemneverdig negativ verknad for vernet. Lovlege aktivitetar følgjer av verneforskriftene og forvaltingsplanen. Tidlegare bruk av området vil stort sett kunne halde fram.

Fleire stader i landskapsvernombåda er det særleg verdfullt kulturlandskap. Kulturlandskapet er mange stader prega av attgroing som følge av endra driftsformer og færre beitedyr. Breheimen nasjonalparkstyre vil peike på at det er ønskjeleg å stoppe attgroinga i dei verdfulle kulturlandskapsområda. Tiltak som beiting kombinert med rydding av stølsvollar og i andre område som er viktige for biologisk mangfold i kulturlandskapet, samt styving bør prioriterast. I hovudsak gjeld dette innanfor landskapsvernombåda. Breheimen nasjonalparkstyre vil presisere at Mørkridsdalen, Høydalen, Mysbytta og Vigdalen er særleg verdfulle kulturlandskapsområde.

2.2 FORVALTINGS- OG BEVARINGSMÅL

Det overordna målet med forvaltinga av verneområde er å sikre verneføremålet og verneverdiane mot uønskte inngrep og aktivitetar. Føremålet med å opprette verneområda i Breheimen er som nemnt presisert i sjølve føremålsparagrafen i verneforskrifta for kvart einskild verneområde. Likevel er dette nokså rundt formulerte føremål, og det er behov for å konkretisere kva naturkvalitetar som skal prioriterast og takast vare på innanfor verneområda.

Naturkvalitet er definert som dei naturtypane, artane, geologien og landskapet som skal takast vare på i eit verneområde (Forvaltingshandboka, DN-handbok nr. 17-2001 revidert i 2010). **Bevaringsmål** definerer den tilstanden ein ønskjer at ein naturkvalitet i verneområdet skal ha. Bevaringsmål skal vere målbare og kan til dømes presiserast gjennom mål for areal eller førekommst av bestemte artar. **Forvaltingsmål** er eit samleomgrep for alle målsetjingar som er knytt til eit verneområde. Bevaringsmål er såleis ei presisering av forvaltingsmål knytt til naturkvalitetar.

Fastsetjing av bevaringsmål er ei kontinuerleg oppgåve for forvaltinga av verneområde, og revisjon av desse måla vil kunne skje uavhengig av forvaltingsplanen. Bevaringsmål vil bli registrert og følgt opp i ei digital løsing utarbeidd av Miljødirektoratet; NatStat. Grunnlaget for bevaringsmål for Breheimen er henta frå rapporten frå Miljøfaglig Utredning om «Bevaringsmål for Breheimen....», samt praktisk erfaring frå utprøving av bevaringsmål i Mørkridsdalen og gjennom arbeidet med skjøtselsplanar for Mørkridsdalen landskapsvernombord og Mysubytta landskapsvernombord.

Forvaltinga må prioritere mellom langsiktige og kortsiktige mål, og kva tiltak som er moglege å gjennomføre for å oppnå måla. Årleg prioritering av tiltak og strategiar for forvalting er døme på slik prioritering. Alle tiltak skal summerast opp i ein tiltaksplan som skal gjelde for fleire år, jf. vedlegg 3. Prioritering av tiltak i tiltaksplanen er også ei pågåande oppgåve og revisjon av denne planen vil også måtte skje uavhengig av heile forvaltingsplanen.



Søre Kvitingje, Breheimen nasjonalpark.
Foto: Morten Kielland

2.3 NATUR- OG KULTURGRUNNLAG

I Breheimen finn ein både nokre av dei mest nedbørsrike og dei mest nedbørsfattige områda i landet. Området strekkjer seg frå nesten havnivå til godt over 2 000 meter. Landskapet har blitt forma av isbrear, skred og andre geologiske prosesser gjennom hundretusen av år. I dag finn ein alt frå frodige stølsdalar til karrig høgfjell og isbrear, og Breheimen er eit av dei mest varierte naturområda våre.

I Breheimen er det ei stor spennvidde i natur- og kulturgrunnlag, her er alpine landskap og kulturminne som viser generasjonar sin bruk av områda.

2.3.1 LANDSKAP OG GEOLOGI

Landskap

Breheimen har store opplevingsverdiar i eigenskap av eit variert og rikhaldig landskap. Eit høgt tal landskapstypar som spenner frå frodige, grøne stølsdalar til golde høgfjell speglar variasjonane. Høgfjellet har eit stort og dominante innslag av brear. Sentrale delar av området har eit alpint landskap med tindar og botnbrear. Kring breane finst lite vegetasjon og områda er prega av blokkmark. Landskapet her er òg dramatisk med djupe botnar og steile bergveggar. I kontrast til dette finn ein også vide flyer og viddeprega landskap i området. Her finst frodige, kalkrike fjellområde og gode høgfjellsbeite. Området har store areal med urørt natur. Breheimen har store område med landskap av nasjonal og regional verdi, jf. vedlegg 5.

Geologi

Området har svært variert geologi med store variasjonar i berggrunn, mange ulike landformer og brear.

Berggrunnen har to hovedeiningar: Grunnfjell med bandgneis, augegneis, amfibolittar og granittiske gneisar mfl. Massive granittar har innverknad på utforminga av fleire alpine toppar. Den andre hovudgruppa er kambro-silur-skiferbergartar, fyllitt og glimmerskifer. Dei forvitrar lettare og gjev slakare landformer enn gneisane. Dei svake bergartane gjev ustabile dalsider med mange opne sprekkar i Bøverdalen, Mørkridsdalen og Fortunsdalen. I kambrosilurbergartane er det kalksilikatbergartar med velutvikla grotter, først og fremst i Dumdalen, men også i fjellområda lenger nord. Grunnfjellsgneisen gjev landskapet eit lyst preg, som dominerer i Breheimen. Noko mørkare landoverflate er det i kambrosilursona. Kontrasten til mørk overflate i Hurrungane og Jotunheimen er stor. Topografien er fjellplatå i nivået 1400-1800 moh., alpine toppar opp i 2100 moh., dalar med opptil 1200 m høge sider mot sør og sørvest, og dalforma mot nordaust har relief på 5-600 m. Alle hovuddalar forma av brear og elvar. Nedre Mørkridsdalen og Fortunsdalen har framleis fluvialt preg, men i hovudsak har brear stått for den siste utforminga i Breheimen. For oversikt over berggrunnen i Breheimen, sjå vedlegg 6.

Følgjande geologiske verdiar er dokumenterte i området:

- Strukturlandskap (grunnfjell og kambro-silur)
- Gamle viddelandskap frå tertiærtida med mønster av gamle elvegreiner frå Øvre Otta.
- Breeroderte landskap (botnformer og glasiale dalar)
- Små erosjonsformer (skuringsstriper og rundsva etter tidlegare brear)
- Canyonar eller bratte og djupe elvegjel i fast fjell
- Avsetningsformer, lausmassar (ende – og sidemorener, breelv – og elvevifter, sandursletter)
- Forvitningsformer (karst med grotter, holer og opplysningsrenner)
- Skred (raviner, skredvifter og ur).

Grottene i Dumdalen er dei største som er kjende i landsdelen. Dei utgjer både forholdsvis store elvegrotter, og store, tørrlagde trykkleidningar som inneheld erosjonsformer og sedimentavsetningar frå siste eller tidlegare istider. Det finst få kalksteinsgrotter i Sør-Noreg, og Dumdalsgrottene er eit døme på istidsgrotter som vi elles berre finn i Nord-Noreg. Dei er mykje nytta, og av stor verdi for ekskursjonar og grotteforskning. Det er også grotter/karstføre-komstar nærmere Hestbrepiggane, og desse er dei høgastliggjande i Skandinavia. Dei siste ti åra har grottene opplevd stor slitasje frå menneskeleg bruk, særleg knytt til turisme. Det gjeld heile naturtypen men først og fremst dei større grottene. Dei er klassifisert som sårbare (VU) (Kjelde: Norsk raudliste-naturtypar 2011). Det er spesielle forvaltingsmessige utfordringar knytte til grottene i Dumdalen i nasjonalparken, sjå kapitla 3.2.



Sidemorene over Storhaug sett frå Fjellstolen i Vigdalen, Vigdalen landskapsvernområde. Foto: Eldrid Nedrelo



Skjelfjellet - Avlange haugar med morenemateriale, kalla drumliner forma landskapet i istida, Breheimen nasjonalpark. Foto: Morten Kielland

Vassdrag

Det er mykje verdfull vassdragsnatur i området. Frittrennande elvar som har sitt opphav frå brear og høgfjell er langt på veg karakteristisk for området. Dei største vatna i området er Lundadalsvatnet, Glittervatnet (både i Skjåk), Høydalsvatnet (Lom) og Åsetevatnet (Luster).

Nedslagsfeltet til varig verna vassdrag utgjer omlag 70% av det samla området. Tabellen nedanfor viser dei verna vassdraga som er innanfor verneområda:

Tabell 1. Verna vassdrag innanfor verneområda i Breheimen.

Vassdrag	Verneplan/år	Objektnummer
Mørkridselvi	Verneplan III (1986)	075/2
Strynevassdraget	Verneplan IV (1993)	088/3
Skjøli	Verneplan IV (1993)	002/11
Ostri m/Tundra	Verneplan IV (1993)	002/12
Bøvri	Verneplan IV (1993)	002/10
Åfåtgrovi	Supplering av Verneplan (2005)	002/35
Glitra m/Blankåi	Supplering av Verneplan (2005)	002/32
Måråi	Supplering av Verneplan (2005)	002/34

Det er viktig å ta vare på landskaps- og opplevingskvalitetane med urørde område og vassdragsnatur i området.

I Mørkridsvassdraget har det vore særleg store problem med flaum, med storflaum både september 2009, juli 2010 og oktober 2010, flaumar av ein storleik som ein ikkje kan finne spor etter elles.



Mørkridselvi, Mørkridsdalen landskapsvernombjøde.
Foto: Liv Byrkjeland

2.3.2 KLIMA

Breheimen ligg på vasskiljet mellom Aust- og Vestlandet. Her er ofte raske værendringar. Tåka legg seg raskt på dei høgste toppane, og vinden skiftar raskt i styrke og retning. Fleire stader i nordvende område ligg det snø heile året. Store delar av området har polar-klima (dvs. middeltemperatur for varmaste månaden er lågare enn +10°C). Temperaturen i lufta kan variere frå -40°C om vinteren til 30°C om sommaren.

Årsnedbøren er svært varierande i området – det er nedbørrikt i vest og tørt i aust.

2.3.3 PLANTELIV

Det er stor spennvidde i naturverdiane i Breheimen. Knapt noko anna etablert verneområde i Noreg kan vise til tilsvarende variasjonsbreidd og kontrastar over til dels korte avstandar, sjá vedlegg 7 for oversikt over viktige område for biologisk mangfald i Breheimen. Denne variasjonsrikdomen har samanheng med store skilnader over relativt korte avstandar i nedbør, høgde over havet og i berggrunn. Det er store verdiar knytte til både høgfjellsmiljø, rasmarker, gamal furuskog, kalkrik bjørkeskog, rik og gammal edellauvskog, hagemark, fosserøyksoner og breelvdelta. Spennvidda kjem tydeleg fram gjennom fleire artsførekomstar, med døme på både sterkt vestlege artar (fossegrememose), markert austlege artar (skogsøtgras), sørlege artar (stammesigd), nordlege artar (rosekarse), alpine artar (tinderublom), kontinentale artar (*Toninia taurica*), samt artar med tyngdepunkt i Midt-Noreg (tindved) og artar med svært splitta internasjonal utbreiing (svepe-mose). Det er registrert mange raudlisteartar innan fleire artsgupper i området.

Verneområda ligg i hovudsak i fjellregionen, og ein finn 10 ulike vegetasjonsgeografiske regionar innanfor verneområda i Breheimen, av 26 i heile Noreg. Dette gjer Breheimen til eit av verneplanområda med størst variasjon i naturtypar.

Lågalpin sone finst over skoggrensa, og går så langt opp som det veks blåbær eller krattvegetasjon. Mellom- og høgalpin sone finst over 1300-1400 moh. I mellomalpin sone dominerer grasheiar og snøleievegetasjon, mens høgalpin sone manglar eit samanhengande dekke av karplantar.

På dei høgaste fjelltoppane, som strekkjer seg meir enn 2000 moh. med Høgste Hestbrepiggen i Skjåk som den høgste (2172 moh.) er tilhøva så ekstreme at det berre er dei mest hardføre planteartane som kan leve der, til dømes issoleie.



Issoleie, Breheimen nasjonalpark. Foto: Morten Kielland



Handmarinøkkel er ei småvaksen bregne som veks i Mysubytta landskapsvernombord. Denne planta veks oftest i tradisjonelt driven eng og beitemark, og er trua av endra arealbruk og attgroing. Foto: Bjørn Dalen

Kulturbasert og skjøtselskrevjande vegetasjon

Utmarksressursane har gjennom tidene vore svært viktige i dagleglivet og for overleving for folk rundt og i verneområda. Bruken har vore varierande frå dei første fangstfolka som kom etter villreinen og som hausta av dei ressursane som fanst, via aktiv påverknad av naturen for å auke matproduksjonen for 200 - 50 år sidan og til dagens beitebruk. Plantelivet har i ulik grad blitt påverka av denne bruken og det er særleg spor etter den intense bruken av utmarka vi finn att i dag i delar av verneområda. Stølsbygningar og stølsvollar er dei mest markerte elementa i kulturlandskapet i dag, men det er også svært viktige biologiske verdiar knytte til naturbeitemarker, slåttemarker og haustingsskogar som må forvaltast.

Bevaring av naturverdiane innanfor verneområda er komplisert og kan vere krevjande. Det er snakk om ulike verdiar som krev ulike omsyn. Samstundes er variasjon i naturtilhøve i seg sjølv ei viktig årsak til dei høge verdiane innanfor området, og denne variasjonen er dels skjøtsels-/kulturbetinga og dels avhengig av liten påverknad.

Temakart

- Sjå vedlegg 5 for kart over verdifulle landskapsområde i Breheimen
- Sjå vedlegg 6 for kart over berggrunnen i Breheimen
- Sjå vedlegg 7 for kart over viktige område for biologisk mangfald i Breheimen.

Forvaltingsmål

Det er eit mål å ta vare på natur- og kulturlandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande, jf. verneføremålet i § 2 i verneforskriftene for landskapsvernombordet. Det er under dette eit mål å ta vare på verdifulle seter- /stølsmiljø i desse områda, med fokus på å halde landskapet på og rundt seter-/stølsmiljøene. Vegetasjon som utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart skal takast vare på, t.d. gamal haustingsskog i Mørkridsdalen landskapsvernombordet. Det eit mål å ta vare på biologisk mangfald som pregar landskapet, medrekna støls-/setervollar, slåttemark og naturbeitemark.

Mål for skjøtselskrevjande vegetasjon i landskapsvernombordet

Skogsmiljø og overgangane mot ulike opne, meir eller mindre kulturpåverka beitemarker, evt. enger og hagemark i landskapsvernombordet krev differensiert forvalting.

Generelt er det ønskjeleg å auke beitetrykket.

Tradisjonell drift som slått og beite er ønskjeleg.

Det er svært viktig å oppretthalde og helst også styrke innslaget av grove, gamle, daude og døande edellauvtre i Mørkridsdalen, og dei bør gjerne stå i eit halvope skoglandskap. Som hovudregel bør ikkje edellauvtre som alm og hassel hoggast her. Tradisjonell styving og noko rydding av lauvkrott kan ivareta mykje av behovet for eit halvope landskap.

Rammer og reglar – Skjøtsel (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 6
- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 6
- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 6
- Forskrift for Høydalen landskapsvernområde § 6
- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 6
- Forskrift for Vigdalen landskapsvernområde § 6
- Forskrift for Høyrokampen naturreservat § 6

Forvaltingsstyresmakta eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- og kulturtilstanden som er føremålet med vernet.

Retningsliner for forvalting og bruk (verneforskriftene § 6)

Nasjonalparkstyret kan setje i verk skjøtselstiltak for å ta vare på verneføremålet med heimel i verneforskrifta § 6, jf. naturmangfaldlova § 47.

Også skjøtselstiltak som fell inn under naturmangfaldlova § 47 som styret tek initiativ til, men som grunneigar utfører, kan gjennomførast utan dispensasjon.

Tiltak som ikkje bidreg til å ta vare på verneføremålet, vert ikkje rekna som skjøtselstiltak i medhald av naturmangfaldlova § 47 (t.d. tilrettelegging) og må ha løyve frå nasjonalparkstyret.

Storfe har vore eit viktig beitedyr i kulturlandskapet slik som på Dalen i Mørkridsdalen landskapsvernområde.

Foto: Eldrid Nedrelo

Tiltak i kulturlandskapet

- Det skal utarbeidast skjøtselsplanar for Høydalen landskapsvernområde, Mysubytta landskapsvernområde, Vigdalen landskapsvernområde og Mørkridsdalen landskapsvernområde. Skjøtselsplanane vil inngå i forvaltingsplanen (jf. naturmangfaldlova § 36 siste ledd). Skjøtselsplanen skal angje nøyaktig kvar det er behov for skjøtsel og kva for tiltak som er aktuelle. Når ein utarbeider skjøtselsplanar for område som både har spesielle naturkvalitetar og kulturminnekvalitetar, skal båe typar verneverdiar vurderast i skjøtselsplanen.
- Nasjonalparkstyret skal i samarbeid med oppsynet i området følgje med på utviklinga i beiteområda. Beitepresset må vurderast i høve til plantelivet. I hovudsak er beitepresset pr. 2014 for lågt dei fleste stader, og attgroing av kulturlandskapet er eit stort problem. Forvaltingsmyndigheita skal i samarbeid med landbruksmyndigheitene sjå på mellom anna økonomiske verkemiddel som regionalt miljøprogram og SMIL-ordninga for å sikre kulturlandskap-skvalitetar i slike prioriterte område. I særleg viktige område bør det òg prioriterast midlar over Bestillingsdialogen til å oppretthalde kulturlandskapet.
- Det er ønskjeleg at nasjonalparkstyret i samarbeid med landbruksforvaltinga stimulerer til auka beiting i Mørkridsdalen slik at beitetrykket i allfall kjem opp på nivået i 2002. Det er også ønskjeleg å auke beitetrykket i Vigdalen. Vidare er det eit ønskje om auka støtte til beitedyr frå dagens nivå i Regionalt Miljøprogram der beiting vil fremje verneføremålet og ta vare på viktige verneverdiar som kulturlandskapet. Det er også behov for støtteordningar for vedlikehald av sel og andre bygningar med kulturhistorisk verdi.

2.3.4 DYRELIV

Dyrelivet er ein viktig del av vernet i Breheimen. Av vilt er det m.a. påvist 7 raudlista fuglearter (Gaarder et. al. 2005, jf. Nasjonal rødliste for truete arter i Norge 1998,). Norsk raudliste for artar er ei oversikt over artar som er vurdert å døy ut i Norge. Totalt er 17 lokalitetar kjende for desse artane. Det er grunn til å trekke fram lokalt gode bestandar av fjellerke, sandlo og temmincksnipe, medan førekostane av dobbeltbekkasin (nær trua) og myrsnipe er geografisk interessante. For viltlokalitetar er det verdiar knytt både til bergveggar (klippehekkande rovfugl), fjellvidder (fjellerke) og våtmarksmiljø (vadefugl) av stor verdi.

Mange av dyreartane ein finn i Breheimen er spesialtilpassa fjellartar. Frå villreinen, jerv, fjellerke og ned til biller og dei små urinseksa spretthalar, finn me eigenskapar som gjer dyra skapt for livet i eit karrig, vêrhardt landskap. Men ein finn òg artar som lever på yttergrensa av sine preferansar. Lågare fauna er därleg undersøkt. Vern av eit så stort område med så store og ekstreme skilnader i klima og vegetasjon som i Breheimen vil truleg vere av stor verdi for å sikre genetisk mangfold og verdiar som ein i dag manglar oversyn over. Ein har t.d. funne to artar med fjørmygg (den eine av eiga slekt) som ikkje er funne andre stader i verda, i Vivavatnet i Sprongdalen, like utafor verneområda. Funna indikerer at det kan vere unike genetiske verdiar knytte til brepåverka vassdrag og i spesielle miljø knytt til brear.



Villrein i Tundradalen, Breheimen nasjonalpark. Foto: Per Dagsgard.



Villrein på Glitterhø, Breheimen nasjonalpark. Foto: Per Dagsgard.

Dyrelivet i nasjonalparken og naturreservatet, medrekna hi, reir, hekke- og yngle plassar er verna mot skade og unødvendig uroing. Jakt og skadefelling av store rovdyr kan skje i samsvar med gjeldande lovverk.

Villrein

Status

Reinheimen - Breheimen villreinområde er det tredje største leveområdet for villrein i Noreg. Desse fjellområda var for om lag 150 år sidan del av eit sørnorsk system der reinen i liten grad var hemma av inngrep frå menneske. Dyra kunne ferdast i fjella mellom Sognefjorden, Nord-Gudbrandsdalen og Romsdalen. Sørover kunne dei nå Hardangervidda, og austover Jotunheimen og fjella i Valdres. Både eldre og nyare granskingar stadfestar at området har vore nytta av veidefolk i særskilt lang tid ettersom det husar ei mengd kulturminne knytt til den gamle villreinfangsten. Dette vitnar om at reinen har vore ein sentral ressurs for menneska opp gjennom tidene.

Reinheimen - Breheimen villreinområde er i praksis delt i to: Reinheimen og Breheimen. Breheimen utgjer søre del av villreinområdet. Det er noko utveksling av dyr mellom dei to delområda, gjennom Strynefjellet landskapsvernombanen.

Noreg har eit spesielt ansvar for villreinen som art, og Reinheimen - Breheimenområdet er utpeikt som eit av dei nasjonale villreinområda. Det har svært mykje å seie at leveområdet for villreinen blir sikra. Breheimen representerer eit av dei aller siste europeiske villreinområda, med store areal kvalifisert villmark og liten grad av inngrep. Reinheimen - Breheimenområdet er det villreinarealet i Noreg med prosentvis størst urørt areal (48%). I samband med verneplanarbeidet vart det utarbeidd ein eigen fagrapport om villreinen i Reinheimen - Breheimenområdet (Bevanger m.fl. 2007), og i 2011 vart kunnskapsgrunnlaget om Villreinen i Ottadalen oppdatert gjennom NINA Rapport 643 (Jordhøy m.fl. 2011). I denne rapporten har sentrale personar i Ottadalen villreinområde samla erfaringsbasert kunnskap om områdebruken til villrein over lengre tidsperiodar, og denne kunnskapen er m.a. grunnlag for informasjonen om områdebruken til villrein i Breheimen gjeve i temakartet i vedlegg 8.

Reinen beitar i dag innanfor verneområda i Breheimen, men er lite i Luster sin del av Breheimen. Det er av svært stor interesse i Luster å få villreinen tilbake i søre del av Reinheimen - Breheimen villreinområde (sjå "Tiltak" under). I 1997 vart det prøvd med utsetjing av villrein, men forsøket mislukkast. På oppdrag frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane utarbeidde Jonathan Colman ved UMB ein rapport i 2010 der aktuelle tiltak for å få villreinen tilbake i dette området er gjennomgått og vurdert.

Det er viktig å unngå samanblanding mellom vill- og tamrein. Vinterbeiteområda til Lom tamreinlag ligg nær villreinområdet. Tamreindrifta vert regulert etter reindriftslova. I tillegg er det andre lover og forskrifter som direkte eller indirekte vedkjem reindriftsnæringa. Reindrift utanfor dei samiske områda, som her, er konsesjonsbelagt og avhengig av løye frå grunneigar etter reindriftslova § 8. Tamrein beitar innanfor nasjonalparken i Lom frå slutten av desember til byrjinga av april, og er då nær villrein (villreinbukkar som beiter nær kommunegrensa mellom Skjåk og Lom). Resten av året beiter tamreinen i områda aust og søraust for verneområda i Breheimen, og då er det ikkje fare for samanblanding.

Lomseggen er ein tange som stikk ut mot aust mellom Bøverdalen og Ottadalen. I dag er området fyrst og fremst brukt av bukkar. Villrein-bukkeflokkane trekker inn i Lomseggenområdet om våren, i mars. Trekket går over Lundadalen mellom Ytste reset og Sauhytta. Villreinbukkane står i heile Lomseggenområdet, og vestover under Hestbrepiggane utover sommaren. Når brunsten tek til om hausten, vanlegvis i slutten av august, trekker dei nordover, over Lundadalen att og inn i områda lenger vest, der fostringsflokkane held til. Her skjer det i dag ei utveksling av villrein mellom Vest-Jotunheimen og Breheimen.

Lom Tamreinlag brukar som nemnt Lomseggenområdet frå årsskiftet til byrjinga av april.

Det hender at fostringsflokkar som har gått på Tverrfjellet om vinteren har vore på veg over Lundadalen om våren, i dei dagane tamreinen blir flytta frå Lomseggen, men har snudd på sørsida av dalen ved ytste Lundadalssetra. I følgje Skjåk kommune er det observert at det i bukkeflokkene har blitt med enkelte simler dei siste åra (2005-2010) som har fått kalv og gått saman med bukkeflokkane i Lomseggenområdet.

Konflikten blir størst når det etter årsskiftet står att villrein vestover denne tangen og inn i Luster.

Stammestorleiken i Breheimen har vore kring 800 dyr siste åra. Ein villreinflokk på fleire hundre dyr krev mykje mat. Det marginale og ustabile livsgrunnlaget i fjellet krev at villreinen må flytte seg over store deler av leveområdet. Sommar- og vinterbeita fordeler seg over område med store skilnader når det gjeld mengd snø og mattilgang. Vinterbeita er ofte område med lite snø og gode førekommstar av lavbeite, medan vår- og sommarbeita er område med tidleg snøsmelting og god tilgang på frodige beite. Om sommaren går dyra spreidd over store område og om hausten etter paringstida skil som nemnt bukkane lag med fostringsflokken. Bukkeflokkane trekkjer då til ytterkantane av området, på tangane. I kalvingstida trekker villrein til område med lite ferdsel. Med bakgrunn i dette treng villreinen store samanhengande fjellområde. Villreinen treng også store areal av omsyn til flytting mellom ulike årstidsbeite og kalvingsområda, jf. Vedlegg 8 Temakart Villrein. I Breheimen går trekkvegane på tvers av dalføra og fell dels saman med merka turløyper i området. Vidare er det heilt naudsynt at forvaltinga tenkjer langsiktig, då desse dyra gjerne også endrar trekkmønster over tid. Erfaringsvis brukar villreinen eitt beiteområde nokre år, for så å veksle til eit anna område, villreinen sin bruk av områda går i syklusar. Villreinen treng altså store område for å kunne utnytte beita, og er heilt avhengig av å kunne bevege seg uforstyrra mellom dei ulike områda, både gjennom året, men også gjennom årvisse flyttingar (syklusar).

For å ta vare på villrein må ein også sjå forvaltinga i lys av klimaendringane, dvs. i eit lengre perspektiv. Dersom dei varme somrane med kraftig utsmelting av snø held fram slik det har vore dei siste åra, vil t.d. områda i Breheimen med isbrear vere svært verdifulle for levevilkåra til reinsdyra (Jordhøy et. al. 2011). Sjølv om villrein ikkje nyttar områda lengst i vest i dag, er det likevel viktig å ta vare på alle trekkvegar slik at dyra kan veksle mellom gode sommarbeite i vest nær breane og vinterbeita i aust. Villrein har alle dagar veksla mellom vinter og sommarbeite og for å ta vare på villrein i eit lengre perspektiv, må ein legga forholda til rette slik at trekkvegar vert haldne opne, og at gode leve- og beiteområde er tilgjengelege.

Tamrein er eige tema i kapittel 3.

Temakart

Sjå vedlegg 8 for oversikt over korleis villreinen bruker områda i Breheimen.

Forvaltingsmål

Det er eit mål å ta vare på leveområde til villreinstammen i Reinheimen - Breheimen villreinområde, jf. føremålet i § 2 i forskriftera for nasjonalparken.

Rammer og reglar – Villrein (Vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 3.3 c), § 3 pkt. 5.5 og § 6

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til iverksetting av tiltak for å få villreinen tilbake i søre del av Ottadalen villreinområde, i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 5 (§ 3pkt. 3.3 c)).

Av omsyn til naturmiljøet og kulturminne kan forvaltingsstyresmakta leggje om eller krevje fjerna merking av stiar og løyper (§ 3 pkt. 5.5).

Forvaltingsstyresmakta eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- og kulturtilstanden som er føremålet med vernet (§ 6).

- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernombord § 3 pkt. 5.5 og § 6
- Forskrift for Mysubytta landskapsvernombord § 3 pkt. 5.5 og § 6
- Forskrift for Høydalen landskapsvernombord § 3 pkt. 5.5 og § 6
- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernombord § 3 pkt. 5.5 og § 6

Av omsyn til naturmiljøet og kulturminne kan forvaltingsmynda legge om eller krevje fjerna merking av stiar og løyper (§ 3 pkt. 5.5).

Forvaltingsstyresmakta eller den som forvaltingsstyresmakta bestemmer kan setje i verk skjøtselstiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- og kulturtilstanden som er føremålet med vernet (§ 6).

- Forskrift for Vigdalen landskapsvernombord § 3 pkt. 3 d), 5.5 og § 6

Vernet er ikkje til hinder for iverksetting av tiltak for å få villreinen tilbake i søre del av Ottadalen villreinområde i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 5 (§ 3 pkt. 3 d)).

Av omsyn til naturmiljøet og kulturminne kan forvaltingsmynda legge om eller krevje fjerna merking av stiar og løyper (§ 3 pkt. 5.5).

Forvaltingsstyresmakta eller den som forvaltingsstyresmakta bestemmer kan setje i verk skjøtselstiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- og kulturtilstanden som er føremålet med vernet (§ 6).

- Forskrift for Høyrokampen naturreservat § 9.

Forvaltingsstyremakta eller den forvaltingsstyremakta bestemmer, kan foreta skjøtsel for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet.

Villrein er ein art som høyrer til i området. Vernereglane i nasjonalparken og Vigdalen landskapsvernområde har difor eit eige punkt om at forvaltingsmyndigheita kan gje løyve til gjennomføring av tiltak for å få tilbake villrein i søre del (Luster) av Reinheimen - Breheimen villreinområde (jf. Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3, pkt. 3.3 c), og forskrift for Vigdalen landskapsvernområde § 3, pkt. 3 d)). Vern er såleis ikkje til hinder for utsetjing av rein eller evt. stopp i jakta.

Av omsyn til verneverdiane kan nasjonalparkstyret legge om, eller krevje, at merkte stiar vert fjerna i medhald av § 3 pkt. 5.5 i verneforskriftene for nasjonalparken og landskapsvernområda, og § 9 i verneforskrifta for naturreservatet. Det kan også setjast i verk tiltak for å kanalisere ferdsel av omsyn til natur- eller kulturtilstanden som er føremålet med vernet med heimel i § 6. Denne regelen gjeld både i nasjonalparken, landskapsvernområda og i naturreservatet.

Villrein er som nemnt eitt av verneføremåla i nasjonalparken. Villrein har såleis ein spesiell status i verneområdet. Samstundes vart det ved utarbeiding av verneforskriftene for nasjonalparken, Høydalens landskapsvernområde og Høyrokampen naturreservat teke inn eigne reglar som gjeld tamreindrifta til Lom Tamreinlag AL i desse områda, slik at tamreindrifta kan halde fram som før. Ved konflikt mellom tamrein og villrein, der villrein kjem så nær tamrein at det er fare for at stammene skal blande seg, må partane, tamreinlaget og villreinutvalet, vurdere aktuelle tiltak.

Retningsliner for forvalting og bruk

Det er villreinforvaltinga som vil avgjere om det bør setjast i verk tiltak som utsetting av rein eller å stoppe jakta på villrein.

Dersom tiltak inneber inngrep i naturen i verneområda, må det evt. søkjast om løyve i medhald av vernereglane.

Ved eventuelle løyve skal det setjast vilkår som fremjar føremålet med vernet.

Ved vurderingar av inngrep, ferdsel osb. innanfor verneområda må ein sjå på om aktiviteten/tiltaket kan vere eit trugsmål mot villrein. Det er viktig å ta omsyn til følgjande forhold for villreinen:

- Alle funksjonsområde må vera intakte for å sikre bestanden si overleving.
- Areal som går ut av bruk vil direkte påverke kor stor bestand ein kan ha i eit område.
- Forstyrring påverkar beitetid og energiforbruk, og kan redusere bruk av aktuelle område. Dette vil så påverke kondisjon til dyra, kalvetilveksten og anna produktivitet.

Ved konflikt mellom villrein og tamrein, der det er fare for samanblanding mellom stammene, må tamreinlaget og villreinutvalet ha ein tett dialog om gjennomføring av tiltak. Lokalt SNO må vere med å følgje opp i marka med bakgrunn i å sikre verneføremålet. Etter naturmangfaldlova § 15 er det heimel for å jage villrein frå området på ein slik måte at ein unngår blanding. Grunnføresetnaden må vera at «jaginga» i dette tilfelle skjer i samsvar med alminneleg dyrevelferd.

Tiltak for å ta vare på villrein

- I fagrapporten for villrein i Ottadalsområdet er det tilrådd å gjere granskningar om kvifor ein ikkje har lukkast tidegare med å få villreinen tilbake i Luster sin del av villreinområdet. Dette bør gjerast før ein set inn konkrete tiltak. I 2009 sette Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i verk eit prosjekt i samarbeid med Universitetet for Natur og biovitenskap der ein skulle sjå på kva tiltak som kan gjerast for å få villreinen tilbake i Luster sin del av Breheimen. Ei lokal referansegruppe med deltararar frå villreinnemnda og villreinutvalet i Reinheimen - Breheimen villreinområde var med i prosjektet. Bakgrunnen for prosjektet er at Luster sin del av Breheimen utgjer ein viktig ressurs som leveområde for villreinen i Reinheimen - Breheimen villreinområde sjølv om området i dag er lite brukt.
- Det er ønskjeleg at Reinheimen - Breheimen villreinområde vert med i det nasjonale overvakingsprogrammet for hjortevilt.

- Breheimen nasjonalparkstyre bør ha jamleg kontakt med lokale styresmakter, villreinforvaltinga og vegvesenet for å få til ein god dialog om tiltak kring ferdsle/parkering i Breiddalen og salting av vegen. Dette ligg utanfor verneområda, men nasjonalparkstyret ønskjer å få til ei best mogleg løysing for villrein sidan villrein er ein viktig del av verneføremålet i Breheimen nasjonalpark.
- Det er viktig å unngå samanblanding mellom villrein og tamrein. Dialogen mellom utøvarane i tamreindrifta, villreinutvalet, SNO og nasjonalparkstyret om beitebruken i grenseområda mellom Lom og Skjåk bør difor vidareførast. Det bør arrangerast årlege møte om temaet. Tamrein som eventuelt flytter inn i villreinområde må raskt bli gjeta attende til tamreinområdet av tamreinlaget. Det er viktig at desse grenseområda vert overvaka av SNO. Dersom tamreindrifta vert lagt om slik at tamreinen nyttar nasjonalparken (i Lom) i sommarhalvåret i staden for vinterstid som no, vil det utgjere ein stor fare for villreinstammen i Breheimen villreinområde, sidan faren for samanblanding mellom villrein og tamrein aukar vesentleg.
- Like nord for nasjonalparken i området Breiddalsvatnet – Opplystunnelen, er påkøyrslar med bil og forstyrring frå skituristar eit trugsmål mot villrein. For å unngå påkøyrslar er det i forskrifta for Strynefjellet landskapsvernområde opna for at det kan gjevest løyve til å køyre og sette ut saltstein for å halde villrein unna riksveg 15.

2.3.5 KULTURMINNE

Status

Kulturminnelova definerer kulturminne som alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, mellom anna lokalitetar det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til (jf. § 2). Kulturlandskap er landskap som er påverka av menneske. Tradisjonelt har kulturlandskap vore forbunde med jordbrukslandskapet, men alle former for menneskepåverka landskap fell inn under definisjonen. Temaet er grundig skildra i den kombinerte fagrapporten og konsekvensutgreiinga for kulturminne og kulturmiljø i Breheimen.



Reinsgrav i Mårådalen, Breheimen nasjonalpark. Foto: Morten Kielland



Steinbu ved den gamle ferdavegen mellom Skjåk og Stryn i Strynefjellet landskapsvernområde. Steinbua var brukt under jakt og som herberge gjennom uminnelege tider. Foto: Bjørn Dalen

I Breheimen finst ei rekke kulturminne, frå så langt attende som steinalderen. Mange av kulturminna daterer seg fleire tusen år tilbake og dei er difor automatisk freda etter kulturminnelova. Vern etter naturmangfaldlova gjev ekstra gode tilhøve for å ta vare på områda kring kulturminne, slik at dei står fram i sitt opphavlege naturmiljø utan nedbygging i nærmiljøet. Såleis kan også framtidige generasjonar forstå kva for tyding kulturminna hadde for forfedrane våre.

Det er gjort mange funn av lause kulturminne ved brear på Lomseggen. Dette gjeld Ånfonna, Lendbreen og Moldurbreen. Arkeologiske registreringar dei siste åra har vist at det ligg funn ved isen langs heile eggen frå Storivilen i aust til Hestbreen i vest. Det er også gjort funn på Tverrfjellet. Funna er unike fordi organisk materiale som tre og tekstilar har vore konservert i isen gjennom lange tider, medan slike funn for lengst er gått tapt i låglandet. Dei eldste gjenstandar frå isen i Breheimen er omtrent 3300 år gamle. Hovudparten av funna er frå perioden 300-1300 e.Kr., og femner om mellom anna piler, bogar, skremmepinnar, klede og sko. Det særmerkte med funna i Breheimen er at omfanget er så stort. Funna har dessutan stor klimahistorisk verdi. Dei bearkeologiske funna er svært sårbare, og med bakgrunn i klimaprognosane ventar ein at det vil smelte ut fleire gjenstandar i tida framover.

Fleire stader i Breheimenområdet er det særleg verdfullt kulturlandskap. I hovudsak er dette område som er verna som landskapsvernområde. Breheimen nasjonalparkstyre vil særleg peike på følgjande område:

Mørkridsdalen, Høydalen, Mysubyta og Vigdal. Her er mange stølar, og eit uvanleg rikt biologisk mangfald, dels skapt av mange generasjonar som har drive landbruk med stølsdrift, slått, styving og beiting.

Temakart

Sjå vedlegg 9 for oversikt over registrerte kulturminne i Breheimen.

Forvaltingsmål

Det er eit mål å sikre verdifulle kulturminne i Breheimen, jf. føremålet i § 2 i forskriftene for nasjonalparken og landskapsvernombråda. Breheimen nasjonalpark har ein O-visjon for tap av kulturminne og kulturhistoriske kvalitetar innan 2020.

Dagens bygningar og gamle kulturminne syner historisk bruk av områda, og målet er at desse skal bli tekne vare på, mellom anna for å gje besökande eit innsyn i bruken av verneområda. Sikring av kulturminne skal skje i nært samarbeid med kulturminnestyremaktene.

Rammer og reglar – Kulturminne (Vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 4

I nasjonalparken skal kulturminne vernast mot skade og øydelegging. Lause kulturminne kan ikkje flyttast eller fjernast. Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne (jf. § 3 pkt. 4).

- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernombråda § 3 pkt. 4
- Forskrift for Mysubytta landskapsvernombråda § 3 pkt. 4
- Forskrift for Høydalen landskapsvernombråda § 3 pkt. 4
- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernombråda § 3 pkt. 4
- Forskrift for Vigdalen landskapsvernombråda § 3 pkt. 4

I landskapsvernombråda skal kulturminne vernast mot skade og øydelegging som kan endre det verna landskapet sin eigenart vesentleg. Lause kulturminne kan ikkje flyttast eller fjernast dersom det kan endre det verna landskapet sin eigenart vesentleg. Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne (jf. § 3 pkt. 4).

Å ta vare på kulturminne eit verneføremål i nasjonalparken, og lause kulturminne som t.d. pilspissar skal ikkje flyttast eller fjernast. I tillegg til freda og verna kulturminne (etter kulturminnelova), er verneverdig kulturminne utan formell vernestatus beskytta i nasjonalparkane. Eit av verneføremåla i landskapsvernombråda er å ta vare på kulturlandskapet eller kulturminna i naturlandskapet. I landskapsvernombråda er slike kulturminne utan formell vernestatus beskytta dersom dei pregar og er ein del av landskapet. Dvs. at i landskapsvernombråda er flytting og fjerning av lause kulturminne berre forbode dersom det kan endre særpreget eller karakteren til det verna landskapet vesentleg.

Det er ulike kategoriar kulturminne i Breheimen, og for å ta vare på kulturminna bør dei ulike typane kulturminne handsamast ulikt. Dei automatisk freda kulturminna er i hovudsak best tent med å få ligge slik dei er. Informasjon om desse kulturminna for besökande vil likevel kunne gjere dei tilgjengelege, og såleis også verdifulle for besökande. I verneområda gjer restriksjonar på inngrep at denne gruppa kulturminne har ei ekstra sikring utover vernet av sjølv kulturminnet. På ei anna side er det typar kulturminne som er avhengig av framleis bruk eller vedlikehald for at dei skal ha ein verdi og kunne gje ei mening, som støls-/seteranlegg, og andre byggverk. For denne gruppa er den største trusselen opphør av drift og manglande skjøtsel og vedlikehald.

Nasjonalparkstyret kan gje løyve til istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne som til dømes steinbuer og andre bygningar i verneområda. Kulturminna er som nemnt freda, og skjøtsel og restaurering av kulturminne krev difor i tillegg løyve frå regional kulturminnemyndighet som er fylkeskommunen, jf. kulturminnelova om automatisk freda kulturminne.

Ut over det som er nemnt over, er det altså eit generelt forbod mot inngrep i nasjonalparken og landskapsvernområda, og det er t.d. krav om løyve for å rive bygningar på setrene/stølane.

Retningsliner for forvalting og bruk

Lause kulturminne som har eit vern etter kulturminnelova skal ikkje rørast. Dersom ein finn gjenstandar frå før 1537 og myntar frå før 1650 skal desse leverast til regional kulturminnemyndighet, fylkeskommunen, eller politiet.

Det er viktig å hugse på at kulturminnelova med forskrift også gjeld i verneområda. Tiltak som kan påverke kulturminne skal sendast over til kulturminnemyndigheita, Oppland fylkeskommune eller Sogn og Fjordane fylkeskommune, jf. Kulturminnelova § 9. T.d. skjøtsel og restaurering av kulturminne krev løyve både frå nasjonalparkstyret og regional kulturminnemyndighet, fylkeskommunen. Nasjonalparkstyret skal syte for at søknader i slike tilfelle blir handsama av Sogn og Fjordane fylkeskommune ved kulturavdelinga eller Oppland fylkeskommune ved fageining kultur.

Når det er ynskjeleg av omsyn til kulturminnevernet, kan det gjevast løyve til skjøtsel av kulturminne, som fjerning av vegetasjon og liknande.

Ved søknad om istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne vil det ved vurdering i høve verneforskrifta bli lagt avgjerande vekt på vurderinga frå regional kulturminnemyndighet om, og eventuelt korleis eit tiltak skal gjerast, så lenge det ikkje er i strid med verneføremålet.

Med istandsetjing av eit objekt, meiner ein at eit minimum av skada materialar blir skifta ut med material av tilsvarande opphavleg kvalitet.

Istandsetjing av steinbu krev at det står att tilstrekkelege murar eller at det finst anna dokumentasjon av høgd og takvinkel, slik at det kan gjerast ei fagleg forsvarleg tilbakeføring av bygningen.

Ved mange høve vil det beste vere å la kulturminne ligge i fred, for så etter kvart å få eit beskyttande lag med vegetasjon og jord over seg. Andre gonger kan vedlikehald eller restaurering vere det beste.

Ved vedlikehald/istandsetjing/skjøtsel av bygningar med kulturhistorisk verdi og andre kulturminne skal det nyttast opphavlege materiale og handverksteknikkar.

Restaurering, dvs. tilbakeføring til opphavleg, dokumentert utføring av eksisterande bygg og anlegg, bør tillatast om ikkje sterke omsyn til verneverdiane eller kulturfaglege omsyn seier noko anna. Nasjonalparkstyret ser positivt på rekonstruksjonar som tek sikte på å tilbakeføre seteranlegg til komplett tilstand.

Stølsmiljøa i landskapsvernområda femner om **kulturminne som utgjer vesentlege delar av landskapet sin eigenart**.

Dette inkluderer t.d. støls-/setergrendene, slåtteenger, slåttemyrar, lauvingstre, utløer, seterbuer/sel, fjøs, løer, tufter, støls-/setervoll og ulike typar gjerde og kveer. I tillegg kjem gamle husmannsplassar, samt stiar og vegfar, støls-/setervegar, skogsvegar, kløvstiar og driftevegar, og klopper og bruer som har gjort bruken av desse områda mogleg. Kulturminne som fløytingsanlegg i sidegreina av Ostre og fløytingsdammen i elva ned for Røykjeskålsvatnet, samt murar av ei hytte som fløytarane budde i og tjæremiler er også slike kulturminne som pregar landskapet. I tillegg til det som er nemnt over kjem sjølvsagt alle dei automatisk freda kulturminna, jf. vedlegg 9.

Dersom ein finn lause gjenstandar som kan vere kulturminne, skal ein late dei ligge til ein får undersøkt statusen nærmare. Eksempel på slike gjenstandar kan vere pilspissar som ligg innmed brekanten osb. Funnet skal registrerast med GPS eller med kartreferanse, ein liten varde kan setjast opp eit par meter unna funnet, og funnet skal meldast til regional kulturminnemyndighet.

Framhald neste side »

Både gevir og gamle fallhorn i, og ved bre og fonn, kan ha særleg naturhistorisk verdi. Sjølv om slike gjenstandar ikkje er verna etter verneforskriftene, vil nasjonalparkstyret tilrå at dei får ligge i ro og at funnet vert meldt til kulturminnemyndigheita.

Alle saker som gjeld freda og verneverdige kulturminne skal leggjast fram for regional kulturminneforvalting før vedtak vert treft etter verneforskrifta.

For freda kulturminne skal kulturminneforvaltinga avgjere søknader om tiltak som krev dispensasjon etter kulturminnelova før handsaming etter verneforskrifta.

For verneverdige kulturminne skal forvaltingsmyndigheita legge stor vekt på den faglege vurderinga til kulturminnemyndigheita før vedtak vert treft. Det same gjeld søknader om tiltak på bygningar som er eldre enn 1850. Om det er tvil om tiltaket er søknadspliktig skal det leggjast fram for regional kulturminnemyndigkeit før tiltaket vert gjennomført.

Automatisk freda kulturminne har ei sikringssone på 5 meter rundt kulturminnet, dersom det ikkje er vedteke ei særskild sikringssone (jf. kulturminnelova § 6). Fangstminne er eksempel på slike kulturminne i Breheimen. Om det i samband med tiltak i marka blir funne automatisk freda kulturminne, skal arbeidet straks stansast om det rører ved kulturminne eller deira sikringssone på fem meter. Melding skal snarast sendast regional kulturminnemyndigkeit slik at det kan avklarast om tiltaket kan gjennomførast og eventuelt vilkår for dette.

I Høyrokampen naturreservat er det ikkje tilsvarande spesifikke reglar knytt til kulturminne, og kulturminna er ikkje juridisk beskytta i dette området etter verneforskrifta. Sidan vernereglane forbyr inngrep av omsyn til naturmiljøet, vil kulturminne likevel kunne vere beskytta mot uhedlige inngrep. Kulturminna er i alle høve beskytta etter kulturminnelova, og tiltak som kan påverke kulturminne i området skal sendast til Oppland fylkeskommune.



Haugeselet på stølen Dulsetet,
Mørkridsdalen landskapsvern-
område. Foto: Bjørn Dalen

Tiltak for å ta vare på kulturminne

Gjennom kartleggingsarbeidet i samband med Regional plan for Ottadalsområdet (villreinområdet) er det samla mykje informasjon om kulturminne. Følgjande tiltak er aktuelle for ivaretaking av kulturminna i Breheimen:

- Utarbeide ein kulturminneplan for kulturminna i Breheimen i nært samarbeid med regional kulturminnemyndigkeit, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Oppland fylkeskommune, og dei tre kommunane, Luster, Skjåk og Lom.
 - Skaffe ei betre oversikt over kulturminne og kulturmiljø ved m.a. supplerande feltarbeid i delar av Breheimen for å få best mogleg oversikt over kulturminna, samt for å vurdere tilstanden til kulturminna.
 - Ein slik plan bør innehalde ei sårbarheitsvurdering av kulturminne og kulturmiljø inkludert områda ved innfallsporane.
 - Velje ut kulturminne og kulturmiljø som er aktuelle for skilting, skjøtsel og tilrettelegging.
 - Etablere rutinar for overvaking av sårbare kulturminne i samarbeid med Regional kulturminnemyndigkeit. (Bestillingsdialog)
 - Samle og kartlegge historier og tradisjonsstoff om området. Utarbeide oppdatert temakart for å synleggjere viktige kulturminne i Breheimen i samband med tiltaka som er nemnde over.
 - Vurdere verneverdien for dei einskilde bygningane i verneområda som kan nyttast som grunnlag for byggesakshandsaming.

Rettleiar M-420 Kulturminner i områder vernet etter naturmangfoldloven, kap. 6.1, gjer greie for fleire tema ein slik plan bør ta opp.

- Utarbeide informasjonsmateriell om kulturminne/kulturhistorie innanfor verneområda.
- Oppmode kommunane om å opprette omsynssoner i randsona til verneområda, med retningsliner til korleis tiltak skal ivareta omsynet til viktige verdiar innanfor grensa til verneområda.



Avstenging av vassveg inn på Tverrfjellet, seinhaustes, Breheimen nasjonalpark. Foto: Bjørn Dalen

3. BRUKARINTERESSER

3.1 JAKT, FANGST OG FISKE

Status

Det blir jakta på hjort, villrein, elg, li- og fjellrype og noko rådyr og hare i verneområda. Jakt på hjort føregår både i Luster, Skjåk og Lom. I Lom og i Skjåk vert det også jakta elg. Reinsjakta skjer over skoggrensa i delar av verneområda. Omfanget varierer med svingingar i villreinbestanden og kvar dyra står under jakta. Ei handfull utøvarar nyttar seg òg framleis av den tradisjonelle snarefangsten på rype som er tillate etter viltlova i Lom og Skjåk (men ikkje i Luster).

Det er sal av jaktkort for småvilt i statsallmenningen, Skjåk Almenning, hjå andre grunneigarar og i områda disponert av jeger- og fiskeforeiningane. Jakta på privat grunn blir stort sett leigd ut. Heile Breheimenområdet er godt jakttereng.

Det er aure i mange av vatna i verneområda. Unntaket er høgareliggende vatn og vatn som er sterkt påverka av brear. Flest fiskevatn er det i Skjåk allmenning. Det er fiskekortordning for dei fleste vatna. Om lag alt fiske skjer om sommaren. Det blir drive aktivt fiske og kultiveringsarbeid innanfor verneområda. Dette inneber utsetjing av fisk og tynningsfiske. Ingen av vatna innanfor verneområda har vore kalka.

Utleige av jakt og fiske saman med utleige av jaktbu/fiskebu gjev gode leigeinntekter for grunneigarane, og er difor ein vesentleg ressurs for fleire av eigedommane i verneområda. Jakt og fiske for vidaresal av fangsten har lite omfang og har ikkje nemnande økonomisk verdi.



Den skal tidleg krøkast - Instruksjon i flåing av rein i Mårdalen, Breheimen nasjonalpark. Foto: Bjørn Dalen

Motorferdsel i samband med jakt og fiske blir handsama i kap. 3.9.

Temakart

Sjå vedlegg 10 for kart over område for rypetaksering og utvida bandtvang i grotliområdet

Forvaltingsmål

Det er eit sentralt mål for forvaltinga av Breheimen at jakt og fiske framleis skal kunne gå føre seg innanfor rammene av verneføremålet. Desse aktivitetane hører til det enkle friluftslivet som er ein del av verneføremålet, og har stor tyding, særleg lokalt. Jakt og fiske utgjer dessutan eit bidrag til å regulere bestandane.

Rammer og reglar - Jakt, fangst og fiske (Vedlegg 1)

Vernereglane er ikkje til hinder for utøving av tradisjonell jakt, fangst og fiske.

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 3

Dyrelivet, medrekna hi, reir, hekke-, yngle- og gyteplassar, er verna mot skade og unødig forstyrring. Utsetting av dyr på land og i vatn er forbode, jf. § 3 pkt. 3.1.

Regelen er ikkje til hinder for jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk, eller skadefelling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk, jf. § 3 pkt. 3.2.

Forvaltningsstryesmakta kan gi løyve til utsetting av fisk frå lokale fiskestammar der dette er gjort tidlegare, kalking av vatn og elvar som er naudsynt for å hindre at ein art dør ut, eller iverksetting av tiltak for å få villreinen tilbake i søre del av Ottadalens villreinområde, i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltingsplan, jf. § 3 pkt. 3.3. I tråd med forskrifta skal det gjennom forvaltingsplanen fastsetjast eit referanseområde som ikkje kan kalkast, jf. § 5.

- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernombord § 3 pkt. 3
- Forskrift for Mysubytta landskapsvernombord § 3 pkt. 3
- Forskrift for Høydalens landskapsvernombord § 3 pkt. 3
- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernombord § 3 pkt. 3
- Forskrift for Vigdalen landskapsvernombord § 3 pkt. 3

Vernet er ikkje til hinder for jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk, utsetting av fisk frå lokale fiskestammar i samsvar med gjeldande lovverk, eller kalking av vatn eller elvar som er naudsynt for å hindre at ein art dør ut i samsvar med gjeldande lover.

- Forskrift for Høyrokampen naturreservat § 3 b), § 4b)

Dyrelivet mellom anna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode, jf. § 3 b). Vernereglane er likevel ikkje til hinder for jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk, jf. § 4 b).

Det er ikkje fastsett særskilte reglar om jakt og fiske i nasjonalparken, landskapsvernombordet eller i naturreservatet. Jakt og fiske vil gå føre seg etter reglane i viltlova og laks- og innlandsfisklova.

Sjølv om jakt er tillate etter gjeldande lovverk, er det ikkje tillate å setje opp saltstein for å lokke vilt til bestemte plassar innanfor verneområda. Oppsetting av saltstein til vilt kan medføre trakk/slitasje på staden, og kan vere i strid med verneføremålet i verneområda, jf. verneforskriftene for Breheimen nasjonalpark og Strynefjellet-, Mysubytta-, Høydalens-, Mørkridsdalen- og Vigdalen landskapsvernombjørga § 3 pkt. 1.1, og Høyrokampen naturreservat § 3 bokstav c).

Sogn og Fjordane fylkeskommune og Oppland fylkeskommune er forvaltingsstyremakta etter nemnde regelverk for haustbare viltartar (små og storvilt), samt haustbare artar av innlandsfisk, dvs. innlandsfisk av ikkje-truga bestandar i vatn som ikkje er regulerte.

Ut over det som står om hund i kapittel 3.2 (anna friluftsliv), kan bruk av hund til jakt gå føre seg i verneområda etter reglane i viltlova og kommunale forskrifter med heimel i hundelova.

Retningsliner for forvalting og bruk

Jakt, fangst og fiske kan utøvast som før i samsvar med gjeldande lovverk og forskrifter, dvs. etter reglane i viltlova og laks- og innlandsfisklova.

Oppsetting av saltstein for å lokke elg og hjort til faste plassar i terrenget er ikkje tillate.



Framkøyring av elgokse, Breheimen nasjonalpark. Foto: Jakob Brennhaug

3.1.1 FISKEKULTIVERING OG KALKING

Rammer og reglar (Vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 3.3 a) og b)

Forvaltingsstyremakta kan gje løyve til utsetting av fisk frå lokale fiskestammar der dette er gjort tidlegare (§ 3 pkt. 3.3 a)

Forvaltingsstyremakta kan gje løyve til kalking av vatn og elvar som er naudsynt for å hindre at ein art døyr ut (§ 3 pkt. 3.3 b). Etter forskrifta skal det gjennom forvaltingsplanen fastsetjast eit referanseområde som ikkje kan kalkast.

Det er mange fiskevatn i Breheimen, og i fleire vatn har det vorte drive kultiveringsarbeid. Dette omfattar utsetting av aure i ein del av vatna i verneområda. Innanfor nasjonalparken kan nasjonalparkstyret gje løyve å setje ut fisk frå lokale fiskestammar der dette er gjort tidlegare etter søknad. Nasjonalparkstyret er innstilt på å imøtekome slike ønske om å oppretthalde tidlegare praksis som gjeld kultiveringstiltak, men planane må leggjast fram for nasjonalparkstyret til vurdering og godkjenning.

Tyngre fiskekultiveringsstiltak som krev tekniske inngrep, som til dømes oppdemming, utgraving og andre biotop-fremjande tiltak er ikkje tillatne i verneområda. Slike tiltak vil vere i strid med det overordna føremålet om å ta vare på landskapet og økosystemet i sin opphavlege tilstand.

Nasjonalparkstyret kan gje løyve til å kalke elvar og vatn når det er naudsynt for å hindre at artar dør ut. Slike løyve skal også handsamast av Fylkesmannen etter lakse- og innlandsfiske lova. Eventuelle løyve vert gjeve i samband med Fylkesmannen si handsaming av slike tiltak etter lakse- og innlandsfisklova, men det er ikkje venta at det vil vere naudsynt med kalking innanfor dei aktuelle verneområda

Utsetjing av fisk krev løyve frå fylkeskommunen, som er forvaltingsstyretemakt i medhald av laks- og innlandsfisklova, samt frå Mattilsynet. Det bør vere ei koordinering mellom dei tre offentlege organa, samt fylkesmannen, for å sikre at kultivering og kalking blir sett i samanheng.

Retningsliner for forvalting og bruk – Fiskekultivering og kalking

Innanfor Breheimen nasjonalpark kan det gjevast løyve til utsetjing av fisk frå stadeigne stammar der dette er gjort tidlegare etter søknad. Utsetjing av fisk krev løyve frå fylkeskommunen etter laks- og innlandsfisklova, samt frå Mattilsynet.

Innanfor Breheimen nasjonalpark kan nasjonalparkstyret etter søknad gje løyve til å kalke elvar og vatn når det er naudsynt for å hindre at artar dør ut. Kalking av elvar og vatn krev løyve Frå Fylkesmannen etter laks- og innlandsfiskelova.

Det er ikkje særskilt krav om løyve til utsetting av fisk frå lokale fiskestammar eller kalking i landskapsvernområda.

Tyngre tekniske kultiveringstiltak er ikkje tillate.

Det vert lagt opp til å gje 4-årige løyve til å setje ut fisk i alle dei vatna der det vart gjeve slikt løyve før vernet, etter behovsprøving og så framt slik utsetting har funne stad dei siste 20 åra. Når det gjeld kravet om at det skal nyttast lokale fiskestammar, skal ein følgje vilkåra som fylkeskommunen sett om dette i samsvar med laks- og innlandsfiskelova.

Den delen av nedbørsfeltet til Skjøli som er innanfor nasjonalparken er avsett som referansevassdrag, og skal ikkje kalkast, jf. verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 3.3 b).

Retningsliner for motorferdsel – sjå kap. 3.9.



Fisking i Istjønn, Breheimen nasjonalpark. Foto: Per Olav Haugen

3.1.2 BRUKSPRØVAR FOR HUND (JAKTHUNDPRØVAR)

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 5.3

Sykling, organisert køyring med hundespann, organisert bruk av hest og bruksprøvar for hund er berre tillate på trasear, i område og til tider som er godkjende for slik bruk i forvaltingsplanen.

- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 3 pkt. 5.3
- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 3 pkt. 5.3
- Forskrift for Høydalen landskapsvernområde § 3 pkt. 5.3
- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 5.3
- Forskrift for Vigdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 5.3

På vegar er sykling, organisert køyring med hundespann, organisert bruk av hest og bruksprøver for hund tillate. I andre område er slik aktivitet berre tillate på trasear, i område og til tider som er godkjende for slik bruk i forvaltingsplanen.

- Forskrift for Høyrokampen naturreservat § 3 d)

Bruk av naturreservatet til teltleirar, idrettsarrangement eller andre større arrangement er forbode.

Bruksprøver for hund, det vil seie jaktpørver for ståande fuglehundar, er berre tillate i område og til tider som er godkjende til slik bruk i forvaltingsplanen. På vegar er bruksprøvar for hund direkte tillate.

Jakthundprøver bør i utgangspunktet leggjast utanfor verneområda. Det er særskild omsyn til villrein som er avgjerande for reguleringa av jakthundprøver, saman med omsynet til rovfugl og våtmarksfugl. Villrein er ein viktig del av verneføremålet i Breheimen nasjonalpark og i Strynefjellet landskapsvernområde. I desse områda vert det difor ikkje opna for bruksprøver for hund, utanom på vegen i Strynefjellet landskapsvernområde. Villrein er ikkje ein del av verneføremålet i dei andre landskapsvernområda, og i desse områda er det viltlova med tilhøyrande forskrifter som regulerer bruken av bruksprøver for hund.

Retningsliner for forvalting og bruk

Jakthundprøver bør i utgangspunktet leggjast utanfor Breheimen nasjonalpark og Strynefjellet landskapsvernområde, utenom på vegen i landskapsvernområdet.

Det er ikke forbod mot bruksprøver for hund innanfor Mysubytta landskapsvernområde, Høydalen landskapsvernområde, Vigdalen landskapsvernområde og Mørkridsdalen landskapsvernområde.

Det er forbod mot bruksprøver for hund i Høyrokampen naturreservat.

3.1.3 TAKSERING AV RYPE MED LAUS HUND

Rammer og reglar – (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 5.2

Reglane i denne forskriften er ikke til hinder for organisert turverksem til fots så lenge naturmiljøet ikke blir skadelidende.

Organisert ferdsel og ferdelsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltingsstyremakta, jf. § 5.

- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 3 pkt. 5.2
- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 3 pkt. 5.2
- Forskrift for Høydalen landskapsvernområde § 3 pkt. 5.2
- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 5.2
- Forskrift for Vigdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 5.2

Reglane i denne forskriften er ikke til hinder for organisert turverksem til fots så lenge naturmiljøet ikke blir skadelidende.

Organisert ferdsel og ferdelsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltingsstyremakta, jf. § 5.

- Forskrift for Høyrokampen naturreservat § 5 a

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

Taksering av rype er ein organisert aktivitet, der fleire folk er involvert og med bruk av laus hund.

Taksering av rype med laus hund vert rekna som organisert ferdsel som kan skade naturmiljøet, avhengig av kvar og til kva tid aktiviteten føregår. Slik aktivitet vil t.d. kunne forstyrre villrein og fjellrev. Det er difor krav om løyve i nasjonalparken for å drive slik aktivitet.

Tida for bandtvang er utvida i delar av nasjonalparken av omsyn til villrein, f.o.m. 1. mars t.o.m. 20. august, jf. kap. 3.2.11. Taksering av rype med laus hund kan såleis ikke finne stad i denne perioden, i dei delane av nasjonalparken og heile Strynefjellet landskapsvernområde som ligg nord for følgjande grense: Frå nasjonalparksgrensa mot aust, der Glitra elv kryssar grensa, etter elva til utløpsosen i Glittervatnet, langs sørsida av Glittervatnet, til innløpsosen i Glittervatnet (bekken frå Huguvardstjønn) - austre Skridulaupen (1949 moh) – vestre Skridulaupen (1962moh) – Raudegga (1938 moh) – Kvitlenova (1898 moh), jf. vedlegg 11.

Taksering av rype med laus hund er ikke vanleg i den delen av Breheimen nasjonalpark som ligg i Sogn og Fjordane.



Rype, Breheimen nasjonalpark. Foto: Morten Kielland

Retningslinjer for forvalting og bruk

Taksering av rype med laus hund må ha særskilt løyve av nasjonalparkstyret etter søknad.

Det vil ikke bli gjeve løyve til taksering av rype med laus hund i perioden, f.o.m. 1. mars t.o.m. 20. august, i dei delane av nasjonalparken som ligg nord for følgjande grense: Frå nasjonalparkgrensa mot aust, der Glitra elv kryssar grensa, etter elva til utløpsosen i Glittervatnet, langs sørsida av Glittervatnet, til innløpsosen i Glittervatnet (bekken frå Huguvardstjønn) - austre Skridulaupen (1949 moh) – vestre Skridulaupen (1962moh) – Raudegga (1938 moh) – Kvitenova (1898 moh), jf. temakart vedlegg 10. Av omsyn til villrein og fjellrev er det heller ikkje ønskjeleg at rypetaksering med laus hund skjer innanfor Strynefjellet landskapsvernområde.

Ved vurdering av evt. løyve er det relevant å ta med i vurderinga at taksering av ryper bidreg til kunnskapsgrunnlaget som dette småviltet vert forvalta ut frå.

3.1.4 BRUK AV KVIST TIL SNAREFANGST

Skade og øydelegging av vegetasjon er i utgangspunktet forbode i nasjonalparken. Tidlegare tradisjonell bruk av områda skal likevel kunne halde fram både i nasjonalparken og i landskapsvernområda så lenge det ikkje er til skade for verneverdiane. I landskapsvernområda er plantelivet verna mot skade og øydelegging som kan endre det verna landskapet sitt sær preg eller karakter vesentleg.

Ein har vurdert at bruk av kvist til snarefangst ikkje vil gå utover verneføremålet i nasjonalparken og landskapsvernområda. Vernet regulerer såleis ikkje snarefangst etter rype i desse områda, og snarefangst kan skje i medhald av viltlova med tilhøyrande forskrifter.

Rammer og reglar – (vedlegg 1)

Etter verneforskrifta § 3 pkt. 2.1 er vegetasjon, også daude busker og tre verna mot skade og øydelegging av alle slag.

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark, § 3, pkt. 2.2 e)

Reglane i 2.1 er ikkje til hinder for bruk av kvist til snarefangst.

Framhald neste side »

- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernområde, § 3 pkt. 2.2 e)
- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde, § 3 pkt. 2.2 e)
- Forskrift for Høydalen landskapsvernområde, § 3 pkt. 2.2 e)

Regelen i pkt. 2.1 er ikkje til hinder for bruk av kvist til snarefangst.

- Forskrift for Høyrokampen naturreservat, § 3 a)

Vegetasjon, mellom anna daude busker og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbod mot å fjerne planter og sopp (inkludert lav) eller deler av desse frå reservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.

Viltlova med tilhøyrande forskrifter opnar for snarefangst av rype i Lom og Skjåk, men ikkje i Luster. I Breheimen nasjonalpark kan ein difor drive snarefangst på areal som ligg i Lom og Skjåk kommunar (utan søknad), og ein vil kunne bruke kvist til snarefangst i landskapsvernområda som ligg i desse to kommunane, dvs. Strynefjellet landskapsvernområde, Mysubytta landskapsvernområde og i Høydalen landskapsvernområde, samt i dei delane av nasjonalparken som ligg i Lom og i Skjåk.

Retningsliner for forvalting og bruk

Det er ikkje forbod mot bruk av kvist til snarefangst i Breheimen nasjonalpark, eller i Høydalen-, Mysubytta- eller Strynefjellet landskapsvernområde.

Snarefangst av rype vert regulert gjennom viltlova med tilhøyrande forskrifter. Det er opna for slik aktivitet i Skjåk kommune og Lom kommune, men ikkje i Luster kommune.

I Høyrokampen naturreservat er det ikkje opna for bruk av kvist til snarefangst, og det er heller ikkje registrert behov for dette.

3.1.5 OPPSETTING AV KASSAR FOR UTSTYR OG PROVIANT VED FISKEVATN

Rammer og reglar – (Vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark, § 3, pkt. 1.3 i)

I Breheimen nasjonalpark kan det etter søknad gjevast løyve til oppsetting av kassar for utstyr og proviant ved fiskevatn i Skjåk allmenning i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen.

- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 j)

I Mørkridsdalen landskapsvernområde kan det etter søknad gjevast løyve til oppsetting av kassar for utstyr og proviant ved fiskevatn der det eksisterer kassar frå før, i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen.

Det er nokre kassar i Strynefjellet landskapsvernområde i dag, men sidan vatna ligg så nær bilveg er det ikkje opna for å gje løyve til å sette opp nye kassar her.



Garnkasse ved Syrtbyttjønn, Breheimen nasjonalpark. Foto: Bjørn Dalen

Retningsliner for forvalting og bruk

Etter søknad kan det gjevast løyve til oppsetting av kassar for utstyr og proviant ved fiskevatn. Innanfor Breheimen nasjonalpark gjeld dette ved fiskevatn i Skjåk Almenning, og innanfor Mørkridsdalen landskapsvernområde gjeld det ved fiskevatn der det er kassar frå før.

Ved løyve vil det bli sett vilkår om at kassen skal kunne brukast av fleire, t.d. i regi av grunneigar eller jeger- og fiskeforeiningar der det er etablert fiskebestandar som bør haustast.

Alle kassar skal merkast med namn, adresse og telefonnummer.

Ein kasse for utstyr og proviant skal ikkje vere større enn 1 m³.

Største høgde skal ikkje overstige 0,8 m.

Kassar for utstyr og proviant skal ikkje synast i terrenget. Ein kasse skal difor ikkje vere større enn at han kan ligge i eller under båten når han ikkje er i bruk.

Kassane skal ikkje beisast i sterkt farge, dei skal primært vere ubehandla eller grå.

Synlege flater skal dekkjast til med naturleg material i området.

Det er forbod mot å kople fleire kassar saman, når føremålet er å skape bueiningar.

Kassar som ikkje lenger er i bruk skal fraktast ut or nasjonalparken/landskapsvernområdet.

Garnkassar skal registrerast hjå forvaltingstyresmakta.

Det skal førast ei samla oversikt over plasseringa av kassane, med opplysningar om eigar og nøyaktig UTM-koordinat. Ein skal forsøke å legge opp til sambruk av kassane, for å halde talet på slike kassar nede.

Den som plasserer ut kassar for utstyr og proviant ved fiskevatn må sjølv ordne med naudsynt løyve frå grunneigar.

Ved løyve skal det setjast vilkår om at objekt av kulturhistorisk verdi (hustufter, dyregraver og liknande) ikkje skal skadast.

Retningsliner for motorferdsel – sjå kap. 3.9.11.

Tiltak

- Ta bilete av, og registrere kassar for utstyr og proviant ved fiskevatn med UTM-koordinat, og legge data inn i verneområdeloggen.

3.1.6 OPPLAG AV BÅTAR

Rammer og reglar – (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark, § 3 pkt. 1.3 j)

I Breheimen nasjonalpark kan det etter søknad gjevest løyve til opplag av båtar i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 5.

- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernområde, § 3 pkt. 1.3 g).
- Forskrift for Høydalen landskapsvernområde, § 3 pkt. 1.3 n)

Etter søknad kan det gjevest løyve til opplag av båtar i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen.

Nasjonalparkstyret stiller seg positive til utnytting av fiskeressursane i verneområda. Det bør så langt det er råd leggast til rette for felles bruk av båtar ved vatn med garnfiske, slik at ikke alle treng å ha eigen båt. Dette gjeld for Breheimen nasjonalpark, Strynefjellet landskapsvernområde og Høydalen landskapsvernområde.



Båt i vinteropplag ved Lundadalsvatnet,
Breheimen nasjonalpark.
Foto: Bjørn Dalen.

Retningslinjer for forvalting og bruk

Opplag av båtar vil seie lagring av båt ute i området over tid (gjeld ikkje båtar i naust).

Løyve kan gjevast ved fiskevatn innanfor Breheimen nasjonalpark, Strynefjellet landskapsvernområde og Høydalen landskapsvernområde der det er opna for fiske med garn.

Båtar som ikkje lenger er i bruk skal fjernast.

Godkjende båtar skal merkast med eigaren sitt namn, og ved utplassering skal det leverast bilet og UTM-koordinat for lokalisering av båten til nasjonalparkforvaltinga for at ein betre skal kunne følgje opp med fjerning av det som ikkje lenger er i bruk.

Øydelagde båtar og restar av anna utstyr skal fjernast. Kommunen kan som forureiningsmyndigheit kontaktast for hjelp til oppfølging i medhald av forureiningslova § 37 dersom eigar ikkje sjølv fjerner utrangert utstyr.

Mellombels lagring av båtar for fiskesesongen i desse områda, kan skje utan søknad, men det må søkjast om løyve til evt. motorferdsel for transport av båten.

Opplag av båt er ikkje tillate i Mysubytta, Mørkridsdalen og Vigdalen landskapsvernområde (jf. forskriftene § 3 pkt. 1.1) eller i Høyrokkampen naturreservat (jf. § 3 c).

Dersom opplag av båtar er til hinder for ferdsla langs vassdraget eller får negative konsekvensar for verneverdiane kan nasjonalparkstyret vurdere om det kan setjast nærmare vilkår for det enkelte vatn om talet på båtar og kvar, og korleis dei skal lagrast.

Breheimen nasjonalparkstyre skal føre samla oversyn over dei løyva som vert gjevne og ha eit register over kven som har båt i verneområdet. For å følgje opp ved opphør av løyve, vil bilet av båten vera eit viktig hjelpemiddel for å kunne kontakta rette vedkomande om han vert liggande og forfalle.

Høyrokkampen naturreservat grensar inn til Høydalsvatnet, og opplag av båtar til bruk på Høydalsvatnet kan skje i Høydalen landskapsvernområde.

Ved løyve skal det setjast vilkår om at objekt av kulturhistorisk verdi (hustufter, dyregraver og liknande) ikkje skal skadast.

Retningslinjer for motorferdsel – sjå kap. 3.9.11.

Tiltak

- Båtar som ikkje lenger er i bruk og øydelagde båtar, samt restar av anna utstyr skal fjernast. Ansvarleg: NP-styret i samarbeid med SNO.

3.2 ANNA FRILUFTSLIV

Status

Breheimen er registrert som eit område av nasjonal verdi og nasjonal interesse for friluftsliv. Særleg randområda i Breheimen merkar seg ut som særleg viktige for friluftslivet. Frå gamalt av har det gått fleire ferdelsvegar gjennom verneområda i Breheimen, og i dag er områda attraktive og mykje nytta til ymse former for friluftsliv, mellom anna vandring frå hytte til hytte. Det er kort veg frå dei frodige stølsgrendene til vilt høgfjell, og denne variasjonen gjev turmoglegheiter for ein kvar smak. Det naturvenlege og lite ressurskrevjande friluftslivet dominerer, med fotturar om sommaren, og skiturar i påska, om våren og i nokre område i ytterkantane om vinteren.

Verneområda ligg nær store reiselivsdestinasjonar, og dette pregar friluftslivet i områda. Her er eit nett av stiar og løyper, og det finst fleire bruer. Det er gode bilvegar rundt, og inn mot Breheimen. Dette gjer det lett å kome langt inn i området, sjølv på dagsturar. Det er òg gode moglegheiter for lengre turar med overnatting i telt eller på turisthyttene.

DNT Oslo og Omegn, Luster kommune og nokre stader lokale turlag og andre tek seg av enkel merking (m.a. vardar og T-merking), kvisting og skiløyper og stiar. Løypene blir kvista med bruk av snøskuter. Kvistinga tek til i vekene før påske. Dei vert normalt ikkje tekne ned att. Følgjande løyper vert kvista i regi av DNT Oslo og Omegn:

- Sota - Trulsbu—Nordstedalseter
- Trulsbu - Fortundalsbreen
- Sota - Nordstedalseter
- Nordstedalseter - Krossbu/Sognefjellshytta

Merkinga av stiar må ta omsyn til villreinen i området, også med tanke på å få villreinen tilbake i dei sørlege og vestlege delane av Breheimen, jf. temakartet som viser merka og umerka stiar i Luster, Skjåk og Lom i vedlegg 11.

Dei fleste aktivitetane er uorganiserte, men det finst og tilbod om guida turar. Det er per i dag ingen faste friluftsarrangement i verneområda, korkje vinter eller sommar.

Det er ein del guida turar og anna organisert ferdsel i grottene i Dumdalen. Leirskular nyttar verneområda i si formidling, der grottene er eit attraktivt turmål. I tillegg er det ein del som nyttar grottene på eiga hand. Det er registrert negative konsekvensar frå ferdsel i desse grottene, som slitasje, strukturendring etter sklidning, tagging/riping og sot frå bålbrenning.

Organiserte turar med hest førekjem i verneområda. DNT har turar og samlingar i området. Nokre firma og turlag arrangerer organiserte turar til grottene i Dumdalen. Det er tidlegare nemnt at det kan vere aktuelt å starte opp med ulike typar fjellføring, kanskje også kombinert med kløvhest på buforvegen (T-merkt) inn Mørkridsdalen. Til no har dette vore ein aktivitet med relativt avgrensa omfang, med eit lågt tal turar innanfor verneområda. Det er likevel ein aktivitet som kan auke i framtida.

Terrengsykling er ein aktivitet i vekst, og det har vore sykla både i nasjonalparken og i landskapsvernombjørga i Skjåk. Sykling førekjem etter etablerte stiar eller dyretrakk. Det er lite klatring i Breheimen, men det går ei klatrerute til Tverrådalskyrkja over nordryggen som er ein del brukt. Derimot er Breheimen brukt ein del til brèvandring, gjerne kombinert med fotturar. Breheimen er også eit populært område for skiturar om våren og i påska. I påska er skiløypa mellom Sota og Nordstedalseter og vidare til Sognefjellet (Sognefjellshytta og Krossbu) kvista. Randområda, særleg i Jostedalen vert nytta til frikjøring på ski, og i Geisdalen har det dei siste åra vorte arrangert frikjøringsskonkurranse.



På små føter i stor natur, Vangsen 1757 moh. i bakgrunnen, Breheimen nasjonalpark. Foto: Eldrid Nedrelo



Skitur, Breheimen nasjonalpark. Foto: Liv Byrkjeland

Dei merkte og mykje brukte stiane går fram av vedlegg 12. Det er kring 300 km merkte stiar i Breheimen som inngår i DNT sitt rutenett og mange turisthytter. Hyttene som finst i og i tilknyting til DNT-rutenettet i Breheimen og hytter knytt til dette rutenettet som er eigd av Skjåk Almenning er lista opp i tabellen nedanfor.

Tabell 2. Hyttene som finst i og i tilknyting til DNT-rutenettet og hyttene som er eigd av Skjåk Almenning i Breheimen.

Hytte	Kommune	Verneområde	
Slæom	Skjåk	Breheimen NP	DNT, sjølvbetent
Trulbsu	Skjåk	Breheimen NP	DNT, sjølvbetent
Arentzbu	Luster	Breheimen NP	DNT, sjølvbetent
Sprongdalshytta	Luster	Breheimen NP	DNT, sjølvbetent
Holmevasshytta	Luster	Breheimen NP	Jostedal Statsallmenning Fjellstyre, utleige
Høydalsseter	Lom	Høydalen LVO	Privat, låst
Fast	Luster	Mørkridsdalen LVO	DNT, sjølvbetent,
Vigdalen	Luster	Vigdalen LVO	DNT, sjølvbetent
Grotli	Skjåk	utanfor	privat, betent
Sota	Skjåk	utanfor	DNT, betent
Skridulaupbu	Skjåk	utanfor	DNT, sjølvbetent
Krossbu	Lom	utanfor	privat, betent
Sognefjellshytta	Lom	utanfor	privat, betent
Turtagrø	Luster	utanfor	privat, betent
Stølsdalen	Luster	utanfor	DNT, sjølvbetent
Nordstedalseter	Luster	utanfor	DNT, betent
Styggevasshytta	Luster	utanfor	privat, låst
Glittervassbu	Skjåk	Breheimen NP	Skjåk Almenning, utleige
Rauddalsbu	Skjåk	utanfor	Skjåk Almenning, utleige
Sottjønnbu	Skjåk	Breheimen NP	Skjåk Almenning, utleige
Grønnstorrbu	Skjåk	Breheimen NP	Skjåk Almenning, utleige
Sauhytta	Skjåk	Breheimen NP	Skjåk Almenning, utleige

Elles er det overnattingssstader i Bismo, Grotli, Dønfoss, Pollfoss, Fossbergom, Galdesand, Skjolden og Jostedalen utanfor verneområda for å nemne nokre moglegheiter. Det femner om alt frå hotell og pensionat til campingplass med (enkle) hytter.

Tilrettelegging

Tilrettelegging vert gjort m.a. for å gjere områda lettare tilgjengeleg for ålmenta, for å få fram husdyr med tanke på verneføremåla, og for å kanalisere ferdsla. I samband med tilrettelegging for friluftsliv nyttar ein ofte mange ulike omgrep. I boksen nedanfor freistar vi å forklare kva ein meiner med tilrettelegging og universell utforming.

Tilrettelegging

Tilrettelegging kan vere fysiske tiltak som stiar og løyper og merking av slike, løypepreparering, rasteplassar, bålpllassar, utsiktsstader, badepllassar med meir. Tilrettelegging kan òg vere informasjon ute med tavler, skilting, trykt informasjon som brosjyrar, handbøker, kart og det kan vere elektronisk informasjon tilgjengeleg på internett/mobiltelefon. Lista er ikkje uttømmande.

Tilrettelegging med universell utforming er aktuelt i/i tilknyting til verneområda.

Universell utforming

Universell utforming betyr at produkt, byggverk og uteområde som er i allmenn bruk skal utformast på ein slik måte at alle menneske skal kunne bruke dei på ein likestilt måte så langt det er mogleg utan spesielle tilpassingar eller hjelpemiddel.

Nokre stader kan det vere aktuelt å legge til rette særleg med tanke på universell utforming i Breheimen, for eksempel ved Sota eller i tilknyting til eksisterande anleggsvegar i innfallsportane ved t.d. Styggevatnet i Jostedalen eller i Fortunsdalen. Slik tilrettelegging må evt. skje i nært samarbeid med Statkraft i Jostedalen og Norsk Hydro ASA i Fortunsdalen.

Besøksstrategi

Besøksforvalting er eit satsingsområde i forvalting av verneområda framover. Dette inneber at nasjonalparkstyret skal sjå nærrare på korleis vi kan legge til rette for og styre bruken av verneområda slik at opplevinga for dei besøkande og den lokale verdiskapinga blir størst mogleg, forståinga for vernet vert auka og verneverdiene tekne vare på. Dette skal skje gjennom konkrete tiltak i ein eigen plan, kalla «Besøksstrategi».

Breheimen nasjonalparkstyre vedtok prosjektplan for «Besøksforvalting for verneområda i Breheimen» og oppstart av arbeidet med ein besøksstrategi mai 2016. Målet er å ha ein endeleg besøksstrategi i 2020. Målet med strategien er at den skal peike på kva konkrete tiltak (informasjon, fysisk tilrettelegging, sonering, oppsyn osb.) som er naudsynt for å balansere verneverdiar, besøkande og lokal verdiskaping i desse områda. Besøksstrategien skal altså seie noko konkret om korleis vi vil møte den besøkande og korleis verneområda i Breheimen står fram i lokalsamfunna kring desse flotte naturområda. Naturen, og dermed verneområda, er ein ressurs og ei råvare for reiselivsnæringa. Kunnskap om verdiane i verneområda, reiselivsnæringa og brukarane vil såleis naturleg vere ein sentral del av besøksstrategien. Eit viktig mål med besøksstrategien vil vere å implementere merkestrategien for nasjonalparkane i Noreg som del av besøksforvaltinga for verneområda i Breheimen. Besøksstrategien vil vere eit vedlegg til forvaltingsplanen, jf. vedlegg 25.



Sjølvregistreringskasse brukt under brukarundersøking i 2016, Foto: Eldrid Nedrelo

Forvaltingsmål

Vernet skal sikre eit naturvenleg og enkelt friluftsliv i området, med lite teknisk tilrettelegging. Av verneverdiane er det særleg omsynet til villreinen og anna sårbart dyre- og planteliv, samt omsynet til geologiske førekommstar, karst og grotter som skal vektleggjast i høve til friluftsliv.

Omsynsfull ferdslle skal vere eit mål for friluftslivet i verneområda. Det skal både vere område som er tilrettelagde med T-merkte stiar, og område der ein må finne vegen heilt på eiga hand.

Det er både eit mål og ei utfordring å syte for god informasjon om naturen og kulturverdiane til dei som ferdast i verneområda.

Det er eit mål i minst mogleg grad å gripe inn i ålmenta sin rett til fri ferdslle i utmark. Forbod mot ferdslle o.l. er både konfliktfylt og vanskeleg å handheve, og svært lite ønskjeleg.

Det er eit mål å sikre store urørde leveområde for villreinen, kombinert med at eksisterande sti- og skiløypernett i størst mogleg grad blir oppretthalde. Løypernettet i området er allereie tett i høve til villreinen sine behov. Når det gjeld forvaltingsmål knytte til friluftsliv, er det viktig at dei vert sett i lys av at det er eit mål å få villreinen tilbake i sørlege og vestlege delar av Breheimen, dvs. Luster.

Generelt skal den tilrettelegginga som vert gjort, gjøre områda lettare tilgjengeleg for ålmenta innanfor ramma av verneforskrifta. Målet er at all tilrettelegging skal vere naturvennleg slik at det vert minst mogleg belastning på naturmiljøet, medfører minst mogleg inngrep i naturmiljøet og kulturlandskapet, og at kvaliteten på naturopplevelinga vert ivaretaken. I dette ligg òg at ein må vurdere om fysisk tilrettelegging er naudsynt og ønskjeleg i eit område. All tilrettelegging skal tilpassast naturmiljøet og kulturlandskapet, slik at det ikkje verkar skjemmande.

I verneområda er det ein eigen regel om at all ferdslle skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 5.1
- Forskrift for Vigdalen landskapsvernombåde § 3 pkt. 5.1
- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernombåde § 3 pkt. 5.1
- Forskrift for Mysubytta landskapsvernombåde § 3 pkt. 5.1
- Forskrift for Høydalen landskapsvernombåde § 3 pkt. 5.1
- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernombåde § 3 pkt. 5.1
- Forskrift for Høyrokampen naturreservat § 5 a)

All ferdslle skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

Etter søknad kan det gjevast løyve til bygging av bruer, legging av klopper og til merking av nye stiar i nasjonalparken og i landskapsvernombåde, jf. kap. 3.2.1 og kap. 3.2.2 nedanfor.

Retningsliner for forvalting og bruk - generelt

Tiltak med omsyn til ferdslle skal så langt som mogleg basere seg på tilrettelegging og kanalisering (merking og informasjon). Det er ei utfordring å regulere ferdslle så lite som mogleg, samstundes som verneområda skal vere gode leveområde for villrein. Kanalisering av ferdslle i stiar og løyper er viktig for å gjere det mogleg med fleir bruk av villreinområda.

All tilrettelegging i verneområda, som merking av stiar, stikking av skiløyper og bygging av bruer og klopper, skal vere i tråd med handbok om Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv, utgjeve av Miljødirektoratet, og Merkehåndboka, utgjeve av Den Norske Turistforening (DNT) mfl.

I Lom og Skjåk er det aktuelt å merke stiar med Nasjonalparkriket sin heilsakplege mal. Nye stiar og løyper som er godkjende skal merkast og stikkast på same vis som eksisterande.

I samsvar med verneforskriftene § 6, kan nasjonalparkstyret krevje at skilt blir flytta dersom dei blir funne å ha ei uheldig plassering sett i forhold til verneføremålet.

3.2.1 BRUER OG KLOPPER

Hovudregelen er at flytting, ombygging eller oppsetting av nye bruer og klopper krev løyve etter søknad, medan eksisterande bruer kan haldast ved like utan å søkje om løyve. Oppattbygging (t.d. etter naturskade) krev løyve.

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 1.2 b) og 1.3 c)

Reglane er ikke til hinder for vedlikehald av eksisterande stiar, trasear for skiløyper, skilt, bruer, vardar og liknande, i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 5 (§ 3 pkt. 1.2 b)).

I Breheimen nasjonalpark kan det etter søknad gjevast løyve til bygging av bruer og legging av klopper., jf. § 5 (§ 3 pkt. 1.3c)).

- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 3 pkt. 1.2 b) og 1.3 c)

Reglane er ikke til hinder for vedlikehald av eksisterande stiar, trasear for skiløyper, skilt, bruer, vardar og liknande i samsvar med forvaltingsplan, jf. § 5 (§ 3 pkt. 1.2 b)).

Etter søknad kan det gjevast løyve til bygging av bruer og legging av klopper, jf. § 5 (§ 3 pkt. 1.3 c)).

- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 3 pkt. 1.2 b) og 1.3 c)

Reglane er ikke til hinder for vedlikehald av eksisterande stiar, trasear for skiløyper, skilt, bruer, vardar og liknande i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen (§ 3 pkt. 1.2 b)).

Etter søknad kan det gjevast løyve til bygging av bruer og legging av klopper, jf. § 3 pkt. 1.3 c).

- Forskrift for Høydalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.2 b) og 1.3 i)

Reglane er ikke til hinder for vedlikehald av eksisterande stiar, skilt, bruer, vardar og liknande i samsvar med forvaltingsplan, jf. § 3 pkt. 1.2 b).

Etter søknad kan det gjevast løyve til bygging av bruer og legging av klopper, jf. § 3 pkt. 1.3 i).

- Forskrift for Vigdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.2 b) og 1.3 e)

Reglane er ikke til hinder for vedlikehald av eksisterande stiar, skilt, bruer, vardar og liknande i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 3 pkt. 1.2 b).

Etter søknad kan det gjevast løyve til bygging av bruer og legging av klopper, jf. § 3 pkt. 1.3 e).

- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.2 b) og 1.3 g)

Reglane er ikke til hinder for vedlikehald av eksisterande stiar, skilt, bruer, vardar og liknande i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 3 pkt. 1.2 b).

Etter søknad kan det gjevast løyve til bygging av bruer og legging av klopper, jf. § 3 pkt. 1.3 g).

- Forskrift for Høyrokampen naturreservat § 4 d) og § 7 e)

Reglane er ikke til hinder for vedlikehald av anlegg og innretninger som er i bruk på vernetidspunktet (§ 4 d)).

Etter søknad kan det gjevast løyve til gjenoppføring av anlegg og innretningar som går tapt ved brann eller natur-skade (§ 7 e)).



Hengebru ved Knivbakkgjerdet, Mørkridsdalen landskapsvernområde. Foto: Eldrid Nedrelo

Retningslinjer for forvalting og bruk

Løyve til oppsetting av nye bruer og klopper vil bli gjeve etter søknad når det ligg føre eit dokumentert behov som ikkje på rimeleg måte kan dekkast av andre eksisterande anlegg, og når tiltaket ikkje kjem i strid med verneføremålet.

Det blir lagt vekt på om bruva er til nytte for sti- og skiløypenettet eller om den kan føre til ferdsle på stader der det ikkje er ønskjeleg.

Det kan vere aktuelt å gje løyve til å føre oppatt bruver på stader der det står gamle brukar.

Ved søknad skal det opplysast om kven som er eigar av bruva og ansvarleg for vedlikehald.

Opphavleg storleik og utforming på bruer og klopper skal til vanleg vere som før, og det skal nyttast naturvenlege materialar. Elles gjeld dei generelle retningslinene som er gjevne innleiingsvis i kap. 3.2.

Ved handsaming av slike søknader kan det setjast vilkår om plassering, storleik, utforming, farge, opprydding, eigar og ansvarleg for vedlikehald osb.

Ved bygging av ny bru som erstattar eldre bru skal den gamle bruva rivast og fraktast ut or verneområdet dersom ho ikkje har ein viktig funksjon.

Legging av klopper må vurderast i høve til slitasjen i terrenget og kor mykje stien er nytta (sjå og delkapitelet om tilrettelegging nedanfor).

Etter søknad kan det vere aktuelt å gje løyve til tilrettelegging med universell utforming nokre få utvalde stader i nasjonalparken eller landskapsvernområda, t.d. ved Sota.

[Framhald neste side »](#)

Ved løyve skal det setjast vilkår om at objekt av kulturhistorisk verdi (hustufter, dyregraver og liknande) ikkje skal skadast.

Søkjær/tiltakshavar må innhente naudsynt løyve til bygging av bru og legging av klopper frå grunneigar.

Retningslinjer for motorferdsel – sjå kap. 3.9.

3.2.2 STIAR OG LØYPER

I forskriftene er det opna for at ein kan halde oppe og vedlikehalde det eksisterande sti- og løpenettet. I nasjonalparken og i landskapsvernområda kan det ryddast langs stiane dersom vegetasjon gjer det vanskeleg å ta seg fram. Dette gjeld, både merkte og ikkje merkte stiar, som tilkomst til hytter (t.d. i Rauddalen) og for beitebruken. Stiar og løyper kan elles bli lagt om eller ikkje bli merkt av omsyn til verneverdiar.

I naturreservatet er det naudsynt med løyve etter søknad for å merke, rydde og vedlikehalde stiar, løyper og gamle ferdsleårer.

Merking av nye stiar krev løyve etter søknad. Utgangspunktet er at eksisterande stiar og løyper i noverande standard stort sett er akseptable i høve til verneføremålet (sjå nedanfor).

Temakart

Sjå vedlegg 11 for oversikt over merka stiar i Luster og Skjåk, og umerka stiar i Lom.



Skilta ved Hødnevollen i Mørkridsdalen fortel kvar du kjem når du går inn dalen.

Foto: Eldrid Nedrelo

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 1.2 b) og 1.3 d)

Reglane er ikkje til hinder for vedlikehald av eksisterande stiar, trasear for skiløyper, skilt, bruer, vardar og liknande, i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 3 pkt. 1.2 b).

Etter søknad kan det gjevast løyve til oppsetting av skilt og merking av nye stiar og skiløyper i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 3 pkt. 1.3 d).

- Forskrift for Vigdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.2 b) og 1.3 f)

Reglane er ikkje til hinder for vedlikehald av eksisterande stiar, skilt, bruer, vardar og liknande i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 3 pkt. 1.2 b).

Etter søknad kan det gjevast løyve til oppsetting av skilt og merking av nye stiar (§ 3 pkt. 1.3 f)).

- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.2 b) og 1.3 h)

Reglane er ikkje til hinder for vedlikehald av eksisterande stiar, skilt, bruer, vardar og liknande i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen, jf. 3 pkt. 1.2 b).

Etter søknad kan det gjevast løyve til oppsetting av skilt og merking av nye stiar (§ 3 pkt. 1.3 h)).

- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 3 pkt. 1.2 b) og 1.3 c).

Reglane er ikkje til hinder for vedlikehald av eksisterande stiar, trasear for skiløyper, skilt, bruer, vardar og liknande i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen (§ 3 pkt. 1.2 b)).

Etter søknad kan det gjevast løyve til merking av skiløyper i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen (§ 3 pkt. 1.3 c)).

- Forskrift for Høydalens landskapsvernområde § 3 pkt. 1.2 b) og 1.3 j)

Reglane er ikkje til hinder for vedlikehald av eksisterande stiar, skilt, bruer, vardar og liknande i samsvar med forvaltingsplanen, jf. § 3 pkt. 1.2 b).

Etter søknad kan det gjevast løyve til oppsetting av skilt og merking av nye stiar (§ 3 pkt. 1.3 j)).

- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 3 pkt. 1.2 b) og 1.3 d)

Reglane er ikkje til hinder for vedlikehald av eksisterande stiar, trasear for skiløyper, skilt, bruer, vardar og liknande i samsvar med forvaltingsplan, jf. § 3 pkt. 1.2 b).

Etter søknad kan det gjevast løyve til oppsetting av skilt og merking av nye stiar i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 3 pkt. 1.3 d).

- Forskrift for Høyrokampen naturreservat § 7a

Etter søknad kan det gjevast løyve til merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdselsårer i området (§ 7a).

Retningsliner for forvalting og bruk

Breheimen nasjonalparkstyre kan gje løyve til merking, rydding og vedlikehald av stiar, løyper og gamle ferdsselsårer i Høyrokampen naturreservat. Når det gjeld vedlikehald av stiar er det aktuelt å gje fleirårige løyve.

I nasjonalparken og landskapsvernområda kan eksisterande stiar og løyper haldast ved like og haldast opne utan særskild løyve frå nasjonalparkstyret.

Omfanget av vedlikehald som nemnt over må ikkje vere større enn tidlegare standard på stien og traseen. Det kan ryddast langs stiane dersom vegetasjon gjer det vanskeleg å ta seg fram, t.d. for tilkomst til stølar og for beitebruken.

Veiting og bortleiring av vatn vert rekna som vedlikehald, så lenge det ikkje er snakk om å grave nye grøfter med maskin og legging av røyr osb. som endrar utsjånaden på stien/vegen. Mindre inngrep som å lage stikkrenner av stein osb. er også vedlikehald.

Ved merking av skiløyper skal det nyttast kvist. Elles gjeld dei generelle retningslinene som er gjeve innleiingsvis i kap. 3.2.

Eit prinsipp som skal leggast til grunn ved vurdering av søknader om merking av nye stiar er at det til vanleg er nok med ein merkt sti/skiløype mellom to punkt.

Etter søknad kan det vere aktuelt å gje løyve til tilrettelegging med universell utforming nokre få utvalde stader i nasjonalparken eller landskapsvernområda, t.d. ved Sota.

Merking av stiar og oppsetting av skilt bør skje i samarbeid med regional kulturminnemyndighet, fylkeskommunen, når kulturminne er involvert.

Ved løyve skal det setjast vilkår om at objekt av kulturhistorisk verdi (hustufter, dyregraver og liknande) ikkje skal skadast.

Merking av stiar og løyper krev også løyve frå grunneigar.

Tiltak

- Tabellen i vedlegg 20 listar opp innspeil om tiltak på stiar og løyper som har vore diskutert sidan verneplanprosessen, og statusen for desse innspeila per 01.01.2015.
- Det bør lagast eigne temakart for skilting og bruer i Breheimen. Ansvarleg: Breheimen nasjonalparkstyre.
- Alle bruer og klopper skal registrerast i verneområdeloggen med kven som er eigar og evt. ansvarleg for vedlikehald. Ansvarleg: Breheimen nasjonalparkstyre.
- Gjennomføring av informasjonsprosjekt med formidling gjennom kart og fotopunkt med informasjon om turar der stadnamn, historiske hendingar, botanikk, dyreliv, geologi osb. vert presentert. Målet er å formidle informasjon om ulike turar i Breheimen, t.d. i Mysubytta, Høydalen, Vigdalen og Mørkridsdalen. Ansvarleg: Breheimen nasjonalparkstyre.



Informasjonstavle som er sett opp i randssona til verneområdet. Foto: Eldrid Nedrelo.

3.2.3 BÅLBRENNING

Når ein er på fotturar, sykkelturar, skiturar, jakt- og fiske osb. kan det vere aktuelt å gjere opp bål.

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 2.2 b)
- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 2.2 b)
- Forskrift for Vigdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 2.2 b)
- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 3 pkt. 2.2 b)
- Forskrift for Høydalen landskapsvernområde § 3 pkt. 2.2 b)
- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 3 pkt. 2.2 b)

I nasjonalparken og landskapsvernområda er ikkje reglane til hinder for skånsam bruk av trevirke til bålbranning.

- Forskrift for Høyrokampen naturreservat § 4 f)

Reglane er ikkje til hinder for skånsam bruk av trevirke eller medboren ved til bålbranning, i samsvar med gjeldande lovverk.

Retningsliner for forvalting og bruk

Det er tillate å tenne bål og ta trevirke til bålbrann i naturreservatet, nasjonalparken og landskapsvernområda. Uttaket av trevirke skal vere skånsamt. Det skal ikkje brytast eller hoggast kvist frå store furutre.

Det er eit generelt forbod mot bålbrann i utmark mellom 15. april og 15. september (jf. Forskrift om brannførebygging § 3 tredje ledd).

Det er ikkje tillate å brenne bål slik at kulturminne vert skada, og av omsyn til verneverdiane skal det ikkje brennast bål i grottene.



Kaffeverme under ein skitur. Foto: Morten Kielland.

3.2.4 FERDSEL

Ferdsel til fots er tillate innanfor verneområda. Dersom det likevel skulle vere behov for å regulere ferdsla av omsyn til verneverdiane, vil ein først og fremst freiste å gjere det gjennom kanalisering av ferdsla ved merking og informasjon.

Alle verneområda har ein skjøtselsheimel, jf. nasjonalparken, landskapsvernområda § 6 og naturreservatet § 9. I medhald av denne heimelen kan nasjonalparkstyret vedta tiltak for å kanalisere ferdsel av omsyn til natur- eller kulturtilestanden som er føremålet med vernet. Tilrettelegging for friluftsliv er ikkje definert som skjøtsel, jf. naturmangfaldlova § 47, men verneforskriftene opnar for at det kan gjevast løyve til merking av nye stiar o. a. gjennom spesifikke dispensasjonsreglar. Dette er handsama i kap. 3.2.2 og 3.2.4.

Innanfor nærmere avgrensa delar av nasjonalparken kan Miljødirektoratet, ved særskilt forskrift, regulere eller forby ferdsel som kan skade naturmiljøet. Denne regelen har ikkje vore nytta til no i Noreg. Så langt det er mogleg vil nasjonalparkstyret søkje å styre ferdsel gjennom å kanalisere med informasjon og tilrettelegging. Det er ikkje ein tilsvarende heimel for regulering/forbod i naturreservatet, og ferdsel til fots kan ikkje regulerast i landskapsvernområda, jf. naturmangfaldlova § 36.

Sjå også kap. 3.2.6 om regulering av ferdsel i grottene i Dumdalen i Breheimen nasjonalpark.

Organisert ferdsel er omtala i eige avsnitt nedanfor.



På veg inn i Tverrådalen, Breheimen nasjonalpark. Foto: Morten Kielland

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 5.4 og § 6

Innanfor nærmere avgrensa delar av nasjonalparken kan Miljødirektoratet ved særskilt forskrift regulere eller forbry ferdsel som kan skade naturmiljøet (§ 3 pkt. 5.4).

Forvaltingsstyresmakta eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- og kulturtilstanden som er føremålet med vernet (§ 6).

- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 6
- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 6
- Forskrift for Høydalens landskapsvernområde § 6
- Forskrift for Vigdalen landskapsvernområde § 6
- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 6

Forvaltingsstyresmakta eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- og kulturtilstanden som er føremålet med vernet (§ 6).

- Forskrift for Høyrokampen naturreservat § 9.

Forvaltingsstyremakta eller den forvaltingsstyremakta bestemmer, kan foreta skjøtsel for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet (§ 9).

Retningslinjer for forvalting og bruk

Så langt det er mogleg vil nasjonalparkstyret søkje å styre ferdsel ved å kanalisere folk med informasjon og tilrettelegging.

Tiltak

- Omfanget av ferdsel vil bli følgt opp på stader der dette er viktig for naturmiljøet, for å kunne sjå eventuelle negative konsekvensar av ferdsel på eit tidleg tidspunkt.
- Når det er rimeleg grunn til å tru at det er fare for skade på naturmiljøet pga. ferdsel, er det aktuelt å setje i verk følgjande tiltak for å hindre slik skade eller fare for skade:
 - informere brukarane
 - merke nye stiar og/eller løyper for å kanalisere ferdsla
 - legge ned eller flytte merkt sti eller stikka løype
 - ein skal ikkje gjere meir omfattande og inngripande tiltak enn det som er naudsynt i kvart einskild tilfelle.
- Dei store verdiane i grotte 7 i Dumdalen (Spiralgrotta) er sterkt truga av slitasje. Breheimen nasjonalparkstyre vil difor tilrå at allmenn ferdsel i denne grotta vert regulert i nokre år, for å sjå om tilstanden i grotta kjem seg att.
- Retningslinene for ferdsel i grottene i Dumdalen vil bli følgt opp med informasjon o.a.

3.2.5 REGULERING AV FERDSEL

Organisert ferdsel vert definert som:

Ferdsel der ein (person, lag, skuleklasse, firma el. likn.) planlegg, koordinerer eller gjennomfører tur og det gjeld ferdsel med grupper av deltakrar, ein aktivitet som vert gjenteken, eller der aktiviteten er kunngjort eller marknadsført på førehand. Dette omfattar mellom anna utsetting av postar for turorientering, topptrim, jaktprøver, jaktguiding, idrettsarrangement, større teltleirar over tid, organisert trening i store grupper og klatring i større grupper med fjellførar.

Utgangspunktet er at all ferdsel til fots, også organisert ferdsel er tillate i verneområda. I nasjonalparken er det likevel mogleg å regulere ferdsel som kan skade naturmiljøet. Bakgrunnen for denne regelen er at ferdsel i nokre tilfelle kan medføre stor slitasje eller at det kan forstyrre villrein og anna dyreliv, spesielt rovfugl og andre fugleartar som er sårbar for forstyrring i hekketida. Eit eksempel kan vere store teltleirar som vert lagt til same plass fleire gonger kvart år eller gjentekne turar til same mål gjennom fleire sesongar. Det vil vanlegvis ikkje vere aktuelt å stoppe ferdsla, men ein ønskjer å få ein dialog mellom nasjonalparkforvaltar og arrangørar av turar. Ein kan då bli samde om vilkår for å styre aktiviteten dersom det er naudsynt for å hindre skade, samt å ha ein oversikt over omfanget.

Vernet er ikkje til hinder for tradisjonell turgåing, eller organisert turverksem til fots i nasjonalparken, så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande, jf. § 35 i naturmangfaldlova. Arrangement, konkurransar og liknande, må i utgangspunktet ha løyve etter verneforskrifta.

Eit arrangement som til dømes «Ti på topp» vil ikkje nødvendigvis vere ein aktivitet som er søknadspliktig innanfor nasjonalparken. Det vil likevel vere behov for ein dialog mellom nasjonalparkforvaltar og arrangøren for å gjere ei vurdering slik at ein kan unngå at aktiviteten skadar naturmiljøet. Ei løysing kan vere at topp-måla varierer frå år til år slik at slitasje på stiar til turmåla vert reduserte, eller at turmål der det allereie er stor slitasje vert utelatne frå arrangementet. Dette må vurderast frå sak til sak.

Reglane i landskapsvernombra hindrar ikkje ferdsel til fots, jf. naturmangfaldlova § 36.

I Høyrokampen naturreservat må det søkjast om særskilt løyve for t.d. aktivitetar som er nemnde ovanfor og andre større arrangement.



På toppen av Tverrådalskyrkja. Breheimen nasjonalpark Foto: Morten Kielland

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 5.2

Reglane er ikkje til hinder for organisert turverksemd til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande.

Organisert ferdsel og ferdelsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltingsstyremakta.

- Forskrift for Vigdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 5.2
- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 5.2
- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 3 pkt. 5.2
- Forskrift for Høydalens landskapsvernområde § 3 pkt. 5.2
- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 3 pkt. 5.2

Reglane i denne forskriftena er ikkje til hinder for organisert turverksemd til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande. Jamfør naturmangfaldlova § 36 kan ikkje ferdsel til fots regulerast i landskapsvernområda.

[Framhald neste side »](#)

Organisert ferdsel og ferdelsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltingsstyresmakta.

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 5.3

Sykling, organisert køyring med hundespann, organisert bruk av hest og bruksprøvar for hund er berre tillate på trasear, i område og til tider som er godkjende for slik bruk i forvaltingsplanen, jf. § 5. Bruk av hest til kløvjing og gjeting med hund er tillate.

- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 3 pkt. 5.3
- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 3 pkt. 5.3
- Forskrift for Høydalen landskapsvernområde § 3 pkt. 5.3
- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 5.3
- Forskrift for Vigdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 5.3

På vegar er sykling, organisert køyring med hundespann, organisert bruk av hest og bruksprøver for hund tillate. I andre område er slik aktivitet berre tillate på trasear, i område og til tider som er godkjende for slik bruk.

Bruk av hest til kløvjing og gjeting med hund er tillate.

- Forskrift for Høyrokampen naturreservat § 3d) og § 7 b)

Bruk av naturreservatet til teltleirar, idrettsarrangement eller andre større arrangement er forbode (§ 3 d).

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til : Avgrensa bruk av naturreservatet i samband med arrangement i § 3 bokstav d) (§ 7 b).

Retningsliner for forvalting og bruk

Når ein teltplass vert nytta av same person/gruppe i meir enn 60 persondøgn (tilsvarende ein skuleklasse som overnattar i meir enn to døgn) i same nærområde vert det rekna som aktivitet som kan skade naturmiljøet.

Ein må difor sende søknad om løyve til slik aktivitet i nasjonalparken og landskapsvernområda.

Om til dømes ei gruppe på seks personar skal overnatte i telt, vil dei kunne ligge i ti døgn på same stad utan å søkje om løyve i nasjonalparken og landskapsvernområda. Ein speidarleir med t.d. 50 deltakarar som planlegg å vere i same området i 4 døgn vil vere søknadspliktig. Ved søknad om løyve har nasjonalparkstyret høve til å fastsetje nærmere stad for teltinga og andre vilkår.

I naturreservatet er teltleirar forbode, men nasjonalparkstyret kan gje løyve etter søknad, jf. kap. 3.2.7.

Ved vurdering av søknad om løyve i verneområda skal det leggjast stor vekt på om aktiviteten medfører fare for slitasje og skade på verneverdiar. Det kan setjast naudsynte vilkår for eventuelt løyve.

Arrangement som bringar folk ut i naturen kan vere positivt for folkehelsa og folk si forståing for verdien av natur. Nasjonalparkstyret vil vere open for at det kan gjennomførast arrangement som er i tråd med eller fremjar verneføremålet (t.d. friluftsliv og kulturlandskap) så lenge dei ikkje kjem i strid med verneverdiar.

Søknadspliktig organisert ferdsel som kan vere i strid med verneføremålet skal leggjast utanfor verneområda.

Framhald neste side »

Dersom eit arrangement like gjerne kan leggjast utanfor verneområda, vil det ikkje bli gjeve løyve til slike arrangement som krev løyve.

Avgrensing av når ulike ferdsselsformer er søknadspliktige er konkret skildra i kapitla nedanfor.

Tiltak

- Følgje med på om det er uheldig slitasje som følgje av arrangement. Ansvarleg: Breheimen nasjonalparkstyre i samarbeid med SNO.

3.2.6 ORGANISERT FERDSEL: GROTTER

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 5.2

Reglane er ikkje til hinder for organisert turverksemd til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande.

Organisert ferdsel og ferdsselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltingsstyresmakta.

Grottene i Dumdalalen ligg i nasjonalparken og det gjev desse førekomstane eit strengt vern. I verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark er grottene ein del av verneføremålet. Det gjer grottene til ein del av sjølve grunnlaget for vernet. I ein nasjonalpark skal ingen varig påverknad av naturmiljø eller kulturmiljø finne stad. Skal det skje, er det ein føresetnad at det det skjer for å ta vare på verneføremålet. Ferdsel til fots i samsvar med friluftslova er tillate, men kan regulerast i bestemte området for å ta vare på verneverdiane, blant anna geologiske førekomstar som grottene i Dumdalalen.

Grottene i Dumdalalen er svært sårbar for skade og øydelegging. Organisert turverksemd til fots er vurdert å kunne skade verdiane i desse grottene, og det tyder at nasjonalparkforskrifta § 3 pkt. 5.2 gjeld. Det vil seie at all organisert ferdsel til dei fleste grottene må søkjast om, og krev løyve frå nasjonalparkstyret, jf. retningslinene nedanfor.



Grottetur i Dummdalsgrottene, Breheimen nasjonalpark.
Foto: Live Andrea Sulheim

For at ein skal kunne gje løyve til organisert ferdsel i grottene, må gruppene vere av ein slik storleik at det er mogleg for turleiar(ar) å gje naudsynt rettleiing om åtferd i grotta og halde god kontroll på gruppa. Det er utarbeidd ei samla vurdering av verdiane og status for grottene i Dumdalalen med framlegg til førebyggjande tiltak, informasjon o. a. frå fagekspert på feltet (Lauritzen 2010).

Temakart

Sjå vedlegg 12 for oversikt over grottene i Dumdalalen som er nemnde nedanfor.

Retningsliner for forvalting og bruk

All forsøpling og bolting, inkludert bruk av tau og stiar (installasjonar) i grottene er forbode.

Breheimen nasjonalparkstyre kan gje løyve til organisert ferdsel i grottene i Dumdalen etter søknad.

Ut frå ei vurdering av verneverdiar, slitasje og bruk kan grottene brukast slik:

Grottene G1 (Dumbrue), G2 (Nedre elvegrotte) og G3 (Fiskedammen) (grottene som er nærmest Rv 55), er mykje brukt. Ved organisert ferdsel i G1-G3 kan ein rekne med løyve så framt det føregår med guide. Det er ingen avgrensing på gruppstorleik.

G4 (Inngang 1) og G5 (Inngang 2) – Både inngangar til Øvre elvegrotte/Elveskrekkja) har større bevaringsverdi enn G1-G3. Ved løyve til organisert ferdsel kan G4, G5 og G6 (Jotunhallen/Fantometgrotta) ta grupper inntil 30 personar, dersom det ikkje er fleire enn 15 personar pr. leiar/guide. Om ein klasse på 40 skal nytte desse grottene må dei såleis bli splitta opp i minst to grupper ved eit løyve.

G7 (Sveitserosten) (inkluderar Orgelipipa, Hannes grotte og Smutthullet) har hatt lite slitasje, truleg fordi ho ligg lengre vekk frå vegen. Grotta kan framleis nyttast etter søknad, og det kan gjevast løyve til grupper på inntil 5 personar pluss leiar/guide.

G8 (Spiralgrotta/Dødsspiralen) er unik og har stor vitskapleg referanseverdi. Noverande bruk er over berelevna for grotta. Dersom bruken held fram vil ho bli heilt øydelagd. Alle hjelpemiddel og framandlekamar i grotta vil bli fjerna. Det vil berre bli gjeve løyve til ferdsel for mindre grupper (maksimalt 5 personar pluss leiar/guide) ved særskilte høve knytt til relevant forsking og undervisning (høgskulenivå).

Om grotta får "kvile" på denne måten i ein del år kan det hende at den kan regenererast til ein viss grad, og eventuelt opnast for meir ferdsel igjen. 10-20 år kan vere naudsynt, jf. avsnittet om regulering av ferdsel ovanfor.

G9 (Dumhøgrotta/Katedralen) er i liten grad utsett for slitasje. Alle hjelpemiddel og framandlekamar i grotta vil bli fjerna. Her kan det bli gjeve løyve til grupper på inntil 5 personar med guide i samband med relevant forsking-/undervisningsføremål.

Med bakgrunn i ei tilstandsvurdering av grottene kvart 5. år, skal ein vurdere om det er behov for å setje vilkår for løyve til organisert ferdsel.

Det kan bli gjeve fleirårige løyve inntil 4 år, men fagleg tilstandsvurdering kan vere grunnlag for å inndra løyvet eller endre vilkår i løyvet.

Smågrottene øvst i Dumdalen er så små at dei ikkje er interessante i turistsamanheng, og er difor i som referanseobjekt. Det vert difor ikkje gjeve løyve til organisert ferdsel der, bortsett frå i samband med eventuelt forsking/undervisning.

Dei største kjende trugsmåla mot verneverdiene i Breheimen nasjonalpark gjeld grottene i Dumdalen. Breheimen nasjonalparkstyre har difor eit særskilt stort ansvar for å ta vare på desse verdiane, og iverksetting av tiltak er difor særleg viktig her.

Tiltak

- Opprette kontakt, og god dialog med turleiarar.
- Utvikle gode retningsliner for forvaltinga gjennom formulering av bevaringsmål, og drive systematisk overvaking av slitasje i grottene. Sidan grottene er så sårbar, bør tilstanden i alle grottene vurderast kvart 5. år.
- Opprydding i grottene og fjerne gamal merking til grottene.

Ansvarleg: Breheimen nasjonalparkstyre i samarbeid med SNO.

3.2.7 ORGANISERT FERDSEL: TELTING

Utgangspunktet er at bruk av vanleg vandretelt er tillate i nasjonalparken og landskapsvernområda. Når det gjeld telting gjeld elles reglane som er lista opp nedanfor.

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 5.6
- Forskrift for Vigdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 5.6
- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 5.6
- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 3 pkt. 5.6
- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 3 pkt. 5.6
- Forskrift for Høydalen landskapsvernområde § 3 pkt. 5.6

Telting utover ei veke på same stad krev særskilt løyve av forvaltingsstyresmakta. Dette gjeld ikkje vanlege vandretelt, jf. forvaltingsplan i § 5.

- Forskrift for Høyrokampen naturreservat § 3 d), § 5 a) og § 7 b)

Bruk av naturreservatet til teltleirar, idrettsarrangement eller andre større arrangement er forbode (§ 3 d)).

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne (§ 5 a)).

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til: Avgrensa bruk av naturreservatet i samband med arrangement i, § 3 bokstav d) (§ 7 b)).



Telting i Rauddalen, Breheimen nasjonalpark.
Foto: Bjørn Dalen.

Retningsliner for forvalting og bruk

Telting ut over ei veke på same stad treng særskilt løyve frå nasjonalparkstyret i nasjonalparken og i landskapsvernombråda. Dette gjeld ikkje vanlege vandretelt, men t.d. lavvo som er større enn vandretelt. Lavvo større enn vanleg vandretelt vert ikkje rekna som vanleg vandretelt. **Utover dette gjeld reglane i friluftslova.**

I naturreservatet er teltleirar forbode. Det kan gjevast løyve til avgrensa bruk av Høyrokampen naturreservat i samband med slike arrangement

Ved søknad om løyve har nasjonalparkstyret høve til å fastsetje nærmere stad for telting og kor lenge ein kan telte på same staden i verneområda. For store telt som skal stå over ei veke må ein ha løyve uavhengig av talet på persondøgn. Ved vurdering av løyve må ein tenkje på at når større grupper slår opp teltleir kan det føre til forstyrring av dyreliv, slitasje på vegetasjon, forsøpling og problem med sanitære tilhøve.

Telt som blir ståande ut over tre veker for bruk i samband med fjellføring av turistar o.l. vert rekna som eit mellombels inngrep (jf. verneforskriftene § 3 pkt. 1.1), og må ha særskilt løyve.

I slike tilfelle vil det ikkje bli gjeve løyve til å setje opp telt i reinstrekk, på høgder i terrenget eller i sentrale område der reinen held til.

Telting kan både regulerast gjennom denne regelen og eigne reglar om telting i verneforskriftene, samt etter friluftslova.

Sjå også kap. 3.2.5 om regulering av ferdsel og telting.

3.2.8 KLATING

Klatring er ein del av det enkle og naturvenlege friluftslivet, og det er ikkje forbod mot klatring i verneområda.

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 1.1, 5.1 og 5.2

Med dei unntaka som følgjer av forskrifa pkt. 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep av alle slag, mellom anna festing av boltar (§ 3 pkt. 1.1).

- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernombråda § 3 pkt. 5.1 og 5.2
- Forskrift for Mysubytta landskapsvernombråda § 3 pkt. 5.1 og 5.2
- Forskrift for Høydalens landskapsvernombråda § 3 pkt. 5.1 og 5.2
- Forskrift for Vigdalen landskapsvernombråda § 3 pkt. 5.1 og 5.2
- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernombråda § 3 pkt. 5.1 og 5.2

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne (§ 3 pkt. 5.1).

Reglane er ikkje til hinder for organisert turverksem til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande. Organisert ferdsel og ferdelsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltingsstyresmakta, jf. § 3 pkt. 5.2.

- Forskrift for Høyrokampen naturreservat § 5 a)

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

Retningslinjer for forvalting og bruk

Det er ikke forbod mot klatring i verneområda, men det er ikkje lov å sette faste boltar i fjell i nasjonalparken.

Som klatrar må du vise omsyn til naturen og dyrelivet, særleg hekkande rovfugl.

Du bør ikke klatre nærmere enn 500 m frå hekkeplassane til rovfugl i perioden 1. februar– 31. juli.

Reglane om organisert ferdsel gjeld òg for organisert klatring. Sjå kap. 3.2.5.

3.2.9 SYKLING

For sykling gjeld reglane nemnde nedanfor i nasjonalparken, landskapsvernombåda og naturreservatet.

Temakart

Sjå vedlegg 13 for oversikt over trasear der sykling og organisert bruk av hest er tillate.

Rammer og reglar (Vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 5.1
- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernombåde § 3 pkt. 5.1
- Forskrift for Mysubytta landskapsvernombåde § 3 pkt. 5.1
- Forskrift for Høydalen landskapsvernombåde § 3 pkt. 5.1
- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernombåde § 3 pkt. 5.1
- Forskrift for Vigdalen landskapsvernombåde § 3 pkt. 5.1

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 5.3

Sykling, organisert køyring med hundespann, organisert bruk av hest og bruksprøvar for hund er berre tillate på trasear, i område og til tider som er godkjende for slik bruk i forvaltingsplanen.

Bruk av hest til kløvjing, og gjeting med hund er tillate.

- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernombåde § 3 pkt. 5.3
- Forskrift for Mysubytta landskapsvernombåde § 3 pkt. 5.3
- Forskrift for Høydalen landskapsvernombåde § 3 pkt. 5.3
- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernombåde § 3 pkt. 5.3
- Forskrift for Vigdalen landskapsvernombåde § 3 pkt. 5.3.

På vegar er sykling, organisert køyring med hundespann, organisert bruk av hest og bruksprøver for hund tillate. I andre områder er slik aktivitet berre tillaten på trasear, i område og til tider som er godkjende for slik bruk i forvaltingsplanen.

Bruk av hest til kløvjing, og gjeting med hund er tillate.

- Forskrift for Høyrokampen naturreservat § 3 e).

Bruk av sykkel, hest og kjerre og riding er forbode.

Av forskriftene for Strynefjellet-, Mysubytta-, og Høydalens landskapsvernområde går det fram at der er lov å sykle på grusvegane i områda (jf. § 3 pkt. 5.3). Reglane i forskriftena for nasjonalparken og forskriftene for landskapsvernområda i Breheimen opnar i tillegg for sykling på traséar eller i område som er godkjend for slik bruk i forvaltingsplanen.

På beresvak mark kan sykling føre til slitasje på vegetasjon, og aktiviteten kan kome i konflikt med t.d. villrein. Landbruksvegar i verneområda, samt nokre område i Skjåk har vore nytta til sykling.

Den sørlege delen av Breheimen nasjonalpark er barmarksbeite for villrein, medan randområda i Skjåk i stor grad er både heilårsbeite og vinterbeite, og deler av randområda er også kalvingsområde (jf. Vedlegg 8 Temakart Villrein). Sett i lys av dagens bruk av områda, gjer det at nettopp randområda er så mykje nytta av villrein det vanskeleg å opne opp for sykling i Breheimen med bakgrunn i vurderingar av samla belastning (naturmangfaldlova § 10). Ein ser at både randområda, men også indre delar av Breheimen vil kunne bli lettare tilgjengeleg for fleire med bruk av sykkel. Ein veit at villrein kan bli uroa av mykje ferdsel, og at forstyrring kan medføre endringar i både levemønster, områdebruk og forstyrre syklusane i områdebruken på lengre sikt.



I Breheimen kan du sykle på bestemte trasear og vegar.
Foto: Anne Rudsgen

Nasjonalparkstyret meiner at sykling på vinterføre ikkje kan sameinast med områdebruken til villreinen, då reinen er spesielt sårbar i den kalde årstida (jf. kap. 2.3.4 om villrein). Vinterstid lever villreinen på eit minimum av energi, og dyra vil vere ekstra sårbare for forstyrring i år med dårleg tilgang på føde (t.d. i år med vekslande mildvær og frost som skapar eit isdekke over rabbane). I slike år treng villreinen i endå større grad både ro og større areal, og trekker gjerne til område han normalt ikkje nyttar.

Vigdalen landskapsvernområde er ein av innfallsportane til Breheimen. Den merka turstien som går til Vigdalstølen og vidare til Breisete går dels gjennom myrlendte- og våte parti, på beresvak mark som er utsett for slitasje. I Breiseteområdet er det også dokumentert kulturminne. Tilsvarande går turstien mellom Fast og Osen langs Åsetevatnet, dels gjennom myrlendte- og våte parti. I nordenden av Åsetevatnet er det dokumentert ein lokalitet av naturtypen Rikmyr, med verdi lokalt viktig. Området her er også hekkeplass for ulike artar våtmarksfugl. Vidare er det dokumentert kulturminne etter turstien på strekninga mellom Fast og Osen. Stien frå Rebnisli via Skori og til Myrasete, og stien frå Liane og nordover i Mørkridsdalen går også gjennom våte og dels myrlendte parti. På Dalen går stien gjennom ei elveslette. Elles er terrenget der stiane fører lenger inn i Mørkridsdalen landskapsvernområde frå vest så bratte at dei vil vere svært utsette for erosjon i periodar med mykje nedbør t.d. mellom Jervane og Osen, i Ådnaliane, og i Fastberget.

Med bakgrunn i «føre-var-prinsippet» (naturmangfaldlova § 9) og prinsippet om «samla belastning» (naturmangfaldlova § 10), meiner nasjonalparkstyret difor at det ikkje bør opnast for barmarkssykling eller vintersykling i nasjonalparken eller landskapsvernområda utanom områda og traseane nemnde nedanfor under «Retningsliner for forvalting og bruk». Til grunn for desse vurderingane ligg følgjande kriterium som må vera oppfylt:

- Ein kan sykle i område utan villrein
- Det må vera berekraftige trasear
- Syklinga må ikkje skje i område der bekkar kan ta nye far
- Sykling må skje etter bestemte trasear
- Sykling er ikkje tillate på snødektmark (som nemnt ovanfor).

Retningsliner for forvalting og bruk

Sykling er tillate på følgjande trasè og vegar i Breheimen nasjonalpark heile året:

- Gamle Sognefjellsveg i Breidsæterdalen
Breheimen nasjonalpark
- Stien Mysubytta – Sota sæter
Breheimen nasjonalpark

Sykling er tillate på følgjande trasè og vegar i landskapsvernområda heile året:

- FV 258 «Gamle Strynefjellsveg»
Strynefjellet landskapsvernområde
- Vegen Sota – Mysubytta
Mysubytta landskapsvernområde
- Vegen inn til Bukkebotnen i Høydalen
Høydalen landskapsvernområde
- Buforvegen Hødnevollen - Liane
Mørkridsdalen landskapsvernområde

I tillegg kan følgjande trase syklast i perioden 1. juni – 1. oktober.

- Tundramoen og langs Tundre, forbi Brumillomsetrene til enden av traktorvegen

Framhald neste side ►

Sykling i andre område enn etter vegane og traseane som er nemnde over, krev løyve etter § 3 pkt. 5.2 i forskrifta for nasjonalparken og landskapsvernområda. Det vert ikkje gjeve løyve til slik aktivitet i område med sårbart dyreliv, t.d. kalvingsområde for villrein eller i særleg våte område med fare for sterkt slitasje i terrenget.

Sykling er ikkje tillate i Høyrokampen naturreservat.

3.2.10 BRUK AV HEST

Temakart

Sjå vedlegg 13 for oversikt over trasear for bruk av sykkel og organisert bruk av hest

For bruk av hest gjeld følgjande rammer og reglar, samt retningslinene for forvalting og bruk.

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 5.2 andre ledd

Organisert ferdsel og ferdelsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltingsstyremakta.

- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 3 pkt. 5.2 andre ledd
- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 3 pkt. 5.2 andre ledd
- Forskrift for Høydalen landskapsvernområde § 3 pkt. 5.2 andre ledd
- Forskrift for Vigdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 5.2 andre ledd
- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 5.2 andre ledd

Organisert ferdsel og ferdelsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltingsstyremakta.

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 5.3

Sykling, organisert køyring med hundespann, organisert bruk av hest og bruksprøvar for hund er berre tillate på trasear, i område og til tider som er godkjende for slik bruk i forvaltingsplanen. Bruk av hest til kløvjing, og gjeting med hund er tillate.

- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 3 pkt. 5.3
- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 3 pkt. 5.3
- Forskrift for Høydalen landskapsvernområde § 3 pkt. 5.3
- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 5.3
- Forskrift for Vigdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 5.3

På vegar er sykling, organisert køyring med hundespann, organisert bruk av hest og bruksprøver for hund tillate. I andre områder er slik aktivitet berre tillaten på trasear, i område og til tider som er godkjende for slik bruk i forvaltingsplanen.

- Forskrift for Høyrokampen naturreservat § 3 e) og § 6 d)

Bruk av sykkel, hest og kjerre og riding er forbode i Høyrokampen naturreservat (§ 3 e)).

Reglane i forskrifta er likevel ikkje til hinder for bruk av hest for uttransport av felt storvilt og i samband med jordbruksverksemd (§ 6 d)).

Retningslinjer for forvalting og bruk

Forskriftene i nasjonalparken og landskapsvernområda skil mellom organisert og uorganisert bruk av hest (jf. § 3 pkt. 5.3). All uorganisert bruk av hest er tillaten i nasjonalparken og landskapsvernområda. Dette gjeld også bruk av kløvhest.

Organisert bruk av hest (sjå definisjon om organisert ferdsel over i kap. 3.2.5) er tillate på einskilde trasear og vegar i nasjonalparken og i landskapsvernområda. I Breheimen er organisert bruk av hest tillate på følgjande trasear:

- Gamle Sognefjellsveg i Breidsæterdalen
Breheimen nasjonalpark
- FV 258 «Gamle Strynefjellsveg»
Strynefjellet landskapsvernområde
- Vegen frå Sota til Mysubytta
Mysubytta landskapsvernområde
- Vegen inn til Bukkebotnen i Høydalen
Høydalen landskapsvernområde
- Buforvegane i Mørkridsdalen
Mørkridsdalen landskapsvernområde

Ein buforveg er ein gamal drifteveg. Vegen vert brukt for å få sau, kyr og geiter til støls, og var den viktigaste ferdavegen mellom stølane også for folk tidlegare.

Trasèane er teikna inn på temakart om sykling og bruk av hest, jf. vedlegg 13.

Dersom riding langs Gamle Sognefjellsveg i Breidsæterdalen i Breheimen nasjonalpark eller langs buforvegane i Mørkridsdalen landskapsvernområde syner seg å gje terrengslitasje som påverkar verneverdiane negativt, eller at det er fare for slik skade utanom vegar, kan nasjonalparkstyret krevje at ridetraseane må leggjast om, at ridinga må ha særskild løyve frå nasjonalparkstyret eller at aktiviteten må avsluttast.

Organisert bruk av hest i andre område enn dei som er nemnde over, krev løyve etter § 3 pkt. 5.2 i forskrifta for nasjonalparken og landskapsvernområda.

Søknad om løyve skal vurderast ut ifrå verneverdiane, og det skal særleg leggjast vekt på faren for terrengslitasje. Faste opplegg, med mindre grupper på 5-6 hestar med få gjentakingar kan rekne med å få løyve i område som toler det. I løyvet kan det setjast vilkår om omfanget av aktiviteten. Når til dømes leirskular er på tur i områda, kan det vere behov for å frakte 1-2 rørslehemma born med hest. Det er lov utan søknad.

Det vert ikkje gjeve løyve til organisert bruk av hest i område med sårbart dyreliv, t.d. kalvingsområde for villrein eller i særleg våte område med fare for sterk slitasje i terrenget.

Jaktguiding til fots krev ikkje løyve. Bruk av hest under slik guiding krev derimot løyve etter § 3 pkt. 5.2.

I Høyrokampen naturreservat er det berre lov å bruke hest i samband med uttransport av felt storvilt og i samband med jordbruksverksemd (m.a. tilsyn av bufe). Slik bruk krev ikkje løyve.



Kløvjing under reinsjakt på Sotflya, Breheimen nasjonalpark. Foto Jakop Brennhaug

3.2.11 HUND

Temakart

Sjå vedlegg 10 Område med utvida periode for bandtvang, perioden 1. mars – 20. august

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 5.3 og pkt. 5.7

Sykling, organisert køyring med hundespann, organisert bruk av hest og bruksprøvar for hund er berre tillate på trasear, i område og til tider som er godkjende for slik bruk i forvaltingsplanen. Bruk av hest og til kløvjing, og gjeting med hund er tillate (§ 3 pkt. 5.3).

Hundar må ikkje sleppast lause i tida f.o.m. 1. mars t.o.m. 20. august i område fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 3 pkt. 5.7.

- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 3 pkt. 5.3 første ledd
- Forskrift for Høydalen landskapsvernområde § 3 pkt. 5.3 første ledd
- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 5.3 første ledd
- Forskrift for Vigdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 5.3 første ledd

På vegar er sykling, organisert køyring med hundespann, organisert bruk av hest og bruksprøver for hund tillate. I andre områder er slik aktivitet berre tillaten på trasear, i område og til tider som er godkjende for slik bruk i forvaltingsplanen.

Framhald neste side »

- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 3 pkt. 5.3 første ledd og pkt. 5.7

På vegar er sykling, organisert køyring med hundespann, organisert bruk av hest og bruksprøver for hund tillate. I andre områder er slik aktivitet berre tillate på trasear, i område og til tider som er godkjende for slik bruk i forvaltingsplanen (§ 3 pkt. 5.3 første ledd).

Hundar må ikkje sleppast lause i tida f.o.m. 1. mars t.o.m. 20. august (§ 3 pkt. 5.7).

Organisert køyring med hundespann og bruksprøvar for hund er rekna å vere ein aktivitet som kan skade naturmiljøet, til dømes uroe fugle- og dyrelivet, særleg villrein. Det er difor ikkje opna for slik aktivitet i nasjonalparken eller i Strynefjellet landskapsvernområde (villrein er ein del av verneføremålet i Strynefjellet landskapsvernområde).

Generelt er det ikkje plante- og dyrelivsfreding i landskapsvernområda. Det er difor ikkje grunn til å regulere bruken av organisert køyring med hundespann i Mysubytta landskapsvernområde, Høydalen landskapsvernområde, Vigdalen landskapsvernområde eller Mørkridsdalen landskapsvernområde.

I delar av nasjonalparken og heile Strynefjellet landskapsvernområde er perioden med bandtvang utvida i høve ordinær tid for bandtvang. Denne regelen vil omfatte alle som har med seg hund i desse områda.



Glittervatnet med Skridulaupen, Breheimen nasjonalpark. Foto: Morten Kielland

Retningsliner for forvalting og bruk

Organisert køyring med hundespann er tillate innanfor Mysubytta landskapsvernområde, Høydalen landskapsvernområde, Vigdalen landskapsvernområde og Mørkridsdalen landskapsvernområde.

Det er ikkje sett av eigne område for organisert køyring med hundespann innanfor nasjonalparken eller Strynefjellet landskapsvernområde, utanom på vegen gjennom landskapsvernområdet.

I delar av nasjonalparken og heile Strynefjellet landskapsvernområde er perioden med bandtvang utvida ein månad i framkant av ordinær tid for bandtvang, dvs. at det er bandtvang i perioden 1. mars - 20. august i staden for 1. april – 20. august.

Området med utvida bandtvang er nord for ei grense som går langsmed sørsida av Glittervatnet-Skridulaupen (1949 moh.) – Raudeggi (1938 moh.) – Kvitenova (1898 moh.), jf. temakart vedlegg 10. Bakgrunnen for dette er først og fremst at villreinen ikkje skal bli uroa i kalvingstida.

I tillegg til det som er nemnt over kan den einskilde kommune ha eigne reglar om utvida bandtvang etter hundelova.

Sjå kapittel 3.1.2 når det gjeld bruksprøvar for hund.

3.2.12 KITING OG SKISEGLING

Kiting er ein sport der utøvaren brukar ein drake (kite) som drivkraft for å komme seg bortover. Farten ein oppnår er avhengig av vinden og underlag. Vanleg fart i kiteing er ca. 2-3 gonger vindhastigheita. Dei fleste som kitar brukar kiten innanfor eit avgrensa geografisk område. Kiten har lang line og flyg næraus som ein drake oppe i lufta, medan skiseglet har kortare line og vert halden næraus kroppen.

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 5.1 og pkt. 5.2
- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 3 pkt. 5.1 og pkt. 5.2
- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 3 pkt. 5.1 og pkt. 5.2
- Forskrift for Høydalen landskapsvernområde § 3 pkt. 5.1 og pkt. 5.2
- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 5.1 og pkt. 5.2
- Forskrift for Vigdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 5.1 og pkt. 5.2

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne (§ 3 pkt. 5.1).

Reglane i denne forskriften er ikkje til hinder for organisert turverksem til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande.

Organisert ferdsel og ferdelsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltingsstyresmakta, jf. § 3 pkt. 5.2.

Ein del område er ueigna for kiting og skisegling. Kiting og skisegling er ferdselsformer som kan skade naturmiljøet, til dømes uroe fugle- og dyrelivet mellom anna pga. høg fart. Det er forska lite på akkurat kva for verknad kiting og skisegling har på villreinen, men norske undersøkingar har slått fast at villrein reagerer på ferdsel til fots og på ski, med frykt og flukt (Villrein & Samfunn, NINA Temahefte 27). Kiting og skisegling kan føre utøvarane over lange avstandar på kort tid, og til meir urørde delar av verneområda. Dette kan ha negative konsekvensar for villrein og anna sårbart dyreliv. Tilhøvet til andre brukargrupper innanfor friluftslivet er òg relevant. Kiting og skisegling kan såleis skade naturmiljøet og slik aktivitet er dermed søknadspliktig (jf. verneforskriftene for nasjonalparken og landskapsvernombordet § 3 pkt. 5.2).

Retningsliner for forvalting og bruk

Kiting og skisegling er aktivitetar ein har vurdert til å kunne skade naturmiljøet (sjå avsnitt ovanfor). Kiting og skisegling er difor søknadspliktig, og krev løyve fra forvaltingsmyndigheita.

Ut frå ei vurdering av naturverdiane kan det pårekna løyve for kiting og skisegling på Høydalsvatnet.

I andre område kan ein ikkje rekne med løyve, men søknader vil bli vurdert konkret.

Bruk av skisegl langs løyper er tillate.

3.2.13 OMSYNET TIL TRYGGLEIK OG VESENTLEGE SAMFUNNSINTERESSER

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 4, jf. naturmangfaldlova § 48
- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernombordet § 4, jf. naturmangfaldlova § 48
- Forskrift for Mysubytta landskapsvernombordet § 4, jf. naturmangfaldlova § 48
- Forskrift for Høydalen landskapsvernombordet § 4, jf. naturmangfaldlova § 48
- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernombordet § 4, jf. naturmangfaldlova § 48
- Forskrift for Vigdalen landskapsvernombordet § 4, jf. naturmangfaldlova § 48
- Forskrift for Høyrokampen naturreservat § 8, jf. naturmangfaldlova § 48

Forvaltingsstyremakta kan gjere unntak frå forskrifa dersom det ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48 første ledd.

Frå tid til anna vil det kome framlegg om tiltak for å betre tryggleiken for folk som ferdast i fjellet. Ferdsel i utmark etter allemannsretten skjer på eige ansvar. Etter verneforskriftene for nasjonalparken og landskapsvernombordet § 4 andre alternativ og naturreservatet § 8 andre alternativ kan nasjonalparkstyret gjere unntak frå verneforskrifta dersom omsynet til tryggleik (liv og helse) gjer det naudsynt med tiltak.

Nasjonalparkstyret kan også gjere unntak frå verneforskrifta dersom omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt (jf. § 4 tredje alternativ).

Retningsliner for forvalting og bruk

Det vil generelt vere ein høg terskel for å gje løyve til slike tiltak av omsyn til tryggleik i utmark.

Med «tryggleik» siktar ein m.a. til tryggleik for liv og helse, smittsame sjukdomar frå dyr og tryggleik mot omfattande og direkte skade på eigedom.

Det må i det einskilde tilfellet vurderast konkret om det er behov for spesielle tiltak av omsyn til tryggleiken for dei som brukar eit område.

Det er ikkje meint at regelen skal føre til at den einskilde si plikt til eiga varsemd, t.d. i fjellet, vert svekka.

Regelen er heller ikkje meint for å gje løyve til nye bygningar med tanke på tryggleik. Det ville i tilfelle stride mot intensjonen med områdevern som er å sikre naturområde mot nye tekniske inngrep.

Søknad om løyve til tiltak for å betre tryggleiken skal innehalde naudsynt dokumentasjon om verknaden av tiltaket på verneverdiane.

Om det vert gjeve løyve skal grunngjevinga for vedtaket vise korleis nasjonalparkstyret har vurdert verknadene som eit løyve kan få for verneverdiane, og kva for vekt det er lagt på dette.

Regelen om omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjeld i fyrste rekke tiltak som ikkje var aktuelle, eller ikkje vart vurdert, på vernetidspunktet.

Saker som er av stor lokal eller regional interesse heimlar generelt ikkje løyve etter denne regelen.

Det skal i store saker (flyplass, jernbane, hovudferdselsårer og liknande tiltak av nasjonal interesse) leggjast særleg vekt på kor viktig området er i det samla nettverket av verneområde, og om det kan etablerast liknande område andre stader. Skulle slike tilfelle oppstå må problematikken diskuterast med overordna myndighet.

3.3 JORDBRUK OG SKOGBRUK

Jordbruket i dei tre kommunane er av stor verdi for busettinga. Kommunane ligg over snittet for sine fylke og for landet i landbruksproduksjon. Det er husdyrhald som er hovudproduksjonen i tillegg til kornproduksjon i Lom og Skjåk og produksjon av frukt og bær i Luster. For meir detaljar om landbruksdrifta i kommunane viser vi til fagrapporten om Registrering av landbruket i samband med verneplanarbeid for Breheimen - Mørkridsdalen (Skjerdal 2006).

Sjølv om det ikkje er gardsbruk innanfor verneområda har fleire bruk beiteområde her, og nokre få har seterdrift innanfor verneområda. Området er av svært stor verdi for husdyrproduksjonen i kommunane. Skjåk og Lom er blant dei mest nedbørfattige områda i landet og har difor lange tradisjonar med kunstig vatning. Skriftlege kjelder frå 1400-tallet dokumenterer dette, men slik vatning har truleg også føregått før den tid. Vatningsanlegga transporterer vatn frå fjellet ned til dyrka mark på gardane nede i dalen og til setrene. På grunn av det nedbørfattige klimaet og høg temperatur er tørke på landbruksareala ei stor utfordring. Vatningsvegane er delvis vedlikehaldne og bygde ut gjennom fleire hundre år og mange er framleis i bruk. Vassvegane er teikna inn på eige temakart, vedlegg 14. Vatningsvegane vert vurderte til å ha svært stor verdi for jordbruksproduksjonen på mange av gardane i kommunane, og er viktige som kulturminne.

Hovudutfordringa i høve til jordbruket er i dag å halde oppe kulturlandskapet i verdfulle beiteområde og stølsområde. Særleg viktige område i Breheimen er landskapsvernombra Mørkridsdalen, Høydalen, Mysubytta, Vigdalen, og delar av Høyrokampen naturreservat.



Oddvar Vigdal saltar kyrne sine, Vigdalen landskapsvernombra. Foto: Bjørn Dalen

Skogbruksinteressene innanfor verneområda er todelte. Det vert teke ut ved til eksisterande bygningar i området (hytter) og det er uttak av tømmer i skogbruksdrift. Verdien av ved til dei eksisterande bygningane vert vurdert til å vere liten i skogbruksammenheng, men for brukarane av bygningane i området har det å kunne ta ut ved til eige bruk stor verdi. Det er i samband med verneplanen vurdert at skogreising og treslagsskifte ikkje er økonomisk lønsamt i dag. Det er noko bjørkeskog innanfor verneområda i delar av Skjåk og i Høydalen i Lom. Denne skogen vert nyitta til

uttak av ved til setrene i området. Denne skogen er lågproduktiv. Verdivurderingane i dette kapittelet er baserte på konsekvensutgreiinga for verneplan for Breheimen, for temaet jordbruk og skogbruk.

Tabell 3. viser oversikt over dei stadene det er registrert spreidde felt av gran og furu i Breheimen. Det er ønskjeleg at desse felta vert tekne ut på sikt, for å stoppe spreiling av desse artane som er rekna å vere framande i desse områda. Uttak av desse felta bør skje ved bruk av enten snøskuter eller helikopter. Bruk av snøskuter eller helikopter vil krevje søknad til forvaltingsmyndigheita og vurdering opp mot dei generelle dispensasjonsreglane, jf. § 4 i verneforskriftene for nasjonalparken og landskapsvernombområda og § 8 i Høyrokampen naturreservat.

Tabell 3. Artar av framand slag i Breheimen.

Art	Område
Vrifuru (<i>Pinus contorta</i>) i Tundradalen, ca. 140 da	Breheimen nasjonalpark
Vegetert gran (<i>Picea abies</i>) i Lundadalen, nokre individ	Breheimen nasjonalpark
Fleire småfelt med gran av ukjend art kring Vigdalstølen	Vigdalen landskapsvernombområde
Gran av ukjend art i Berget og litt nedanfor Berget, ca. 3 da	Mørkridsdalen landskapsvernombområde
Bergfuru (<i>Pinus mugo</i>), nokre få individ	Strynefjellet landskapsvernombområde



Hogst av framand art, Vrifuru, Tundradalen i Breheimen nasjonalpark. Foto: Bjørn Dalen

Luster

Beiteområda i verneområda vert vurderte til å ha svært stor verdi. Stølen Fossen i Mørkridsdalen vart sommaren 2013 rusta opp til ostekoking, og det vart sleppt geiter og storfe på stølen for både ysting og kjøtproduksjon. Det er elles ingen stølar i aktiv drift innanfor verneområda i Luster, men tabellen med oversikt over bygningane i verneområda, vedlegg 21 ,syner at det har vore eit aktivt støsliv innanfor landskapsvernombråda i Luster tidlegare.

På Knivabakkgjerdet og Dulsete i Mørkridsdalen landskapsvernombråde er det gamle slåtteenger som vart slege fram til 1960-talet. Kring 2 tonn med høy frå desse teigane på ca. 25 og 40 dekar, vart transportert med hest ned til heimegardane i Mørkridsdalen og Skjolden. Sidan 1960-talet har områda vore sommarbeite for storfe, sau og lam og haustbeite for vaksne sau. Verdien av beiting på slåttegjerde i Mørkridsdalen vart vurdert å ha middels verdi i landbruks samanheng i dag.

Frå 2011 har Knivabakkgjerdet vorte slege til same tid på året som før 60-talet. Graset vart tørka på bakken og teke vekk frå marka for å for etterlikne den gamle driftsforma. Tilsvarande er gjort i den gamle slåtteenga på Dulsete frå 2012. Med slåtten ventar ein å auke verdien av innmarksbeite på desse lokalitetane.

På grunn av auka tap av sau til store rovdyr har det nokre år vore sett i gang tidleg sinking av sau. For grunneigarane er det viktig med kontroll med tap av sau på beite som følgje av jerv i området for å halde oppe beitinga i Mørkridsdalen.



Pause i slåtten, Dulsete, Mørkridsdalen landskapsvernombråde. Foto: Eldrid Nedrelo.



Karakteristiske artar i slåtteenga på Knivabakkgjerdet. Foto: Liv Byrkjeland



Kvar haust vert sauene sleppt fram att på Knivabakkgjerdet, her er graset på gjerdet heilt nedbeita. Foto: Liv Byrkjeland

Kulturlandskapet i Mørkridsdalen er særleg verdfullt, jf. sjå rapporten "Stølar i Mørkridsdalen – Far etter folk (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2008). Talet på beitedyr gjekk drastisk ned i åra 2002 – 2008; sau frå ca. 2000 til ca. 1300, kyr frå ca. 50 til ca. 15) både pga. av dårleg økonomi i landbruket og tap av sau på beite til rovdyr. Noko sau vart også flytta frå sjølve Mørkridsdalen til Osen. Resultatet var at hovuddalføret i Mørkridsdalen var sterkt prega av attgroing kring stølane og stølsvollane på vernetidspunktet. Åra 2012 og 2013 ser ein likevel ein oppgang i tal beitedyr i Mørkridsdalen att, og fleire nye brukarar har starta opp med sau. Grunneigarane i Mørkridsdalen har gått gjennom og prioritert kva for stølar og beitemarker dei ønskjer å prioritere gjennom auka beiting. I så fall inneber det ein auke i tal dyr til 2100 sau, 50 storfe og 200 geiter. Innspelet frå grunneigarane er følgt opp i arbeidet med Skjøtselsplan for heilskapleg kulturlandskap Mørkridsdalen landskapsvernområde (vedlegg 23).

Det er ikkje innmarksareal i verneområdet i Vigdalen, men dalen er viktig som beiteområde både for storfe og sau. Sauer trekkjer over mot Breisete både frå Gaupne og Luster. Også Vigdalen er prega av sterk attgroing. I 2016 starta ein med styrt beiting på Vigdalstølen, for å auke beitekvalitetane i området og for å stoppe attgroinga.

Skjåk

Grensa for verneområdet går hovudsakleg over skoggrensa på vestsida langs hovuddalføret i Skjåk. Store delar av beite- og seterområda på vestsida av dalen er innanfor verneområda. Det er ca. 200 bruk i kommunen som har beiterett i tilknyting til Breheimen, men ikkje alle desse nyttar seg av den i dag. Verdien av beiteretten vert vurdert å vere svært stor for høvet til å drive husdyrproduksjon i kommunen. Det er 11,3 da fulldyrka jord på Mysubytta, innanfor landskapsvernområdet, 5,2 da overflatedyrka jord og 56,2 dekar innmarksbeite. Dette utgjer til saman 72,7 dekar. Innmarka vart inntil 2005 slått maskinelt. Dette slåttearealet ligg langt frå der føret skal brukast og transporten er lang og kostnadene per føreining er større enn ved areal nærmare garden. Verdien av å kunne bruke innmarka på stølane til slått vert vurdert som middels stor. Desse areala vert beita per i dag. I beitesamanheng utgjer innmarksareala ein del av beitetilgangen. Utmarksressursane er større enn utnyttingsgraden. Verdien av å bruke innmarksareala til tilleggsbeite til utmarksareala vert vurdert å ha middels stor verdi i landbruksamanheng.

Omfanget av beiting innanfor verneområda i Skjåk sin del av Breheimen er omfattande. Beitebruken er organisert gjennom Skjåk beite- og sankelag. Om lag havparten av sauene i kommunen beiter i og i tilknyting til området. Verdien av å kunne nytte utmarksareala vert vurdert å vere av svært stor verdi.

I Skjåk ligg til saman tre setergrender innanfor verneområda:

Tabell 4. Setergrender som ligg innanfor verneområda i Skjåk.

Seter	Verneområde	Merknad
Mysubytta	Mysubytta landskapsvernombra	Ni bruk har seter
Røykjeskålsli	Mysubytta landskapsvernombra	Eitt bruk med 80 mjølkegeiter per mars 2015.
Lundadalsseter Ytste	Breheimen nasjonalpark	Fem bruk har seter, men ingen har aktiv setring per i dag. Her er to seterhus som begge vert nytta til utleige.

Det er ei rekke setergrender like utanfor verneområda. Fleire av desse har beiteområde innanfor verneområda. På Tundradalsetra er det 170 geiter per mars 2015. Setra ligg tett inntil nasjonalparksgrensa, og geitene beitar for det meste i nasjonalparken. Det er også 25 geiter på Åsen like inntil grensa for Honnsrøve naturreservat. Dei fleste setrene er per i dag ikkje i aktiv drift, men beitedyra oppheld seg rundt setrene og beitar setervollane. Verdien av beiteområda rundt setrene vert vurdert å ha middels stor verdi for beitebruken.

Landbrukspolitikken i dag legg opp til stimulering og oppattaking av setring. Dette har samanheng med fokus på attgroing av kulturlandskapet, også i fjellet. Det finst økonomiske verkemidlar som støttar setring. I tillegg vil også lokale SMIL-midlar kunne brukast til slik støtte. Tilleggsnæring på gardane i form av reiseliv og småskala matproduksjon gjev auka høve til større aktivitet på setrene. Verdien av å kunne bruke setrene eller ta opp att setringa vert vurdert å ha svært stor verdi for dei aktuelle brukna. Det er ikkje landbruksaktivitet i tilknyting til Strynefjellet landskapsvernombra, bortsett frå beiting.



Geitsetring Nordre Høydalen, Høydalen landskapsvernombra. Foto: Bjørn Dalen

Lom

I Lom ligg verneområda i Breheimen på nordvestsida av Bøverdalens, stort sett ovanfor skoggrensa, men også nedanfor nokre stader, som ved Lomseggen. Det er om lag 50 gardsbruk i drift i randsona til verneområda, her definert som Bøverdalens og oppover hovuddalføret til kommunegrensa til Skjåk.

Innanfor verneområda ligg fleire setergrender. I Nordre Høydalen er det fire bruk som har seter, og eitt bruk driv med geit. Det er planar om at eit bruk til skal byrje med mjølkeproduksjon med geit i samdrift. Det vil då bli behov for ny fjøs på setra. På stulen er det 10,3 da innmarksbeite.

Søre Høydalen har ikkje lenger aktiv setring. Her er det 40,4 da fulldyrka mark og 13,9 da overflatedyrka mark. Her blir ei kve hausta. Det er ikkje innmarksareal i nasjonalparken. Innmarksareala vert mest beita, og noko vert slått. Verdien av å kunne hente del av fôrgrunnlaget på setrene vert vurdert å ha middels stor verdi for dei brukna som utfører dette. Det er organisert systematisk tilsyn i beiteområda. Innanfor verneområda som ligg i Lom beitar det dyr frå både Lom og Skjåk.



Nordre Høydalen seter, Høydalen landskapsvernombjørg. Foto: Bjørn Dalen.

Forvaltingsmål

Målsetjinga er at verneområda i Breheimen skal utnyttast som ein ressurs for jord- og skogbruket innanfor rammene av verneføremåla. Innanfor desse rammene er det også lagt til grunn at dagens bruksform skal vidareførast og utviklast i tråd med utviklinga i jord- og skogbruket.

Ein ønskjer at husdyrbeite skal halde fram i området. Beiting er viktig for å stoppe attgroing og for å sikre bruken av kulturlandskap, som til dømes stølar og stølsvollar. Beitebruk er også viktig for å ta vare på biologisk mangfold. Fleire stader er det viktig med aktiv stimulering for å halde oppe talet på beitedyr og auka beiting. Det er eit mål at kulturlandskapet skal haldast ope ved beite så langt som mogleg. For å sikre framtidig beitebruk er det nødvendig med ei rovvilførvalting som gjer det mogleg å halde oppe talet på beitedyr i verneområda.

Eit viktig mål for forvalting av landbruket i verneområda er å ta omsyn til verneføremålet samstundes som landbruksutnyttinga framleis kan skje på ein måte som bidreg til aktive gardsbruk i bygdene rundt.

Overordna retningslinjer for forvalting og bruk

Beite er tillate i alle verneområda, og slått er tillate på gamal slåttemark i landskapsvernombåda.

Vernet er ikkje til hinder for at grunneigarar og dei med bruksrettar i området kan ta opp att beiting, til dømes med storfe, når det er innanfor rammene og retningslinene nemnde nedanfor.

Dei tekniske innretningane og motorferdsela som følgjer jordbruksdrifta med dagens bruk er vurdert som akseptable i høve til verneføremåla.

3.3.1 GJERDE OG SANKETRØER

Hovudregelen er at vernet ikkje er til hinder for vedlikehald av anlegg og innretningar, som gjerde og sanketrører i nokon av verneområda. Oppsetting av gjerde og sanketrører og naudsint gjerding i tilknyting til stølsområda er tillate i fire av landskapsvernombåda, jf. retningslinjer for forvalting og bruk nedanfor. Etter søknad kan det gjevast løyve til å setje opp gjerde og sanketrører i nasjonalparken. Med heimel i lov om dyrevelferd § 15 er det likevel forbod mot bruk av piggtråd i tilknyting til husdyrhald, jf. § 15 i lov om dyrevelferd.

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 1.2 a)
- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernombåda § 3 pkt. 1.2 a)
- Forskrift for Høydalen landskapsvernombåda § 3 pkt. 1.2 a)
- Forskrift for Vigdalen landskapsvernombåda § 3 pkt. 1.2 a)
- Forskrift for Mysubytta landskapsvernombåda § 3 pkt. 1.2 a)

Reglane er ikkje til hinder for vedlikehald av bygningar, anlegg og innretningar i Breheimen nasjonalpark og Mørkridsdalen-, Vigdalen-, Høydalen-, og Mysubytta landskapsvernombåda. Vedlikehald skal skje i samsvar med lokal byggeskikk og tilpassast landskapet. Vedlikehald omfattar ikkje ombygging eller utviding.

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 1.3 e)

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til ombygging og oppsetjing av nye gjerde, sanketrører og liknande.

Framhald neste side ►

- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.2 e)

Reglane er ikke til hinder for oppsetjing av sanketrøer og naudsynt gjerding i tilknyting til stølsområda.

- Forskrift for Høydalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.2 e)

Reglane er ikke til hinder for anlegg av sanketrøer og naudsynt gjerding for Søre Høydalen seter og Nordre Høydalen seter.

- Forskrift for Vigdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.2 c)

Reglane er ikke til hinder for oppsetjing av sanketrøer og naudsynt gjerding i tilknyting til stølsområde i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen.

- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 3 pkt. 1.2 f)

Reglane er ikke til hinder for anlegg av sanketrøer og naudsynt gjerding for setrene på Mysubytta og Røykjekålsli, i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen.

- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 3 pkt. 1.1

Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sitt sær preg eller karakter.

Med dei unntaka som følgjer av forskrifa pkt. 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, anlegg og innretningar, parkering av campingvogner, motorkøyretøy og maskiner, etablering av oppdrettsanlegg, vassdragsregulering, opplag av båtar, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, uttak og fjerning av større stein og blokker, mineral eller fossil, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrkning, nyplanting, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper o.l. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikke uttømmande.

- Forskrift for Høyrokampen naturreservat § 4 d)

Reglane er ikke til hinder for vedlikehald av anlegg og innretningar som er i bruk på vernetidspunktet.



Sanketrå i Breidseterdalen, Breheimen nasjonalpark.
Foto: Bjørn Dalen

Retningsliner for forvalting og bruk

Oppsetting av sanketrøer og gjerde i tilknyting til stølsområde kan gjerast utan eigen søknad av omsyn til regulering av beite og dyr på beite i Mørkridsdalen landskapsvernområde, Vigdalen landskapsvernområde, Høydalen landskapsvernområde og i Mysubytta landskapsvernområde.

Det kan ikkje etablerast fleire sanketrøer i same område. I område der det er fleire brukarar skal det evt. setjast opp felles sanketrøer.

Areal som vert gjerda inn skal ikkje vere større enn naudsynt.

Ein skal unngå plassering nær bekkar og elvar.

Gjerde, restar etter gjerde og sanketrøer som ikkje er i bruk, skal fjernast.

Bruk av piggtråd er ikkje tillate, jf. lov om dyrevelferd § 15.

Lagring av utstyr til gjerde o.l. bør gjerast på ein mest mogleg skånsam måte, både av omsyn til behovet for transport, men også slik at det er minst mogleg synleg i terrenget, sjå også kap. 3.9.4.

Det er ikkje tillate å setje opp gjerde eller sanketrøer i Strynefjellet landskapsvernområde.

I utgangspunktet vil det bli gjeve løyve til ombygging og oppsetting av nye gjerde, sanketrøer og liknande i nasjonalparken når det ligg føre eit dokumentert behov.

Søknaden skal ha opplysingar om korleis beitinga skal skje og kvar gjerdet og liknande er planlagt plassert i terrenget.

Ved handsaming av søknader om oppsetting av gjerde, sanketrøer o.l. i nasjonalparken, vert det lagt vekt på å unngå plassering som er uheldig for verneverdiane. Det skal også takast omsyn til andre brukarinteresser. Plassering nær bekkar og elvar skal unngåast, særleg der desse tener som vasskjelde.

Løyvekravet i nasjonalparken er elles sett for at nasjonalparkstyret kan sikre nærmere plassering og utforming. Aktuelt vilkår er at mellombelse gjerde (straumgjerde) skal nyttast i staden for permanent nettinggjerde. Av omsyn til villrein er gjerde i tre å føretrekkje ved løyve til permanente gjerde.

I Høyrokampen naturreservat er det forbod mot å setje opp gjerde og sanketrøer (jf. verneforskrifta § 3 c)).

Som hovudregel i alle verneområda, skal materialar til mellombelse gjerde takast ut frå verneområda etter at beitesesongen er over, eventuelt kan dei lagrast i bygningar på stølane.

Det skal sikrast at gjerde har naudsynt passering for turgåurar.

Gjetarbuer: Sjå kapittelet om hytter og bygningar nedanfor.

Retningsliner for motorferdsel – sjå kap. 3.9.6.

3.3.2 SALTSTEINAR O.L.

Forskriftene er ikkje til hinder for at det vert sett opp saltsteinar ol. som er naudsynte for beiting i nasjonalparken og landskapsvernområda, bortsett frå i Strynefjellet LVO (jf. § 3 pkt. 1.1).

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 1.2 d)
- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.2 f)
- Forskrift for Vigdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.2 e)
- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 3 pkt. 1.2 g)
- Forskrift for Høydalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.2 h)

Reglane er ikkje til hinder for oppsetting av saltsteinar og liknande i jordbruksnæring.

- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 3 pkt. 1.1 og 1.3 i)

Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sitt sær preg eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifterna pkt. 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, anlegg og innretningar, parkering av campingvogner, motorkøyretøy og maskiner, etablering av oppdrettsanlegg, vassdragsregulering, opplag av båtar, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, uttak og fjerning av større stein og blokker, mineral eller fossil, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrkning, nyplanting, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper o.l. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmande. (§ 3 pkt. 1.1)

I Strynefjellet landskapsvernområde kan det etter søknad gjevest løyve til naudsynte inngrep i samband med artsforvalting. (§ 3 pkt. 1.3 i)).



Saltstein på Ytste setra i Lundadalen, Breheimen nasjonalpark.
Foto: Bjørn Dalen

Det er som nemnt i utgangspunktet ikkje tillate å setje opp saltstein i Strynefjellet landskapsvernområde, då saltstein kan lokke til seg villrein. Det kan likevel vere aktuelt å gje løyve til utplassering av saltstein med omsyn til villrein, m.a. for å få reinen til å halde seg i Mårådalen/Videdalen slik at dyra ikkje trekkjer over til Breiddalen og Riksveg 15. I slike tilfelle er den aktuelle heimelen § 3 pkt. 1.3 bokstav i) i verneforskrifta.

Retningsliner for forvalting og bruk

Saltsteinar og liknande kan setjast opp i samband med jordbruksnæring i nasjonalparken og i Vigdalen-, Mørkridsdalen-, Høydalens- og Mysubytta landskapsvernområde.

Formuleringa «og liknande» i verneforskriftene for Mørkridsdalen-, Vigdalen-, Høydalens- og Mysubytta landskapsvernområde og nasjonalparken (§ 3 pkt. 1.2 ..) viser til at det også er høve til å setje opp mineralsteinkassar, noko som er viktig for både storfe og sau. Dette gjeld først og fremst i landskapsvernområda.

Det er i utgangspunktet ikkje tillate å setje opp saltstein og liknande i Strynefjellet landskapsvernområde, då saltstein kan lokke til seg villrein.

Det er ikkje tillate å setje opp saltsteinar og liknande i Høyrokampen naturreservat.

3.3.3 BEITEBRUER

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 1.3 c)
- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 g)
- Forskrift for Vigdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 e)
- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 d)
- Forskrift for Høydalens landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 i)
- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 c)

Forvaltingsstyremakta kan gje løyve til bygging av bruver og legging av klopper.

Retningsliner for forvalting og bruk

Etter søknad til forvaltingsmyndigheita kan det vere aktuelt å gje løyve til oppsetjing av nye bruver i beitesamanhang i nasjonalparken og særleg i landskapsvernområda, sjå delkapittel 3.2.1 om bruver.

Det vil bli lagt vekt på om det har vore bru ein stad før, t.d. gamle brukar eller steinmurar for festing av bruene.

Ved handsaming av slike søknader kan det setjast vilkår slik det er nemnt i kap. 3.2.1.



I 2014 vart det bygd ny bru ved Liane, Mørkridsdalen landskapsvernombordet. Foto: Elias Bolstad

3.3.4 DRIFT AV JORDBRUKSAREAL OG RYDDING AV STØLSVOLLAR

Det finst ikkje stølsvollar som er i drift i dag i Breheimen nasjonalpark - berre restar av gamle stølsvollar, mest utan stølshus. Verneforskrifta for nasjonalparken opnar likevel for at det etter søknad kan gjevast løyve til rydding og vedlikehald av eksisterande stølsvollar

Det er mange stølar i landskapsvernombordet, og mange av dei vert mykje brukt, både i jordbruket og i fritida som hytte. Etter forskriftene for landskapsvernombordet kan drift og vedlikehald av jordbruksareal, medrekna stølsvollar, halde fram som før.

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 2.3 c) og pkt. 7.2 b)

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til rydding og vedlikehald av eksisterande setervollar i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 5 (§ 3 pkt. 2.3 c)).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av plantevernmiddel for stubbebehandling ved rydding av eksisterande setervollar (§ 3 pkt. 7.2 b)).

- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernombordet § 3 pkt. 1.2 d)
- Forskrift for Vigdalen landskapsvernombordet § 3 pkt. 1.2 d)

Reglane er ikkje til hinder for drift, rydding og vedlikehald av jordbruksareal i stølsvollråda. Retningslinjer for drift vert fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 5.

- Forskrift for Høydalens landskapsvernombordet § 3 pkt. 1.2 d), pkt. 1.3 e) og pkt. 2.4

Framhald neste side ➞

Reglane er ikkje til hinder for drift, rydding og vedlikehald av jordbruksareal ved Søre Høydalen seter og Nordre Høydalen seter. Retningsliner for drift vert fastsette i forvaltingsplanen (§ 3 pkt. 1.2 d)).

I Høydalen landskapsvernombordet kan det etter søknad gjevast løyve til oppattaking av jordbruksdrift på nedlagde setervollar (§ 3 pkt. 1.3 e)).


Hogst av ved og rydding av kratt er tillate i samsvar med gjeldande lovverk. Særmerkte, dekorative og daude tre som pregar landskapet skal ikkje hoggast (§ 3 pkt. 2.4).

- Forskrift for Mysubytta landskapsvernombordet § 3 pkt. 1.2 e), pkt. 1.3 i) og pkt. 2.4

Reglane er ikkje til hinder for drift, rydding og vedlikehald av jordbruksareal for eksisterande setrer på Mysubytta og Røykjesskålsli. Retningsliner for drift vert fastsette i forvaltingsplanen (§ 3 pkt. 1.2 e)).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til oppattaking av jordbruksdrift på nedlagde setervollar (§ 3 pkt. 1.3 i)).

Hogst av ved og rydding av kratt er tillate i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen. Særmerkte, dekorative og daude tre som pregar landskapet skal ikkje hoggast (§ 3 pkt. 2.4).



Vigdalen Grendelag rydda stølvollen på Fjellstolen i Vigdalen i samarbeid med Statens naturoppsyn og nasjonalparkstyret i 2015, Vigdalen landskapsvernombordet. Foto: Liv Byrkjeland.

Pågåande bruk i landskapsvernombordet skal kunne halde fram. I utgangspunktet er det ikkje ønskeleg å nytte kjemiske midlar innanfor verneområda. Skal ein få bukt med framande artar eller attgroingsartar, må ein ta tidsperspektivet med i vurderinga av kva metode som bør nyttast. Store kostnader til gjenteken manuell rydding kan vanskeleg forsvarast som einaste metode i ein større samanheng dersom avgrensa og forsvarleg bruk av plantevernmiddel kan fjerne trugsmål frå eit verneområde. I tilfelle der manuell rydding av uønskte artar ikkje er tilstrekkeleg i samband med vedlikehald av t.d. eksisterande innmark/jordbruksareal, vil ein kunne nytte kjemisk middel som Roundup, under føresetnad av at det ikkje er til skade for verneføremålet. «Vedlikehald» er nærmere definert under retningsliner for forvalting og bruk nedanfor.

Retningslinjer for forvalting og bruk

Etter søknad kan område med kulturlandskapslement rekne med å få løyve til rydding og vedlikehald av eksisterande stølsvollar i opplandsdelen av nasjonalparken ved Ytste Lundadalssetra, Røykjeskålen ved Røykjeskålsvatnet og på Gammelstulen i Tundradalen. Det er ingen slike område i den delen av nasjonalparken som ligg i Sogn og Fjordane.

Det kan søkjast om løyve til bruk av plantevernmiddel for stubbebehandling ved rydding av eksisterande setervollar.

Drift og vedlikehald av jordbruksareal, medrekna stølsvollar, kan halde fram som før i landskapsvernombråda, utan søknad. I Mysubytta LVO gjeld dette dei eksisterande setrene på Mysubytta og Røykjeskålsli. I Høydalen LVO gjeld det jordbruksarealet ved Søre Høydalen seter og Nordre Høydalen seter. I Mørkridsdalen LVO gjeld det særleg slåttegjerdet på Dulsete og Knivabakkli.

Vedlikehald av stølsvollar omfattar både slått og rydding av kratt og einskildtre. Drift av eksisterande dyrka mark og stølsvollar omfattar pløying, gjødsling, såing med artar og sortar som er vanlege i jordbruket og som ikkje trugar verneverdiane, og mindre arbeid med grøfting og liknande på innmarka som er naudsynt for eksisterande drift. Nydyrkning vert ikkje rekna som drift og vedlikehald.

Pågåande bruk i landskapsvernombråda skal kunne halde fram, og bruk av plantevernmiddel for vedlikehald av innmark er difor tillate utan søknad. Ved bruk av plantevernmiddel for rydding av nye areal eller areal som har lege brakk slik at dei er i gjengroing, vil det vere krav om løyve, t.d. på stølsvollar/setervollar jf. kap. 3.10.

Etter søknad kan det gjevest løyve til å ta opp att jordbruksdrift eller seterdrift på nedlagde stølsvollar i Mysubytta-, Høydalen-, Mørkridsdalen- og Vigdalen landskapsvernombråda. Det inneber m.a. at stølsvollane kan ryddast. Med "nedlagde stølsvollar" meinast stølsvollar som ikkje har vore i drift på 20 år. Drift i denne samanheng er innmarksbeiting og dyrking.

Ved oppattaking av jordbruksdrift eller seterdrift trengst ikkje løyve til beiting. Ved søknader om rydding av gamle stølsvollar (oppattaking av jordbruks-/seterdrift) skal det leggast vekt på at det er viktig å oppretthalde kulturlandskapet for å ta vare på verneverdiane i desse landskapsvernombråda. Slike søknader vil bli vurderte etter momenta:

- visuell verknad på landskapet også i høve til estetikk
- verknad for kulturlandskapet, kulturmiljø og kulturminne
- verknad for biologisk mangfold
- nye tekniske inngrep som følgje av moderne seterdrift (t.d. vegtilkomst, vatn og avløp).

Om oppattaking av drift ikkje kjem i konflikt med desse momenta, kan det reknast med løyve.

Ved rydding kan det nyttast motorsag eller rydningssag. Med rydding meiner ein her fjerning av tre-vegetasjon med bevaring av resten av plantedekket. Ved behov for rydding av beite kan det gjevest løyve til krattknusing i Høydalen- og Mysubytta landskapsvernombråda (jf. § 3 pkt. 2.4).



Restaurering av styvingstre, Mørkridsdalen landskapsvernombråda.
Foto: Eldrid Nedrelo

Ved tiltak i marka skal ein ta omsyn til objekt av kulturhistorisk verdi. Slike objekt, t.d. hustufter, dyregraver og liknande skal ikkje skadast.

Det er ikkje stølsvollar i Høyrokampen naturreservat og Strynefjellet landskapsvernområde, og problemstillinga er ikkje aktuell i desse områda.

For bruk av motoriserte køyretøy i samband med drift av jordbruksareal, sjå kapittelet om motorferdsel, kap. 3.9.6. Dersom det er behov for maskiner for drift av stølsvollar, kan det vere aktuelt å gje løyve til parkering av dei på bestemte stader eller helst innomhus om det er for lengre tid.

3.3.5 OPPDYRKING AV NYE AREAL

Å halde oppe dagens jordbruksdrift er ønskjeleg, jf. føremålet med vernet, og kultivering av eksisterande kulturlandskap knytt til stølane er sterkt ønskjeleg ut frå verneføremåla i Høydalen- og Mysubytta landskapsvernområda. Nydyrkning kan inngå som eit ledd i dette, men kan også vere eit tiltak som ikkje er ønskjeleg. Nydyrkning skal såleis vurderast konkret i høve til verneverdiane i kvart einskild tilfelle.

I Vigdalen-, Mørkridsdalen- og Strynefjellet landskapsvernområde er det ikkje opning for å gje løyve til dyrking av nye areal.

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Høydalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 g)
- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 h)

I Høydalen- og Mysubytta landskapsvernområde kan det etter søknad gjevast løyve til oppdyrkning/beitekultivering av nye areal i tilknyting til eksisterande setrer.

Retningslinjer for forvalting og bruk

Etter søknad kan det gjevast løyve til oppdyrkning/beitekultivering av nye areal i tilknyting til eksisterande setrer i Mysubytta- og Høydalen landskapsvernområde.

Ved handsaming av søknader om oppdyrkning/beitekultivering vert det lagt vekt på verknaden på verneføremålet. Dersom nydyrkning ikkje kjem i konflikt med verneverdiar kan ein rekne med løyve.

Nydyrkning bør helst skje ved anna dyrka mark, og skal skje i tilknyting til eksisterande setrer.

Nydyrkning på tidlegare dyrka mark vil bli prioritert framfor nydyrkning i utmarka.

Søknader vil bli vurderte etter momenta:

- verknad for kulturlandskapet, kulturmiljø og kulturminne
- verknad for biologisk mangfold
- visuell verknad på landskapet
- søker sitt behov for ekstra areal

Framhald neste side »

Det må søkjast om løyve til beitekultivering. Med beitekultivering meiner ein fjerning av tuer, busker, kratt og lyng for å få opp artar som vert beita av husdyr, utan at terrenget vert gjort eigna for maskinell hausting.

Setervollar og jordbruksareal som har vore nytta som u gjødsla beite og/eller slått utan å pløye og som har høgt biologisk mangfald, bør ikkje pløyast og havast, gjødslast med kunstgjødsel, gjødslast med husdyrgjødsel eller såast med nye sortar. Beitebruk bør prioriterast til desse areala eller til andre areal med dokumentert høgt biologisk mangfald.

Ved løyve skal det setjast vilkår om at objekt av kulturhistorisk verdi, t.d. hustufter, dyregraver og liknande ikkje skal skadast.

For bruk av motoriserte køyretøy i samband med drift av jordbruksareal, sjå kapittelet om motorferdsel kap. 3.9.6.

3.3.6 VASSVEGAR (I LOM OG SKJÅK)

I Breheimen finst det fleire vassvegar innanfor nasjonalparken og i Høydalen landskapsvernområde finst det ein. I tilknyting til vassvegane finst dammar, delingskasser, luker, trotak og passar. Passar er ein stein som ligg over veita og «passar på» at det ikkje kjem for mykje vatn inn i veita slik at vatnet flymmer over og veita blir øydelagd.

I lokal terminologi i Lom og Skjåk er eit vatningsanlegg den delen av vatningssystemet som går frå vassvegen, som regel ei grov (bekk). Det starar med ein inntakskasse i grova og går i slangar (tidlegare veiter og trør) inn på dyrkamarka og blir spreidd i nedgravne eller opne vatningssystem. Tidlegare opne veiter var kalla «fera». Vassveg er brukt meir som eit samleomgrep, men òg om sjølv vassvegen.

Vassvegane er også særegne kulturminne som skal takast vare på. Dei dekker eit viktig bruksføremål, dei er ein viktig del av kulturarven og identiteten i fjellbygdene. Dei utgjer eit viktig kjeldemateriale og er grunnlag for nylevande og framtidige generasjonars oppleveling, sjølvforståing, trivsel og verksemd.

Temakart

Sjå vedlegg 14 Vassvegar i Lom og Skjåk

Forvaltingsmål

Det er eit mål å ta vare på og overvake tilstanden til vassvegane slik at dei kan stå fram som mest mogleg autentiske objekt i naturlandskapet.

Det er difor viktig å leggje til rette for vedlikehald så det kan gjerast på ein mest mogleg føremålstenleg måte. Utplasering av reiskapskassar vil gjøre det enklare å lagre og ta vare på reiskapen i tilknyting til vassvegen.

Vedlikehald av vatningsanlegga kan utførast utan søknad til forvaltingsmyndigheita.

For å smelte snøen bort frå vatningsanlegga om våren kan det vere behov for å molde dei.



Vassveg med vassdele i Lendfjellet, Breheimen nasjonalpark. Foto: Bjørn Dalen

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 1.2 c) og pkt. 7.2 a), og § 4
- Forskrift for Høydalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.2 k) og pkt. 7.2 a), og § 4

Reglane er ikkje til hinder for vedlikehald av eksisterande vatningsanlegg i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 3 pkt. 1.2 c) i nasjonalparkforskrifta og § 3 pkt. 1.2 k) i forskrifta for Høydalen landskapsvernområde).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av sand og liknande til snøsmelting. (§§ 3 pkt. 7.2 a)).

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

Retningsliner for forvalting og bruk

Vedlikehald av vatningsanlegg er tillate i Breheimen nasjonalpark og Høydalen landskapsvernområde, og kan skje i tråd med retningslinene som følgjer nedanfor.

Med vedlikehald meiner ein i denne samanhengen m.a. reinsking av dammar og vassvegar, skifte av treverk i vassvegar og trotak, skifte av luker. Ein kan som unntak nytte nyare material som plast, aluminium, impregnert treverk, men i regelen på ein måte som ikkje endrar det historisk visuelle inntrykket ved anlegget. Skifte til plastrør og slangar vil i regelen berre tillatast når dei vert lagt under bakken, og på ein slik måte at det ikkje endrar det historiske inntrykket.

Bruk av nye materialar må avklarast med kulturminnestyresmaktene.

Ved vedlikehald av vassvegane skal ein syte for at spora etter vedlikehaldet blir minst mogleg synlege, dvs. jordhaugar skal planerast, avfall fraktast ut osb.

Framhald neste side »

Ut over dette er det ikkje lov å oppgradere vatningsanlegga innanfor verneområdet.

Etter søknad kan det gjevast løyve til molding av vatningsanlegga i nasjonalparken og Høydalen landskapsvernombåde. Det er ikkje registrert vatningsanlegg innanfor Strynefjellet-, Mørkridsdalen- eller Vigdalen landskapsvernombåde eller i Høyrokampen naturreservat.

Moldingsmaterialet skal vere jord eller finkorna sand.

Etter søknad kan det gjevast løyve til utplassering av reiskapskassar i samband med vedlikehald av vatningsanlegg i nasjonalparken og i Høydalen landskapsvernombåde. Ved løyve bør det setjast vilkår om storleik på kassane, og at kassane skal dekkast til slik at dei vert minst mogleg synlege i landskapet.

Kassane skal ikkje beisast i sterke farge, dei skal primært vere ubehandla eller grå.

For transport av utstyr i samband med vedlikehald av vassvegar, sjå kap. 3.9.7.

Tiltak

- Status for vassvegane i nasjonalparken og i Høydalen landskapsvernombåde bør dokumenterast.
- Det bør utarbeidast ein vedlikehaldsplan for det einskilde vatningsanlegg som viser lokalisering, utforming og konstruksjon, og som viser behovet for vedlikehald. Gjennom planen skal det peikast ut einskilde anlegg som berre blir vedlikehaldne på tradisjonelt vis med bruk av jord, stein og tre.


3.3.7 BUFORVEG I MØRKRIDSDALEN OG TIL OSEN

Buforvegen i Mørkridsdalen er ein tilrettelagd og dels oppmura veg, stort sett 1-1,5 m brei. Det er ein gammal drifteveg, vegen vart brukt for å få sau, kyr og geiter til støls, og var den viktigaste ferdavegen mellom stølane også for folk. I dag er buforvegen T-merkt og inngår i DNT sitt stignett. Buforvegen til Hødnevollen vert i dag også nytta om vinteren, både for tilsyn og for frakt av ved til gards. Tidlegare vart det også frakta ut fôr, og driftevegen har også vore brukt til tømmertransport.

Buforvegen til Osen er ein bratt sti. Her er vegen lagt til rette med stein for kløvning. Det vart kløvja varer til og frå stølshusa ved Åsetevatnet den gong stølen var i drift. I dag skjer frakt hovudsakleg med helikopter om sommaren og skuter fra Dalsdalen om vinteren, og stien vert nytta til buføring og er T-merkt for folk.

Buforvegane er viktige for å oppretthalde kulturlandskapet i Mørkridsdalen gjennom beiting. Vedlikehald av desse buforvegane er tillate.

For å stimulere til auka beiting med sau og kyr i Mørkridsdalen har det i perioden 2009-2014 vorte gjort ei rekke tiltak på buforvegen i Mørkridsdalen. Driftevegen er identisk med den T-merkte stien i dalen, og tiltaka vil også vere til glede for fotturistane og dei som driv naturrettleiing og fjellføring i området.



Buforvegen i Mørkridsdalen vart brukt for å få både sau, kyr, hest og geiter til støls, og var den viktigaste ferdavegen mellom stølane også for folk, Mørkridsdalen landskapsvernombåde. Foto: Liv Byrkjeland

I både 2009 og 2010 var det fleire storflaumar i Mørkridsdalen. Det førte til store skader på buforvegen og det vart difor gjeve løyve til fleire større tiltak på vegen. Blant anna vart det gjeve løyve til omlegging av vegen mellom Djupatjørni og Svinatjørni og store reperasjonar av buforvegen mellom Hødnevollen og Grasøy, med vilkår om at tiltaket ikkje skulle vere i strid med verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Heimelen for løyve til større tiltak på buforvegen for utbetring av flaumskader er dei generelle dispensasjonsreglane i § 4 i verneforskrifta.

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernombanen § 3 pkt. 1.2 c)

Reglane er ikkje til hinder for vedlikehald av eksisterande kløvjavegar i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen § 5.

- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernombanen § 3 pkt. 1.3 e)

Forvaltingsstyremakta kan gje løyve til utbetring av kløvjavegane til Osen og inn Mørkridsdalen i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 5.

Retningsliner for forvalting og bruk

Vedlikehald av buforvegane kan gjerast utan søknad.

Med vedlikehald meiner ein for eksempel oppattretting av stikkrenner og flytting av steinar som har forskyvd seg, dvs. arbeid som vert gjort med handemakt, og som medfører at buforvegen har same standard som i tidlegare tider.

Etter søknad kan nasjonalparkstyret gje løyve til utbetring av buforvegane. Med utbetring meiner ein arbeid som vert gjort med maskiner, sprenging, forbygging, mindre utviding i breidde og andre tiltak som medfører større inngrep i høve til tidlegare standard. Ved slike løyve vil det bli sett vilkår om at det skal lagast ein plan for korleis utbetringa vil skje. Om naudsynt skal det avtalast synfaring mellom søker og forvaltingsmyndigheita for å lage ein slik plan. Fleire tiltak vil kunne gjerast med handemakt slik det allereie er gjort i Mørkridsdalen, på Besseggenstien og steinmuringsarbeid på stien til Fanaråken.

3.3.8 SAMLEKVE I VIGDALEN

Grunneigarane i Vigdal ønskjer å byggje ei samlekve for storfe og sau som beitar i Vigdalen på kvar side av elva. Det er behov for veg til samlekvea. Temaet vart vurdert i Foredraget til Kgl. res. for verneplan for Breheimen (vernevedtaket) 07.08.2009.

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Vigdalen landskapsvernombanen § 3 pkt. 1.2 c)

Reglane er ikkje til hinder for oppsetjing av sanketrører og naudsynt gjerding i tilknyting til stølsområde i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 5.

Retningsliner for forvalting og bruk

I Kongeleg resolusjon viser Miljøverndepartementet til drøfting og synfaring som Fylkesmannen har hatt med grunneigarar og Luster kommune i juni 2009 for å finne ei akseptabel løysing for å plassere samlekve for beitedyr i tilknyting til Breisetestølen. Departementet meiner at forvaltingsmyndigheita i samarbeid med dei det gjeld må finne fram til ei løysing på plassering av samlekve i samband med forvaltingsplanen.

Det er ikkje opna for etablering av vegar i landskapsvernområda. Eventuell søknad om dette må handsamast etter dei generelle dispensasjonsreglane i § 4 i verneforskrifta. Denne regelen er meint å regulere mindre inngrep og forbigåande tiltak. Store inngrep som pregar landskapet vil ikkje vere tillate etter denne regelen.

3.3.9 MASTER I BEITEBRUK

Elektroniske bjøller på sau som kan sporast ved hjelp av GPS er etter kvart aktuelt ved beiting til fjells. Det kan gjevast løyve til oppsetting av master for elektroniske bjøller på sau (sjå rammer og reglar nedanfor).

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 1.3 k)
- Forskrift for Vigdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 i)
- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 l)
- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 l)
- Forskrift for Høydalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 q)
- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 h)

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til oppsetting av master for elektroniske bjøller på sau, i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 5.

- Forskrift for Høyrokampen naturreservat § 7 h)

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til oppsetjing av master for elektroniske bjøller på sau, i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen.

Retningsliner for forvalting og bruk

Etter søknad kan det gjevast løyve til oppsetting av master for elektroniske bjøller på sau.

Ved vurdering av om slike løyve skal gjevast, vert det lagt vekt på korleis anlegget vert plassert, høgde på masta, om ho er fast eller mobil, og på om etablering og drift fører til motorisert ferdsle. Det vil òg bli lagt vekt på om teknikken er utprøvd slik at tiltaket er eit reelt hjelphemiddel, og kor stor del av beitebrukarane som vil nytte masta.

Dersom teknologien er god nok, og utstyret er innanfor økonomisk akseptable grenser er satellittbaserte løysingar å føretrekkje.

Det er viktig å unngå fleire master enn det som er absolutt naudsynt. Ved handsaming skal det innhentast ei landbruksfagleg vurdering av behovet, m.a. om det er viktig for å ta vare på kulturlandskapet.

Alternative plasseringar, utanfor verneområda, skal vurderast. Verknader på landskapet skal vege tungt ved avgjerda.

3.3.10 FORVALTING AV ROVVILT OG ANDRE ARTAR

I rovviltregion 1, der Sogn og Fjordane inngår, er det eit nasjonalt mål å ikkje ha ynglingar av nokon av dei fire store rovdyra. I rovviltregion 3, Oppland, er det eit mål å ha 4 årlege ynglingar av jerv og 5 årlege ynglingar av gaupe.

Forskriftene har ein eigen heimel som gjer det mogleg for nasjonalparkstyret å setje i verk tiltak som kan redusere omfattande skadar påført av rovdyr, t.d. løyve til oppføring av jerv og/eller gaupebås (sjå rammer og reglar nedanfor).

Nasjonalparkstyret vil i slike tilfelle kunne gje løyve til naudsynte inngrep i samband med artsforvalting.

Det kan også vere aktuelt å setje i verk tiltak for å få villreinen tilbake i søre del (Luster sin del) av Ottadalen villreinområde, t.d. oppsetjing av gjerde i nokre år. Tiltak vil i så fall vere aktuelt i nasjonalparken og Mørkridsdalen- og Vigdalen landskapsvernområde.



Jerv, Breheimen nasjonalpark. Foto: Øyvind Angard



Det kan gjevest løyve til å setje opp jerv- og gaupebås etter søknad innanfor verneområda i Breheimen. Foto: Øyvind Angard

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 1.3 l) og 3.2 b)

Forvaltingsstyremahta kan gje løyve til naudsynte inngrep i samband med artsforvalting (§ 3 pkt. 1.3 l))

Regelen er i ikkje til hinder for skadefelling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk (§ 3 pkt. 3.2 b))

- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 m) og pkt. 3
- Forskrift for Vigdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3k) og pkt. 3 a)
- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 m) og pkt. 3
- Forskrift for Høydalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 r) og pkt. 3
- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 i) og pkt. 3

I landskapsvernområda kan det etter søknad gjevest løyve til naudsynte inngrep i samband med artsforvalting (§ 3 pkt. 1.3).

Framhald neste side »

Reglane er i ikkje til hinder for jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk (§ 3 pkt. 3).

- Forskrift for Høyrokampen naturreservat § 4 b), e) og § 7 g)

Reglane er i ikkje til hinder for jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk (§ 4 b)).

Reglane er i ikkje til hinder for skadefelling av store rovdyr i samsvar med gjeldande regelverk (§ 4 e)).

Forvaltingsstyremakta kan etter søknad gje løyve til naudsynte inngrep i samband med forvalting av artane (§ 7 g)).

Retningsliner for forvalting og bruk

I nasjonalparken er dyrelivet freda og behovet for tiltak som medfører skade, øydelegging eller forstyrring av ein art, må vere godt grunngjeve og dokumentert.

Jakt og fangst kan utøvast etter gjeldande lovverk i alle verneområda i Breheimen, jf. naturmangfaldlova med tilhøyrande forskrifter og viltlova. Dette gjeld også kvotejakt, lisensfelling og skadefelling av rovvilt.

Av omsyn til saue- og tamreinnæringa kan det dessutan gjevast løyve til å setje opp jerv- og gaupebås etter søknad. Dette inngår i omgrepet ”naudsynt tiltak i samband med forvalting av artane” i verneforskriftene. Slike løyve skal grunngjevast godt, då dyrelivet i utgangspunktet er freda.

Ved vurdering av slike søknader er det gjeldande nasjonal rovviltpolitikk som vert lagt til grunn, m.a. den geografisk differensierte forvaltinga i rovviltnasjonane. Dette inneber at det kan gjevast løyve dersom oppsetting av båsar er naudsynt som ein del av rovviltnormaliseringa. I tillegg må ein vurdere sjølve plasseringa av båsen i landskapet, slik at den ikkje vert skjemmande i terrenget.

Etter oppsetting skal båsen godkjennast av Fylkesmannen.

Ved søknader om oppsetjing av fangstbås i eit verneområde, skal det sendast kopi av søknaden til Fylkesmannen og kommunen.

Tiltak som tilbakeføring av villrein nemnt over må skje etter ein gjennomarbeidd plan før det eventuelt vert gjeve løyve.

Sjå kap. 3.9.6 om motorferdsel i samband med forvalting av rovvilt.

3.3.11 VEDHOGST OG ANNAN HOGST

Stølane og setrene i områda har så lenge det har vore drift hatt behov for ved for oppvarming, matlaging og ysting. Veden har kome frå hogst i nærlieken av stølen/setra, særleg av bjørk, men òg andre lauvtre og nokre stader furu. I dag er det om lag 170 bygningar i verneområda, og det vil vere behov for hogst av ved til fleire av dei.

Det har ikkje vore drive skogsdrift innanfor verneområda i Breheimen, med unntak av eitt uttak midt på 1930-talet. Då vart det hogge innover frå Sota seter på både sider av dalen langs Røykjeskålsvatnet. Det vart teke ut furutømmer som kunne sagast. For å få ut tømmeret vart det bygd ein fløytingsdam på utløpsosen i Røykjeskålsvatnet. Det vart i tillegg stengt av ei sidegrein av Ostri elv nedlaups osen for å unngå at tømmeret sette seg fast. I same området er det tidlegare brent tjøre, og sidan 1990 har det vore teke ut fururot til brenning av tjøre i Skjåk Almenning. Denne gamle tradisjonen vart teken oppatt då Riksantikvaren hadde behov for milebrent tjøre til stavkyrkjene. Etter 1990 er det ikkje teke ut fururot i dei aktuelle verneområda i Breheimen.

Det er mange store og særmerkte tre i verneområda. Desse trea har gjerne eit stort tal artar som lever på dei. Slike tre er difor viktige for naturmangfaldet, og dei bør difor ikkje hoggast.

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 2.3 a), b) og d)

I Breheimen nasjonalpark kan det etter søknad gjevast løyve til:

- a) uttak av ved til hytter og setrer i nasjonalparken i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 5 (§ 3 pkt. 2.3 a)).
- b) rydding av skog og kratt kring hytter i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 5 (§ 3 pkt. 2.3 b)).
- c) plukkhogst av bjørk langs Mysubyttvegen i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 5 (§ 3 pkt. 2.3 c)).
- d) plukkhogst av bjørk langs Mysubyttvegen i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 5 (§ 3 pkt. 2.3 d)).

- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 d) og 2.4

I Mørkridsdalen landskapsvernområde kan det etter søknad gjevast løyve til tilrettelegging for vinterveg for transport av ved aust for Hødnevollen (§ 3 pkt. 1.3 d)).

Hogst av ved

Særmerkte, store og/eller gamle og dekorative levande og daude tre som pregar landskapet skal ikkje hoggast.

Hogst av ved til eigen bruk og til hytter og stølar i landskapsvernområdet er tillate i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen.

Hogst skal skje som gjennomhogst, men hogstflater inntil 1 daa er tillate (§ 3 pkt. 2.4).

- Forskrift for Vigdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 2.4

Særmerkte, store og/eller gamle og dekorative levande og daude tre som pregar landskapet skal ikkje hoggast.

Hogst av ved til eigen bruk og til hytter og stølar i landskapsvernområdet er tillate i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen. Hogst skal skje som gjennomhogst, men hogstflater inntil 1 daa er tillate.



Store og særmerkte tre som denne furua med ulvelav er viktige for naturmangfaldet, Breheimen nasjonalpark. Foto: Bjørn Dalen

- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 3 pkt. 2.3 a), b), c), 2.4 og 2.5

I Mysubytta landskapsvernområde kan det etter søknad gjevast løyve til:

- a) rydding av skog og kratt kring hytter i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen. (§ 3 pkt. 2.3 a))
- b) rydding av nye stiar samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen (§ 3 pkt. 2.3 b)).
- c) innføring av nye planteartar som ikkje er i strid med føremålet med vernet (§ 3 pkt. 2.3 c)).

Hogst av ved og rydding av kratt er tillate i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen. Særmerkte, dekorative og daude tre som pregar landskapet skal ikkje hoggast (§ 3 pkt. 2.4).

Aust for Mysubytta kan skogsdrift skje i medhald av plan som er godkjent av forvaltingsstyresmakta. Ein plan skal i hovudsak bygge på følgjande retningsliner :

- lukka hogstformer skal nyttast
- område som vesentleg pregar skogbiletet skal takast vare på
- bekkedalar, urskogslommer, koller og tiurleikar skal takast vare på
- areal med fuktskog skal ikkje hoggast
- etablering av ny skog skal i første rekke skje ved naturleg forynging
- ved behov kan suppleringsplanting av stadeigne treslag nyttast
- felling av særmerkte og dekorative tre, felling av furu med brannlyrer eller gaddar og daude tre som er med på å prege landskapet er forbode (§ 3 pkt. 2.5).

- Forskrift for Høydalen landskapsvernområde § 3 pkt. 2.3 a), b), c), 2.4 og 2.5

I Høydalen landskapsvernområde kan det etter søknad gjevast løyve til:

- a) rydding av skog og kratt kring hytter i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen (§ 3 pkt. 2.3 a)).
- b) rydding av nye stiar i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen (§ 3 pkt. 2.3 b)).
- c) innføring av nye planteartar som ikkje er i strid med føremålet med vernet. (§ 3 pkt. 2.3 c)).

Hogst av ved og rydding av kratt er tillate i samsvar med gjeldande lovverk. Særmerkte, dekorative og daude tre som pregar landskapet skal ikkje hoggast (§ 3 pkt. 2.4).

- Forskrift for Høyrokampen naturreservat § 7 c)

I Høyrokampen naturreservat kan det etter søknad gjevast løyve til plukkhogst for uttak av ved i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen (§7 c)).

Hovudregelen i verneforskrifta for nasjonalparken er at alt planteliv i utgangspunktet er verna.

Det har utgangspunkt i eit overordna mål om å ta vare på økosystem og vegetasjonssamfunn i mest mogleg naturleg tilstand i nasjonalparken. Eit forsiktig uttak av ved til hyttene i nasjonalparken, og for grunneigar til eigen bruk, vert vurdert som eit tiltak som ikkje forringar verneverdiane og det er difor opna for slik uttak i vernereglane. Dette er basert på at uttaket skal følgje retningsliner som vert gjevne i forvaltingsplanen.

Bakgrunnen for retningslinene nedanfor er å ta vare på vegetasjonen og dyrelivet i nasjonalparken og naturreservatet, og at hogsten skal vera tilpassa landskapet i landskapsvernområda. For eksempel er randvegetasjonen langs vassdraga svært viktig for dyrelivet langs og i vatn. Vidare er gamle og daude tre særleg viktige for det biologiske mangfaldet ved at dei representerer hekke- og beiteplassar for ulike fugleartar, samt at dei kan ha eit rikt og sjeldan insektliv og ein sjeldan lav- og soppflora.

Attgroing er eit problem, særleg i kulturlandskapet. Uttak av ved og anna form for hausting av krattoppslug av bjørk vil i slike område vere positivt av omsyn til landskapet og for biologisk mangfald.

I nokre kulturlandskapsområde kan det vere aktuelt med større hogst enn tynningshogst, for å få eit ope landskap. Dette må vurderast konkret i det einskilde tilfelle. Det vil vere positivt for kulturlandskapet om også einer, unnateke søyleeiner, vert teke ut og nytt til ved. Sjå også delkapittelet "Rydding av stølsvollar".



Planta gran er hoggen og rydda vekk frå Berget, Mørkridsdalen landskapsvernombra. Foto: Eldrid Nerdelo

Det er ønskjeleg fjerne gran i nokre område i Breheimen. Dette gjeld område der gran ikkje førekjem naturleg (er planta), og der ho no spreier seg sjølv, særleg i Mørkridsdalen og Vigdalen. Planta gran som spreier seg bør fjernast fordi spreiling på sikt vil kunne endre landskapet og såleis vere eit trugsmål mot verneføremålet. Ved Vigdalstølen i Vigdalen vart det på slutten av 1800-talet planta 4-5 ulike artar gran i eit slags arboret. Registrering av kva for artar som finst er gjort som førebuing til å fjerne grana. Grana spreier seg no svært raskt i dette området, og tiltak bør setjast i verk for å hindre ytterlegare spreiling.

Retningslinjer for forvalting og bruk

Det kan gjevest løyve til uttak av ved til hytter og setrer etter søknad i **nasjonalparken**. Løyve kan vera tidsavgrensa til 4 år om gongen. Det skal sendast rapport om gjennomført hogst kvart år til nasjonalparkstyret, og det må søkjast om fornying av løyve innan utløpet av løyveperioden.

Ved søknader om løyve skal det vurderast om det er god nok skogdekning til tynningshogst og det skal takast omsyn til skogen sin verdi for biologisk mangfald og landskapet.

[Framhald neste side »](#)

Følgjande retningsliner skal leggast til grunn ved løyve:

- hogst av ved kan skje som tynningshogst av bjørk, der ein set att ein del overstandardar for å betre tilhøva for gjenvekst og for å ta vare på skogbiletet.
- trea skal kappast ved bakken
- hogsten bør skje utanom hekkesesongen for fugl
- tre og busker i randvegetasjonen langs vassdraga skal få stå
- det skal ikkje fellast store og dekorative tre
- gamle og døde tre og stammar skal i størst mogleg grad stå urørde
- kvist og anna avfall etter hogst skal ligge att spreidd i terrenget, men hogstavfall skal ikkje blokkere stiar, bekkar og elver.

Det er ein eigen regel i nasjonalparkforskrifta om at det kan gjevast løyve til plukkhogst av bjørk langs Mysubyttvegen (jf. §3 pkt. 2.3 d)). Slik løyve vil bli gjeve for å opne opp for utsyn frå vegen mot Røykjeskålsvatnet på inntil 3-4 avgrensa stader rett på sørsida av vegen.

Særmerkte, dekorative levande og daude tre som pregar landskapet skal ikkje hoggast.

I **Mørkridsdalen- og i Vigdalens landskapsvernombord** er hogst av ved til eigen bruk og til hytter og stølar tillate etter følgjande retningsliner:

- Hogst av ved skal skje som gjennomhogst. Med gjennomhogst meiner ein at hogsten er retta mot små og midlare dimensjonar, medan gamle og grove tre blir sparde.
- Hogst av flater opptil 1 da er tillate.
- Særmerkte, store og/eller gamle dekorative levande og daude tre som lind, store og evt. styva alm og bjørk, og også hasselkratt skal ikkje hoggast.
- Det er særleg yngre skog som vil vere aktuell for vedhogst, t.d. or, hegg og rogn.

Det er ikkje naudsynt å søkje om slik hogst.

Nasjonalparkstyret kan gje løyve til tilrettelegging av vinterveg for transport av ved aust for Hødnevollen i Mørkridsdalen landskapsvernombord etter søknad.

Hogst av bjørkeved til hytter og setrer i **Mysubytta landskapsvernombord** kan skje utan søknad i seterområdet på Mysubytta og vestover i landskapsvernombordet etter følgjande retningsliner:

- særmerkte, dekorative og daude tre som pregar landskapet skal ikkje hoggast.
- furu skal ikkje hoggast.
- hogsten skal ikkje endre landskapsbiletet.

Dersom hogsten viser seg å kome i strid med verneføremålet vil forvaltingsmyndigheita kunne legge føringar for hogsten.

Skogsdrift i Mysubytta landskapsvernombord

Det er inngått ein avtale med grunneigarane om at det i utgangspunktet ikkje skal hoggast skog i området aust for setrene på Mysubytta mot Sota, jf. skjønnsføresettadene for hogst som er lagt i brev frå Fylkesmannen i Oppland datert 20.12.2011.

Hogst av ved til setra i Røykjeskålslia og skjøtselshogst vil likevel kunne skje i medhald av ein plan som er godkjend av Breheimen nasjonalparkstyre (jf. §3 pkt. 2.5).

[Framhald neste side »](#)

Ein plan med retningsliner for hogst i heile landskapsvernombordet vil bli utarbeidd i samband med skjøtselsplanen der også vedhogsten omkring Mysubytta inngår. I dei tilfelle der det ikkje er gjort avtale om å avstå frå hogst, skal skogsdrift, og vedhogst til setra Røykjeskålslia skje etter følgjande retningsliner:

- lukka hogstformer skal nyttast
- område som vesentleg pregar skogbiletet skal takast vare på
- bekkedalar, urskogslommer, koller og tiurleikar skal takast vare på
- areal med fuktskog skal ikkje hoggast
- etablering av ny skog skal helst skje ved naturleg forynging
- ved behov kan suppleringsplanting av stadeigne treslag nyttast
- felling av særmerkte og dekorative tre, felling av furu med brannlyrer eller gaddar og daude tre som er med på å prege landskapet er forbode.

Dersom hogsten viser seg å kome i strid med verneføremålet, vil nasjonalparkstyret kunne legge ytterlegare føringar for hogsten.

Hogst av ved i **Høydalen landskapsvernombord** kan skje utan søknad etter følgjande retningsliner:

- særmerkte, dekorative og daude tre som pregar landskapet skal ikkje hoggast.
- hogsten skal ikkje endre landskapsbildet, og skje i samsvar med gjeldande lovverk dvs. skoglova.
- Hogst av flater opp til 1 da er tillate, og det skal elles nyttast slutta hogstform. Med slutta hogst meiner ein at det skal setjast att ein skjerm med overstandarar av bjørk, 15-30 stk. per dekar.

Dersom hogsten viser seg å komme i strid med verneføremålet, vil nasjonalparkstyret kunne legge ytterlegare føringar for hogsten.

Det kan gjevast løyve til plukkhogst etter søknad i **Høyrokampen** naturreservat. Føremålet med vernet i reservatet er m.a. å ta vare på sjeldsynte artar og naturtypar. Ved søknader om løyve til plukkhogst må nasjonalparkstyret vurdere omsyn til sjeldsynte artar og naturtypar. Nokre artar treng ein viss tilgang på ljos, t.d. marisko, og det er positivt om plukkhogst av ved vert styrt til slike område.

Der hogst av ved er aktuelt i nasjonalparken og naturreservatet, bør fleirårige løyve vurderast.

Hogst av ved til hytter og stølar er ikkje aktuelt i **Strynefjellet landskapsvernombord**.

Det kan gjevast løyve til hogst for å halde det ope rundt hytter og stølar i nasjonalparken og landskapsvernombord. Om det er stormsterke tre kring hytter skal nokre av desse stå att. Det er tillate å bruke motorsag.

Søknad om motorferdsel i samband med vedhogst vil bli handsama i lag med søknad om hogst. Sjå eige kapittel om motorferdsel, kap. 3.9.6.

Det er tillate å nytte vinsj frå veg ved hogst.

3.3.12 LAGRING AV GJERDE OG MATERIALAR TIL BRUK I JORDBRUKET

På støls-/setervollane kan det vere behov for å lagre gjerde og andre materialar i samband med jordbruksdrifta i området.

Retningsliner for forvalting og bruk

Etter vernereglane er det ikkje forbod mot å lagre gjerde og anna materiale i jordbruket på støls-/setervollar så framt dette skjer på ein ryddig måte og ikkje fører til forsøpling. Dette gjeld i Vigdalen-, Mørkridsdalen-, Høydalen- og Mysubytta landskapsvernområde.

3.3.13 UTFORDRINGAR VED FLAUM

Det har vore utfordringar knytt til flaum fleire stader innanfor verneområda i Breheimen siste åra, både i Høydalen 2014, Rauddalen 2012 og Mørkridsdalen i 2009, 2010, 2014 og 2016.

I Høydalen har flaum vore eit problem langs heile vegen frå Vassenden. Det har gått fleire ras som har øydelagt vegen fleire stader, og dels ein parkeringsplass i Nordre-Høydalen.

I Rauddalen har det vore problem med at Vestre Sandåe har teke nytt far ved sidan av bruа, og her vil elva sannsynlegvis kome til å ta nytt far ved neste flaum ovanfor stigen.

I Mørkridsvassdraget har det vore særleg store problem med flaum, med storflaum både i september 2009, juli 2010, oktober 2010 og hausten 2014. Flaumane har vore av ein storleik som ein ikkje kan finne spor etter elles.

Det har vore naudsint med vedlikehald av elve- og bekkefar og reparasjon av elvebreidder for å verne beitemarkene og buforvegen mot utgraving.

Retningsliner for forvalting og bruk

Tiltak for utbetrinjar og reparasjonar etter flaum vil bli vurdert i det einskilde tilfellet.



Ras som følgje av store mengder nedbør på Knivbakkgjerdet, Mørkridsdalen landskapsvernområde, 2016. Foto: Eldrid Nedrelo

3.4 TAMREINDRIFT

Lom tamreinlag nyttar høgfjellsområda i Jotunheimen og Breheimen i Lom kommune til beite. Tamreinlaget er regulert gjennom reindriftslova § 8 og fjellova § 17 i statsallmenningar. Verksemda er konsesjonsbelagt, og gjeldande konsesjon for Lom Tamreinlag ANS er dagsett 4. november 1981. Tamreinlaget disponerer eit areal på 1.265 km². Lom tamreinlag er organisert som eit andelslag, der Lom kommune er største eigar med 60 andelar. Beiteområda blir leigde av Lom fjellstyre og private grunneigarar, og i følgje kontrakten kan dei ha inntil 3.000 dyr på beite (Skjerdal, 2006). Tamreinlaget har ein vinterflokk på ca. 2.400 dyr.

Av verneområda i Breheimen vert delar av nasjonalparken, Høydalen landskapsvernombordet og Høyrokampen naturreservat nytta til tamreindrift. I følgje opplysningane fra Lom tamreinlag blir arealet innanfor desse verneområda berre nytta til vinterbeite, frå slutten av desember til byrjinga av april (Skjerdal, 2006). Resten av året beitar tamreinen i områda aust og sør aust for verneområda i Breheimen. Noverande avtale med grunneigarar (hamneavtale) gjev ingen avgrensing i når på året tamreinen kan nytte områda i Breheimen innanfor Lom kommune.

Tamreinlaget brukar faste ruter for å drive reinflokkene inn og ut av verneområdet. Snøskuter blir nytta dagleg for å halde tilsyn med flokken når den er på vinterbeite. Det er ikkje barmarkskjøring med motoriserte køyretøy innanfor verneområda. I følgje tamreinlaget blir vinterbeita som ligg innanfor verneområda berre nytta når det er snø i området. På vårparten blir tamreinen flytta ut av desse områda og sør-austover (Skjerdal, 2006). Lom tamreinlag har ingen tekniske installasjonar innanfor verneområda.



Tamrein på vinterbeite, Breheimen nasjonalpark. Foto: Øyvind Angard

Temakart

Sjå vedlegg 15 for oversikt over konsesjonsområde for tamreindrifta i Breheimen.

Sjå også kapitel 2.3.4 om villrein.

Forvaltingsmål

Det er eit mål at verneområda i Breheimen som ligg i Lom kommune skal kunne nyttast som ein ressurs for Lom tamreinlag innanfor rammene av verneføremålet. Det er lagt til grunn at dagens bruksform skal kunne vidareførast og utviklast i tråd med utviklinga i tamreindrifta.

Tiltak

- Det bør lagast ein informasjonsplakat om reindriftsnæringa i nasjonalparken og Høydalen landskapsvernområde for bruk ved dei mest aktuelle innfallsportane. Plakaten bør utformast i samarbeid mellom tamreinlaget, reindriftsforvaltinga i Sør-Noreg og nasjonalparkstyret.
- Det bør lagast informasjonsmateriale om omsynsfull ferdsel i samband med sårbare periodar- og område for rein.

3.4.1 BEITING

Vernet regulerer ikkje beiting i verneområda.

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 2.2 a)
- Forskrift for Høydalen landskapsvernområde § 3 pkt. 2.2 a)
- Forskrift for Høyrokampen naturreservat § 4 c)

Reglane er i ikkje til hinder for beiting.

Drifta til Lom Tamreinlag AL er heimla i konsesjon etter Lov om tamreindrift av 9. juni 1978, § 5.

Retningsliner for forvalting og bruk

Beiting er tillate i verneområda.

Sau på beite ved Bølfossen i Mørkridsdalen landskapsvernområde. Foto: Eldrid Nedrelo

3.4.2 GJERDE OG ANDRE ANLEGG

Det kan vere behov for å setje opp bygningar og anlegg i samband med tamreindrifta. I slike tilfelle gjeld rammene og retningslinene nemnd nedanfor.

Rammer og reglar (Vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 1.3 f)

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til oppføring av bygningar og anlegg som er naudsynte for utøving av reindrift.

- Forskrift for Høydalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 d)

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til oppføring av bygningar, innretningar og anlegg som er naudsynte for utøving av tamreindrift.

Retningsliner for forvalting og bruk

Det kan etter søknad gjevast løyve til oppsetjing av bygningar og anlegg, også gjerde, som er naudsynte for tamreindrifta i nasjonalparken og i Høydalen landskapsvernområde. Ved vurdering av eventuelle søknader skal det leggast vekt på det reindriftsfaglege behovet, og innhentast fagleg vurdering frå Reindriftsforvaltinga i Sør-Noreg. Nasjonalparkstyret kan setje vilkår som tek vare på føremålet med vernet.

Det kan ikkje gjevast løyve til oppsetjing av slike bygningar og anlegg i Høyrokampen naturreservat, jf. § 3 c) i verneforskrifta.

Lagring av utstyr til gjerde og liknande bør gjerast på ein mest mogleg ryddig måte, både av omsyn til behovet for transport, men også av omsyn til kor synleg det er i terrenget.

Retningsliner for bygningar i tilknyting til tamreindrifta - sjå kapittel 3.5.

Retningsliner for motorferdsel i samband med tamreindrifta - sjå kapittel 3.9.

Nasjonalparkstyret og naturoppsynet skal halde ein nær dialog med tamreinlaget og reindriftsforvaltinga.

3.5 HYTTER/STØLSHUS/SETERBYGNINGAR OG ANDRE BYGNINGAR

Status

I verneområda i Breheimen finst det omlag 200 bygningar innanfor verneområda, om lag 100 i Luster, 70 i Skjåk og 30 i Lom. Det er ikkje eksakte tal på bygningar. Det er 6 DNT- hytter innanfor verneområda, og 5 andre opne hytter/buer for overnatting/utleige, jf. kap. 3.2. Svært få bygningar har vegsamband.

Oversyn over bygningane er gjeve i tabellen i vedlegg 21.

Alle stølane som er i aktiv bruk ligg i landskapsvernombordet. Det er positiv interesse mellom grunneigarar for å setje i stand stølshus som treng vedlikehald.

Freda bygningar

Etter kulturminnelova er bygningar eldre enn frå 1640 freda etter kulturminnelova. Ut over dette kan Riksantikvaren ved eige vedtak frede bygningar etter kulturminnelova. Turisthytta Arentzbu som er eigd av DNT Oslo og Omegn, er freda etter kulturminnelova på denne måten. Hytta inngår i DNT sitt rutenett av T-merkte stiar i Breheimen.

Forvaltingsmål

Verneområda i Breheimen skal forvaltast slik at eksisterande bygningar kan nyttast som i dag.

Bruken av bygningane skal ikkje føre til auka behov for motorferdsle, og auka bruk av hyttene skal ikkje medføre ferdsle i område som er til skade for villrein og andre truga og sårbare artar.

All oppføring av nye bygningar er i utgangspunktet forbode i verneområda. Med vern som nasjonalpark og landskapsvernombordet er landskapet verna mot tekniske inngrep. Forbodet mot inngrep omfattar oppføring av varige og midlertidige bygningar, anlegg og innretningar osb. (jf. verneforskriftene for nasjonalparken og landskapsvernombordet § 3 pkt. 1.1). I naturreservatet kan det heller ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller midlertidige innretningar osb. (jf. verneforskrifta for Høyrokampen naturreservat § 3 bokstav c)).

Det er likevel nokre unntak frå hovudregelen. Forskriftene spesifiserer kva for bygningar som det kan vere aktuelt å gje løye til og i kva for område, sjå rammer og reglar, samt retningslinjer for forvalting og bruk nedanfor i kap. 3.5.3, 3.5.4, 3.5.5, 3.5.7 og 3.5.8.



Steinbu i Lundadalen, Breheimen nasjonalpark. Foto: Bjørn Dålen

Rammer og reglar (vedlegg 1) – generelt

I samband med landbruk i nokre landskapsvernområde, eller for tamreindrift, kan det gjevast løyve til å føre opp nye bygningar (sjå kap. 3.5.3 og kap. 3.5.4.). Det kan òg gjevast løyve til å føre opp att bygningar etter brann og naturskade og som erstatning etter at gamle bygningar vert rivne (kap. 3.5.5).

Retningsliner for forvalting og bruk – generelt

Vanleg vedlikehald av bygningane er tillate, sjå kap. 3.5.1.

Det skal gjerast ei streng vurdering av søknader om byggjeløyve, særleg i nasjonalparken. Stadfesta behov og verknad på verneverdiane skal eventuelt vektleggast.

Bygging av nye private hytter er ikkje tillate.

Det er krav om løyve for ombygging og utviding av bygningar (jf. kap. 3.5.2). Ein gradvis utviding av bygningar vil kunne vere i strid med verneføremålet og verneverdiane knytt til urørd natur.

«Bruksendring» av bygningar er omtala i kap. 3.5.1 nedanfor.

Søppel frå bygningane skal takast med ut av området, og ikkje gravast ned eller deponerast innanfor verneområda. Massar frå utedo kan gravast ned på staden.

Nasjonalparkstyret kan setje vilkår for å sikre at tiltak som det vert gjeve løyve til vert utført med omsyn til verneverdiane.

All bygging skal tilpassast landskapet, og skje i samsvar med lokal og tradisjonell byggeskikk og eksisterande bygningsmiljø. Til vanleg tilrår ein:

- bruk av kanta ufalsa bord i varierande breidd, ikkje villmarkspanel
- vindauge med sprosser
- det skal brukast kledning og tak i materialar, og med fargar som går mest mogleg i eitt med terrenget, gjerne materialar som gjev ein mørk og matt fargeverknad der det høver. Torv, tre og stein/skifer er mest aktuelle materialar til takkleding. I enkelte tilfelle kan bølgjeblekk med nøytral farge som i liten grad reflekter i sola vere aktuelt, også gamal rusta bølgjeblekk.

Eksisterande terreg og vegetasjon skal bevarast i størst mogleg grad. Utover dei andre retningslinene som er gjevne i kapitla nedanfor tilrår ein at retningsliner i arealdelen til kommuneplanen for den aktuelle kommunen vert følgd.

Ved søknad om byggeløyve må tiltakshavar:

- dokumentere behov og bruksføremål, t.d. med driftsplan eller liknande. Bruksføremålet skal ikkje kome i strid med verneføremålet.
- opplyse om aktuell plassering
- legge ved foto og teikning av bygningen
- innhente naudsynte løyve frå grunneigar, kommunen og kulturminnemyndigheita (sjå kommentarar nedanfor)

[Framhald neste side ►](#)

Ved handsaming av søknader vert det vurdert om tiltaket medfører auka kapasitet for overnatting, auka ferdsle eller endra bruk av eksisterande bygning. Vidare skal det leggjast vekt på om det vert valt løysingar som gjev minst mogleg transport, og det kan stillast nærmere vilkår om transport og byggematerialar. Det skal stillast klare vilkår til rydding etter byggearbeid/riving, og det skal kontrollerast at desse vilkåra vert følgde.

Ved søknader om byggeløyve må ein også ha løyve frå kommunen etter plan- og bygningslova. Forenkla prosedyre for byggeløyve etter plan- og bygningslova endrar ikkje kravet til søknad etter verneforskrifta.

Alle søknader skal leggjast fram for kulturminnemyndighetene der det er relevant.

Søknader som vedkjem villreininteressene skal leggjast fram for villreinnemnda og villreinutvalet for Reinheimen og Breheimen villrenområde.

Ved søknad om byggeløyve bør ein først kontakte forvaltingsmyndigheita om det planlagde tiltaket. Så sendast søknaden til både forvaltingsmyndigheita, kommunen og grunneigar (fjellstyret på statsgrunn). Nasjonalparkstyret hentar evt. inn uttale frå kulturminnestyresmaktene.

Kommunen handsamar sidan søknaden etter plan- og bygningslova dersom han er godkjend etter forskriftene. Løyve etter forskriftene gjev inga endring i krav om løyve etter anna regelverk, som plan- og bygningslova.

Det er ingen bygningar i Høyrokampen naturreservat.

Tiltak

- Oversikta over alle bygningar i verneområda i Breheimen bør oppdaterast, med UTM-koordinatar og dokumentasjon, slik at det t.d. kan lagast eit eige temakart over alle bygningane i verneområda.



Hytte ved heimaste Leirvatnet, Breheimen nasjonalpark. Foto: Bjørn Dalen

3.5.1 VEDLIKEHALD AV BYGNINGAR OG ANLEGG

Vedlikehald av eksisterande bygningar og anlegg er heimla direkte i verneforskriftene, og krev ikkje særskild løyve i verneområda. Vanleg vedlikehald må ikkje endre storleik og eksteriør på bygningen.

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 1.2 a)

Reglane er ikkje til hinder for vedlikehald av bygningar, anlegg og innretningar som ikkje fører til bruksendring. Vedlikehald skal skje i samsvar med lokal byggeskikk og tilpassast landskapet. Vedlikehald omfattar ikkje ombygging eller utviding.

- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.2 a)
- Forskrift for Vigdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.2 a)
- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 3 pkt. 1.2 a)
- Forskrift for Høydalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.2 a)
- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 3 pkt. 1.2 a)

Reglane er ikkje til hinder for vedlikehald av bygningar, anlegg og innretningar. Vedlikehald skal skje i samsvar med lokal byggeskikk og tilpassast landskapet. Vedlikehald omfattar ikkje ombygging eller utviding.



Stølshus på Dulsete. Foto: Eldrid Nedrelo

Retningsliner for forvalting og bruk

Vanleg vedlikehald av bygningar og anlegg er ønskjeleg, og er tillate når det vert tilpassa landskapet og lokal byggeskikk.

Med vedlikehald meiner ein bygningsarbeid som ikkje fører til ombygging eller utvidingar. Dette omfattar normalt vedlikehald og utskifting av därlege materialar eller forsterkingar. Ein meiner alt av innvendig vedlikehald, og utvendig vedlikehald som gjeld utskifting av material og/eller utstyr med nytt av same type og dimensjon, til dømes dører eller vindauge. Eit anna døme på slikt vedlikehald er når kledningsbord blir skifta ut med nye bord i same dimensjon. Betre isolering fell innanfor definisjonen av vedlikehald.

Vedlikehaldet skal ikkje føre til at bygningane endrar fasade eller karakter. Dette inneber at tilbygg, utvendig ombygging, utviding eller endring av storleik, utsjånad eller funksjon ikkje vert rekna som vedlikehald, og slike tiltak krev løyve etter søknad til nasjonalparkstyret, sjå kap. 3.5.2.

Når berande konstruksjonar vert skifta ut og når bygningane står fram som i det vesentlege fornya, jf. plan- og bygningslova § 87, er det ikkje lenger snakk om vedlikehald, men ei ombygging. Innvendig ombygging som ikkje endrar bruken av bygningen er tillate.

Arbeid som vert gjort med sikt på bruksendring i nasjonalparken krev løyve etter verneforskrifta. Utgangspunktet er at ei eventuell bruksendring ikkje må føre til auka behov for motorferdsle i samband med bruk av bygningen, eller på anna vis vere i strid med verneføremålet.

I landskapsvernområda er det ikkje noko krav om løyve til vedlikehald med bruksendring som føremål etter verneforskriftene.

Bruksendring krev likevel ofte løyve etter plan- og bygningslova, og søknad om bruksendring må då skje på vanleg måte til kommunen.

Ved vedlikehald, utviding og liknande tilrår ein at det vert nytta miljøvennlege materialar.

3.5.2 OMBYGGING OG MINDRE UTVIDING (TILBYGG) AV BYGNINGAR

Etter søknad kan det gjevast løyve ombygging og utviding av eksisterande bygningar i nasjonalparken og landskapsvernområda..

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 1.3 a)

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til ombygging og mindre utviding av bygningar i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 5.

- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 a)
- Forskrift for Vigdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 a)
- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 a)
- Forskrift for Høydalens landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 a)
- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 a)

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til ombygging og utviding av bygningar.

I nasjonalparken kan det gjevast løyve til ombygging og «mindre» utvidingar. I landskapsvernområda er formuleringa noko annleis: At det kan gjevast løyve til ombygging og utviding av bygningar. Men også i landskapsvernområda er det mindre utvidingar som er aktuelt.



Seterhus i Mysubytta landskapsvernområde. Foto: Per Dagsgard

Retningsliner for forvalting og bruk

Etter søknad kan det gjevast løyve til ombygging og mindre utviding av bygningar i nasjonalparken og innanfor landskapsvernområda.

Det skal førast ein streng praksis ved handsaming av søknader om ombygging og utviding av bygningar både i nasjonalparken og i landskapsvernområda.

Endring av bygningen sin karakter skal vurderast som ombygging. Dette gjeld tiltak som inneber andre materialar og/eller dimensjonar og utsjånad for ytterpanel, dører og vindauge, pipeløp og taktekking. Likeins vert det rekna som ombygging dersom det blir gjort synlege konstruksjonsendringar, som til dømes endra takvinkel. Slike tiltak krev løyve.

Framhald neste side »

Det vil kunne gjevast løyve til ombygging og utviding av bygningar innanfor følgjande rammer:

I nasjonalparken:

- totalt bygningsareal på fritidsbustader i nasjonalparken skal ikkje vere større enn 20 m².

I tillegg gjeld følgjande rammer både i nasjonalparken og i landskapsvernområda:

- det kan gjevast løyve til mindre tilbygg som utgjer inntil 30 % av grunnflata på eksisterande bygg, og som ikkje er større enn 10 m².
- små fiskebuer/beitebuer/hytter skal ikkje overstige 12 m².
- største samla bygningsareal per tomt for fritidsbustader er 75m². I dette inngår også eksisterande uthus og annex, maks tre bygningar.

Utover det som er nemnt ovanfor gjeld også følgjande rammer landskapsvernområda:

- det vil kunne gjevast løyve til tilbygg og/eller ombygging av eksisterande bygningar knytt til landbruksverksamhet på stølane/setrene.
- for driftsbygningar/fjøsar skal arealet tilpassast etter driftsmessige behov.
- totalt bygningsareal på stølshus/seterhus/hytter i landskapsvernområda skal ikkje vere større enn 40 m².

Det vil ikkje automatisk bli gjeve løyve til eit så stort bygningsareal som angjeve i tilfella ovanfor. Det skal i alle tilfelle takast omsyn til landskapet, storleiken på eksisterande bygning og tradisjonell byggeskikk på staden ved vurdering av søknader om utviding. Siktemålet med regelen er å gje høve til tilbygg som er naudsynt for oppbevaring av utstyr og liknande etter bygningen sitt neverande bruksføremål og bruksomfang. Naust vert handsama som eigne saker.

Bygging av terrasse, veranda og plattning er ikkje i samsvar med lokal, tradisjonell byggeskikk og vil ikkje vere tillate.

I heilt spesielle tilfelle vil ein kunne vike frå rammene ovanfor.

Sjå også dei generelle retningslinene innleiingsvis i kap. 3.5 ovanfor.

I Skjåk kommune gjeld i tillegg følgjande føringer i tråd med Kommuneplanen:

«I områder som ligg over 1000 moh. er det forbode å bygge på eller utvide eksisterande fritidsbustader og buer, jf. pbl. § 11-9 nr. 5. Utval for plansaker kan likevel gje løyve til utbygging av eksisterande hytter/buer som er opne for allmenn bruk.»

Eventuelle tiltak skal skje i samråd med kulturminnestyresmaktene.

3.5.3 NYE BYGNINGAR I LANDBRUKET

I nasjonalparken er det ikkje nokon spesifisert heimel i forskrifter for å gje løyve til oppføring av nye bygningar knytt til landbruket. Dette er ein inkurie då det under høyringa av verneplanen var ein slik heimel, og det er lagt til grunn i vernevedtaket at det er ein slik heimel (jf. kgl. res. s. 41, 42 og 45). Ordlyden under høyringa var at forvaltingsstyretemakta kan gje løyve til oppsetting av naudsynte bygningar til beitebruk og tilsyn i nasjonalparken. Ut frå dette kan det gjevast løyve til å bygge slike buer i medhald av § 4.

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 4

Forvaltingsstyremakta kan gjere unntak frå forskrifa dersom det ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

- Forskrift for Vigdalen landskapsvernombord § 3 pkt. 1.3 c)

Forvaltingsstyremakta kan gje løyve til oppføring av nye bygningar, innretningar og anlegg som er naudsynte til jordbruksføremål i stølsområde.

- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernombord § 3 pkt. 1.3 c)

Forvaltingsstyremakta kan gje løyve til oppføring av bygningar, innretningar og anlegg som er naudsynte til jordbruksføremål på stølsvollar der det er bygningar frå før.

- Forskrift for Mysubytta landskapsvernombord § 3 pkt. 1.3 c)

Forvaltingsstyremakta kan gje løyve til oppføring av bygningar, innretningar og anlegg som er naudsynte til jordbruksføremål for setrene på Mysubytta og Røykjekålsli.

- Forskrift for Høydalen landskapsvernombord § 3 pkt. 1.3 c)

Forvaltingsstyremakta kan gje løyve til oppføring av bygningar, innretningar og anlegg som er naudsynte til jordbruksføremål for setrene i Søre Høydalen og Nordre Høydalen.

- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernombord § 3 pkt. 1.1

Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sitt sær preg eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskriften pkt. 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, anlegg og innretningar, parkering av campingvogner, motorkøyretøy og maskiner, etablering av oppdrettsanlegg, vassdragsregulering, opplag av båtar, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, uttak og fjerning av større stein og blokker, mineral eller fossil, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrkning, nyplanting, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper o.l. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmande.

- Forskrift for Høyrokampen naturreservat § 3 c)

Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller midlertidige innretningar, parkering av campingvogner, brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkledningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførslar, plassering av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske middel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje uttømmande.

Retningsliner for forvalting og bruk

Etter søknad kan det gjevest løyve til oppføring av nye bygningar i landbruket i Vigdalen-, Mørkridsdalen-, Mysubytta og Høydalens landskapsvernområde.

Det vil vere ein svært høg terskel for å føre opp nye bygningar i nasjonalparken. Slike saker må difor vurderast nøye av omsyn til verneverdiane som landskap og sårbart dyreliv, og det skal gjerast ei landbruksfagleg vurdering av behovet.

I landskapsvernområda i Luster kan det gjevest løyve til oppføring av nye bygningar som er naudsynte til jordbruksføremål i stølsområde der det er bygningar frå før. Ved vurdering av slike søknader skal det leggjast vekt på om det er eit naudsynt behov knytt til jordbruksdrifta. På stølsvollar med mange sel kan eit felles toalett (gamaldass) vere ei god løysing (Mørkridsdalen- og Vigdalen landskapsvernområde).

I Mysubytta- og Høydalens landskapsvernområde følgjer det av forskriftene at eventuelle nye bygningar skal vere naudsynte til jordbruksføremål og vere knytte til spesifikt nemnde seterområde; Mysubytta og Røykjeskålsli, og Søre Høydalens og Nordre Høydalens.

Ved handsaming av søknader om oppføring av nye naudsynte bygningar i samband med jordbruks- og støls-/seterføremål i landskapsvernområda, vil det reelle behovet for bygningen bli vektlagt. Det vil bli vurdert om funksjonen til den nye bygningen kan dekkast av andre hus på stølen/setra, eller om eksisterande bygningar kan endrast slik at behovet kan dekkast.

Ved evt. oppføring av nye bygningar skal ein ta omsyn til struktur og storleik på dei bygningane som er på stølen/setra. Tradisjon med omsyn til plassering i terrenget, form og materialbruk er viktig å vidareføre, til dømes type panel, takutstikk, tekking og farge, jf. innleiingsvis i kap. 3.5. Terrenginngrep må minimaliserast.

Nye hus bør ha eit uttrykk/utforming som viser når dei er oppført, men bør underordna seg heilskapen i miljøet, jamfør punktet over.

Plassering av nye landbruksbygg skal søkast lagt til stølsvollen/setertunet. Om ei slik plassering ikkje let seg forene med spesielle omsyn knytt til bygningsmiljøet, landskapsmessige omsyn eller omsyn til andre verneverdiar (som biologisk mangfald), skal annan plassering vurderast.

Etter plan- og bygningslova er flytting av ein gamal bygning å betrakta som eit nybygg, og slike tilfelle må handsamast deretter i verneforskrifta. Dårlege grunnforhold er eit eksempel på grunnlag for flytting av eit bygg (jf. kap. 3.5.5).

I Strynefjellet landskapsvernområde og Høyrokampen naturreservat kan det ikkje førast opp nye bygningar i samband med landbruk.

3.5.4 NYE BYGNINGAR OG ANLEGG FOR TAMREINDRIFTA

Det kan gjevast løyve til oppsetting av bygningar og anlegg som er naudsynte for tamreindrifta i nasjonalparken og i Høydalen landskapsvernområde, men ikkje i Høyrokampen naturreservat.

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 1.3 f)

Forvaltingsstyremakta kan gje løyve til oppføring av bygningar og anlegg som er naudsynte for utøving av reindrift.

- Forskrift for Høydalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 d)

Forvaltingsstyremakta kan gje løyve til oppføring av bygningar, innretningar og anlegg som er naudsynte for utøving av tamreindrift.

- Forskrift for Høyrokampen naturreservat § 3 c)

Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller midlertidige innretningar, parkering av campingvogner, brakker og liknande, opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkledningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførslar, plassering av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske middel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje uttømmende.



Det kan mellom anna gjevast løyve til oppføring av anlegg som er naudsynte til jordbruksfremål i stølsområde, slik som leiegjerdet for storfe Tundradalen, Breheimen nasjonalpark. Foto: Bjørn Dalen

Retningsliner for forvalting og bruk

Etter søknad kan det gjevast løyve til oppsetting av bygningar, innretningar og anlegg i nasjonalparken og i Høydalen landskapsvernområde.

Ved vurdering av søknader som gjeld bygging skal det leggjast vekt på dokumenterte reindriftsfaglege behov, og innhentast fagleg vurdering frå Reindriftsforvaltinga i Sør-Noreg. Ved løyve skal ein syte for at ein følgjer lokal bygeskikk og tek omsyn til landskapet.

3.5.5 RIVING AV BYGNINGAR OG GJENOPPFØRING ETTER BRANN ELLER NATURSKADE OSB.

Gjenoppføring av bygningar etter brann og naturskade i verneområda krev løyve (sjå rammer og reglar nedanfor).

I nasjonalparken og landskapsvernområda kan det òg gjevast løyve til riving av gamle bygningar og oppføring av nye med same storleik og for same bruk.

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 1.3 b)
- Forskrift for Vigdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 b)
- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 b)
- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 b)
- Forskrift for Høydalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 b)
- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 b)

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til gjenoppføring av bygningar, anlegg og innretningar som er gått tapt ved brann eller naturskade jf. § 5.

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 1.3 h
- Forskrift for Vigdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 d)
- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 f)
- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 f)
- Forskrift for Høydalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 l)
- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 e)

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til riving av gamle bygningar, anlegg og innretningar og oppføring av nye med same storleik og for same bruk.

- Forskrift for Høydalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 f)
- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 g)

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til riving av seteranlegg

- Forskrift for Høyrokampen naturreservat § 7 e)

Forvaltingsstyremakta kan etter søknad gje løyve til gjenoppføring av anlegg og innretningar som er gått tapt ved brann eller naturskade.



Snøsøte, Breheimen nasjonalpark. Foto: Morten Kielland

Riving av eldre bygningar, anlegg og innretningar er i utgangspunktet ikkje tillate, men forvaltingsmyndigheita vil kunne gje slike løyve når særskilte grunnar talar for det, t.d. når bygningar/konstruksjonar kan vere ein fare for sikkerheit. Bygg som står til nedfalls kan lett kollapse, t.d. under store mengder snø eller berre trykket i konstruksjonen. I dei fleste tilfelle kan det vere ønskjeleg å rive bygningen når t.d. forfallet har gått så langt at tak ikkje lenger er intakt, men av omsyn til kulturhistoriske verdiar skal slike tiltak først vurderast av forvaltingsmyndigheita i samråd med kulturminnemyndigheita.

Retningsliner for forvalting og bruk

Gjenoppføring av bygningar

Etter søknad kan det gjevast løyve til oppattføring av bygningar som er øydelagde etter brann eller naturskade. Ny bygning skal i utgangspunktet vere lik den gamle med omsyn til areal og storleik. Nasjonalparkstyret kan stille vilkår om utforming, plassering, funksjon osb.

Så lenge det gjeld oppattføring av identisk bygning på same stad (tomt) vil vanleg praksis vere å gje løyve til slike tiltak. Ved handsaming av slike søknader skal det t.d. gjerast ei vurdering kva funksjon bygningen har på staden eller i miljøet.

I særskilte høve, og i samråd med søker, kan endra plassering og/eller utforming av bygningen vurderast dersom omsynet til verneverdiane tilseier det. Hovudregelen er likevel at bygningen skal stå på den opphavlege staden. Sjå også kommentarar til byggeskikk innleiingsvis i kap. 3.5 under «retningsliner for forvalting og bruk» og kap. 3.5.2 om «Ombygging, mindre utviding av, og tilbygg til bygningar» ovanfor.

Riving av gamle bygningar, anlegg og innretningar

Etter søknad kan nasjonalparkstyret gje løyve til riving av gamle bygningar, anlegg og innretningar og oppføring av nye med same storleik og for same bruk i nasjonalparken og i landskapsvernområda. I tillegg til hytter/stølshus/ seterhus kan dette gjelde høylør, buer og uthus osb. Forholdet gjeld t.d. når bygningen er gammal og ikkje har nokon funksjon lenger, og/eller når forfallet er kome så langt at han ikkje let seg restaurere, eller at han verkar skjemmande i landskapet. Dersom bygningen/konstruksjonen kan vere ein fare for tryggleiken, og berande konstruksjonar eller taket er øydelagt vil det i slike tilfelle kunne gjevast løyve til riving. Nasjonalparkstyret skal hente inn fagleg råd frå kulturminnemyndigheita ved handsaming av søknad.

Framhald neste side »

Etter søknad kan forvaltingsstyresmakta gje løyve til riving av seteranlegg i Høydalen- og Mysubytta landskapsvernområde. I tillegg til seterhus gjeld dette både fjøs, høylør, buer og uthus, uansett teknisk stand. Nasjonalparkstyret kan gje løyve til riving dersom bygningen ikkje inngår i nokon heilskap på plassen.

Sjå elles kap. 3.5.1 og 3.5.2 om vedlikehald og ombygging av bygningar.

3.5.6 SÆRLEG OM FREDA BYGNINGAR, VERNEVERDIGE BYGNINGAR OG BYGNINGAR MED KULTURHISTORISK VERDI

Ved restaurering og riving av bygningar eller oppattføring etter brann eller naturskade skal det takast særlege omsyn dersom det gjeld freda, verneverdige eller kulturhistorisk verdifulle bygningar.

Retningsliner for forvalting og bruk

Ved alle tiltak kan det bli sett krav til utføring og val av material, og det skal ikkje skiftast ut meir skada material enn naudsynt.

Tidlegare ubehandla kledning skal ikkje målast eller beisast. Her blir det og lagt stor vekt på kulturminnestyresmakten si vurdering om, og korleis eit tiltak skal gjerast, og om eit kulturminne bør restaurerast, og korleis restaurering eventuelt bør skje.

Tiltak

- Breheimen nasjonalparkstyre vil vere positive til nødvendige tiltak for å ta vare på bygningar med kulturhistorisk verdi. Tiltak vil bli vurdert i samarbeid med kulturminnestyresmakten.

Sel i Råsane, Mørkridsdalen landskapsvernområde.

Foto: Liv Byrkjeland

3.5.7 NYE SJØLVBETENTE HYTTER

DNT Oslo og Omegn meiner ruta mellom Trulsbu og Sota er for lang. Dei har teke opp at dei ønskjer å byggje ei ny sjølvbetent hytte ved Illvatnet. DNT meiner at ei ny sjølvbetent hytte godt kan ligge utanfor vernegrensa.

DNT Oslo og Omegn har i verneplanprosessen uttalt at det kan vere aktuelt å byggje ei sikringsbu ved Skridulaupbu og eventuelt flytte Skridulaupbu lenger vest.

Retningslinjer for forvalting og bruk

Ut frå verneforskrifta synest det klart at ei eventuell ny sjølvbetent hytte ved Illvatnet må leggjast utanfor nasjonalparkgrensa.

DNT si hytte Skridulaupbu ligg like utanfor nasjonalparken. Ei sikringsbu knytt til Skridulaupbu kan såleis også leggjast utanfor nasjonalparken, og krev ikkje løyve etter verneforskrifta.

Slike tiltak krev løyve etter plan- og bygningslova, og søknad må sendast til kommunen.

3.5.8 NY STØLSVOLL PÅ DULSETE

Stølsvollen på Dulsete har vore utsett for fire storflaumar i 2009, 2010 og 2014, og ein rapport frå NVE konkluderer med at det ikkje er mogleg/aktuelt å gjennomføre tiltak som kan motverke flaumskade her. Ved flaumen i oktober 2010 var det for første gong flaumvatn i alle sela på Dulsete. Med bakgrunn i desse flaumskadane, har tiltak med heving av sel vore utprøvd. Det har også vore synfaring for å sjå på flytting av sel eller etablering av ny stølsvoll etter innspel frå grunneigarane. Grunneigarane peikar på at området ved starten av Dulsetehaugen, Kålastein – Råsamyr – Dulsetehaugen (ca. 3 dekar) er eit aktuelt område.

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 3 pkt.1.3 b)

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til oppattføring av bygningar, anlegg og innretningar som er gått tapt ved brann eller naturskade.

Retningslinjer for forvalting og bruk

Flytting av sel på Dulsete må eventuelt søkast om til forvaltingsmyndigheita.

Oppføring og nøyaktig plassering av det einskilde selet må avgjerast konkret etter søknad.

Oppattføring av bygningar som er skada eller øydelagde av flaum eller annan naturskade er regulert av § 3 pkt. 1.3. bokstav b) i verneforskrifta for Mørkridsdalen landskapsvernområde.

Slike tiltak vil også krevje løyve etter plan- og bygningslova.

3.5.9 KULTURLANDSKAPSSENTER I MØRKRIDSDALEN

Etter verneforskrifta for Mørkridsdalen landskapsvernområde er det heimel for å kunne byggje eit kulturlandskapssenter, med inntil 8 stølshus i tilknyting til ein av stølane i Mørkridsdalen (§ 3 pkt. 1.3 n)).

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 3 pkt.1.3 n)

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til oppføring av eit kulturlandskapssenter med inntil 8 stølshus i tilknyting til ein av stølane. Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med lokal byggeskikk og tilpassast landskapet.

Under verneplanprosessen kom det innspel om at ein ønskte å føre opp inntil 8 bygningar med storleik og utsjånad som stølshus. Kulturlandskapssenteret er meint å ha funksjonar knytte til både formidling av natur- og lokalhistorie, overnatting, servering og naturguiding i dalen. DNT Oslo og Omegn kan vere interessert i å samarbeide om dette. Dei ser behov for eit overnattingstilbod i området.

Nasjonalparkstyret løyvde i 2013 midlar frå Breheimen utviklingsfond til eit forprosjekt om kulturlandskapssenter i Mørkridsdalen.

Retningsliner for forvalting og bruk

Kongeleg resolusjon set følgjande vilkår for handsaming av ein søknad om etablering av kulturlandskapssenter i Mørkridsdalen:

- Det skal gjerast ei heilskapleg vurdering av om det er alternative lokaliseringar i tilknyting til verneområdet. Med alternative lokaliseringar tenkjer ein på lokalisering utanfor verneområdet eller om ein kan ta i bruk eksisterande bygningar innanfor verneområdet.
- Dersom ein ikkje finn fram til andre eigna lokaliseringar, skal nasjonalparkstyret i denne spesielle saka gje løyve til oppføring av maksimalt 8 nye bygningar knytt til eksisterande stølsmiljø.
- Utforminga av eventuelle nye bygningar må skje i nært samarbeid med nasjonalparkstyret slik at dei blir tilpassa terrenget og eksisterande byggeskikk.
- Det er ein føresetnad at etablering ikkje fører til auka motorferdsel (jf. kgl. res.).

Ein søknad om etablering av kulturlandskapssenter bør sei noko om kva senteret skal innehalde, m.a. om formidling av natur- og kulturhistorie og stølskultur.

3.6 REISELIV

Reiselivet kring Breheimen har lange tradisjonar, men hovudmengda av turistar er likevel meir fokuserte på naboområda Jotunheimen og Jostedalsbreen. Regionen tek imot mange besøkjande særleg i sommarsesongen og i påska. Ein stor del av dei besøkjande kjem frå utlandet. Området har gode vegsamband og kan by på nærleik til fjellet og fleire verneområde, mellom anna dei nemnde nasjonalparkane Jostedalsbreen og Jotunheimen, i tillegg ligg Reinheimen nasjonalpark i nordaust og Geiranger-Herdalen landskapsvernombordet i nordvest. Regionen har eit godt tilbod av hotell, restaurantar, fjellstover/pensjonat, campingmogleheter, utleigehytter, og eit stort tal fritidshytter. Denne infrastrukturen er også viktig for Breheimen.

Reiselivsverksemda i verneområda er i hovudsak basert på turtur til både sommar og vinter, med mest ferdsel frå mars til oktober. Det er ikkje betente overnattingssverksemder innanfor vernegrensene, men fleire like utanfor: Sota sæter (DNT), Nørstedalseter (DNT), Sognefjellshytta, Krossbu turiststasjon og Jotunheimen fjellstue er dei som ligg nærest vernegrensa. I dalane kring Breheimen ligg fleire overnattingssverksemder både i Lom, Luster og Skjåk. Gjestene på desse verksemndene nyttar seg av Breheimen både gjennom organiserte aktivitetar og ved å ferdast på eiga hand.

Turoperatørar omkring verneområda tilbyr blant anna ulike typar guida fotturar, skiturar og rideturar, og fleire av desse aktivitetane går føre seg innanfor vernegrensene.

Utviklinga i reiselivsnæringa tyder på at det vil bli ein auka etterspurnad etter organiserte turoppligg i åra som kjem. Verneområda i Breheimen kan tilby mange ulike opplevingar og viktige stikkord er jakt, fisketurar, toppturar (til fots og på ski) og kunnskapsbasert reiseliv (grottevandring, flora, fauna, geologi, kulturhistorie osb.).

Reiselivsverksemder er velkomne i verneområda i Breheimen innanfor dei vernereglane som gjeld.

Mange av dei retningslinene som er omtala under andre kapittel i forvaltingsplanen gjeld og for reiselivet, sjå spesielt retningslinene i kapittelet om friluftsliv. Det er viktig at auka bruk av verneområda i reiselivet ikkje skal føre til auka slitasje og auka motorferdsel.



Sota Sæter, DNT-hytte. Foto: Øyvind Angard

Temakart

Sjå vedlegg 7 Biologisk mangfold

Sjå vedlegg 12 Oversikt over grottene i Dumdalen, jf. kap. 3.2.6.

Sjå vedlegg 13 Trasear for sykling og organisert bruk av hest

Forvaltingsmål

Det er eit mål at verneområda, og særleg landskapsvernombordet, skal kunne nyttast av reiselivet slik at fleire kan få oppleve dei store natur- og kulturverdiane som verneområda i Breheimen har å by på. Dette gjeld også med tanke på auka lokal verdiskaping.

Det er eit politisk mål at den turistmessige bruken av fjellområda i Noreg skal auke. Dette kjem fram i St.prp. nr 65 (2002-2003) også kalla "Fjellteksten", der Stortinget handsama spørsmålet om berekraftig bruk av fjellområda og bruk, vern og verdiskaping.

Der står det mellom anna at:

"Regjeringen mener at det er potensiale for mer turistmessig bruk av våre verneområder, og vil åpne for økt miljøtilpasset turismevirksomhet som ikke kommer i konflikt med verneformålet i nasjonalparkene. Tilrettelegging skal skje på naturens premisser, men med forvaltingstiltak som samtidig åpner for flerbruk. Tiltak innenfor nasjonalparker og landskapsvernombordet i forbindelse med turisme skal selvsagt vurderes på samme måte, enten tiltaket er av kommersiell eller ikke-kommersiell karakter. Det er tiltakets innvirkning i forhold til verneformålet som skal være avgjørende, ikke om tiltaket har næringsmessig betydning."

Det er ei utfordring å få til ei utvikling av turismen utan at det går ut over verneverdiane. Ei utvikling mot meir miljøtilpassa reiseliv, som legg vekt på å avgrense negative effekta på naturen (eks. slitasje på vegetasjon og å uroa av dyreliv), vil vere positivt.

Alle aktørar som tilbyr organiserte turar/aktivitetar i verneområda i Breheimen må gjerne ta kontakt med nasjonalparkstyret før oppstart, uavhengig av om turane/aktivitetane krev særskilt løyve. Breheimen nasjonalparkstyre ønskjer å komme i dialog med turoperatørane innanfor verneområda for å informere om verneverdiane og evt. styre aktivitetane bort frå sårbare område, samt at nasjonalparkstyret på denne måten får ei viss oversikt over kvar og i kva omfang ulike aktivitetar føregår.

*Guida tur gjennom
Rauddalen til Sunndalsseter.
Breheimen nasjonalpark.
Foto: Eldrid Nedrelo*

Retningslinjer for forvalting og bruk

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

Aktiviteten skal bere preg av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Auka reiselivsaktivitet skal ikkje føre til auka slitasje og auka motorferdsel.

All ureining og forsøpling er forbode. Avfall skal takast med ut av området.

All ferdsel skal ta omsyn til husdyr og tamrein på beite.

Reiselivsaktørar som ønskjer å drive organisert ferdsel (definert i kap. 3.2) som kan skade naturmiljøet skal søkje nasjonalparkstyret om løyve. Eventuelt løyve skal gje vilkår knytt til ivaretaking av verneføremålet.

For alle nye aktivitetar vil det vere aktuelt med ein periode med utprøving og påfølgjande evaluering, før ein kan gje løyve for fleire år.

For tiltak som gjeld bygningar gjeld retningslinene i kapittel 3.5. Etablering av nye reiselivsanlegg er ikkje tillate innanfor verneområda.

Tiltak

- Breheimen nasjonalparkstyre vil jobbe for å få til eit godt samarbeid med reiselivsnæringa i områda rundt Breheimen med årleg møte med aktuelle partar. Dette vil vere viktig med tanke på forvaltinga av verneområda for å halde oversikt over kva for aktivitetar som går føre seg i verneområda, og for å informere om kva slags rammer eit vern gjev. Ansvarleg: Breheimen nasjonalparkforvaltar/Nasjonalparkforvaltar.
- Det bør utarbeidast ei «handbok for potensielle reiselivsaktørar» - brosjyre med informasjon om verneområda i Breheimen og retningslinjer for reiselivsaktivitet i verneområda m.m., inkludert omsyn til reindrift og beitenæringer. Ansvarleg: Breheimen nasjonalparkstyre i samarbeid med reiselivet.

Fra Breheimen med utsikt inn i Verdsar-vområdet Geiranger- Herdalen. Foto: Morten Kielland

3.7 FORSKING

Det blir drive noko forskingsaktivitet i verneområda i Breheimen. Brearkeologi, geologi, botanikk og villrein er særleg viktige fagfelt i verneområda i denne samanheng.

Forvaltingsmål

Det er eit mål at verneområda i Breheimen kan nyttast til forsking og undervisning når det er naudsynt for kvalitet og resultat på forskings- eller undervisningsprogram, så lenge det er i tråd med verneføremålet, og nytten overstig skade/ulempe for naturmiljøet.

Breheimen nasjonalparkstyre skal ha god kontakt med forskingsmiljøa som nyttar Breheimen og nærliggjande område.

Kunnskap om, og formidling av forskingsresultat er ei viktig oppgåve for forvaltinga.

Forvaltingsmyndigheten kan gje løyve til forskingsaktivitet innanfor verneområda med heimel i verneforskrifta §4, jf. naturmangfaldlova § 48, når vilkåra for å gje slikt løyve er oppfylt.

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 4, jf. naturmangfaldlova § 48
- Forskrift for Vigdalen landskapsvernområde § 4, jf. naturmangfaldlova § 48
- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 4, jf. naturmangfaldlova § 48
- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 4, jf. naturmangfaldlova § 48
- Forskrift for Høydalens landskapsvernområde § 4, jf. naturmangfaldlova § 48
- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 4, jf. naturmangfaldlova § 48
- Forskrift for Høyrokampen naturreservat § 8, jf. naturmangfaldlova § 48

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifterna dersom det ikkje stirr mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

Retningsliner for forvalting og bruk

Forskings- og undervisningsopplegg som kan gjennomførast med tilnærma same verdi utanfor verneområda, skal kanaliserast dit.

Forsking og undervisning som ikkje er i strid med verneføremålet og som skjer i samsvar med vernereglane kan skje utan løyve. Elles kan nasjonalparkstyre gje løyve til forskingsaktivitet gjennom dei generelle dispensasjonsreglane i forskriftene.

Aktivitetar i samband med forskingsprosjekt som krev løyve etter verneforskriftene, skal skje i regi av universitet, høgskule, forskingsinstitutt eller anna godkjend instans med forskingskompetanse.

[Framhald neste side »](#)

Forskningsprosjekt i Breheimen nasjonalpark skal som hovedregel bygge på undersøkingar i urørt natur, eller vere retta mot aktuelle forvaltingsretta problemstillingar/utfordringar som vedkjem verneføremål og verneområde. Kravet i høve urørt natur vil ikkje vere like viktig i landskapsvernombråda og forsking knytt til kulturlandskap og kulturhistorie vil bli prioritert.

Aktuelle forskningsprosjekt må tilfredsstille vitskaplege krav til oppbygging og gjennomføring.

Tiltak

- Breheimen nasjonalparkstyre skal setje seg inn i alle nye forskningsrapportar som gjeld natur, kultur og historie som er relevante for forvaltinga av verneområda i Breheimen og arbeide med å formidle resultata av forskinga.



Fiskar ved Mysubyttvatnet. Breheimen nasjonalpark. Foto: Morten Kielland

3.8 TEKNISKE INNGREP

Status

Tekniske inngrep krev vedlikehald, og ein reknar med at det kan følgje noko aktivitet knytt til slike inngrep i verneområda eller i tilgrensande område, jf. kap. 3.8.1. Tabellen nedanfor viser kva tekniske inngrep som påverkar verneområda i Breheimen.

Tabell 5. Tekniske inngrep som finst innanfor verneområda i Breheimen.

Verneområde	Type inngrep
Breheimen nasjonalpark	Ein telereflektor i Fortunsdalen like innanfor nasjonalparksgrensa ca. 1000 moh. sørvest for stølen Smole.
Breheimen nasjonalpark og Strynefjellet landskapsvernombjørde	Ein påledam ved utløpet av Heillstuguvatnet (ikkje i bruk) på grensa mellom Strynefjellet landskapsvernombjørde og nasjonalparken.
Breheimen nasjonalpark	Kanalisering av elva Ostra nedanfor Røykjesskålsvatnet ved at ei sidegrein var avstengt på 1930-talet for å lette fløytinga av tømmer. Inngrepet har ingen praktisk tyding i dag, og krev såleis ikkje vedlikehald.
Breheimen nasjonalpark og Strynefjellet landskapsvernombjørde	Nedstraums dammen vart Måråi tidlegare utnytta til kraftproduksjon for Grotli Turisthotell. Dette anlegget vert ikkje brukt i dag, men det er gjeve konsesjon til å bygge eit nytt kraftanlegg der det gamle anlegget stod. Konsesjonen gjeld ikkje regulering av Heillstuguvatnet. Vassnivået i Heillstuguvatnet vil såleis framleis vere konstant, og vassføringa i Måråi er ikkje lenger regulert, sjølv om ein kunstig terskel framom Måråi stenger utløpet til ein viss grad.
Vigdalen landskapsvernombjørde	Tre inntak til kraftanlegg øvst i dalen.
Vigdalen landskapsvernombjørde	Sju tersklar i samband med regulering av Vigdøla.
Høydalen landskapsvernombjørde	Eit tunnellinnslag i Bukkabotnen frå reguleringa av Storevatnet og Øvre Grønevatnet.
Høydalen landskapsvernombjørde	Ein massetipp i Bukkabotnen frå reguleringa av Storevatnet og Øvre Grønevatnet.
Høydalen landskapsvernombjørde	Ein reflektor for radiosignal på Blåhø nord for Høydalsvatnet i Høydalen landskapsvernombjørde.
Høydalen landskapsvernombjørde	Ei telefonline går langs vegen inn til Høydalsseter.
Høyrokampen naturreservat	To rassikringsvollar som ligg like innanfor grensa til Høyrokampen naturreservat.

Master i samband med beitebruk: Dette temaet er handsama under kapittel 3.3.9.

I tilgrensande område utanfor verneområda er det fleire vatn som er regulerte. Det gjeld m.a. Styggevatnet, Fivlemyrane og Illvatnet i Luster, Rauddalsvatnet, og Breiddalsvatnet i Skjåk og Storevatnet i Lom. I tillegg er fleire vatn på grensa mellom Lom og Luster regulerte.

Det er ingen kraftliner innanfor verneområda. Det går elles ei 300 kV kraftline fra Fortun og sørvestover til Fardal like utanfor og sør for verneområda. Vidare går det ei 20 kV line gjennom Bøverdalen og opp til Sognejellhytta like sør for nasjonalparken, ei 20 kV line like nordvest for nasjonalparken langs Liavatnet inn til Sota, og ei 20 kV kraftline fra Fivlemyrane kraftstasjon til Fortun utanfor nasjonalparken.


Det står ei mobilmast ved Krossbu rett utanfor grensa til nasjonalparken. Det er ikke full mobildekning i verneområda i Breheimen, berre i utkantane.

Temakart

Sjå vedlegg 16 for oversikt over trasear for motorferdsel i samband med målingar/tilsyn/vedlikehald i regi av Statkraft, Norsk Hydro ASA, og Glommen og Laagens brukseierforening.

Forvaltingsmål

Verneområda i Breheimen skal forvaltas slik at eksisterande tekniske anlegg kan haldast ved like med minst mogleg ulempe for verneverdiane og friluftslivet i områda



Massedeponi etter Fortun-Grandfasta
utbygginga, Høydalen landskapsvernområde.
Foto: Bjørn Dalen

3.8.1 KRAFTANLEGG: MINI- OG MIKROKRAFTVERK

Med vern som nasjonalpark og landskapsvernområde er landskapet verna mot tekniske inngrep, og i Høyrokampen naturreservat kan det ikke setjast i verk tiltak som endrar naturmiljøet som t.d. etablering av kraftanlegg.

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 1.1, pkt. 1.2 a)

Med dei unntaka som følgjer av forskrifa pkt. 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep av alle slag, mellom anna oppføring av varige eller mellombelse bygningar, anlegg og innretningar og liknande osb. Opplistinga er ikke uttømmende (§ 3 pkt. 1.1).

Reglane er ikke til hinder for vedlikehald av bygningar, anlegg og innretningar som ikke fører til bruksendring. Vedlikehald skal skje i samsvar med lokal byggeskikk og tilpassast landskapet. Vedlikehald omfattar ikke ombygging eller utviding (§ 3 pkt. 1.2. a)).

- Forskrift for Vigdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.1
- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.1
- Forskrift for Høydalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.1
- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 3 pkt. 1.1
- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 3 pkt. 1.1

Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sitt sær preg eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifa pkt. 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, anlegg og innretningar osb. Opplistinga er ikke uttømmende.

- Forskrift for Vigdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.2 f) og pkt. 1.3 g)

Reglane er ikke til hinder for drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg og naudsynt istandsetting ved akutt utfall (§ 3 pkt. 1.2 f)).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til oppgradering/fornying av energi- og kraftanlegg som ikke fell inn under § 3 pkt. 1.2 f) (§ 3 pkt. 1.3 g)).

- Forskrift for Høydalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.2 f) og g) og pkt. 1.3 k)

Reglane er ikke til hinder for drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg, medrekna naudsynt istandsetting ved akutt utfall i Bukkabotnen (§ 3 pkt. 1.2 f)).

Reglane er ikke til hinder for drift og vedlikehald av eksisterande telefonline (§ 3 pkt. 1.2 g)).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til oppgradering/fornying av energi- og kraftanlegg som ikke fell inn under § 3 pkt. 1.2 (§ 3. pkt. 1.3 k)).

- Forskrift for Høyrokampen naturreservat § 3 c)

I eit naturreservat må ingen gjere noko som forringar verneverdiane angjevne i føremålet med vernet. Det må ikke setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller midlertidige innretningar osb. Opplistinga er ikke uttømmende.



På veg ned frå Spørteggbu (Hytta på Mannen). Vangsen i bakgrunnen. Foto: Jostein Aasen.

Retningsliner for forvalting og bruk

Tiltak som mini- og mikrokraftverk eller vindmøller er inngrep som ikkje kan sameinast med verneføremålet. Etablering av slike anlegg er difor ikkje tillate i nasjonalparken, landskapsvernområda eller i naturreservatet.

Drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg, og naudsynt istandsetting ved akutt utfall er generelt tillate i Vigdalen landskapsvernområde- og ved Bukkabotnen i Høydalen landskapsvernområde. Det same gjeld anlegg innanfor nasjonalparken. Drift og vedlikehald kan altså gjerast utan særskilt løyve og gjeld installasjonane nemnde innleiingsvis i kap. 3.8 under «status».

Vernet hindrar ikkje drift og vedlikehald av eksisterande telefonline i Høydalen landskapsvernområde.

Etter søknad kan nasjonalparkstyret gje løyve til oppgradering/fornyning av kraftanlegg i Vigdalen landskapsvernområde og i Høydalen landskapsvernområde .

Ved søknad må tiltakshavar innhente naudsynte løyve frå grunneigar, kommunen og evt. kulturminnemyndigheita.

Ved inngrep i marka skal det setjast vilkår om at objekt av kulturhistorisk verdi, t.d. hustufter, dyregraver og liknande ikkje skal skadast.

Motorferdsel i samband med drift og vedlikehald av energi- og kraftanlegg må ha særskilt løyve frå nasjonalparkstyret. Sjå kap. 3.9.14.

3.8.2 MASTER

Med vern som nasjonalpark og landskapsvernområde er landskapet verna mot tekniske inngrep, og i naturreservatet er naturmiljøet beskytta mot inngrep som etablering av master.

For å stimulere til landbruksdrift i stølsområda vil behov og tiltak for å etablere sikringssamband kunne vurderast, jf. naturmangfaldlova § 12. Satellittelefon kan vere eit alternativ.

Det finst eigne retningsliner for handsaming av søknader om utbygging av naudnett i verneområda, frå Miljøvern-departementet datert 14.11.2012. Kjernebrukarar av naudnett er naudetataane, brannvesen, politi og helsesektoren. Utbygging av naudnett inneber at det skal plasserast ut basestasjonar for å gje radiodekning. Ein basestasjon inneheld radiosendar og mottakar. Via basestasjonane kjem handhaldne og bilmonterte radioar i kontakt med andre radioar i naudnettet. For område som ikkje får tilstrekkeleg dekning, kan det t.d. ved langvarige aksjonar, vere aktuelt å vurdere mobile basestasjonar. Rekkevidda til basestasjonane er avhengig av omgjevnadene, ikkje minst topografi.

I utgangspunktet er det eit mål å unngå bygging av nye basestasjonar i verneområda, samstundes som det er av vesentleg samfunnsinteresse at det er god og permanent dekning i område der det er kvalifisert behov for dette. Retningslinene gjeld dersom det er aktuelt å gjere inngrep i eit verneområde.

Eventuelle søknader om etablering av basestasjon for naudnett innanfor verneområda skal handsamast etter verneforskrifta § 4, jf. naturmangfaldlova § 48.

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 1.1

Med dei unntaka som følgjer av forskriftera pkt. 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep av alle slag, mellom anna oppføring av varige eller mellombelte bygningar, anlegg og innretningar osb. Opplistinga er ikkje uttømmande.

- Forskrift for Vigdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.1
- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.1
- Forskrift for Høydalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.1
- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 3 pkt. 11.
- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 3 pkt. 1.1

Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sitt sær preg eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskriftera pkt. 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring og ombygging av varige eller mellombelte bygningar, anlegg og innretningar. Opplistinga er ikkje uttømmande.

- Forskrift for Høyrokampen naturreservat § 3 c)

Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller midlertidige innretningar. Opplistinga er ikkje uttømmande.

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 4
- Forskrift for Vigdalen landskapsvernområde § 4
- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 4
- Forskrift for Høydalen landskapsvernområde § 4

- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 4
- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 4
- Forskrift for Høyrokampen naturreservat § 8

Forvaltingsstyremakta kan gjere unntak frå forskrifa dersom det ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

Retningsliner for forvalting og bruk

Bygging av master og liknande faste anlegg for telekommunikasjon er inngrep som er i strid med verneføremålet i forskriftene, og det er i utgangspunktet ikkje tillate med slike tiltak.

Søknader om løyve for bygging av ein basestasjon og tilhøyrande innretningar i eit verneområde skal handsamast etter andre alternativ i naturmangfaldlova § 48, «dersom sikkerhetshensyn gjør det nødvendig». Dersom dette vilkåret er oppfylt vil det vere avhengig av forvaltingsskjønn om , og eventuelt på kva vilkår, eit løyve skal gjevast.

Dersom det finst alternative lokaliseringar utanfor verneområda som er betre for naturmangfaldet, og som dekker behovet, skal tiltaket plasserast utanfor verneområdet, jf. retningsliner ved handsaming av søknader om utbygging av naudnett i verneområde frå Miljøverndepartementet datert 14.11.2012 om «nødvendighetskriteriet». Det same gjeld dersom det finst alternative tekniske løysingar som kan avgrense skadeverknader ved etablering innanfor verneområdet.

Ved utøving av skjønn skal det vektleggast at «*Det skal ikke bygges nye basestasjoner eller master i nasjonalparkene, med unntak for mindre masteforhøyelser på eventuelt eksisterende stasjoner/master for å få plass til å henge opp nødnettantennen. Dersom hensynet til liv og helse tilsier bygging av nye basestasjoner i nasjonalparker må dette likevel konkret vurderes i noen få enkelttilfeller. Så langt det er mulig skal man søke å unngå plassering av nye basestasjoner eller master i andre verneområder ...»*

Ved søknad må tiltakshavar innhente naudsynte løyve frå grunneigar, kommunen og evt. kulturminnemyndigheita. Oppføring av basestasjonar krev ofte også løyve etter anna lovverk, m.a. etter plan- og bygningslova. Tiltakshavar kan då søkje om løyve parallelt. I slike tilfelle skal vedtak først treffast etter verneforskrifta, jf. § 48 3. ledd.

Ved eventuelle løyve kan det m.a. setjast vilkår om utforming av t.d. basestasjon, lokalisering, òg lokalisering saman med eksisterande anlegg, utforming og fargebruk, løysing for straumforsyning, om korleis evt. byggearbeid skal gjennomførast, og kva tid på året arbeid kan utførst.

Ved løyve skal det setjast vilkår om at objekt av kulturhistorisk verdi, t.d. hustufter, dyregraver og liknande ikkje skal skadast.

Oppføring av basestasjonar krev ofte òg løyve etter anna lovverk, m.a. etter plan- og bygningslova. Tiltakshavar kan då velje å søkje om løyve parallelt. I slike tilfelle skal vedtak først treffast etter verneforskrifta, jf. § 48 tredje ledd. Nasjonalparkstyret kan òg gje samtykkje til at vedtak vert fatta etter anna lovverk først.

3.8.3 VEGAR OG PARKERING

Status

Det er tre vegar som går inn i verneområde i Breheimen:

- FV 258 Gamle Strynefjellsveg
Strynefjellet landskapsvernombord
- Bilveg inn til Mysubytta
Mysubytta landskapsvernombord
- Bilveg fram til Nordre Høydalen seter-
Høydalen landskapsvernombord

FV 258 Gamle Strynefjellsveg går gjennom Strynefjellet landskapsvernombord. Det er ein nasjonal turistveg, verna av Riksantikvaren, som er open for vanleg motorferdsel f.o.m. 10. juni.

Det er to stikkvegar som tek av sørover fra FV 258 i landskapsvernombordet. Stikkvegane er stengde med bom av omsyn til villrein.

Anleggsvegen frå Høydalsseter og inn til Bukkebotn er stengd med låst bom.

Temakart

Sjå vedlegg 17 Oversikt over vegar, bomvegar og parkeringsplassar i Strynefjellet-, Mysubytta- og Høydalen landskapsvernombord.

Forvaltingsmål

Det er eit mål at vegane skal kunne halde same standard som ved vernetidspunktet utan at dei vert bygde om eller utvida.



Gamle Strynefjellsveg er verna som kulturminne, Strynefjellet landskapsvernombord.
Foto: Øyvind Angard

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Høydalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.2 c) og j), og pkt. 1.3 h), m og p)

Reglane er ikkje til hinder for vedlikehald av eksisterande veg til Nordre Høydalen seter i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen (§ 3 pkt. 1.2 c)).

Reglane er ikkje til hinder for parkering av motorkøyretøy i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 5 (§ 3 pkt. 1.2 j)).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til omlegging og opprusting av vear for jord- og skogbruksføremål (§ 3 pkt. 1.3 h)).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til tilrettelegging av plass for enkel parkering ved setrene (§ 3 pkt. 1.3 m)).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til opprusting og vedlikehald av anleggsvegen frå Nordre Høydalen til Bukkabotnen i samband med tiltak etter pkt. 1.2 f) eller pkt. 1.3 k) (§ 3 pkt. 1.3 p)).

- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 3 pkt. 1.2 d) og i), og pkt. 1.3 j)

Reglane er ikkje til hinder for vedlikehald av eksisterande vear i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen (§ 3 pkt. 1.2 d)).

Reglane er ikkje til hinder for parkering av motorkøyretøy i samsvar med retningsliner fastsette forvaltingsplanen (§ 3 pkt. 1.2 i)).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til omlegging og opprusting av vear for jordbruksføremål i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen (§ 3 pkt. 1.3 j)).

- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 3 pkt. 1.2 d) og f), og pkt. 1.3 f)

Reglane er ikkje til hinder for vedlikehald av eksisterande vear i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 5. (§ 3 pkt. 1.2d))

Reglane er ikkje til hinder for parkering av motorkøyretøy i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 5 (§ 3 pkt. 1.2 f)).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til utbetring av Gamle Strynefjellsveg i samråd med kulturminnestyresmakta og i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 5 (§ 3 pkt. 1.3 f)).

Retningsliner for forvalting og bruk

Vegane i landskapsvernområda kan haldast ved like utan søknad (§ 3 pkt. 1.3).

Vedlikehald av eksisterande vear/køyrespor må skje på ein slik måte at vegen/køyresporet ikkje endrar karakter eller får ein standard som t.d. opnar for nye typar køyretøy. Naudsynt grusing av bilvegane vert rekna som vedlikehald.

Høydalsvegen

I Høydalen landskapsvernområde kan det gjevast løyve til omlegging og opprusting av vear for jord- og skogbruksføremål (§ 3 pkt. 1.3 h)) og til opprusting og vedlikehald av anleggsvegen frå Nordre Høydalen til Bukkabotnen (§ 3 pkt. 1.3 p)) i samband med tiltak på eksisterande energi- og kraftanlegg.

Framhald neste side »

Mysubyttvegen

I Mysubytta landskapsvernombordet kan det etter søknad gjevast løyve til omlegging og opprusting av vegen for jordbruksføremål (§ 3 pkt. 1.3 j)). Behovet for dette skal dokumenterast og vurderast i høve til verknaden på landskapet, biologisk mangfold og andre føremål med vernet.

Strynefjellsvegen

Etter søknad kan det gjevast løyve til utbetring av FV 258 Gamle Strynefjellsveg i samråd med kulturminnesstyremakta og retningslinjer i forvaltingsplanen (§ 3 pkt. 1.3 f)). Ved handsaming av evt. søknad om løyve skal det leggast vekt på omsynet til landskapet, verknader av motorferdsel på villrein og omsyn til vegen som eit kulturminne. Når det gjeld vurderingane knytt til vegen som eit kulturminne, skal det leggast stor vekt på uttale frå Riksantikvaren.

Vegen er verna gjennom nasjonal verneplan for vegar og bruer, noko som m.a. inneber at han skal ha grusdekke også i framtida.

Parkering

Parkering av motorkøyretøy, maskiner og campingvogner er forbode i verneområda, med unntak av at parkering er tillate på bestemte stader i Strynefjellet, Mysubytta og Høydalen landskapsvernombordet.

Langs FV 258 Gamle Strynefjellsvegen vil parkering berre vere lov på tilviste/tilrettelagde parkeringsplassar. Stikkvegen på Vargevasskulane er open i reinsjakta for parkering i jaktperioden kvart år.

Etter Høydalsvegen og Mysubyttvegen er det naturlege lommer langs vegane og ved enden av vegane der det er tilvist parkering.

Etter søknad kan det gjevast løyve for ei enkel tilrettelegging for parkering ved dei to setrene i Høydalen landskapsvernombordet. Ved lokalisering av ein slik plass må det takast omsyn til landskap og biologiske verdiar.

Ved søknad må tiltakshavar innhente naudsynte løyve frå grunneigar, kommunen og evt. kulturminnemyndigheita

Ved løyve som gjeld inngrep i marka skal det setjast vilkår om at objekt av kulturhistorisk verdi, t.d. hustufter, dyregraver og liknande ikkje skal skadast.

Tiltak

- Vegstandarden i landskapsvernombordet skal dokumenterast med bruk av foto.

3.8.4 JORDKABEL

Det er eigne reglar om legging av jordkabel for framføring av straum til konkrete føremål innanfor Høydalen landskapsvernombordet, Mysubytta landskapsvernombordet og i Høyrokampen naturreservat. Reglane er nærmere utdjupa nedanfor.

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Høydalen landskapsvernombordet § 3 pkt. 1.3 o).

Forvaltingsstyremakta kan gje løyve til legging av jordkabel for framføring av straum til bygningar i området.

Framhald neste side ►

- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 k)

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til legging av jordkabel for framføring av straum i samband med seterdrift.

- Forskrift for Høyrokampen naturreservat § 7 f)

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til legging av jordkabel for framføring av straum til hytter ved naturreservatet.

Retningsliner for forvalting og bruk

Etter søknad kan nasjonalparkstyret gje løyve til legging av jordkabel for framføring av straum til bygninger i Høydalen landskapsvernområde, i samband med seterdrift i Mysubytta landskapsvernområde, og til hytter i Høyrokampen naturreservat.

Ved slike løyver må det setjast vilkår om t.d. trase for graving vurdert i høve til verneverdiane, om når og korleis arbeidet skal utførast (skånsamt) og tilstelling av området etter at arbeidet er utført. Det skal også setjast vilkår om at objekt av kulturhistorisk verdi, t.d. hustufter, dyregraver og liknande ikkje skal skadast.

I Høydalen- og Mysubytta landskapsvernområde skal ein eventuell jordkabel leggast i tilknyting til vegane.

Ved søknad må tiltakshavar innhente naudsynte løyve frå grunneigar, kommunen og evt. kulturminnemyndigheita

Utsyn mot Høydalsvatnet med Galdhøpiggen i bakgrunnen, Høydalen landskapsvernområde. Foto: Bjørn Dalen

3.8.5 RASSIKRING

Status

Det er to rassikringsvollar like ved RV 55 Sognefjellsvegen på strekninga langs Bøvertonvatnet, i sørsida av Høyrokampen naturreservat.

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Høyrokampen naturreservat § 7 d)

Forvaltingsstyremakta kan etter søknad gje løyve til vedlikehald av eksisterande rassikringsvollar og utvida rassikring.

Retningsliner for forvalting og bruk

Etter søknad vil det bli gjeve løyve til vedlikehald av dei to eksisterande rasvollane.

Etter søknad kan det gjevast løyve til utvida rassikring i området.

Det er ei rekkje raudlista sopp- og planteartar tett kring dei eksisterande rasvollane. Ved vurdering av søknad om utvida rassikring må samfunnsinteressene med omsyn til sikkerheit vegast mot dei botaniske verdiane.

Ved løyve må det settast klare vilkår både når det gjeld vedlikehaldsarbeid og gjennomføring av utvida rassikring. Vilkår må baserast på dei detaljerte faglege undersøkingane og kartfesta sjeldne artar ved vollane. Sjå kap. 3.9.16 om motorferdsel.

Ved søknad må tiltakshavar innhente naudsynte løyve frå grunneigar, kommunen og evt. kulturminnemyndigheita.

3.9 MOTORFERDSEL

Status

Bruken av områda og dei tekniske innretningane gjer at det er behov for noko motorisert ferdsl. Det er ingen vegar i nasjonalparken, men det går ein veg inn i tre av landskapsvernområda. Tabellen nedanfor viser kva vegar som ligg innanfor landskapsvernområda i Breheimen.

Tabell 6. Det går grusveg inn i både Strynefjellet-, Mysubytta- og Høydalen landskapsvernområde.

Veg	Merknad	Verneområde
FV 258 Gamle Strynefjellsveg	Offentleg veg og nasjonal turistveg	Strynefjellet landskapsvernområde
Grusveg Sota - Mysubytta	Privat bomveg	Mysubytta landskapsvernområde
Grusveg inn til Nordre Høydalen seter	Privat bomveg	Høydalen landskapsvernområde

Utanom desse vegane er det difor lite aktuelt med motorisert ferdsl i barmarkssesongen, då barmarkskjøring til vanleg medfører store skader på vegetasjon og mark som det tek år for naturen å rette opp.

Mest all aktuell motorferdsle gjeld bruk av snøskuter eller anna beltekjøretøy på vinterføre, samt bruk av helikopter i bratt terren og for store avstandar. Det er ofte nytta helikopter i samband med redningsoppdrag, målingar og inspeksjon av installasjonar til kraftselskapa, overvaking av villrein, tamreindrift, reparasjon av installasjonar og kraftlinjenett, og i nokre tilfelle i samband med transport av materialar og utstyr til hytter og stølar.



Leigekjøyrarar på veg frå Sota til Lundadalen, Breheimen nasjonalpark. Foto: Bjørn Dalen

I samband med jordbruksdrift og beiting er det mellom anna behov for transport av salt og av materialar til gjerder. Det er elles behov for transport av felt storvilt og transport i samband med fiskekultiveringstiltak i områda. Ved stikking og merking av løyper, vedlikehald av bruer og klopper kan det vere behov for motorferdsel. Det er vidare behov for transport til bygningane i området, både knytt til utstyr, ved og proviant, og til bygningen i seg sjølv, til dømes til vedlikehald. Hjelpekorpsa, Forsvaret og kraftselskapa har behov for bruk av motorkøyretøy i samband med m.a. redningsverksemd innanfor verneområda, og dei kan ha behov for kjentmannskøyring i nokon grad. Det kan og vere behov for motorferdsel i samband med oppsyn og forsking.

Mykje av transporten med snøskuter skjer ved leigekøyring, og det er fleire aktørar som driv med dette. Det er gode, vel etablerte, leigekøyningsordningar både i Luster, Lom og Skjåk.

Det er etablert ein landingsplass for helikopter ved Osen like utanfor Mørkridsdalen landskapsvernombudet i Luster for transport av varer og personar til hyttene og stølshusa i området. Osen er eit kombinert stølsområde og hyttefelt. Landingsplassen for helikopter er godkjend av Luster kommune etter lov om motorferdsel i utmark og vassdrag.

Grunneigarane på stølane Osen, Åsete og Fast hadde før vernevedtaket eit sjølvstyrta forbod mot motorferdsel på Åsetevatnet. Åsetevatnet er større enn 2 km², det er difor ikkje forbod mot bruk av motorbåt etter lov om motorferdsel i utmark og vassdrag. Også Høydalsvatnet er større enn 2 km². Vatnet ligg i Lom kommune, og kommunen har gjennom lokal forskrift lagt ned forbod mot bruk av motorbåt på dette vatnet.

Vinterstid har støls- og hytteområdet ved Osen berre tilkomst frå Dalsdalen i Luster via stølen Hornane og Ofsavatnet (halve vatnet ligg i Mørkridsdalen landskapsvernombudet, halve utanfor). Det er behov for å kunne frakte inn saltstein, materialar, varer og utstyr til stølshusa i området. Alt etter vær-, is- og føreforhold kan det vere behov for å tillate at motorferdsel til Osen må skje innanfor nasjonalparken.

Frå tid til annan vil det vere behov for transport av materialar og utstyr til alle bygningar i verneområdet, for vedlikehald, frakt av naudsnyt utstyr osb. Innanfor eit rimeleg omfang vil ein kunne rekne med å få slike løyve. Ved faste årlege behov er det aktuelt å gje eit fleirårig løyve.

Beitebrukarane som nyttar stølane i Mørkridsdalen i samband med beite, har behov for noko snøskutertransport og/eller helikoptertransport gjennom året, og nasjonalparkstyret er innstilt på å gje løyve inntil 4 år avgrensa.



Buføring av geiter, Mørkridsdalen landskapsvernombudet.
Foto: Liv Byrkjeland

Nordstedalseter ligg utanfor verneområda. Ruta med snøskuter hit om vinteren går gjennom nasjonalparken frå Storevatnet til Grønevatnet, derifrå over til Middalen og ned til Nordstedalen. Denne tilkomsten er viktig både for DNT Oslo og Omegn (til Nordstedalseter turisthytte), Norsk Hydro ASA (kraftanlegg), stølseigarar og Røde Kors Hjelpekorps. Nordstedalseter kan også nåast frå Sota om vinteren, og nokre vintrar ved gunstige snøtilhøve gjennom Fortunsdalen. Det er aktuelt å gje fleirårige løyve til dei nemnde aktørane når det gjeld transport av varer og utstyr til Nordstedalseter turisthytte, snømåling eller drifta av kraftanlegg.

Det er behov for transport til Lundadalen til Ytste Setra, Sauhytta, og hyttene ved utlaupsosen på Lundadalsvatnet. Transporten gjeld salt, utstyr til hytte, materialar til vedlikehald, båtar og uttransport av søppel. Lundadalen er vanskeleg å nå med snøskuter. Det har vore brukt tre trasèar til no. Det er trasè etter sjølv Lundadalen, trasè over Skjellom seter via Steinflya og ned Holåbreen, og trasè frå Sota over Sotflya, ned Herbergsbakkane i Tundradalen, opp på Steinflya og ned Holåbreen. Frå 2014 er det bestemt, i samråd med villreinnemnda og villreinutvalet, at trase frå Sota skal brukast. Bakgrunnen er at villreinen no brukar området mellom Tundradalen og Lundadalen til vinterbeite. Val av trasè kan endre seg over tid i tråd med villreinen sin bruk av området.

Statkraft har behov for bruk av snøskuter og eventuelt helikopter i samband med drift og vedlikehald av sine anlegg i Vigdalen. Dette gjeld to lukehus i Smådalane. Dei gjennomfører også faste snømålinger (transport med snøskuter) langs Vigdøla opp til Smådalane i Vigdalen landskapsvernområde og ved Slirevotni i nasjonalparken.

Norsk Hydro ASA eig og driftar kraftverk knytt til Fortunsanlegget. Anlegget består av ei rekke bekkeinntak, reguléringsmagasin og fleire kraftstasjonar i eit samanhengande system. Sjølv installasjonane med lukehus og kraftstasjonar saman med regulerte vatn, ligg utanfor grensa til nasjonalparken. Det meste av drifta av anlegga er automatisert, men dei ulike installasjonane treng, og er pålagt jamleg kontroll og tilsyn. Over tid er det også behov for større vedlikehald og utskiftingar.

For å ha tilsyn med anlegget, vert det brukt både snøskuter, og helikopter. Om vinteren er det stor skredfare opp Fortunsdalen og utgangspunktet for tilsynsturar må leggast opp på fjellet frå Turtagrø, og går difor inn i nasjonalparken nokre stader.

For å drifte heile kraftanlegget, vert det teke snømålinger på faste stader i fjellet. Det er viktig for å kunne tilpasse drifta av reguléringsmagasina. Dette er nyttig informasjon for å optimalisere drifta av anlegget, men også for å tilpasse fylling i magasina slik at dei kan redusere flaumar.

Det oppstod ein spesiell situasjon både i 2010 og 2015 der eit jøkullaup kom frå Harbardsbreen ned mot Fivlemyrane og gjorde flaumskader. Norsk Hydro ASA er i etterkant pålagt av NVE å overvake dette jøkullaupet. Eit automatisk overvakningssystem er under planlegging, men inntil vidare har dei behov for motorferdsel for fysisk å overvake situasjonen.



Harbardsbreen, Breheimen nasjonalpark.
Foto: Liv Byrkjeland

Det vert utført snømålingar (pålagt regulanten) ved Langvassegg i vest for Rauddalsvatnet innanfor nasjonalparken i Skjåk. I samband med desse målingane vert det køyrt med snøskuter i nasjonalparken og i Strynefjellet landskapsvernområde. Snømålingane vert normalt gjennomført i løpet av 1-2 dagar per år. I spesielle år vert det teke fleire prøvar, og målingane tek då 5-6 dagar. Målingane vert utført av Glommen og Laagens Brukseierforening (GLB) og Eidsiva Vannkraft AS.

Kraftselskapa nyttar òg helikopter i samband med ettersyn av anlegg, feilretting og ved akutte utfall i delar av verneområdet.

Temakart

Sjå vedlegg 18: skiløyper som kan preparerast/køyrast opp etter løyve.

Forvaltingsmål

Det er eit mål å halde omfanget av motorferdsela så lågt som mogleg, og den bør ikkje auke i forhold til omfanget på vernetidspunktet. Dette inneber at ein både skal sjå på tal løyve, og ein skal søkje å avgrense omfanget av kvart løyve. Ulempene som følgjer med motorferdsela må vurderast, og ein må syte for å minimere dei, m.a. ved vilkår for tidspunkt køyringa føregår. Så langt det er mogleg skal motorferdsel med snøskuter i verneområda skje gjennom leigekøyring.

Det er eit mål og samstundes ei stor utfordring å avgrense motorferdsel til det som er strengt naudsynt.

Bruk av helikopter vil vere meir føremålstenleg og meir miljøvennlig enn snøskuter i ein del tilfelle. Vurderinga om kva for framkomstmiddel som er best, må vurderast i kvart tilfelle.

Breheimen nasjonalparkstyre vil legge vekt på å ha ein god dialog med dei som driv motorisert ferdsl.

Hovudregelen er at all motorisert ferdsl på land, i ferskvatn og i lufta under 300 meter frå bakken er forbode innanfor verneområda i Breheimen (jf. verneforskriftene § 3 pkt. 6.1). Men ein del aktivitetar som føregår i verneområda skal kunne halde fram og det er difor lista opp ei rekke unntak frå dette forbodet. Vidare er det òg opna for at det kan søkjast om løyve til ein del typar motorisert ferdsl for ulike føremål. Forbodet mot motorisert ferdsl gjeld ikkje militær operativ verksemd, ambulanse, politi og redningsteneste m.m., akutt utfall på kraftanlegg og uttransport av sjuke og skadde dyr. Ved årleg behov kan det vurderast å gje fleirårig løyve.

Eventuelt løyve vert vurdert i forhold til verneføremålet og reglane i forskriftene. Omsynet til villrein og andre sårbare artar (som rovfugl) og friluftslivsinteressene vil bli vurdert. Dersom det vert gjeve løyve, vil det bli sett vilkår om tal turar, køyretrasé og tidspunkt når det er relevant. Av omsyn til villrein bør ein unngå køyring med snøskuter etter 20. april i aktuelle område. Om det er villrein i eller i nærleiken av køyretraseen, skal ein så langt det er mogleg, velje ein annan trasé. Løyve til bruk av snøskuter er berre aktuelt så lenge det er godt snødekt mark.

Ved behov for motorisert ferdsl skal ein så langt det er mogleg nytte den transportmetoden som fører til minst belastning på miljøet (jf. naturmangfaldlova § 12), og som også er fornuftig ut frå omfang, avstand, terren, tidsbruk og økonomi. Dette må avgjera i kvart tilfelle ut frå transportoppdraget, tid på året osb. Det er lite aktuelt å gje løyve til barmarksøyring. Det er viktig å skjerme søndagar, heilagdagar og andre utfartsdagar (t.d. påska) for motorferdsel av omsyn til friluftslivet. Den som driv motorisert transport, anten det er direkte heimla i forskriftene eller det skjer etter løyve, pliktar å avgrense transporten til det som er naudsynt.

Løyve til naudsynt motorferdsle utifrå dagens bruk av området vil normalt bli gjeve slik det er gjort greie for i kapitla nedanfor. Vilkåra for løyve skal gje nasjonalparkstyret og naturoppsynet oversikt over og kontroll med omfanget av den motoriserte ferdsla, og bidreg til å redusere ulempene for verneverdiene.

Ved faste årlege behov, for eksempel knytte til jordbruksnæringa, er det aktuelt å gje fleirårige løyve til motorferdsel med vilkår. Det same gjeld til dømes ved frakt av utstyr til hytter, utkøyring av saltstein, stikking og merking av skiløyper, snømålingar, og køyring i samband med fiskekultivering.

Nye aktivitetar som ikkje er så godt kjende, vil normalt få eit års løyve for utprøving. Dette både for å kunne vurdere konsekvensane av motorferdsela, og for å kunne finne rett nivå på omfanget av motorferdsel og fornuftige vilkår. Ein kan deretter vurdere fleirårige løyve på inntil 4 år.

Det skal i størst mogleg grad stillast krav til å nytte leigekøyrar, sjølv om t.d. ein hytteeigar som skal frakte materiale og utstyr til hytta, har eigen snøskuter. Dei som driv leigekøyring kan søkje for sine oppdragsgjevarar. Det finst likevel tilfelle der ein kan vurdere ei anna løysing, t.d. dersom ein kan minimere tal skuterar/turar.



Fjellrev, Breheimen nasjonalpark. Foto: Per Olav Haugen

Dei som driv motorferdsle i verneområda skal halde kontakt med Statens naturoppsyn og rette seg etter dei råd oppsynet eventuelt gjev om sårbart dyreliv eller andre verneverdiar. Det vil så langt det er naturleg bli stilt vilkår ved løyve om motorferdsel om å melde frå til naturoppsynet på førehand, dvs. seinast dagen før transport finn stad. Breheimen nasjonalparkstyre orienterer Statens naturoppsyn, Miljødirektoratet og fylkesmennene om kven som har fått løyve og om innhaldet i løyvet, ved å sende kopi av løyva som blir gjevne.

Nasjonalparkstyret skal ha oversyn over korleis løyva blir nytta og kva som er det samla omfanget av motorferdsle i verneområda. Løyvehavarane skal difor rapportere tilbake om kva køyring som skjer ved å fylle ut køyreskjema og sende det til nasjonalparkstyret. Køyreskjema med dato og rute skal fyllast ut på førehand og takast med under transporten. For at politi og oppsyn skal kunne kontrollere skjema, er det vilkår om at brukar kvitterer på køyreskjema før tur og retur. Rapporten skal innehalde dato for køyring, tal på personar som var med på transporten, køyrerute, føremål/oppdragsgjevar og kilometer som er köyrt.

Nasjonalparkstyret vil leggje vekt på å ha ein god dialog med dei som driv motorferdsel.

Rammer og reglar: motorferdsel generelt (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 6.1

Motorferdsel til lands, på vatn og i lufta under 300 meter frå bakken er forbode.

- Forskrift for Vigdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 6.1
- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 6.1
- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 3 pkt. 6.1
- Forskrift for Høydalen landskapsvernområde § 3 pkt. 6.1
- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 3 pkt. 6.1

Motorferdsel til lands og til vatn forbode, medrekna start og landing med luftfartøy. Det er forbod mot lågtflyging under 300 meter over bakken.

- Forskrift for Høyrokampen naturreservat § 5 b)

Motorferdsel til lands og på vatn, mellom anna start og landing med luftfartøy, er forbode.

Retningsliner for forvalting og bruk

All motorferdsel til lands og til vatn er i utgangspunktet forbode innanfor verneområda. Lågtflyging under 300 m frå bakken er òg ulovleg. Flyging under 150 m over bakken krev i tillegg løyve frå Luftfartstilsynet.

Reglane er likevel ikkje til hinder for at nasjonalparkstyret kan gje løyve til motorferdsel til bestemte føremål som er lista opp i verneforskriftene. Ein må vurdere både talet for løyve, og omfanget av kvart løyve skal avgrensast til det mest naudsynte og til eit minimum. Ulempene som følgjer med motorferdsela må vurderast, og ein må syte for å minimere dei, m.a. ved vilkår for tidspunkt køyringa føregår.

Bruk av motorisert ferdsel bør haldast på eit minimum av omsyn til både verneverdiar og anna ferdsel i området.

Eventuelt løyve til motorisert ferdsel skal ta sikte på å ivareta dei heilt grunnleggjande nyttebehova i samband med jordbruksdrift, tamreindrift, frakt av naudsynte materialar, ved, varer og utstyr til hytter og stølshus, samt i samband med vedlikehald og byggearbeid på bygningar og andre installasjoner.

Det vert ikkje gjeve løyve til rein persontransport.

Bruk av el-sykkel er forbode.

Det er ikkje høve til å gje løyve til motorferdsle i samband med tilsyn av bygningar og båtar. Slikt tilsyn må samordnast med anna lovleg motorferdsle.

Ved faste årlege behov, er det aktuelt å gje fleirårige løyve tidsavgrensa til 4 år om gongen. Det må søkjast om fornying innan utløpet av løyveperioden.

Nye aktivitetar som ikkje er så godt kjende, vil normalt få eit års løyve for utprøving.

Framhald neste side »

Verneforskriftene endrar ikkje grunneigar sin rett til å nekte/regulere motorferdsel på eigen grunn.

Ved søknad om løyve til motorisert ferdsel gjeld følgjande:

- Søknad må sendast i god tid før køyring skal finne stad. Ein må rekne med ei sakshandsamingstid på inn til tre veker.
- Det er viktig å skjerme søndagar, heilagdagar og andre utfartsdagar (t.d. påska) for motorisert ferdsel av omsyn til friluftslivet.
- Så langt det er mogleg skal motorferdsel med snøskuter i verneområda skje gjennom leigekøyringsordninga. Private hytteeigarar bør nytte leigekøyrarar.
- Ved behov for motorferdsel knytt til næring, kan det gjevast løyve til sanke- og beitetalag der det er mest føremålstenleg.
- Sluttdato for bruk av snøskuter i alle område er 20. april.
- Nasjonalparkstyret kan inndra løyve dersom vilkår vert brotne eller omsyn til naturmiljøet tilseier det, jf. naturmangfaldlova § 67 bokstav e).
- Søkjar/tiltakshavar må innhente naudsynt løyve til motorferdsel frå grunneigar og kommunen i medhald av motorferdsellova.

Luftfartøy

- Bruk av helikopter vil vere meir føremålstenleg og meir miljøvenleg enn snøskuter i ein del tilfelle. Vurderinga om kva for framkomstmiddel som er best, må vurderast frå gong til gong.
- Dersom det er mogleg bør flyging samordnast for fleire brukarar så langt det let seg gjere.

Motorfartøy (båtar)

Maksimumsfart ved bruk av båt med motor på Lundadasvatnet er 8 knop. Farten skal vere så låg at båten ikkje planar.

Aktuelle vilkår ved løyve for bruk av motorkøyretøy

- Ved løyve om bruk av motoriserte køyretøy skal det vere maksimal utnytting av lastekapasitet for å redusere talet på turar, og det skal gjerast ei nøktern vurdering av behovet for motortransport.
- Det blir sett krav til samkøyring for fleire brukarar som har aktivitetar i same område.
- Det vil det bli sett vilkår om tal turar, køyretrasé og tidspunkt når det er relevant.
- Når fleire skuterar er i følgje, skal same spor følgjast så langt det let seg gjere.
- Av omsyn til villrein bør ein unngå køyring med snøskuter etter 20. april i sårbare område for villrein som kalvingsområde, vinterbeite, heilårsbeite og i viktige trekkvegar, jf. temakart for villrein.
- Søkjar skal melde frå pr. telefon/SMS til Statens naturoppsyn om køyring seinast dagen før køyringa finn stad.
- Køyreskjema med dato og rute skal fyllast ut på førehand og takast med under transporten.
- Nasjonalparkstyret kan inndra løyve dersom vilkår vert brotne eller omsyn til naturmiljøet tilseier det.

Søknad om løyve skal vere skriftleg og må gjere greie for:

- Føremålet med transporten
- Kva som skal transporterast
- Tal turar det er behov for
- Kva tid transporten er planlagt gjennomført
- Skildre eventuelt særskilde forhold
- Kven som skal køyre
- Registreringsnummer på motorkøyretøy

Framhald neste side ►

- Kva utstyr som skal nyttast
- Køyretraseen skal merkast på kart vedlagt søknaden
- Søknad skal sendast i god tid før køyringa skal finne stad

Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag, motorferdsellova, gjeld i tillegg til verneforskriftene. Til vanleg må det difor også innhentast løyve til motorisert ferdsle frå kommunen. Sakshandsaminga etter både lovverka vil til vanleg skje parallelt. Om søknaden gjeld motorferdsel både i Sogn og Fjordane og i Oppland, eller fleire kommunar, skal det sendast søknad både til Breheimen nasjonalparkstyre og kvar av kommunane.

Rapportering

- Frist for rapport/tilbakemelding av køyreskjema til nasjonalparkstyret er 1. juni kvart år. Ved fleirårige løyve skal det rapporterast kvart år.

Manglande tilbakemelding på køyreskjema kan føre til at det ikkje blir gjeve løyve neste gong.

Tiltak

- Ein skal halde oversyn med utviklinga i verneområda. Det er difor viktig å føre statistikk på årsbasis som omfattar all motorferdsle i nasjonalparken og dei andre verneområda, på bakgrunn av løyve og rapportar frå dei som har fått løyve til, eller utfører motortransport.
- Breheimen nasjonalparkstyre skal ha ein god dialog med dei som driv motorferdsel.
- Det bør utarbeidast elektroniske søknadsskjema og elektronisk køyrebok-skjema som vil vere tilgjengeleg på nasjonalparkstyret sine heimesider.

3.9.1 OPERATIV VERKSEMD: REDNING, POLITI, BRANN, OPPSYN, MILITÆR VERKSEMD OSB.

Tiltak og aktivitetar som er direkte tillatne i verneområda vert fastsett som konkrete unntak frå vernereglane. Dette er tiltak og aktivitetar som det ikkje er nødvendig å søke nasjonalparkstyret om løyve til. Utføring av politi-, oppsyns-, ambulanse- og redningsteneste er slike aktivitetar, og kan skje uhindra av vernet.

Rammer og reglar: operativ verksemد

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 6.2 a)

I nasjonalparken er det heimel for motorferdsel ved gjennomføring av militær operativ verksemد og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemد, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver bestemt av forvaltingsstyresmakta. Regelen gjeld ikkje øvingskøyring.

- Forskrift for Vigdalen landskapsvernombordet § 3 pkt. 6.2 a)
- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernombordet § 3 pkt. 6.2 a)
- Forskrift for Mysubytta landskapsvernombordet § 3 pkt. 6.2 a)
- Forskrift for Høydalen landskapsvernombordet § 3 pkt. 6.2 a)
- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernombordet § 3 pkt. 6.2 a)

I landskapsvernombordet er det heimel for motorferdsel ved militær operativ verksemد og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemد, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver bestemt av forvaltingsstyresmakta. Regelen gjeld ikkje øvingskøyring.

- Forskrift for Høyrokampen naturreservat § 6 a)

I naturreservatet er det heimel for gjennomføring av militær operativ verksemد og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings-, og oppsynsverksemد, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er bestemde av forvaltingsstyresmakta. Dette unntaket gjeld ikkje øvingskøyring.

Med militær, operativ verksemد meiner ein militær verksemد som er naudsynt for å planlegge, førebu og gjennomføre overvaking av land-, sjø- og luftterritoriet, forsvarsplanar, beredskapstiltak, støtte til det sivile samfunn og politi som krev innsetting av styrkar og reine militære operasjonar i spesielle situasjonar, også søk og redningsteneste, jf. brev frå Forsvarets overkommando, operasjonsstaben av 01.07.1997 (ang. militær operativ verksemد i verneområdet). Vanlege, militære øvingar er ikkje omfatta av dette unntaket.

Miljøverndepartementet (no Klima og Miljødepartementet) og Justisdepartementet har utarbeidd retningslinjer om redningstenesta sin bruk av snøskuter i verneområdet i eit eige rundskriv datert 31.01. 2013.

I følgje desse retningslinene kan naudsynt motorferdsel i samband med avsperring eller skilting av eit særleg rasfarleg område koma inn under den aktuelle unntaksregelen i verneforskriftene for nasjonalparken, landskapsvernombordet og naturreservatet. Det same gjeld naudsynt motorferdsel i samband med *istilhøve eller isgang heilt utanom det vanlege*. For verneområdet i Breheimen kan desse forholda ha noko relevans i avgrensa område der det er utfart vinterstid.

Dette kan vere aktuelt når vintrane er ustabile, og det er vanskeleg å sjå når det skjer.

Retningsliner for forvalting og bruk

Forskriftene er ikkje til hinder for motorisert ferdslle for operativ verksemd som nemnt ovanfor, verken på vinterføre, på barmark eller i lufta. Regelen inkluderer transport for undersøking av, og eventuelt avsperring og skilting av rasfarlege område, uvanleg isgang og andre farlege forhold.

Omgrepet redning omfattar alle redningsoppdrag ved ulykke, skade og nødssituasjonar, og verneforskriftene set inga grense for kven som kan køyre i slike oppdrag, men slike oppdrag bør koordinerast gjennom Politiet og Røde Kors Hjelpekorps.

Oppsynsomgrepet gjeld oppsyn med verneforskriftene, og anna oppsyn etablert med heimel i lov. Anna oppsyn omfattar ein del av dei andre oppsynsoppgåvane SNO og fjellstyra gjer, t.d. kontroll i medhald av motorferdsellova, hundelova og viltlova.

Det generelle unntaket omfattar ikkje unntak for øvingskøyring til dei nemnde føremåla.

Breheimen nasjonalparkstyre skal ha etterfylgjande melding om motorferdsle nemnt ovanfor.

3.9.2 ØVINGSVERKSEMD I SAMBAND MED REDNING, POLITI, BRANN, OPPSYN, MILITÆR VERKSEMD OSB.

Køyring i samband med øvingsverksemd krev løyve etter søknad. Det betyr at øvingsverksemd som hovudregel skal leggast utanfor verneområda, jf. rundskriv frå Miljøverndepartementet og Justisdepartementet om redningstenestas bruk av snøscooter i utmark og i verneområde, datert 31.01.2013. Med øvingskøyring meiner naudsynt køyring med snøscooter under organisert redningsøving. Grunnopplæring i bruk av snøskuter inngår ikkje i dette.

For å vere i stand til å redde liv og ivareta eiga sikkerheit ved redningsoperasjonar, vil likevel redningstenesta til ei viss grad vere avhengige av moglegheit for øvingskøyring og i praksis særleg køyring for å bli kjent («kjentmannskøyring») innanfor verneområde.

Øvingskøyring og kjentmannskøyring innanfor eit verneområde kan skje dersom det vert gjeve løyve frå verneforskrifta etter den generelle unntaksregelen i naturmangfaldlova § 48. Forvaltingsstyretemakta skal vurdere slike søknader etter § 48 første alternativ, som gjeld løyve for køyring som ikkje er i strid med verneføremålet, eller som kan skade verneverdiane nemneverdig. Nasjonalparkstyret skal som hovudregel berre kunne gje løyve til øvingskøyring og kjentmannskøyring som er ledd i ein øvingsplan som er vurdert av politimeistrane.

Luster Røde Kors Hjelpekorps har meldt om at deira behov for kjentmannskøyring er frå Sognefjellet til Nørdstedalseter. Innanfor nasjonalparken gjeld dette ruta Storevatnet - Øvre Grøndalsvatn. Herifrå går ruta dei følgjer utanfor nasjonalparksgrensa over til Middalen og ned til Nørdstedalseter. Dette er den same ruta som Nørdstedalseter turisthytte (DNT Oslo og Omegn) og Norsk Hydro ASA er avhengige av å nytte, og den einaste tilkomsten til Nørdstedalen om vinteren. Det er til vanleg ikkje tilrådeleg å køyre Fortunsdalen i Luster pga. faren for snøskred.

I Lom og Skjåk har Skjåk Røde Kors Hjelpekorps meldt at behovet for kjentmannskøyring er rutene:

- Grotli – inn Mårådalen – Kamperhamrane – Rauddalsvatnet og nord att til Grotli
- Sota – Fortundalsbreen – Nørdstedalseter – Middalen – Lundadalsvatnet – Skjellflyi – Skjellom.
- Høydalsseter – Merrahøi – Middalsbu.

I Lom har Lom og Bøverdalen Røde Kors Hjelpekorps meldt at behovet for kjentmannskøyring er rutene:

- Sognefjellsvegen – Vegaskjelet – Vassenden – Høydalens – Høyøien – Svartdalsvatnet – Breidalen – Trulsbu.
- Breidalen – Medalsbu – Namnlausvatnet – Vesdalens – Nørstedalseter – Middalen – Namnlausvatnet – Øvre Grønevannet – Storevatnet – Sognefjellshytta.



Luster Røde Kors Hjelpekorps har øving på Sognefjellet, utanfor Breheimen nasjonalpark. Foto: Kjell Nyøygard

Rammer og reglar: øvingsverksemd (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 6.2 b) og 6.3 a)

Regelen er ikkje til hinder for forsvarrets naudsynte lågtflyging i perioden 1. juni-1. april. (§ 3 pkt. 6.2 b))
Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til øvingskøyring for føremål nemnde i pkt. 6.2 a). (§ 3 pkt. 6.3 a))

- Forskrift for Vigdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 6.2 b) og 6.3 a)
- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 6.2 b) og 6.3 a)
- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 3 pkt. 6.2 b) og 6.3 a)
- Forskrift for Høydalens landskapsvernområde § 3 pkt. 6.2 b) og 6.3 a)
- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 3 pkt. 6.2 b) og 6.3 a)

Regelen er ikkje til hinder for forsvarrets naudsynte lågtflyging i perioden 1. juni-1. april. (§ 3 pkt. 6.2 b))
Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til øvingskøyring for føremål nemnde i pkt. 6.2 a). (§ 3 pkt. 6.3. a))

- Forskrift for Høyrokampen naturreservat § 7 k)

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til øvingsverksemd knytt til føremål nemnde i § 6 bokstav a).

Retningsliner for forvalting og bruk

Øvingsverksemd i verneområda er i utgangspunktet forbode.

All øvingsverksemd som kan leggjast utanfor verneområdet, skal skje utanfor verneområdet.

Øving i verneområda skal skje etter øvingsplan vurdert av politimeistrane. Etter vurderinga skal den sendast til nasjonalparkstyret og danne grunnlaget for søknad om dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48, jf. punkt 4, jf. brev fra Miljøverndepartementet dagsett 31.01.2013.

Dersom øvingsplanen er forankra sentralt (på nasjonalt nivå) hjå Røde Kors Hjelpekorps, Norsk Folkehjelp, Norske redningshundar eller andre liknande større redningsorganisasjonar, og planen er i samsvar med vurderingar frå lokal redningssentral, skal nasjonalparkstyret normalt gje løyve til køyring som det er søkt om i planen, og også gje løyve for fleire år om gongen, såframt dette ikkje vil stride mot føremålet med vernet og ikkje vil påverke verneverdiane nemneverdig. Det er fastsett krav til innhald i ein slik øvingsplan i *Rundskriv frå Miljøverndepartementet og Justisdepartementet om redningstenestas bruk av snøscooter i utmark og i verneområde*, datert 31.01.2013.

Søknad om motorisert ferdsle under øvingsverksemd for Forsvaret skal vurderast strengt, og løyve vil normalt ikkje bli gjeve om det finst alternative øvingsområde. Søknaden skal ha ei vurdering av alternative praktiske løysingar som reduserer transportbehovet, mellom anna om aktiviteten kan skje utanfor verneområda.

Lågtflyging under 300 meter frå bakken er ikkje tillate over verneområda, bortsett frå for m.a. forsvaret si naudsynte lågtflyging. Over Breheimen nasjonalpark og Strynefjellet landskapsvernombordet kan den berre skje i perioden 1. juni – 1. april. Det er ikkje forbod mot lågtflyging over Høyrokampen naturreservat. Lågtflyging under 150 meter over bakken krev løyve frå Luftfartsdirektoratet.

3.9.3 UTØVING AV TAMREINDRIFT

Tiltak og aktivitetar som er direkte tillatne i verneområda vert fastsett som konkrete unntak frå vernereglane. Dette er tiltak og aktivitetar som det ikkje er nødvendig å søke nasjonalparkstyret om løyve til. Dette gjeld mellom anna naudsynt bruk av snøskuter i samband med utøving av tamreindrift.

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 6.2 c)

Regelen i pkt. 6.1 er ikkje til hinder for naudsynt bruk av snøskuter i samband med utøving av tamreindrift.

Leigekøyrar for reineigar eller reindriftsansvarleg må medbringe skriftleg dokumentasjon/avtale med oppdragsgjevar for at køyringa skal vere lovleg.

- Forskrift for Høydalen landskapsvernombordet § 3 pkt. 6.2 e)

Reglane i pkt. 6.1 er ikkje til hinder for naudsynt bruk av snøskuter i samband med utøving av tamreindrift.

Leigekøyrar for reineigar eller reindriftsansvarleg må medbringe skriftleg dokumentasjon/avtale med oppdragsgjevar for at køyringa skal vere lovleg.

- Forskrift for Høyrokampen naturreservat § 6 c)

Naudsynt bruk av beltekøretøy på vinterføre i samband med utøving av tamreindrift er unntatt frå ferdelsreglane.

Leigekøyrar for reineigar eller reindriftsansvarleg må ha med skriftleg dokumentasjon/avtale med oppdragsgjevar for at køyringa skal vere lovleg.

Retningslinjer for forvalting og bruk

Det er ikke krav om løyve for naudsynt bruk av snøskuter i samband med utøving av tamreindrift i nasjonalparken, Høydalen landskapsvernområde eller i Høyrokampen naturreservat.

Leigekøyrar for reineigar eller reindriftsansvarleg må ha med skriftleg dokumentasjon/avtale med oppdragsgjevar for at køyringa skal vere lovleg.

3.9.4 TRANSPORT AV VED, VARER, UTSTYR OG MATERIALAR (TIL STØLAR, HYTTER, BRUER OSB.)

Det er krav om løyve for all motorisert transport av materialar, varer, utstyr og ved til stølar, hytter, bruar osb. i verneområda i Breheimen.

Det kan gjevast løyve til naudsynt transport til dei føremåla som er nemnde i § 3 pkt. 6.3 i forskriftene for nasjon-alparken og landskapsvernområda, og § 7 i forskrifta for Høyrokampen naturreservat dersom det ikkje stirr mot føremålet med vernet. Det inneber at det m.a. kan gjevast løyve til naudsynt bruk av luftfartøy eller snøskuter for transport av materialar og utstyr som skal nyttast til vedlikehald og byggjearbeid på bygningar, bruar og klopper. Det kan òg gjevast løyve til motorisert ferdsel for transport av varer, utstyr og ved til hytter og stølar. Ved val av trasé må det takast omsyn til villreinen.

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 6.3 e) og f)

Forvaltingsstyremakta kan gje løyve til bruk av snøskuter eller luftfartøy for transport av ved, varer og utstyr til hytter og setrer osb. (§ 3 pkt. 6.3 e)).

Forvaltingsstyremakta kan gje løyve til bruk av snøskuter eller luftfartøy for transport av materialar til vedlikehald og byggjearbeid på hytter, klopper o.l. (§ 3 pkt. 6.3 f))

- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 6.3 e) og f)

Forvaltingsstyremakta gje løyve til bruk av snøskuter eller luftfartøy for transport av materialar, ved, varer og utstyr til hytter og stølshus (§ 3pkt. 6.3 e)).

Forvaltingsstyremakta kan gje løyve til bruk av snøskuter eller luftfartøy for transport av materialar til vedlikehald og byggjearbeid på bygningar, anlegg og innretningar (§ 3 pkt. 6.3 e)).

- Forskrift for Vigdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 6.3 e) og f)

Forvaltingsstyremakta kan gje løyve til bruk av snøskuter eller luftfartøy for transport av materialar, ved, varer og utstyr til hytter og stølshus (§ 3 pkt. 6.3 e)).

Forvaltingsstyremakta kan gje løyve til bruk av snøskuter eller luftfartøy for transport av materialar til vedlikehald og byggjearbeid på bygningar, anlegg og innretningar (§ 3 pkt. 6.3 f)).

- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 3 pkt. 6.3 d) og e)

Forvaltingsstyremakta kan gje løyve til bruk av snøskuter eller luftfartøy for transport av ved, varer og utstyr til hytter og setrer osb. (§ 3 pkt. 6.3 d)).

Framhald neste side »

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av snøskuter eller luftfartøy for transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, anlegg og innretningar (§ 3 pkt. 6.3 e)).

- Forskrift for Høydalen landskapsvernområde § 3 pkt. 6.3 d) og e)

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av snøskuter eller luftfartøy for transport av varer og utstyr til hytter og setrer. (§ 3 pkt. 6.3 d)).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av snøskuter eller luftfartøy for transport av materialar til byggearbeid og vedlikehald på bygningar, anlegg og innretningar (§ 3 pkt. 6.3 e).

- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 3 pkt. 6.3 b)

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av snøskuter eller luftfartøy for transport av ved, varer og utstyr til hytter osb.

- Forskrift for Høyrokampen naturreservat § 7 i)

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til naudsynt bruk av snøskuter for transport av ved, varer, materialar og utstyr til hytter og setre ved Bøvertjønnin og i Høydalen.



Stølen Liane i Mørkridsdalen landskapsvernområde. Foto Eldrid Nedrelo

Vinteren 2010, dvs. første vinter etter opprettinga av verneområda i Breheimen, kom det ønskje om å køyre med snøskuter gjennom Jostedalsbreen nasjonalpark for å kome til området kring Rauddalsvatnet. Dette er ei langt lengre rute som går gjennom eit av dei mest avsidesliggjande områda om vinteren i Sogn og Fjordane, og det vil difor berre bli gjeve løyve til å nytte denne som ei naudløysing når andre ruter ikkje er mogleg å nytte.

Retningsliner for forvaltings og bruk: transport av ved, varer, utstyr og materialar til stølar (setrer) og hytter

Etter søknad kan det gjevast inntil fireårige løyve for transport av ved, varer, utstyr og materialar til stølar (setrer) og hytter. Det er eit mål å samordne tidsperiode med kommunale løyve etter motorferdsellova.

Det vert berre gjeve løyve til nyttetransport. Det er ikkje høve til å gje løyve til rein persontransport, men personar kan sitje på så lenge dette ikkje medfører ekstra behov for køyring ved transport av bagasje, materialar, utstyr eller ved til hytter og stølar (setrer) i verneområda.

Tiltakshavar treng ikkje søkje om løyve for slike transportoppdrag til eiga seter/hytte/ dersom dei nyttar godkjend leigekøyrar i landskapsvernombordet til slike oppdrag (sjå vidare føresetnader) som har godkjent løyve. Dette gjeld òg ruta til Høydalen landskapsvernombordet der den går etter fast vinterløype som svingar innom Høyrokampen naturreservat over ein mindre fastsett strekning frå Bøvertjønnin - Burmavegen.

Dei som skal utføre køyreoppdrag i verneområda, må ha løyve frå kommunen og eige løyve etter verneforskrifta. Leigekøyrarar skal ha løyve frå kommunen etter Nasjonal forskrift om motorferdsel i utmark, § 5a.

Kommunane bør ha organisert leigekøyringsordning der kommunen er delt inn i løyveområde og der det er gjort ei reell avveging av behov for talet på løyve i det einskilde område.

Leigekøyrar kan søkje nasjonalparkstyret om løyve til oppdragskøyring for å utføre transportoppdrag i verneområdet. Løyvet vert samordna med kommunal ordning, og vert gjeve for same periode som det kommunale løyvet, for inntil 4 år om gongen.

Når nasjonalparkstyret gjev løyve til transportoppdrag i verneområda, vil det bli sett følgjande vilkår:

- køyringa må følge trasear mellom bilveg og støls-/hytteområde som er etablerte på førehand.
- køyring skal dekke behov for transport av brensel, materiale, proviant og utstyr til hytter og stølar.
- leigekøyrar skal føre eiga køyrebok for verneområdet (med skjema frå nasjonalparkstyret).
- kvar hytte/støl (bygningseining) får eit fast tal på turar med retur pr. vinter.
- tidsperiode
- eventuelt tidspunkt for når på dagen køyringa kan skje

Motorisert ferdsel for transport av varer og utstyr til hytter som er tilgjengelege for ålmenta i området krev løyve.

3.9.5 BRUK AV SNØSKUTER FOR TRANSPORT AV PERSONAR MED FUNKSJONSNEDSETTING

Transport av personar med varig funksjonsnedsetting til/frå eiga hytte, stølshus/seterhus kan i særskilde tilfelle vurderast med heimel i § 4, generelle dispensasjonsreglar i verneforskrifta.

Rammer og reglar: bruk av snøskuter for transport av personar med funksjonsnedsetting (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 4, jf. naturmangfaldlova § 48
- Forskrift for Vigdalen landskapsvernområde § 4, jf. naturmangfaldlova § 48
- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 4, jf. naturmangfaldlova § 48
- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 4, jf. naturmangfaldlova § 48
- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 4, jf. naturmangfaldlova § 48
- Forskrift for Høydalen landskapsvernområde § 4, jf. naturmangfaldlova § 48
- Forskrift for Høyrokampen naturreservat § 8, jf. naturmangfaldlova § 48

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifterna dersom det ikkje stirr mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverka naturverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

Retningsliner for forvalting og bruk

Regelen etter § 4 i verneforskriftene skal vurderast strengt, og det er viktig å skilje mellom varig funksjonsnedsetting og uførheit/sjukdom som er ei naturleg følgje av alder.

Ved søknad om transport av personar med funksjonsnedsetting er det krav om legeattest/konkret vurdering frå lege som stadfestar at vedkomande ikkje kan gå på ski.

Ved slik køyring gjeld dei same vilkåra som for anna køyring knytt til hytter eller stølar/setrer nemnd i kap. 3.9.4., og det vert stilt krav om bruk av leigekøyrar.

Eventuelt løyve og tal turar skal sjåast i samanheng med dei turane som vert gjevne for frakt av utstyr osb.

3.9.6 JORD- OG SKOGBRUK

Det kan vere ulike behov for motorisert ferdsel knytt til jordbruk- og skogbruk i verneområda i Breheimen, m.a. i samband med uttransport av sjuke/skadde dyr, utkøyring av saltstein o.l., leiting etter beitedyr eller teljing av dyr, i samband med hogst av ved til hytter og setrer, og rydding av kratt. Det kan også vere behov for utkøyring av bås for fangst av jerv eller gaupe.

Rammer og reglar: jordbruk og skogbruk (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark (§ 3 pkt. 6.2 d) og 6.3 b), c) og o)

Reglane er ikkje til hinder for motorferdsel for uttransport av sjuke/skadde dyr i medhald av lov om dyrevern. Køyretøy som nyttast skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før køyring finn stad i tråd med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 5 (§ 3 pkt. 6.2 d)).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av snøskuter eller luftfartøy for utkøyring av saltstein og liknande for jordbruksføremål, jf. retningsliner fastsette i forvaltingsplanen (§ 3. pkt. 6.3 b)).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av snøskuter eller flyging lågare enn 300 m over bakken i samband med leiting etter beitedyr og teljing av dyr (§ 3 pkt. 6.3 c)).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av snøskuter i samband med hogst av ved til hytter og setrer i samsvar med pkt. 2.3 (§ 3 pkt. 6.3 d).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsel i samband med inngrep som er naudsynte for forvalting av artane i samsvar med pkt. 1.3 bokstav l) (§ 3 pkt. 6.3 o)).

- Forskrift for Vigdalen landskapsvernombjørde § 3 pkt. 6.2 d) og 6.3 b), c), d) og k)

Reglane er ikkje til hinder for motorferdsel for uttransport av sjuke/skadde dyr i medhald av lov om dyrevern. Køyretøy som vert nytta skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før køyring skjer i tråd med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen i § 5 (§ 3 pkt. 6.2 d)).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til utkøyring av saltstein o.l. på vinterføre for jordbruksføremål i tråd med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 5 (§ 3 pkt. 6.3 b)).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av snøskuter eller helikopter for ferdsel til stølar i samband med jordbruk og skogbruk (§ 3 pkt. 6.3 c)).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsel i samband med vedhogst til eigen bruk i samsvar med pkt. 2.4 (§ 3 pkt. 6.3 d)).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsel i samband med inngrep som er naudsynte for forvalting av artane i samsvar med pkt. 1.3 bokstav k (§ 3 pkt. 6.3 k)).

- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernombjørde § 3 pkt. 6.2 d), 6.3 b) og c) og § 4

Framhald neste side ➔

Reglane er ikkje til hinder for motorferdsel for uttransport av sjuke/skadde dyr i medhald av lov om dyrevern. Køyretøy som vert nytta skal være skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før køyring skjer, i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen § 5. (§ 3 pkt. .6.2 d))

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til utkøring av saltstein o.l. på vinterføre for jordbruksføremål i tråd med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 5 (§ 3 pkt. 6.3 b)).

Forvaltingsstyremakta kan gje løyve til bruk av snøskuter eller luftfartøy for ferd til stølar i samband med jordbruk og skogbruk (§ 3 pkt. 6.3 c)).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsel i samband med vedhogst til eigen bruk etter pkt. 2.4 (§ 3 pkt. 6.3 d)).

I verneforskrifta for Mørkridsdalen landskapsvernombjørn er det ved ein inkurie ikkje nokon eigen dispensasjonsheimel for motorferdsel i samband med utkøring av bås og åter. Motorferdsel til dette føremålet må difor vurderast etter § 4.

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifterna dersom det ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

- Forskrift for Mysubytta landskapsvernombjørn § 3 pkt. 6.2 c), e) og g), og 6.3 b), c), g) og k)

Reglane er ikkje til hinder for motorferdsel på innmark i samband med drift av jordbruksareal (§ 3 pkt. 6.2 c)).

Reglane er ikkje til hinder for motorferdsel i samsvar med plan for skogsdrift som er godkjend etter pkt. 2.5 (§ 3 pkt. 6.2 e)).

Reglane er ikkje til hinder for motorferdsel for uttransport av sjuke/skadde dyr i medhald av lov om dyrevern. Køyretøy som vert nytta skal være skånsam mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før køyring skjer, i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 5 (§ 3 pkt. 6.2 g)).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av snøskuter i samband med husdyrhald (§ 3 pkt. 6.3 b)).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsel i samband med vedhogst og rydding av kratt etter pkt. 2.4 (§ 3 pkt. 6.3 c)).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av snøskuter eller flyging lågare enn 300 m over bakken i samband med leiting etter beitedyr og teljing av dyr (§ 3 pkt. 6.3 g)).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsel i samband med inngrep som er naudsynt for forvalting av artane etter pkt. 1.3 bokstav m) (§ 3 pkt. 6.3 k)).

- Forskrift for Høydalen landskapsvernombjørn § 3 pkt. 6.2 c) og h), og 6.3 b), c), g), h) og l)

Reglane er ikkje til hinder for motorferdsel på innmark i samband med drift av jordbruksareal (§ 3. pkt. 6.2 c)).

Reglane er ikkje til hinder motorferdsel for uttransport av sjuke/skadde dyr i medhald av lov om dyrevern. Køyretøy som vert nytta skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før køyring skjer, i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 5 (§ 3 pkt. 6.2 h)).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av snøskuter i samband med husdyrhald (§ 3 pkt. 6.3 b)).

Framhald neste side »

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsel i samband med vedhogst og rydding av kratt etter pkt. 2.4 (§ 3 pkt. 6.3 c)).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av snøskuter eller flyging lågare enn 300 m over bakken i samband med leiting etter beitedyr og teljing av dyr (§ 3 pkt. 6.3 g)).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsel på anleggsvegen mellom Nordre Høydalen og Bukkabotnen for tilsyn med beitedyr, i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 5 (§ 3 pkt. 6.3 h)).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsel i samband med inngrep som er naudsynte for forvalting av artane etter pkt. 1.3 bokstav r (§ 3 pkt. 6.3 l)).

- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernombordet § 3 pkt. 6.2 e) og 6.3 f) og j)

Reglane er ikkje til hinder for motorferdsel for uttransport av sjuke/skadde dyr i medhald av lov om dyrevern. Køyretøy som vert nytta skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før køyring skjer, i tråd med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 5 (§ 3 pkt. 6.2 e)).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til flyging lågare enn 300 m over bakken i samband med leiting etter beitedyr og teljing av dyr (§ 3 pkt. 6.3 f)).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsel i samband med inngrep som er naudsynte for forvalting av artane etter pkt. 1.3 bokstav i) (§ 3 pkt. 6.3 j)).

- Forskrift for Høyrokampen naturreservat § 6 b), § 7 l) og q)

Eit unnatak frå dei generelle ferdselsreglane er naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyring kan først finne stad etter at det sjuke/skadde dyret er lokalisert. Køyretøy som nyttast skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før køyring finn stad (§ 6 b)).

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til beiting jf. § 4 bokstav c) (§ 7 l)).

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til forvalting av artane, jf. § 7 bokstav g) (§ 7 q)).



Løe i tradisjonell byggjestil på Knivbakkjerdet, Mørkridsdalen landskapsvernombordet.
Foto: Eldrid Nedrelo

Retningsliner for forvalting og bruk

Det er ikkje krav om løyve for naudsynt motorferdsle for å hente ut sjuke/skadde husdyr i verneområda, i medhald av lov om dyrevvern. Køyretøyet skal vere skånsamt mot markoverflata og dyret skal vere lokalisert på førehand. Ved uttransport av sjuke/skadde husdyr skal det helst gjevast melding (tlf., e-post, tekstmelding osb.) til ansvarleg oppsyn (Statens naturoppsyn) før køyring skjer. Dersom ein ikkje får kontakt med ansvarleg oppsyn på førehand, må naturoppsynet informerast, og sendast skriftleg rapport i ettertid om slik motorferdsel.

Vernet er ikkje til hinder for motorferdsel på innmark i samband med drift av jordbruksareal i Mysubytta landskapsvernområde og Høydalen landskapsvernområde.

På innmark på setrene i desse landskapsvernområda vil ein kunne nytte reiskap som er vanlege i landbruksdrifta, t.d. traktor med slåmaskin, gjødselsspreiar og avlessarvogn.

Etter søknad kan det gjevast løyve til naudsynt bruk av snøskuter i samband med hogst av ved til hytter og setrer i nasjonalparken.

Etter søknad kan det gjevast løyve til motorferdsel i samband med vedhogst både i Vigdalen-, Mørkridsdalen-, Høydalen- og Mysubytta landskapsvernområde. Ein vil kunne gje løyve til bruk av snøskuter i slike tilfelle. I Mysubytta- og i Høydalen landskapsvernområde vil ein kunne nytte traktor med vinsj frå vegen.

I Høydalen- og Mysubytta landskapsvernområde kan det gjevast løyve til motorferdsel i samband med rydding av kratt. I desse tilfella kan det gjevast løyve til bruk av enten snøskuter eller helikopter etter behov. Det er ikkje opna for denne typen transport i Strynefjellet landskapsvernområde eller i Høyrokampen naturreservat.

Etter søknad kan det gjevast løyve til bruk av snøskuter for utkøyring av saltstein og liknande både i nasjonalparken, og i Vigdalen-, Mørkridsdalen-, Høydalen-, og Mysubytta landskapsvernområde.

Etter søknad kan det gjevast løyve til utkøyring av bås og åte i samband med lisensjakt på jerv og kvotejakt på gaupe i alle verneområda. I verneforskrifta for Mørkridsdalen landskapsvernområde må ein vurdere motorferdsel til dette føremålet etter § 4. Bruk av motorkøyretøy til rutinearta inspeksjon av fangstreiskap for å kontrollere om jerv eller anna vilt har gått i fella vil ikkje vere tillate.

I nasjonalparken, Høydalen-, og Mysubytta landskapsvernområde kan det etter søknad gjevast løyve til bruk av snøskuter på vinterføre og til flyging lågare enn 300 m over bakken i samband med leiting etter beitedyr. I Mørkridsdalen- og Vigdalen landskapsvernområde må slik lågtflyging vurderast etter dei generelle dispensasjonsreglane i § 4.

I Høyrokampen naturreservat er det òg ein heimel for motorferdsel til dette føremålet, nemleg at det kan gjevast løyve til motorferdsel i samband med beiting.

Etter søknad kan det gjevast løyve til flyging lågare enn 300 m over bakken i samband med leiting etter beitedyr og teljing av dyr i Strynefjellet landskapsvernområde. I slike tilfelle vil det ikkje vere tillate å setje av/ut personell då føremålet er å lokalisere dyra.

Det er ikkje opna for bruk av snøskuter eller luftfartøy i samband med vedhogst i Strynefjellet landskapsvernområde eller i Høyrokampen naturreservat.

Bruk av snøskuter og helikopter skal samordnast så langt det let seg gjere, slik at det vert minst mogleg motorferdsel i verneområda.

Ved årlege behov knytt til jord- og skogbruksnæringa, er det aktuelt å gje fleirårige løyve for bruk av snøskuter eller helikopter til stølane i landskapsvernområda.

[Framhald neste side »](#)

Der det er beitelag skal køyringa skje i regi av beitelaget. Enkeltpersonar kan få løyve på spesifiserte vilkår om det ikkje eksisterer beitelag.

Nasjonalparkstyret vil kunne setje vilkår i løyve for å redusere negative verknader av motorisert ferdsel.

3.9.7 VEDLIKEHALD AV VASSVEGAR

Etter søknad kan det gjevast løyve til motorferdsel i samband med molding og vedlikehald av eksisterande vassvegar i nasjonalparken (i Skjåk og Lom) og i Høydalen landskapsvernområde (jf. § 3.6.3 j). Det er ikkje vatningsanlegg og tilsvarande behov i dei andre landskapsvernområda eller naturreservatet.

Rammer og reglar: vedlikehald av vatningsanlegg (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 6.3 j)
- Forskrift for Høydalen landskapsvernområde § 3 pkt. 6.3 j)

Forvaltingsstyre makta kan gje løyve til motorferdsel i samband med molding og vedlikehald av eksisterande vatningsanlegg i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 5.

Retningsliner for forvalting og bruk

Vatningsanlegga er gamle kulturminne, og etter søknad kan det gjevast løyve til bruk av helikopter og snøskuter for transport av maskiner, utstyr og arbeidsfolk i samband med molding og vedlikehald. Med utstyr tenker ein m.a. på kasser for utstyr til vedlikehald.

Ein kan rekne med løyve til motorferdsel som er naudsynt for å halde slike anlegg ved like.

Når det gjeld val av maskiner og utstyr, skal det leggast vekt på at dette skal vere skånsamt mot markoverflata.



Tradisjonell vassveg i Skjåk. Foto: Per Dagsård

3.9.8 STIKKING, VEDLIKEHALD OG PREPARERING AV SKILØYPER

I nasjonalparken kan det etter søknad gjevast løyve til bruk av snøskuter på vinterføre i samband med kvisting av skiløyper som DNT Oslo og Omegn har tradisjon for å kviste og i medhald av eigen plan (jf. § 3 pkt. 6.3 l)). Dei mest aktuelle rutene er:

- Sota - Trulsbu
- Sota - Nørstedalseter
- Trulsbu - Nørstedalseter
- Trulsbu – Fortundalsbreen
- Nørstedalseter - Krossbu/Sognefjellshytta

I nasjonalparken kan det i Grotli-området gjevast løyve til oppkøyring av skiløyper i tråd med forvaltingsplanen (jf. § 3.6.3 k)) der det har vore køyrt opp skiløyper før området vart verna. Det same gjeld i Mysubytta landskapsvernombåde (jf. § 3 pkt. 6.3 f)) og i Strynefjellet landskapsvernombåde (jf. § 3 pkt. 6.3 d)).

Temakart

Sjå vedlegg 18 Trasèar for skiløyper som kan preparerast/køyrast opp etter løyve.

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 6.3 k) og l), og § 4

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til oppkøyring av skiløyper i ytre delar av nasjonalparken i grotliområdet i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 5. (§ 3 pkt. 6.3 k))

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av snøskuter for kvisting av skiløyper i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 5.

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifa dersom det ikkje stirr mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

- Forskrift for Mysubytta landskapsvernombåde § 3 pkt. 6.3 f)

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av snøskuter til kvisting og oppkøyring av eksisterande skiløyper i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen jf. § 5.

- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernombåde § 3 pkt. 6.3 d)

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til oppkøyring av skiløyper i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 5.

Oppkøyring av eksisterande skiløyper

Det er berre i Grotliområdet og området Sota-Mysubytta-Syrtbyttvatnet at det har vore køyrd opp løype før nasjonalparken vart oppretta. Mellom Syrtbyttvatnet og Mysubytta er det hogd ut ein trasè for å kome fram.

Sota – Syrtbyttvatnet (nasjonalparken)

Det er ikkje ein spesifikk heimel for oppkøyring av skiløyper i nasjonalparken i området ved Røykjekskålsvatnet. I

framlegget til forskrift for Røykjeskålsvatnet naturreservat var det ein slik heimel, men arealet i framlegget til naturreservat vart i staden ein del av nasjonalparken i samband med sjølve vernevedtaket. Ved ein inkurie vart ikkje heimelen for oppkøring av skiløyper her overført til verneforskrifta for nasjonalparken, jf. kgl. res. s. 44. Ein legg difor til grunn at det kan gjevast løyve til oppkøring av skiløype i den delen av nasjonalparken som ligg innanfor arealet til det som var føreslege som Røykjeskålsvatnet naturreservat, jf. § 4. Sjå vedlegg 19, kart over løypetraseane som kan køyrast opp i området Sota-Syrtbyttvatnet.

Heillstuguvassosen – Vargevasskulane (Strynefjellet landskapsvernombord)

Vinteren 2010 vart det gjeve løyve til å køyre opp ei skiløype i Strynefjellet landskapsvernombord med ei vestgrense som låg 3 km vest for austre enden av Heillstuguvatnet. Vestgrensa vart sett slik for å halde aktivitet unna inngangen til Mårdalen. Røynslene med dette var at mange folk heldt fram å gå vestover, utanfor løypa, og spreidde seg inn i villreinområdet. Av omsyn til villrein bør ferdsla kanaliserast på ein betre måte i dette området. Vargevasskulane er eit naturleg turmål. Av omsyn til villrein bør skiløypa difor køyrast opp heilt til Vargevasskulane og svinge nordover og inn på den ubrøya Strynsfjellsvegen for retur, slik det vart gjort tidlegare. For kart over løypetraseen, sjå vedlegg 18.

Oppkøring av ny skiløype

I nasjonalparken er det berre i Grotli-området det kan gjevast løyve til oppkøring av ny skiløype. Med retningslinene gjevne nedanfor, og på nærmere vilkår vil ikkje dette tiltaket kome i nemneverdig konflikt med villreinen eller andre verneverdiar i området.

Retningsliner for forvalting og bruk

Etter søknad kan det reknast med løyve til oppkøring av ny skiløype i Grotli-området, dels innanfor nasjonalparken, aust for Heimdalsvatnet og bort til eksisterande skiløype frå Honnsrøve naturreservat.

Etter søknad kan det gjevast løyve til å køyre opp skiløyper i nasjonalparken i området frå bru sør for Sota og langsmed vassdraget fram til utløpsosen på Syrtbyttvatnet, i tråd med skildringane ovanfor.

Etter søknad kan det reknast med løyve til kvisting av følgjande skiløyper som DNT Oslo og Omegn har tradisjon for å kviste:

- Sota - Trulsbu
- Sota - Nørdstedalseter
- Trulsbu - Nørdstedalseter
- Trulsbu - Fortundalsbreen
- Nørdstedalseter - Krossbu/Sognefjellshytta

Dersom det er naudsynt med kontroll av rasfarlege område blir det rekna som ein del av stikkinga. Løyve til motorferdsle i samband med dette vil vere med i løyvet.

Det kan ikkje gjevast løyve til oppkøring av nye skiløyper i Mysubytta landskapsvernombord.

Etter søknad kan det reknast med løyve til oppkøring av eksisterande skiløyper i Mysubytta landskapsvernombord og i Strynefjellet landskapsvernombord.

Oppkøring etter Mysubyttevegen kan skje frå det er skiføre, medan dei andre traseane kan køyrast opp frå 15. februar.

Alle traseane i området Sota – Syrtbyttvatnet kan køyrast opp fram til og med 1. mai.

Løpa Heillstuguvassosen – Vargevasskulane i Strynefjellet landskapsvernombord kan køyrast opp frå og med 15. februar til og med 2. påskedag.

3.9.9 TRANSPORT AV FELT ELG OG HJORT

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 6.3 g)

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget eller luftfartøy for uttransport av felt elg og hjort i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 5.

- Forskrift for Vigdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 6.3 g)
- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 6.3 g)

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av luftfartøy for uttransport av felt elg og hjort.

- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 3 pkt. 6.2 d)
- Forskrift for Høydalens landskapsvernområde § 3 pkt. 6.2 d)

Reglane er ikkje til hinder for motorferdsel for bruk av lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget for uttransport av felt elg og hjort.

- Forskrift for Høyrokampen naturreservat § 6 d) og § 7 j)

Bruk av hest for uttransport av felt storvilt og i samband med jordbruksverksemd er unntak fra ferdelsreglane i naturreservatet (§ 6 d)).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til naudsynt motorferdsel i samband med felt elg og hjort med køyretøy som ikkje set varige spor i terrenget (§ 7 j)).

I Strynefjellet landskapsvernområde er det ikkje registrert behov for motorisert ferdsel for uttransport av felt elg og hjort, og forskriften opnar difor ikkje for det (jf. § 3 pkt. 6.1).



Hjort. Foto:Vegard Aasen/VERI Media

Retningslinjer for forvalting og bruk

Bruk av hest for uttransport av felt storvilt krev ikkje løyve etter vernereglane.

Lette beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget kan nyttast til å frakte ut felt elg og hjort, utan løyve i Mysubytta og Høydalen landskapsvernområde. Med lette beltekøyretøy meiner ein her elgtrekk/jernhest.

Etter søknad kan nasjonalparkstyret gje løyve til bruk av luftfartøy for uttransport av felt elg og hjort i Mørkridsdalen- og Vigdalen landskapsvernområde på grunn av bratt terreng.

Etter søknad kan det gjevast løyve til bruk av lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget eller luftfartøy for uttransport av felt elg og hjort i nasjonalparken.

Etter søknad kan det gjevast løyve til uttransport av felt elg og hjort med køyretøy som ikkje set varige spor i terrenget i Høyrokampen naturreservat.

Med køyretøy som ikkje set varige spor i terrenget eller lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget er det i utgangspunktet tenkt på elgtrekk/jernhest. Etter søknad vil ein kunne gje løyve til bruk av snøskuter i slike tilfelle, og ATV med belte når det ikkje set varige spor i terrenget. Det vil bli sett vilkår i eventuelle løyve om aktuell trasé osb., og ved bruk av ATV med belte vil det t.d. bli sett krav om låg fart (gangfart).

Jaktrettshavar eller jaktag må søkje i god tid på førehand (sjå generelle retningslinjer for søknad innleiingsvis i kap. 3.9).

Avstand til open veg, grense for verneområde m.m. vert vurdert ved slike søknader. Jegerar må vere budde på noko bering av jaktkjøt.

Ein skal unngå køyring på beresvake marktypar.

Det kan gjevast fleirårig løyve, inntil fire år, for bruk av helikopter eller lett beltekøyretøy for uttransport av felt elg eller hjort, lagt til ein bestemt stad (t.d. ein stølsvoll) med eit avgrensa tal turar.

3.9.10 KALKING OG FISKEKULTIVERING

Det kan gjevast løyve til bruk av snøskuter eller luftfartøy i samband med transport som er naudsynt ved fiskekultivering og kalking i nasjonalparken og landskapsvernområda.

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 6.3 h)

Forvaltingsstyremakta kan gje løyve til bruk av snøskuter eller luftfartøy i samband med kalking og fiskekultivering i samsvar med pkt. 3.3 a) og b).

- Forskrift for Vigdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 6.3 j)
- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 6.3 i)
- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 3 pkt. 6.3 h)
- Forskrift for Høydalen landskapsvernområde § 3 pkt. 6.3 i)
- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 3 pkt. 6.3 g)

Forvaltingsstyremakta kan gje løyve til bruk av snøskuter eller luftfartøy i samband med kalking og fiskekultivering etter pkt. 3.1.

Retningsliner for forvalting og bruk

Etter søknad kan det gjevest løyve til bruk av snøskuter eller luftfartøy i samband med kalking og fiskekultivering i nasjonalparken og Vigdalen-, Mørkridsdalen-, Mysubytta-, Høydalens- og Strynefjellet landskapsvernområde.

Løyve til transport av kalk vil i utgangspunktet bli gjeve for snøskuter.

Løyve til naudsynt bruk av snøskuter vil bli gjeve for frakt av settefisk, for frakt av båt (sjå nedanfor) og for frakt av utstyr i samband med fiskekultivering, t.d. garn, ørekyteteiner og utstyr for båt.

Det vil bli gjeve løyve til bruk av helikopter til dei nemnde føremåla der det er føremålstenleg, t.d. i bratt og ulendt terregn.

Det er ikkje lov å setje ut fisk eller kalke vassdraga i Høyrokampen naturreservat, og det kan difor ikkje gjevest løyve til motorisert ferdsel til slike føremål i dette området.



Maging av fisk i Tundradalen, Breheimen nasjonalpark. Foto: Per Olav Haugen

3.9.11 FISKE

Rammer og reglar (Vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 6.3 e)

Forvaltingsstyremakta kan gje løyve til bruk av snøskuter eller luftfartøy for transport av ved, varer og utstyr til hytter og setrer, og for transport av båt og garnkassar.

- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 3 pkt. 6.3 d)

Forvaltingsstyremakta kan gje løyve til bruk av snøskuter eller luftfartøy for transport av ved, varer og utstyr til hytter og setrer, samt for transport av båt.

- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 3 pkt. 6.3 b)

Forvaltingsstyremakta kan gje løyve til bruk av snøskuter eller luftfartøy for transport av ved, varer og utstyr til hytter, samt for transport av båt og garnkassar.

- Forskrift for Høydalen landskapsvernområde § 3 pkt. 6.3 d)

Forvaltingsstyremakta kan gje løyve til bruk av snøskuter eller luftfartøy for transport av varer og utstyr til hytter og setrer, samt for transport av båt.

Retningsliner for forvalting og bruk

Etter søknad kan det gjevast løyve til bruk av snøskuter eller luftfartøy for transport av båt og garnkassar i nasjonalparken.

Etter søknad kan det gjevast løyve til å transportere båt vinterstid til/frå fiskevatn der det er gjeve løyve til opplag av båtar og/eller er båthus i Mysubytta-, Høydalen- og Strynefjellet landskapsvernområde. Ved bruk av snøskuter eller luftfartøy for innkjøring av ny båt, skal den gamle båten fraktast ut på same turen.

I Strynefjellet landskapsvernområde kan det gjevast løyve til å transportere ut eksisterande garnkassar som ikkje lenger er i bruk. Det vert ikkje gjeve løyve til å frakte inn nye garnkassar då det ikkje er heimel for slikt løyve i verneforskrifta, jf. kap. 3.1.5.

3.9.12 MOTORBÅT PÅ LUNDADALSVATNET

Det kan gjevast løyve til bruk av båt med motor inntil 10 hk på Lundadalsvatnet i samband med fiske, organisert tilsyn med beitedyr, transport i samband med villreinjakt, samt transport av varer og utstyr til Trulsbu (jf. § 3 pkt. 6.3 n)).

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 6.3 n)

Forvaltingsstyremakta kan gje løyve til bruk av båt med motor inntil 10 hk på Lundadalsvatnet i samband med fiske, organisert tilsyn med beitedyr, transport i samband med villreinjakt samt transport av varer og utstyr til Trulsbu.

Retningsliner for forvalting og bruk

Etter søknad kan det gjevest løyve til bruk av båt med motor inntil 10 hk på Lundadalsvatnet i samband med:

- fiske
- organisert tilsyn med beitedyr, omfattar sinking og slepp
- transport i samband med villreinjakt
- transport av varer og utstyr til Trulsbu

Det kan gjevest løyve for inntil fire år om gongen. Det må søkjast om fornying innan utløp av løyveperioden.

Transport av varer til Trulsbu omfattar oppdrag som gjeld drifta av DNT-hytta.

Det vil bli sett vilkår om maksimum fart på 8 knop i løyve for bruk av motorbåt.



Greiing av garn etter fiske ved Lundadalsvatnet, Breheimen nasjonalpark. Foto: Bjørn Dalen

3.9.13 MOTORFERDSEL PÅ BILVEGAR

Status

FV 258 Gamle Strynefjellsveg går gjennom Strynefjellet landskapsvernområde. Det er ein nasjonal turistveg og open for vanleg motorferdsel f.o.m. 10. juni. Vegen kan brøytast slik at den er open for køyring frå og med 10. juni. Av omsyn til villrein skal ikkje brøytinga ta til unødig tidleg.

Det er to stikkvegar som tek av sørover frå FV 258 i landskapsvernområdet. Villcamping kan vere ei utfordring på slike stikkvegar. Stikkvegane er stengde med bom av omsyn til villrein. Det kan likevel bli gjeve løyve til motorferdsel på stikkvegen ved Vassvenda og stikkvegen på austsida av Langevatnet (jf. § 3 pkt. 6.3 e)). Det er aktuelt å stenge stikkvegen frå Gamle Strynefjellsveg og ned til hytta ved Vassvenda med ein bom av omsyn til villrein. I så fall vert det gjeve løyve til innkøyring og parkering for hytteigar og for jegerar under villreinjakta. Stikkvegen aust for Langvatnet bør også stengjast med bom, der hytteigar har nøkkel.

I Mysubytta landskapsvernområde er motorferdsel lov på eksisterande bilveg inn til Mysubytta (§ 3 pkt. 6.2 f)). I Høydalen landskapsvernområde er motorferdsel på eksisterande bilveg lov på vegen fram til Nordre Høydalen seter (§ 3 pkt. 6.2 f)). Anleggsvegen fra Høydalsseter og inn til Bukkebotn er stengt med låst bom. Nasjonalparkstyret kan gje løyve til motorferdsel på denne vegen for tilsyn med beitedyr (jf. § 3 pkt. 6.3 h)).



Mysubytta seterstul, Mysubytta landskapsvernområde. Foto: Eldrid Nedrelo

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 3 pkt. 6.2 c) og d), og § 3 pkt. 6.3 e)

Reglane er ikke til hinder for motorferdsel på Gamle Strynefjellsveg f.o.m. 10. juni, i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 3 pkt. 6.2 c).

Reglane er ikke til hinder for snøbrøyting av Gamle Strynefjellsveg, i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 3 pkt. 6.2 d).

Forvaltingsstyremaakta kan gje løyve til motorferdsel på stikkveg ved Vassvenda og stikkveg på austsida av Langvatnet i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 3 pkt. 6.3 e).

- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 3 pkt. 6.2 f)

Reglane er ikke til hinder for motorferdsel på eksisterande bilveg inn til Mysubytta.

- Forskrift for Høydalen landskapsvernområde § 3 pkt. 6.2 f) og 6.3 c), f) og h)

Reglane er ikke til hinder for motorferdsel på eksisterande bilveg inn til Nordre Høydalen seter, i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 3 pkt. 6.2 f).

Framhald neste side ►

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsel i samband med vedhogst og rydding av kratt etter pkt. 2.4 (§ 3 pkt. 6.3 c)).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsel i samband med drift, vedlikehald og oppgradering/fornying av eksisterande kraftanlegg og telefonline (§ 3 pkt. 6.3 f)).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsel på anleggsvegen mellom Nordre Høydalen og Bukkebotn for tilsyn med beitedyr, i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 3 pkt. 6.3 h).

Retningsliner for forvalting og bruk

Brøytning av FV 258 Gamle Strynefjellsveg kan ta til så tidleg at den får tørka opp innan opninga 10. juni kvart år, dvs. ca. 2 veker før opning. Brøytekantane skal fresast ned slik at reinen kan passere i området Vassvenda (Vargevasskulane) – Storbrakka på stader der reinen kryssar vegen.

Stikkvegen på Vassvenda (Vargevasskulane) er stengt med bom. Etter søknad vil det bli gjeve løyve til innkøyring og parkering for hytteigar, og til innkøyring og parkering for jegerar under villreinjakta. Det vil bli gjeve fleirårig løyve til hytteigarar, og ein vil få utlevert nøkkelen til bommen. Det må søkjast om fornying av løyvet innan utløp av løyveperioden.


Stikkvegen aust for Langvatnet er stengt med bom. Etter søknad vil det bli gjeve fleirårig løyve for innkøyring og parkering for hytteigar, og ein vil få utlevert nøkkelen til bom. Det må søkjast om fornying av løyvet innan utløp av løyveperioden.

Bilvegen frå Vassenden til Nordre Høydalen seter i Høydalen landskapsvernområde kan nyttast til motorferdsel så lenge han er farbar i sommarhalvåret.

Vegen frå Nordre Høydalen til Bukkebotnen er ikkje open for allmenn motorferdsel. Vegen er stengt med bom (frå Nordre Høydalen seter). Etter søknad vil det bli gjeve fleirårig løyve for bruk av vegen med motorkøyretøy i samband med tilsyn av beitedyr (inkludert sinking og slepp), transport ved vedhogst og for kraftinteressene i området (drift, vedlikehald og oppgradering/fornying av eksisterande kraftanlegg).

Bilvegen mellom Sota og Mysubytta i Mysubytta landskapsvernområde kan nyttast så lenge vegen er farbar i sommarhalvåret.

Vedlikehald av vegane er omtala i kap. 3.8.3.



Køyring på nokre vegar er tillate, medan andre er stengt med bom for almen ferdsle, her frå Strynefjellet landskapsvernområde.

Foto: Bjørn Dalen

3.9.14 TRANSPORT I SAMBAND MED ENERGI- OG KRAFTFORSYNING OG SNØMÅLINGAR

Breheimen nasjonalparkstyre kan gje løyve til bruk av snøskuter, beltekøyretøy eller luftfartøy i samband med snømåling, drift, vedlikehald og oppgradering/fornying av eksisterande kraftanlegg og telekommunikasjonsanlegg i nasjonalparken (§ 3 pkt. 6.3 i)).

I landskapsvernområda gjeld ulike reglar for denne typen motorisert ferdsel, sjå rammer og reglar nedanfor.

Det ikkje krav til løyve dersom motorferdsel skjer i samband med akutt utfall på kraftanlegg og kraftlinjer i Mørkridsdalen-, Vigdalens- og Høydalen landskapsvernområde (§ 3 pkt. 6.2). Dette gjeld òg for akutt utfall på telefonlinja i Høydalen landskapsvernområde (§ 3 pkt. 6.2 g)).

Temakart

Sjå vedlegg 16 Trasèar for motorferdsel i samband med målingar, tilsyn eller vedlikehald i regi av Statkraft, Norsk Hydro ASA, og Glommen og Laagens Brukseierforening.

Rammer og reglar

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 6.3 i)

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av snøskuter, beltekøyretøy eller luftfartøy i samband med snømåling, drift, vedlikehald og oppgradering/fornying av eksisterande kraftanlegg og telekommunikasjonsanlegg.

- Forskrift for Vigdalens landskapsvernområde § 3 pkt. 6.2 c), og 6.3 f) og h)

Reglane er ikkje til hinder for bruk av helikopter eller snøskuter i samband med akutt utfall på kraftanlegg. Det skal i ettertid sendast melding til forvaltingsstyresmakta (§ 3 pkt. 6.2 c)).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av snøskuter eller luftfartøy for transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, anlegg og innretningar (§ 3 pkt. 6.3 f)).

- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 6.2 c) og 6.3 f)

Reglane er ikkje til hinder for bruk av helikopter eller snøskuter i samband med akutt utfall på kraftlinjer og kraftanlegg. Det skal i ettertid sendast melding til forvaltingsstyresmakta (§ 3 pkt. 6.2 c)).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av snøskuter eller luftfartøy for transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, anlegg og innretningar (§ 3 pkt. 6.3 f)).

- Forskrift for Høydalen landskapsvernområde § 3 pkt. 6.2 g) og 6.3 f)

Reglane er ikkje til hinder for motorferdsel i samband med akutt utfall på kraftanlegg og telefonlinje. Det skal i ettertid sendast melding til forvaltingsstyresmakta (§ 3 pkt. 6.2 g)).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsel i samband med drift, vedlikehald og oppgradering/fornying av eksisterande kraftanlegg og telefonlinje (§ 3 pkt. 6.3 f)).

[Framhald neste side »](#)

- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernombord § 3 pkt. 6.3 c)

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsel i samband med snømålingar.

Retningsliner for forvalting og bruk

Etter søknad vil nasjonalparkstyret gje løyve for inntil 4 år til motorisert ferd for transport i samband med drift og vedlikehald av eksisterande kraftanlegg, m.a. anlegga til Statkraft i Vigdalen landskapsvernombord (tersklar og inntak) og installasjonane til Norsk Hydro ASA knytte til Fortunsanlegget.

Etter søknad vil det bli gjeve fleirårige løyve med inntil 4 år for motorferdsel ved snømålingar. Slik motorferdsel skal reduserast til eit minimum.

Etter søknad vil det bli gjeve løyve til motorferdsle i samband med fornying eller oppgradering av kraftliner og telefonlinjer som ligg i verneområda.

Det skal leggjast vekt på å velje mest mogleg skånsame transportformer og å minimere transportbehovet. Søknaden skal innehalde vurderingar av aktuelle transportmåtar og grunngje dei val som er gjort i høve trase og tidspunkt for gjennomføring.

Det skal leggjast ved ein plan som dokumenterer behovet for transport i søknaden.

Målingar skal så langt som råd leggjast utanom verneområda. Det skal leggjast ved kart over målestrekka/punkta i søknaden.

3.9.15 TELJING AV DYR

Det kan gjevast løyve til bruk av snøskuter eller flyging lågare enn 300 m over bakken i samband med teljing av villrein i nasjonalparken, samt i Mysubytta- og Høydalen landskapsvernombord (§ 3 pkt. 6.3). I Strynefjellet landskapsvernombord er det opna bruk av helikopter til føremålet (§ 3 pkt. 6.3 f)).

Forskrifta for Høyrokampen naturreservat opnar ikkje for slik motorferdsel, då behovet her reknast for lite. Teljing av villrein er òg lite aktuelt i Mørkridsdalen- og Vigdalen landskapsvernombord, og det er difor ikkje ein eigen heimel til føremålet i verneforskriftene for desse områda..

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 6.3 c)

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av snøskuter eller flyging lågare enn 300 m over bakken i samband med leiting etter beitedyr og teljing av dyr.

- Forskrift for Mysubytta landskapsvernombord § 3 pkt. 6.3 g)

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av snøskuter eller flyging lågare enn 300 m over bakken i samband med leiting etter beitedyr og teljing av dyr.

- Forskrift for Høydalen landskapsvernombord § 3 pkt. 6.3 g)

Framhald neste side »

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av snøskuter eller flyging lågare enn 300 m over bakken i samband med leiting etter beitedyr og teljing av dyr.

- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 3 pkt. 6.3 f)

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til flyging lågare enn 300 m over bakken i samband med leiting etter beitedyr og teljing av dyr.



Rein ved Kollungstjønn, Breheimen nasjonalpark. Foto: Morten Kielland

Retningsliner for forvalting og bruk

Etter søknad kan forvaltingsstyresmakta gje løyve til bruk av snøskuter eller helikopter for teljing av villrein i Breheimen nasjonalpark, Mysubytta landskapsvernområde og i Høydalen landskapsvernområde. I Strynefjellet landskapsvernområde kan ein gje løyve til bruk av helikopter til teljing av villrein. Søknad om bruk av snøskuter til teljing av villrein i Strynefjellet landskapsvernområde vil bli handsama etter dei generelle dispensasjonsreglane i § 4 i verneforskrifta.

Teljing av dyr omfattar også kartlegging av områdebruken til villrein når det er naudsynt for ei god forvalting av stamma.

Teljing av dyr er aktuelt for overvaking av villreinstammen i området, og det er pårekneleg at det vil bli gjeve løyve.

Dersom det oppstår behov for dispensasjon til teljing av villrein i Vigdalens- og Mørkridsdalen landskapsvernområde, vil det vere aktuelt å vurdere ein søknad etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4.

Det er aktuelt å gje løyve tidsavgrensa til 4 år om gongen. Det må søkjast om fornying innan utløpet av løyveperioden.

3.9.16 RASSIKRING

Breheimen nasjonalparkstyre kan gje løyve til motorferdsel i samband med rassikring på søraustsida av Høyrokampen naturreservat (jf. § 7 n)).

Rammer og reglar (Vedlegg 1)

- Forskrift for Høyrokampen naturreservat § 7 n)

Forvaltingsstyremakta kan gje løyve til naudsynt motorferdsel i samband med rassikring, jf. § 7 bokstav d).

Retningsliner for forvalting og bruk

Etter søknad kan nasjonalparkstyret gje løyve til motorferdsel i samband med rassikring ved Høyrokampen naturreservat.

Det er ei rekke raudlista sopp- og planteartar tett kring dei eksisterande rasvollane. Ved løyve må det settast klare vilkår til køyretrase, basert på dei detaljerte faglege undersøkingane og kartfestinga av dei sjeldne artane ved vollane.



Reinsrose, Høyrokampen naturreservat. Foto: Bjørn Dalen

3.9.17 DRIFT AV STRYNEFJELLET SOMMARSKISENTER

Breheimen nasjonalparkstyre kan gje løyve til naudsynt motorferdsel for drifta av Strynefjellet sommarskisenter (§ 3 pkt. 6.3 i).

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 3 pkt. 6.3 i)

Forvaltingsstyremakta kan gje løyve til naudsynt motorferdsel for drifta av Strynefjellet sommarskisenter, i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen.

Retningsliner for forvalting og bruk

Etter søknad kan det gjevast løyve til naudsynt motorferdsel for drifta av Strynefjellet sommarskisenter.

Slik drift gjeld t.d. frakt av maskiner, personell og utstyr. Ved behandling av søknad skal ein vurdere behovet driftsel-skapet har opp mot verneføremåla. Det skal leggjast vekt på villrein sin arealbruk og opplevingsverdi, samt friluftsliv-sinteressene i området. I dette inngår mellom anna vurdering av køreruter for frakt av utstyr, og tid på året.

Det vil bli gjeve fleirårig løyve, inntil 4 år.

3.9.18 FILMING PÅ SPØRTEGGBREEN

Spørteggbreen har vore mykje nytta som lokalitet for filmprosjekt etter at Jostedalsbreen nasjonalpark vart oppretta i 1991. Det er difor ein eigen regel om at nasjonalparkstyret kan gje løyve til landing med helikopter i samband med media og filmopptak på Spørteggbreen.

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 6.3 m)

Forvaltingsstyremakta kan gje løyve til landing med helikopter i samband med media og filmopptak på Spørtegg-breen. Dette gjeld aktivitet/tiltak som bidreg til formidling av informasjon om nasjonalparken.

Retningsliner for forvalting og bruk

Etter søknad kan nasjonalparkstyret gje løyve til landing med helikopter i samband med filming på Spørteggbreen.

Ved handsaming av søknader vil det bli lagt vekt på at slik filming skal medverke til formidling av verneverdiane i nasjonalparken.



Spørteggbreen, Breheimen nasjonalpark. Foto: Edrid Nedrelo

3.9.19 DRIFT AV HØYDALSSETER TURISTSTASJON

Det kan gjevast løyve til bruk av snøskuter i samband med drift av Høydalsseter turiststasjon.

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Høydalens landskapsvernområde § 3 pkt. 6.3 k)

Forvaltingsstyremakta kan gje løyve til bruk av snøskuter i samband med drift av Høydalsseter turiststasjon, i samsvar med retningsliner fastsette i forvaltingsplanen, jf. § 5.

Retningsliner for forvalting og bruk

Etter søknad kan nasjonalparkstyret gje løyve til bruk av snøskuter i samband med drift av Høydalsseter turiststasjon.

Slik køyring kan omfatte naudsynt transport av utstyr og personale, men omfattar ikkje transport av gjester.

Det kan gjevast fleirårig løyve, inntil 4 år.

Det vil bli sett vilkår for maks tal turar kvar vinter.



Høydalen seter, Høydalen landskapsvernområde .

Foto: Bjørn Dalen

3.10 UREINING , AVFALL OG STØY

Status

Fram til i dag har det vore relativt lite forsøpling i Breheimen. Det er lite søppel langs dei mest brukte merkte stiane. Forsøpling er forbode og det er krav om at avfall skal takast med ut av området. Ureiningslova har definisjonar for kva ein forstår med ureining, avløpsvatn og avfall. Avfall og ureining i verneområda kan oppstå i samband med:

- Samferdsle
- Overnattings- og serveringsbedrifter
- Bruk av hytter, buer og setrer
- Landbruksdrift
- Friluftsliv, jakt og fiske
- Guida turar

Turistbedriftene har eit eige ansvar for handtering av avfall og overskotsmateriell som følgje av drifta. Dei som driv touristverksemd i eit område har ansvar for å gjennomføre naudsynt opprydding (Ureiningslova § 35). Langs offentleg veg har vegmyndighetene eit særleg ansvar for å halde det ryddig, jf. ureiningslova §§ 36 og 37.

Ureining og avfall

Dersom det ligg att søppel og restar av avfall etter tidlegare aktivitet i nasjonalparken eller i dei andre verneområda, er det viktig å rydde opp og å fjerne det.

Det har vore eit problem med riping i nokre av grottene innanfor nasjonalparken i Dumdalen.

I Strynefjellet landskapsvernområde er det restar etter den gamle telefonlinja som stag/bergefeste, telefonliner med meir. Det er òg funne mindre opphoping av gamalt søppel ved enkelte eldre hytter og buer.

Lagring av materialar og bruk av plantevernmiddel for stubbebehandling; sjå kapittel 3.3 om jordbruk.

Radioaktiv ureining

I 1986 vart store delar av områda ureina av radioaktivt nedfall frå Tsjernobyl. Ureininga syntest å vere størst i dei austlege områda av nasjonalparken. Etter 1986 er det utført årlege målingar av radioaktivitet i fisk, vilt, husdyr og på beite. Det er meininga at slike årlege prøver skal halde fram. Målingane så langt, syner raskare nedgang enn tidlegare rapportar synte. Dette er ureining som ikkje kan hindrast lokalt eller nasjonalt. Det er likevel viktig å følgje opp utviklinga slik at endringar kan registrerast og erfaringar bli hausta både i høve til sjølve naturtilstanden og i høve til brukarane av områda.

Støy

Stillheit har sin eigenart og sin eigenverdi. Målet er å halda unødig støy i verneområda på eit så lågt nivå som mogleg.

Forvaltingsmål

Det er eit mål å unngå ureining, og det skal vera god handtering av avfall i verneområda.

Omfanget av støy skal haldast så lågt som mogleg.

Naturen skal få utvikle seg utan å bli påverka av ureining, og folk skal kunne oppleve naturen sine eigne lydar.

All ureining er forbode i verneområda, men det er likevel tilfelle der det er behov for bruk av sand o.l. til snøsmelting, bruk av plantevernmiddel ved rydding av stølvollar osb. t.d. i samband med jordbruk.

Det er òg forbod mot unødvendig støy, t.d. motordur i verneområda for å sikre område der naturen sine eigne lydar og stillheit er ein viktig del av naturmiljøet og for folk sin natur- og opplevingsverdi.

Rammer og reglar (vedlegg 1)

- Forskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 7.1, 7.2 og 7.3

Ureining og forsøpling er forbode. All bruk av kjemiske middel som kan påverke naturmiljøet er forbode (§ 3 pkt. 7.1).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av sand og liknande til snøsmelting (§ 3 pkt. 7.2 a)).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av plantevernmiddel for stubbebehandling ved rydding av eksisterande setervollar (§ 3 pkt. 7.2 b)).

Unødig støy er forbode. Bruk av motordrivne modellfly o.l. er forbode. Dette er ikkje til hinder for bruk av motorisert isbor i samband med fiskekultivering (§ 3 pkt. 7.3).

- Forskrift for Vigdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 7.1, 7.2 a), b) og 7.3
- Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 7.1, 7.2 a), b) og 7.3

Ureining og forsøpling er forbode. All bruk av kjemiske middel som kan påverke naturmiljøet er forbode (§ 3 pkt. 7.1).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av sand og liknande til snøsmelting (§ 3 pkt. 7.2a)).

Framhald neste side 

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av plantevernmiddel for stubbebehandling ved rydding av eksisterande stølsvollar (§ 3 pkt. 7.2 b)).

Unødig støy skal unngåast (§ 3 pkt. 7.3)

- Forskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 3 pkt. 7.1 og 7.2 a),b) og 7.3

Ureining og forsøpling, og utandørs lagring av materialar, gjerdeutstyr o.l., er forbode. All bruk av kjemiske middel som kan påverke naturmiljøet er forbode (§ 3 pkt. 7.1).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av sand og liknande til snøsmelting (§ 3 pkt. 7.2 a)).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av plantevernmiddel for stubbebehandling ved rydding av eksisterande setervollar (§ 3 pkt. 7.2 b)).

Unødig støy skal unngåast. Dette er ikkje til hinder for bruk av motorisert isbor i samband med fiskekultivering og bruk av krattfjernar ved rydding av kratt (§ 3 pkt. 7.3).

- Forskrift for Høydalen landskapsvernområde § 3 pkt. 7.1, 7.2 og 7.3 a), b)

Ureining og forsøpling er forbode. All bruk av kjemiske middel som kan påverke naturmiljøet er forbode (§ 3 pkt. 7.1).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av sand og liknande til snøsmelting (§ 3 pkt. 7.2 a)).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av plantevernmiddel for stubbebehandling ved rydding av eksisterande setervollar (§ 3 pkt. 7.2 b)).

Unødig støy skal unngåast. Dette gjeld ikkje bruk av motorisert isbor ved fiskekultivering og bruk av krattfjernar ved rydding av kratt (§ 3 pkt. 7.3)).

- Forskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 3 pkt. 7.1, 7.2 og 7.3

Ureining og forsøpling er forbode. All bruk av kjemiske middel som kan påverke naturmiljøet er forbode (§ 3 pkt. 7.1).

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av sand, kalk og liknande til snøsmelting (§ 3 pkt. 7.2).

Unødig støy skal unngåast. Dette er ikkje til hinder for bruk av motorisert isbor i samband med fiskekultivering og bruk av krattfjernar ved fjerning av kratt (§ 3 pkt. 7.3).

- Forskrift for Høyrokampen naturreservat § 3 b) og c)

Dyrelivet, mellom anna reirplassar og hi-område, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode (§ 3 b)).

Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller midlertidige innretningar, parkering av campingvogner, brakker og liknande., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkledningars, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførslar, plassering av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske middel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje uttømmende (§ 3c)).



Unødig støy er forbode i verneområda. Dette femner m.a. om bruk av motordrivne modellfly og droner. Foto: Kjølv Øystein Falklev

Retningsliner for forvalting og bruk

All ureining og forsøpling av vassdrag og naturen elles er forbode i verneområda. Det medfører m.a. at:

- All bruk av kjemiske middel som kan påverke naturmiljøet er forbode.
- Søppel skal takast med ut or området.
- Unødig støy er forbode. Det er m.a. forbod mot bruk av motordrivne modellfly og modellbåt i nasjonalparken og i landskapsvernområda. Dette forbodet omfattar også droner.

Det vil ikkje vere aktuelt å etablere ordningar med søppeltømmingsstader inne i verneområda, då slike tiltak kan føre til opphoping av søppel. Der det allereie er etablert søppeltømmingsstader, bør dei fjernast.

Søppel skal ikkje gravast ned eller deponerast innanfor verneområda. Massar frå utedo kan deponerast på staden.

Ved skifte av båtar, eller der båtar er ubrukeleg og ikkje kan reparerast, skal dei gamle båtane eller restane av dei fraktast ut or verneområda.

Bruk av kjemikalier er først og fremst aktuelt som tiltak mot framande artar som kan truge verneverdiane. Bruk av kjemikalier må vurderast ut frå i kor sterk grad den framande arten trugar verneverdiane på kort og lang sikt. Slike middel skal ikkje nyttast i område der det er dokumentert biologisk mangfold som middelet kan vere øydeleggjande for.

[Framhald neste side »](#)

Etter søknad kan det gjevast løyve til bruk av sand ol. til snøsmelting i nasjonalparken og i landskapsvernområda. Det vil bli gjeve løyve til molding av vatningsanlegg og strøing på vegar om det er behov for det, samt for kalking av FV 258 Gamle Strynefjellsveg når det ikkje er til skade for villrein.

Etter søknad kan det gjevast løyve til bruk av plantevernmiddel for stubbebehandling ved rydding av eksisterande setervollar/stølsvollar i nasjonalparken og i landskapsvernområda, unntatt i Strynefjellet landskapsvernområde (der det ikkje er gamle stølsvollar).

Motorisert isbor i samband med fiskekultivering kan nyttast i nasjonalparken eller landskapsvernområda.

Vernet er ikkje til hinder bruk av krattfjernar ved rydding av kratt i Mysubytta-, Høydalen- og Strynefjellet landskapsvernområde.

I Høyrokampen naturreservat er det forbod mot utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførslar, plassering av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske middel, og forsøpling.

Tiltak

- Gamalt søppel bør fjernast og det bør ryddast opp i restar etter tidlegare aktivitet, jf. tiltaksplanen. Slike restar kan vere kulturminne, og kulturminnemyndighetene skal difor involverast i vurderinga av slike saker før tiltak vert gjennomført. Nasjonalparkstyret vil kontakte dei som har liggjande att restar som vert rekna som ureining eller avfall, for å ta del i oppryddinga.

4. FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK

4.1 DIFFERENSIERT FORVALTING

I verneområda finn ein verneverdiar som er sårbare for menneskeleg aktivitet. Sårbarheita varierer både geografisk og i tid med årstidene. I nokre område/delområde er verneverdiane likevel skapt av menneskeleg aktivitet, t.d. verdiane knytte til kulturlandskapet i Mørkridsdalen, Vigdalen, Høydalen og Mysubytta landskapsvernområde. Framhald av bruk vil då fremje vern av verdiane. Også brukarinteressene og behovet for forvaltingstiltak vil vere ulikt i dei ulike områda. Det kan difor vere behov for differensiert forvalting i verneområda. Det vil seie at forvaltingspraksisen bør tilpassast verneverdiane og brukarinteressene i ulike delar av eit verneområde og eventuelt til ulike tider av året. Utgangspunktet for differensiert forvalting i alle verneområda som inngår i Breheimen er dei definerte måla med tilhøyrande retningsliner, jf. kap. 3.

Ved differensiert forvalting i nasjonalparken er det viktig å ha som utgangspunkt at området er verna mot varig påverknad av naturmiljø eller kulturminne (med mindre det er ein føresetnad for å ta vare på føremålet med vernet).

Tilsvarande er det i landskapsvernområda forbod mot tiltak som kan endre landskapet sitt sær preg eller karakter vesentleg.

I naturreservatet er plante og dyrelivet freda, og det skal ikkje setjast i verk tiltak som kan forringe verneverdiane.

Det vert understreka at differensiert forvalting skal vere med og ta vare på eller fremje verneverdiane.

Gjennom heile forvaltingsplanen er det gjort avvegingar av verneverdiar og omsyn til bruk i tråd med prinsippet om differensiert forvalting. Til dømes er det i planen gjort strategiske val når det gjeld differensiert forvalting av grottene i Dumdal. At ein legg spesielt til rette ved nokre innfallsportar framfor andre er også eit døme på ei differensiert forvalting for å legge til rette for mest ferdsel der naturen toler det best (og som samstundes er attraktive område for bruk). Spesielt prioriterte område for skjøtsel er også skildra i forvaltingsplanen. I tillegg er det utarbeidd temakart som viser både sårbare verneverdiar og brukarinteresser.

Følgjande informasjon vil vere til hjelp for forvaltinga for å utøve ei differensiert forvalting:

A. Områder med spesielt sårbare verneverdiar

- Viktige funksjonsområde for sårbare artar
- Viktige områder for artar som Noreg har eit internasjonalt ansvar for, t.d. villreinen sine leveområde
- Truga og sårbare vegetasjonstypar og naturtypar
- Område med (sårbare) kulturminne
- Inngrepsfrie område (villmark/urørd natur)

B. Brukarinteresser

- Jord og skogbruk (landbruksbygningar, dyrka areal, skogsdrift, gjerde, køyretrasear osb.)
- Tamreindrift (gjetarbuer, gjerde, køyretrasear osb.)
- Bygningar (stølshus, fritidshytter, turisthytter og andre opne hytter/buer for ålmenta, og andre bygningar)
- Friluftsliv (turisthytter, opne hytter, merkte stiar og løyper, preparerte skiløyper osb.)
- Organisert aktivitet
- Kraftanlegg og kraftlinjer
- Grunneigartilhøve som fjellstyra
- Skjåk Almenning og andre private grunneigarar
- Redningsteneste
- Reiseliv

C. Forvaltingstiltak

- Skjøtsel (vidareføring av tradisjonell drift, rydding, beiting, slått, vedlikehald av gamle bygningar steingjerde osb.)
- Tilrettelegging og informasjon (informasjonstavler, stiar (merka/umerka), klopper, bruver osb.)

Høyrokampen naturreservat. Foto: Øyvind Angard



Lapprose, Breheimen nasjonalpark. Foto: Bjørn Dalen

4.2 INFORMASJON

Breheimen nasjonalparkstyre har det overordna ansvaret for å utarbeide og formidle informasjon om verneområda. Det skal vere eit samarbeid med fleire aktørar om informasjon, t.d. Miljødirektoratet, SNO, nasjonalparkstyret og nasjonalparksentera.

I DN-Handbok nr 17, rev. 2010, Områdevern og forvalting, står det mellom anna følgjande om informasjonsarbeid:

"Informasjonsarbeid er en svært viktig oppgave knyttet til forvaltning av verneområdene. Det gjelder spesielt i forhold til bevisstgjøring og forebyggende arbeid. Målet er å informere om verneområdene, formidle kunnskap om verneverdiene og opplyse om tillatt bruk av områdene, både for folk flest, berørte grunneiere og rettighetshavere og besökende. Kommersielle aktører og frilufts- og idrettsorganisasjoner er viktige målgrupper i områder med mye ferdsel. Informasjon som bygger på lokal kunnskap og brukstradisjoner kan bidra til lokal interesse for natur- og kulturkvalitetene som ligger til grunn for vernet. Slik kan informasjon være med å dempe eventuelle konflikter, en kan øke forståelsen for vern og verneområdeforvaltning, samt engasjere for ivaretakelse av natur generelt. Informasjon om naturfaglige og kulturhistoriske verneverdier, sårbare områder osb. kan dessuten være med å øke kvaliteten på oppholdet for dem som besøker områdene."

4.2.1 INFORMASJON OG SKILTING AV INNFALLSPORTAR

Det er både viktig og ønskjeleg med god informasjon til brukarane av verneområda. Dette er også viktig for reiselivet i området. Det bør setjast opp skilt og informasjonstavler ved dei mest brukte stiane og løypene som går inn i området, ved innfallsportane, og det bør vere meir omfattande informasjonsopplegg knytt til reiselivsverksemda sentrale stader kring Breheimen.

Miljødirektoratet sin mal for plakatar i verneområde skal nyttast, og det kan bli sett av plass på plakatstativa til lokal, relevant informasjon som til dømes reglar om bandtvang og om fiskekortordninga og liknande. Plakatane blir så langt råd sett opp i tilknyting til eksisterande bygningar eller på parkeringsplassar ved innfallsportane. Aktuelle stader er turisthyttene, større parkeringsplassar, ved vegar inn i området, og i sentrum av dei større tettstadene. Oppsetjing av skilt må ha løyve frå grunneigarane.

Tabellen nedanfor syner kva innfallsportar som har skilt og/eller informasjonsplakatar per 2017 (omfanget vil variere):

Tabell 7. Eksisterande informasjonspunkt i Breheimen per 2017.

Eksisterande informasjonspunkt per 2015	Merknad
Nordstedalseter turisthytte	
Nordstaden, vegkryss	
Turtagrø	
Hødnevollen, Mørkridsdalen	
Jervane i Mørkridsdalen	
Fjordstova, Skjolden (under planlegging)	
Kilen, Dalsdalen	
Vigdal	
Vanndalen	
Geisdalen	
Fagredalen	
Viva, Jostedalen	
Styggevatnet	
Grotli (under planlegging)	
Sota seter	Ta ned utdatert informasjon om Nasjonalparkriket og utarbeide ny plakat om Sota-området.
Dønfoss	
Billingen	
Lundadalen	
Vassenden	
Dumdalsområdet (spesielt om grottene)	
Sognefjellet	Under planlegging med nasjonal turistveg og må vurderast opp mot besøksstrategi for Jotunheimen
Jotunheimen fjellstue (under planlegging med nasjonal turistveg)	
Norsk Fjellmuseum (Lom sentrum)	

Tabellen nedanfor viser kva nye stader det kan vere aktuelt å informere om verneområda i Breheimen, i tillegg til dei lokalitetane som er nemnt ovanfor. Dette bør evt. greiast ut i arbeidet med ein besøksstrategi.

Tabell 8. Stader der det bør greiast ut eventuelt behov for å informere om verneområda i Breheimen i arbeidet med ein besøksstrategi.

Aktuelle/vurderte informasjonspunkt

Heltne/Skåri i Mørkridsdalen
Fortun
Hornane, Dalsdalen
Yttri mot Skarhaug og Stokkastølen i Fortunsdalen
Ormelid
Kommunegrensa Lom/Skjåk (ved ysteriet)
Høyrokampen
Krysset rv 55-”Burmavegen”
Rustadsætre
Netosæter
Høydalsseter

Det er laga ein ny merkevarestrategi for nasjonalparkane i Noreg. Logosymbolet er ein portal, ei beskyttande ramme som vert mjuka opp av ei naturleg landskapskurve. Den viser samspelet mellom kultur, og natur, og balansen mellom besøk og vern. Merkevarestrategien bør brukast aktivt av dei som har rett til å bruke han. Nærare retningsliner for bruk vil ein finne på heimesidene til Miljødirektoratet. Nasjonalparkstyret og Miljødirektoratet kan gje råd om bruken.



Små born på tur, Breheimen nasjonalpark. Foto: Kari Elin Sperstad

Informasjon i Lom, Luster og Skjåk

Det bør etablerast eit meir omfattande og samordna informasjonsopplegg i dei tre kommunane. Eit slikt opplegg bør utformast i samarbeid mellom aktuelle aktørar, og gjerne lokaliserast i tilknyting til turistinformasjon.

Elles er det innfallsportar til andre verneområde i alle dei tre kommunane, til Jotunheimen, Reinheimen og Jostedalsbreen nasjonalparkar, og informasjon om fleire av verneområda bør samordnast. Det er også to nasjonalparksenter knytt til verneområda i Breheimen, Norsk Fjellmuseum i Lom og Breheimsenteret i Jostedalen, med to mindre informasjonspunkt, informasjon i butikk på Dønnfoss i Skjåk og Fjordstova i Luster.

Skjolden og Fortun er innfallsport både til Jotunheimen og Breheimen. Frå fleire stader i Lom og Skjåk (langs Sognefjellsvegen og riksveg 15) kan ein raskt kome seg inn i både Breheimen, Jotunheimen og Reinheimen nasjonalparkar, tilsvarende frå Jostedalen til både Jostedalsbreen nasjonalpark og i Breheimen.

Sentrale plassar langs hovudvegnettet for informasjon om Breheimen er:

- Lom (Norsk Fjellmuseum – nasjonalparksenter)
- Jostedalen (Breheimsenteret – nasjonalparksenter)
- Dønnfoss (Coop marknad Bruvoll – informasjonsportal for Breheimen)
- Skjolden (Fjordstova – informasjonsportal for Breheimen)
- Billingen (infopunkt Breheimen – Reinheimen – informasjon ute/inne)
- Turtagrø (infopunkt Breheimen – Jotunheimen – informasjon ute)
- Sognefjellshytta (informasjonspunkt Breheimen – Jotunheimen – informasjon ute)

Nasjonalparksenter

Nasjonalparksentera si oppgåve er å informere om nasjonalparkar, naturvern og om miljøvennleg friluftsliv i nasjonalparkane. Formidlinga om nasjonalparkane skal skje i samhandling mellom nasjonalparksentera og nasjonalparkstyret. Miljøforvaltinga sin visjon er at nasjonalparksentera skal vera ei open dør til natur og naturopplevingar. Det er 15 autoriserte nasjonalparksenter i landet. For å bli autorisert som nasjonalparksenter skal senteret oppfylle eit sett kriterium som gjeld innhald og aktivitet, profil, lokalisering, finansiering av drift, mål og målgruppe, kompetanse og sørvis. Avtalen er avgrensa til fem år om gangen.





Frå opninga av nasjonalparkutstillinga om Breheimen på Fjordstova i Skjolden i 2013. Foto: Eldrid Nedrelo

Norsk Fjellmuseum og Breheimsenteret er i dag nasjonalparksenter for Breheimen NP, Jotunheimen NP, Reinheimen NP og Jostedalsbreen NP. Informasjonstilbodet for Breheimen er som nemnt i tillegg styrka gjennom utstillingane på Dønfoss og Fjordstova i Skjolden. Dei to nasjonalparksentera er ansvarlege for utviklinga av desse informasjonsporta-lane.

Tiltak og samarbeid mellom informasjonsaktørane

- Breheimen nasjonalparkstyre vil sjå til at det vert utarbeidd informasjonsplakatar og at desse vert sette opp på prioriterte stader. Anna tilrettelegging som t.d. parkeringsplassar og toalett kan og vere aktuelle tiltak. Slike tiltak er også utført fleire stader. Kommunane i samarbeid med grunneigarane vil vere avgjerande for å få dette til.
- Det bør lagast ein eigen tiltaksplan for informasjon i verneområda i Breheimen som definerer dei høgst prioriterte tiltaka med framdrifts- og kostnadsplan, og som seier meir om ansvaret og samhandlinga mellom dei ulike aktørane. Føremålet med ein slik plan vil vere å gje mål, retningsliner og føreslå tiltak for informasjonsarbeidet i tilknyting til forvalting, skjøtsel og bruk av Breheimen.
- Det er laga ei eiga nettside for Breheimen nasjonalparkstyre. Den er tilgjengeleg her:
www.nasjonalparkstyre.no/breheimen. Breheimen nasjonalparkstyre ønskjer å nytte denne plattforma for å informere om sitt arbeid, dvs. generell informasjon om verneområda, faginformasjon, informasjon om tiltak og rettleiing ved søknad om dispensasjon frå verneforskrifta. Informasjon til turistar og besøkande vil primært bli kanalisiert gjennom nasjonalparksentera, turistinformasjon og reiselivsselskap.
- Breheimen nasjonalparkstyre vil vere med og vidareføre prosjektet «Barnas naturoppsyn» i samarbeid med Statens naturoppsyn. Målet med prosjektet er at borna skal bli kjende med, og hjelpe oss å formidle om verneverdiar i deira nærmiljø. Opplegget er: 1) motivasjonsøkt, 2) kunnskapsøkt i felt, 3) etterarbeid og presentasjon i regi av skulen.
Ansvarleg: Statens naturoppsyn i samarbeid med nasjonalparkstyret. Kostnad: 35 000,-.

4.3 MILJØVEDTAKSREGISTERET

Miljøvedtaksregisteret er eit offentleg register som gjev ålmenta fri tilgang til enkeltvedtak og forskrifter på miljøområdet. Enkeltvedtak knytte til verneområde er blant vedtaka som du kan finne i Miljøvedtaksregisteret, jf. forskrift 14. juni 2013 nr. 643 om Miljøvedtaksregisteret.

Når nasjonalparkstyret har treft eit enkeltvedtak etter verneforskriftene i Breheimen skal nasjonalparkforvaltaren registrere vedtaket i Miljøvedtaksregisteret. Enkeltvedtak skal registrerast seinast tre verkedagar etter at parten er orientert om vedtaket.

- Det er ei eiga kartløsing i Miljøvedtaksregisteret. Her kan du søke opp enkeltvedtaka ut frå kvar vedtaka er registrert. Slik stadfesting representerer vedtaket og vil ikkje nødvendigvis vere eksakt. Du finn meir informasjon om Miljøvedtaksregisteret på Miljødirektoratet sine heimesider saman med innsynsløysinga her:
<http://www.miljovedtak.no/>.



Ein dag med Barnas naturoppsyn i Vanndalen, innfallsport til Breheimen. Foto: Eldrid Nedrelo



Slått på Knivabakkgjerdet i Mørkridsdalen landskapsvernområde. Foto: Eldrid Nedrelo

4.4 SKJØTSEL

Det er utarbeidd bevaringsmål for verneverdiane i området (sjå kapittel 2.2). Bevaringsmåla skal gje rettleiding for skjøtselen. For bevaringsmåla er det føreslått ulike tiltak som kan setjast i verk om verneverdiane er truga. Desse vurderingane er utgangspunkt for seinare utarbeiding av meir detaljerte skjøtselsplanar. Ikkje alle framlegg til tiltak kan gjennomførast, m.a. av økonomiske grunnar.

Det er laga meir detaljerte skjøtselsplanar for Mysubytta landskapsvernområde og Mørkridsdalen landskapsvernområde, og det skal lagast eigne skjøtselsplanar som oppfølging av forvaltingsplanen for følgjande område:

- Vigdalens landskapsvernområde
- Høydalens landskapsvernområde
- Høyrokampen naturreservat

4.5 OPPSYN

Med vernevedtaket oppstår eit behov for å føre kontroll med at verneforskrifta, retningsliner og ulike dispensasjonsvedtak vert følgde opp. Eit effektivt og fagleg dyktig oppsyn er difor viktig for å kunne følge utviklinga i verneområdet – både når det gjeld naturkvalitetane og bruken av området.

Statens naturopsyn (SNO) vart oppretta med heimel i Lov om naturopsyn av 21.6.1996, som eit bidrag til å nå nasjonale miljømål. SNO har ansvaret for oppsynet i verneområda i Norge, og utøver dette i ein del tilfelle gjennom tenestekjøp frå lokalt oppsyn. Det er tilsett 2 personar i Statens naturopsyn med Breheimen som arbeidsområde, ein med kontorstad i Skjåk, og ein med kontorstad i Luster. SNO skal samarbeide med lokalt oppsyn. Lokalt oppsyn finst m.a. i Skjåk allmenning, Lom fjellstyre og Luster austre statsallmenning.

Lov om statleg naturopsyn heimlar eit heilskapleg naturopsyn innanfor særlovene naturmangfaldlova, friluftslova, viltlova, lakse- og innlandsfiskelova, motorferdslelova, kulturminnelova og delar av forureiningslova. SNO sine viktigaste oppgåver er:

- å ivareta nasjonale miljømål
- kontroll i høve til lover, forskrifter og anna regelverk
- førebyggje miljøkriminalitet
- rettleiing og informasjon
- praktiske skjøtselsoppgåver av ulik art
- registrering og dokumentasjon

Nærleiken til store turistdestinasjonar og kort veg inn i verneområda gjer at det er stor trafikk i områda kring Breheimen. Det er difor spesielt viktig med god informasjon om verneområda. Av særskilde naturverdiar som må følgjast opp er villrein, og førekost av rovfugl.

I Breheimen vil følgjande oppgåver vere særleg aktuelle:

- å gje informasjon og rettleiing til brukarar og besøkande.
- å kontrollere, rapportere og reagere på brot på verneforskriftene og anna lov-/regelverk.
- å gjennomføre skjøtsel og tilrettelegging for bruk både av nasjonalparken, landskapsvernombråda og naturreservatet.
- å halde oversyn over utviklingstendensar i bruken av områda.
- å halde oversyn/oppsyn med status over natur- og kulturverdiane i området, med særleg vekt på prioriterte artar og utvalde naturtypar.
- å føre tilsyn og utføre eventuelt vedlikehald på statleg eigedom, som til dømes informasjons- og oppmerkingsmatieriell.



Statens naturoppsyn på oppsyn ved Spørteggbreen, Breheimen nasjonalpark. Foto: Eldrid Nedrelo

5. SAKSHANDSAMING

5.1 FORVALTINGSSTYRESMAKT – LOKAL FORVALTING

Forvalting av verneområda i Breheimen involverer følgjande styresmakter:

Klima- og miljødepartementet (KLD) er øvste styresmakt for miljøforvaltinga i Noreg. Departementet er ansvarleg for gjennomføring av miljøvernpolitikken som Stortinget har vedteke. KLD er overordna styresmakt for forvaltinga av område verna etter naturmangfaldlova (inkl. tidlegare naturvernlova). Det er KLD som formelt har gjeve nasjonalparkstyret forvaltingsstyresmakta.

Miljødirektoratet er øvste fagstyresmakt for naturvernsaker i Norge. Miljødirektoratet har hovudansvar for forvalting av område verna etter naturmangfaldlova (inkl. naturvernlova og viltlova), og er klageinstans for vedtak som vert fatta av nasjonalparkstyret. Miljødirektoratet skal også rettleie nasjonalparkstyret i praktisering av verneforskrifta. Forvaltingsplanen skal godkjennast av Miljødirektoratet.

Breheimen nasjonalparkstyre (styret) er forvaltingsstyresmakt for verneområda i Breheimen. Miljøverndepartementet har vedteke å etablere eit felles styre for Breheimen nasjonalpark, Strynefjellet landskapsvernområde, Mysubytta landskapsvernområde, Høydalen landskapsvernområde, Vigdalen landskapsvernområde, Mørkridsdalen landskapsvernområde og Høyrokampen naturreservat.

Forvaltingsmodellen for Breheimen nasjonalpark vart avgjort i samband med vernevedtaket, jf. Kgl. res. Dette er følgd opp i brev av 23. september 2010 frå statsråden med oppnemning av representantar og vedtekter for nasjonalparkstyret. Det er oppretta eit nasjonalparkstyre med representantar frå:

- Lom kommune (primært ordførar)
- Skjåk kommune (primært ordførar)
- Luster kommune (primært ordførar)
- Skjåk Almenning
- Oppland fylkeskommune
- Sogn og Fjordane fylkeskommune

Vedtekten for Breheimen nasjonalparkstyre er tilgjengeleg på heimesida til nasjonalparkstyret:

www.nasjonalparkstyre.no/Breheimen

Styret skal sørge for ei heilskapleg og kontinuerleg forvalting på tvers av administrative grenser og innanfor ramma av naturmangfaldlova og verneforskrifta for det einskilde verneområdet. Forvalting av verneområda krev samhandling mellom mange aktørar. Det skal difor utnemnast eit fagleg rådgjevande utval som representerer ulike brukarinteresser i områda. Styret kan opprette eit mindre arbeidsutval. Vedtak som blir gjort av arbeidsutvalet må skje innanfor ramma av overordna prinsipp fastlagd av heile styret og som ligg innanfor ramma av naturmangfaldlova og gjeldande verneforskrifter.

Det er tilsett to nasjonalparkforvaltarar som utgjer sekretariatet for nasjonalparkstyret. Dei er tilsette hos Fylkesmannen i Oppland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Den eine har kontorplass på rådhuset i Gaupne i Luster kommune, og den andre sit i Skjåk Utmarkssenter på Bismo i Skjåk kommune.



Breheimen nasjonalparkstyre, SNO og forvaltarar på synfaring i Mørkridsdalen landskapsvernområde 2017. Foto: Bjørn Dalen

Fylkesmannen (FM) har hatt ansvar for utgreiingsarbeidet for verneplan for Breheimen og har vore forvaltingsstyremakt for større verneområde tidlegare. FM var ansvarleg for å lage skissa til forvaltingsplan for Breheimen nasjonalpark og tilhøyrande verneområde som følgde med vernevedtaket i 2009. FM har klagerett på vedtak fatta etter naturmangfaldlova, jf. § 62, og vil dermed også ha klagerett på vedtak som vert fatta av nasjonalparkstyret.

5.2 EIGEDOMSFORHOLD OG ANDRE RETTSLEGE FORHOLD

Verneområda i Breheimen omfattar totalt ca. 1793, 3 km². Av dette er ca. 28 % statsallmenning, og resten privat grunn. Skjåk bygdeallmenning utgjer i alt ca. 963 km², og med det ca. 54% av det verna arealet.

Verna areal i verneområda i Breheimen fordeler seg som vist i tabellen nedanfor.

Tabell 9: Verna areal i verneområda i Breheimen, og del statsgrunn.

Verneområde	Areal	Areal statsallmenning	Kommune
Breheimen nasjonalpark	1691 km ²	475, 2 km ²	Skjåk, Lom, Luster
Strynefjellet landskapsvernområde	11,8 km ²	0 km ²	Skjåk
Mysubytta landskapsvernområde	5,58 km ²	0 km ²	Skjåk
Høydalen landskapsvernområde	11,1 km ²	11,1 km ²	Lom
Mørkridsdalen landskapsvernområde	34,7 km ²	0 km ²	Luster
Vigdalen landskapsvernområde	29,2 km ²	1,2 km ²	Luster
Høyrokampen naturreservat	9,91 km ²	9,91 km ²	Lom

Vernevedtaket endrar ikkje eigedoms- og rettsforholda. Det kan likevel endre innhaldet i og karakteren av bruks- og eigedomsretten gjennom dei restriksjonane som vert gjevne i høve bruk og fysiske tiltak. Med mindre det går fram av verneforskrifta, vert ikkje grunneigar sine rettar og plikter endra. Dette er privatrettslege tilhøve. Nasjonalparkstyret kan nekte inngrep og tiltak på privat eigedom i verneområda som er i strid med den einskilde verneforskrifta.

Forholdet til anna lovverk

Forskrifter gjevne med heimel i naturmangfaldlova går som hovudregel framom andre forskrifter dersom det er motstrid mellom reglar. Det er også viktig å merke seg at anna regelverk gjeld i tillegg til verneforskrifta. I ei byggjesak må ein for eksempel ha løyve både etter verneforskrifta og etter plan- og bygningslova. Ved søknader om motorferdsel må ein som regel ha dispensasjon både etter verneforskrifta og motorferdsellova. I tillegg er det krav om løyve frå grunneigar.

Med få unntak vil verneforskrifta ha strengare reglar om bruk og tiltak i eit verneområde enn anna lovverk. Det er difor naturleg at ein søknad om dispensasjon først vert handsama etter verneforskrifta.

Verneforskrifta gjeld innanfor eit verneområde sine grenser, og avgrensar difor ikkje råderetten utanfor verneområdet.

5.3 FORVALTING AV VERNEFORSKRIFTA

Verneforskrifta har som føremål å oppretthalde tilstanden som området var i ved vernetidspunktet, samt å fremje verneføremålet. Forvaltingsansvaret for verneområda i Breheimen ligg hjå nasjonalparkstyret (styret), og det er deira ansvar at verneforskrifta blir forvalta etter verneføremålet. Dersom verneverdiane vert forringa, er det styret sitt ansvar at nødvendige tiltak vert sett i verk. Vidare skal styret handsame og avgjere alle søknader. Nasjonalparkstyret har delegert myndighet til nasjonalparkforvaltarane til å treffe vedtak i nokre særskilde saker som gjeld ferdsel, jf. vedtak i sak 2012/8607 den 11.02.2013 og i styremøte den 05.04.2016, sak 7/2016. Klage på vedtak skal sendast til Miljødirektoratet.

Forvaltinga av verneområda skal skje i eit langsiktig perspektiv. Dette stiller store krav til langsiktig tenking både hjå dei som dagleg brukar områda og nasjonalparkstyret. Forvaltingsplanen for verneområda i Breheimen er planlagt å rullerast kvart tiande år for å kunne fange opp eventuelle endringar i verneområdet. Det er likevel ønskjeleg at førstegongs rulling vert gjort etter 3-5 år.

5.3.1 GENERELLE DISPENSASJONSREGLAR

Den generelle dispensasjonsregelen skal vere ein sikkerheitsventil for uføresette tilfelle eller spesielle/særlege tilfelle som ein ikkje visste om/hadde kunnskap om på vernetidspunktet. Det er vesentleg at ein dispensasjon ikkje vert brukt til å uthole vernet. Han skal i første rekke kunne nyttast på søknader som gjeld bagatellmessige inngrep eller forbigåande forstyrningar.

Den generelle dispensasjonsregelen går fram av verneforskrifta § 4:

§ 4 Generelle dispensasjonsreglar

Nasjonalparkstyret kan gjere unntak frå forskrifa dersom det ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

Det er to vilkår for dispensasjon etter denne regelen og begge vilkåra må vere oppfylt for at dispensasjon kan gjevast:

- Tiltaket kan ikkje påverke verneverdiane nemneverdig, og
- Tiltaket må ikkje stride mot føremålet med vernevedtaket.

Rundskrivet frå Miljødirektoratet «Forvaltning av verneforskrifter» (revidert utgåve frå januar 2014) gjev retningsliner for korleis dei generelle dispensasjonsreglane skal nyttast. Rundskrivet gjev m.a. følgjande føringer:

- **Krav til at tiltaket «ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket».** Kva som er i strid med verneføremålet vil variere med formuleringa av verneføremålet i den einskilde verneforskrifta. Det må dessutan sjåast i samanheng med omfanget, arten og plasseringa av tiltaket opp mot verneføremålet. Tiltak og bruk som føreset større tekniske inngrep vil det som regel ikkje vere mogleg å gje løyve til i verneområda.
- **Eit vilkår at tiltaket «ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig».** Ordet «nemneverdig» inneber at det skal vere ein ganske snever inngang til å gje løyve, og at det berre skal skje i dei tilfelle tiltaket vil ha avgrensa verknad for verneverdiane. Siktemålet med denne presiseringa er å sikre at vernevedtaket ikkje vert uthola gjennom omfattande løyve. Regelen gjev òg ein klar peikepinn på at omsynet til verneverdiane skal vere overordna for eksempel næringsinteresser.
- **Begge krav må vere oppfylte for at ein skal kunne gje løyve!** Det føl likevel ikkje av dette at ein nødvendigvis skal gje løyve dersom krava er oppfylte. Ingen har krav på løyve, og andre vurderingsmoment kan kome inn. Vurderinga er basert på skjønnet til forvaltingsstyresmakta innanfor ramma av alminnelege forvaltingsrettslege reglar og retningsliner og instruksar frå overordna styremakt. Mellom anna vil omfanget, miljøverknaden og kor naudsynt

tiltaket er viktigast. Også omsyn som positivt talar for tiltaket ein søker om, og om tiltaket vil stride mot verneverdiane om tilsvarende løyve vert gjeve i framtida, inngår i vurderinga.

- **Dispensasjonsregelen kan ikkje nyttast for å utvide den ramma som er trekt opp i vernevedtaket.** Forvaltingsstyre smakta må vurdere om eit løyve vil kunne gje auka framtidig press for liknande løyve. Dersom det er knytt usikkerheit til kva verknader eit tiltak kan ha for naturmiljøet bør føre-var-prinsippet tilleggas stor vekt. Rimeleg tvil om verknadene av eit føreslått tiltak eller naturinngrep bør t.d. føre til at ein søknad vert avslått eller at ei avgjerd vert utsett til spørsmålet er nærmere avklart.
- **Tiltak som er med på å fremje verneverdiane.** Normalt vil det bli gjeve løyve i slike tilfelle. Slik bruk kan vurderast som eit ledd i forvaltinga som vert utøvd for å ta vare på verneverdiane. Ofte vil det også vere uproblematisk å tillate bruk som er nøytral i høve til verneverdiane, dvs. som verken fremjar eller er i strid med desse.
- **Tiltak av vesentleg samfunnsinteresser.** Stor lokal interesse eller regional tyding kan generelt ikkje vere tilstrekkeleg grunnlag for dispensasjon etter denne regelen. Regelen er ikkje meint for tiltak som berre har lokal tyding. Unntaksvis kan regelen likevel nyttast for forhold av regional tyding som for eksempel viktige kommunikasjonsanlegg som riksvegar, flyplassar, jernbaner osb. Ein føresetnad bør då vere at det ikkje finst alternative løysingar eller at alternative løysingar vert så mykje dyrare og / eller omfattande at det vil vere av «vesentleg samfunnsmessig tyding» at det vert gjeve dispensasjon.

5.4 GENERELLE RETNINGSLINER FOR SAKSHANDSAMING

Retningslinjer for handsaming av saker som gjeld dei ulike brukarinteressene er presentert i kapittel 3. Punkta nedanfor viser dei generelle retningslinene for all sakshandsaming som omhandlar Breheimen.

1. Alle søknader om tiltak som krev løyve/dispensasjon etter verneforskrift skal sendast Breheimen nasjonalparkstyre. Postadresse: Postboks 987, 2626 Lillehammer, eller på e-post: postmottak@fmop.no.
2. Alle søknader skal grunngjenvært. Jamfør reglane i forvaltingslova og naturmangfaldlova §§7 og 48.
3. Normalt vil verneforskrifta ha strengare reglar enn det som gjeld etter anna lovverk. Søknader vert difor først vurderte etter verneforskrifta før dei eventuelt vert vurderte etter anna lovverk. Avslag etter verneforskrifta kan ikkje overstyrast av anna lovverk. Søknad om tiltak i verneområde skal raskt sendast i kopi til kommunen. Kommunen vil då raskt kunne handsame saka dersom nasjonalparkstyret gjev løyve til eit tiltak.
4. Det er viktig at ein i all sakshandsaming gjer ei samla vurdering i forhold til verknaden av tiltaket på alle typar verneverdiar og forholdet til andre brukarinteresser. Sjå i tillegg kap. 1 om vurdering av tiltak etter naturmangfaldlova §§ 8-12.
5. Nasjonalparkstyret kan normalt gå langt i å setje vilkår som avgrensar skadeverknader av ein dispensasjon. Kva vilkår som lovleg kan setjast, må gjerast ut frå ei totalvurdering. Det er krav om at vilkår som blir sett, har ein sakleg samanheng med det løyvet gjeld. Dersom eit vilkår er eigna til å motverke moglege skadeverknader av eit vedtak, vil det normalt alltid føreliggja tilstrekkeleg sakleg samanheng.
6. Ved brot på vilkår i eit løyve skal nasjonalparkstyret vurdere om saka skal handsamast på nytt med tanke på om vedtaket skal gjerast om. Ved grovere brot bør vedtaket gjerast om slik at løyvet vert inndrege. Brot på vilkår kan tilleggas vekt ved handsaming av nye søknader.
7. Statens naturoppsyn er ansvarleg for vurdering av og melding til politiet ved brot på løyve/vilkår og verneforskrift. Breheimen nasjonalparkstyre har i tillegg eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at alle brot på reglane i verneforskrifta som nasjonalparkstyret får kjennskap til vert rapporterte/melde til politiet.

8. Ein legg opp til å gje fleirårige løyve når det er snakk om regelmessige aktivitetar /årvisse behov knytt til lovleg aktivitet, eks. når eit tiltak må gjentakast med jamne mellomrom. Det kan setjast vilkår for slike løyve. Ein kan gje fleirårige løyve m.a. i samband med drift av energianlegg, uttransport av elg/hjort og oppkøyring av skiløyper. Styret kan gje fleirårige løyve for inntil fire år om gongen.
9. Følgjande instansar skal ha kopi av alle vedtak: Kommunar vedtaket gjeld, Statens naturopsyn, Miljødirektoratet, Fylkesmannen i Oppland, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane og Naturvernforbundet i Oppland. Sistenemnde er definert som part (bestemt på nasjonalt nivå) og har difor klagerett på vedtak. I saker der ein vurderer det som naudsynt, skal også grunneigarar ha kopi.
10. I saker som omhandlar kulturminne skal Sogn og Fjordane fylkeskommune / Oppland fylkeskommune involverast, og Villreinnemnda skal bli involvert som høyringspart i saker som omhandlar villrein.
11. Vedtak etter verneforskrifta er enkeltvedtak og kan klagast på av ein part eller annan med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltingslova § 28. Kven som er part eller som har rettsleg klageinteresse må vurderast i den einskilde saka. Fristen for å klage er 3 veker frå det tidspunktet underretning om vedtak er kome fram til vedkommande part, frå den dagen underretning vart offentleg kunngjort eller frå det tidspunkt ein burde ha fått eller burde ha skaffa seg kjennskap til vedtaket, jf. forvaltingslova § 29.
12. Miljødirektoratet er klageinstans for vedtak fatta av nasjonalparkstyret. Klage på vedtak skal sendast til Breheimen nasjonalparkstyre, Postboks 987, 2626 Lillehammer, eller på e-post: postmottak@fmop.no. Styret vurderer om dei tek klagan til følgje. Dersom dei ikkje tek klagan til følgje/gjer om vedtaket, vert klagan sendt til Miljødirektoratet , Postboks 5672 Sluppen, 7485 Trondheim eller per e-post til postmottak@miljodir.no.



Lundadalen med Hestbrepiggane, Breheimen nasjonalpark. Foto: Bjørn Dalen

5.5 KONGELEG RESOLUSJON

Kongeleg resolusjon er det dokumentet som låg ved saka når Kongen i statsråd vedtok opprettning av verneområda i Breheimen den 7. august 2009. Dette dokumentet har ei oppsummering av innspela som kom under høyringa på forslaget til verneplan. Vidare inneholder dokumentet kommentarane frå dei ulike forvaltningsnivåa til dei ulike innspela, samt konklusjonane frå Miljøverndepartementet på dei ulike tema. Enkelte saker kan vere spesielt omtala i dette dokumentet og legg såleis føringar for eksempel for korleis verneforskrifta skal tolkast og forvalta. Dette er tilfelle for nokon få tema i denne forvaltingsplanen og dei er omtala eller teke direkte inn i teksten der det gjeld.

6. REFERANSAR

Alveng, P. 2008. Vern av Breheimen – Mørkridsdalen. Konsekvensutredning. Tema: Motorferdsel. Miljøfaglig Utredning rapport 2008-16. ISBN 978-82-8138-296-1

Andersen, O., Jordhøy, P. & Nellemann, C. 2008. Villrein i Breheimen – Mørkridsdalen. Konsekvensutgreiing av vern – NINA Rapport 348: 33 s.

Berg, R. Y., Hassel, K., Haugan, R. & Larsen, B. H. 2007. Botaniske registreringer og vurderinger i Høyrokampen-området. Miljøfaglig Utredning, rapport 2007:10. 55 s.

Bøthun, S. W., Clemetsen, M. og Skjerdal, I. 2007. Breheimen – Mørkridsdalen, kartlegging av landskap. Aurland Naturverkstad Rapport 2/2007.

Clemetsen, M. 2007. Kartlegging av landskap i Breheimen – Mørkridsdalen. Tilleggsutgreiing Sognefjellet nord. Aurland Naturverkstad Rapport 11/2007. 20 s.

DN 1999. Nasjonal rødliste for truete arter i Norge 1998. – DN-rapport 3: 1-161.

Direktoratet for naturforvaltning 1996. DN-rapport nr 3 – 1996. Forvaltning av nasjonalparker.

Direktoratet for naturforvaltning 2008. Håndbok 17 (2001 -Revidert 2008). Områdevern og forvaltning. Nettutgåve.

Direktoratet for naturforvaltning 2006. Håndbok 27 – 2006. Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv.

Den Norske Turistforening, Forbundet KYSTEN, Friluftsrådenes Landsforbund, Merkehåndboka – Håndbok for tilrettelegging og merking av turruter i fjellet, skogen og langs kysten.

DNT årbok 2000. Breheimen

Eilertsen, S. M. & Høberg, J. 2008. Utredning av vern i Breheimen – Mørkridsdalen. Konsekvensutredning for landbruk og tamrein. Bioforsk rapport 58/2008. 50 s. + vedlegg.

Entzenberger, T. 2010. Undersøking av forekomster av ikke stedegen gran innenfor Vigdalen landskapsvernområde. Notat. 10 s.

Fangel, K. 2008. Utredning om vern av Breheimen-Mørkridsdalen. Konsekvenser for hytter og andre bygninger – NINA Rapport 351. 57 s.

Finansdepartementet 2002. Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet medregnet folketrygden 2003. St.prp. nr. 65 (2002-2003). s 198 –216 (Fjellteksten)

Fjellstad, H. & Larsen, B. H. 2008. Vern av Breheimen – Mørkridsdalen. Konsekvensutredning. Tema: Naturmiljø. Miljøfaglig Utredning rapport 2008:19. ISBN 978-82-8138-299-2

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Rapport nr 2 – 2008. Stølane i Mørkridsdalen – Far etter folk.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Referat frå synfaring i Vigdalen 03.06.2009 datert 08.06.2009.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Referat frå synfaring i Vigdalen landskapsvernområde den 28.09.2010 om lokalisering av samlekve og veggtilkomst datert 16.02.2010.

Gaarder et. al. 2005. Gaarder G., Grimstad, K. J., Holtan, D. & Larsen, B.H. 2005. Kartlegging av biologisk mangfold i utredningsområdet for vern i Breheimen – Mørkridsdalen, Oppland og Sogn og Fjordane fylker. Miljøfaglig Utredning Rapport 2005-13: 1-81 + vedlegg.

Gaarder, G. & Larsen, B. H. 2007. Naturverdier ved Mørkrid i Luster kommune. Miljøfaglig Utredning rapport 2007-68. 32 s. ISBN 978-82-8138-272-5

Gjære, J. 2008. Konsekvensutgreiing Verneplan for Breheimen – Mørkridsdalen, Samferdsle. Asplan-viak – rapport 516378. 28 s.

Grut, T., Sataøen, H. & Aall, C. 2006. Kartlegging av reiseliv, gardsturisme, turguiding og friluftsliv og anna miljøbasert næringsutvikling knytt til Breheimen – Mørkridsdalen. Vestlandsforsking-rapport 7/05. 57 + vedlegg.

Holtan, D. 2007. Botaniske tilleggsundersøkelser i Breheimen, Oppland fylke. 12 s.

Jordhøy, P. (red.), Sørensen, R., Aaboen, S., Berge, J., Dalen, B., Fortun, E., Granum, K., Rødstøl, T., Sørumsågård, R. & Strand, O. 2011. Villreinen i Ottadalen. Kunnskapsstatus og leveområde. – NINA Rapport 643. 85 s. + vedlegg.

Karlsen, J. og Dybwad, T. 2008. Verneframlegg og konsekvensutgreiing (Høyringsframlegg). Breheimen nasjonalpark med tilgrensande landskapsvernområde og naturreservat. Fylkesmannen i Oppland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. 133 s.

Koppen, G. & Stokke, K. B. 2008. Konsekvensutredning av vern i «Breheimen – Mørkridsdalen». Tema: Lokal tilhørighet og framtidig forvaltning. Norsk institutt for by- og regionforskning. Notat 2008:106. 74 s. + vedlegg.

Lauritzen, S. E. 2008. Kommentarer til verneforslag NR Dummdalen, Breheimen. Notat. 2 s.

Lauritzen, S. E. 2010. Foreløpig forvaltningsstrategi for karst- og grotteforekomster I Dummdalen, Breheimen nasjonalpark. Uttalelse til Fylkesmannen i Oppland. 3 s.

Lauritzen, S. E. & Dahl, T. 2010. Tilstandsrapport og tilråding for Dummdalsgrottene. Til Fylkesmannen I Oppland. 11 s.

Lov om forvaltning av naturens mangfold av 19. juni 2009

Lov om naturvern av 19. juni 1970

Melby, M. W. 2008. Vern av Breheimen-Mørkridsdalen. Konsekvensutredning. Tema: Kraftressurser. Miljøfaglig Utredning rapport 2008-5. ISBN 978-82-8138-285-5.

Melby, M. W. 2008. Vern av Breheimen – Mørkridsdalen. Konsekvensutredning. Tema: Landskap. Miljøfaglig Utredning rapport 2008-6. ISBN 978-82-8138-286-2.

Melby, M. W., Gaarder, G. & Larsen, B. H. 2010. Breheimen nasjonalpark med tilgrensende verneområder i Luster, Lom og Skjåk kommuner. Forslag til biologiske og landskapsfaglige bevaringsmål. Miljøfaglig Utredning rapport 2010 – 41. ISBN 978-82-8138-435-4. 70 s.

Miljøverndepartementet 2012. Retningslinjer ved handsaming av søknader om utbygging av naudnett i verneområde, datert 14.11.2012. 5 s.

NINA Fagrappo 72 - 2003. Bruk og forvaltning av nasjonalparker i fjellet

NINA Rapport 643 – 2011. Villreinen i Ottadalen. Kunnskapsstatus og leveområde. 111 s.

NINA Temahefte 27 – 2004. Villrein & Samfunn. En veiledering til bevaring og bruk av Europas siste villreinfjell.

Rapport til Miljøverndepartementet 2006. Handlingsplan for bærekraftig bruk, forvaltning og skjøtsel av verneområder.

Skjerdal, I. B. 2006. Registrering av landbruket i samband med verneplanarbeid for Breheimen – Mørkridsdalen. Aurland Naturverkstad Rapport 3 – 2006, 46 s.

Storøy, A. 2008. Vern av Breheimen – Mørkridsdalen. Konsekvensutredning kulturminner og kulturmiljø. asplan-viak-rapport 516378. 107 s.

Vatne, H. Stølane i Mørkridsdalen - Far etter folk. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Rapport 2-2008.

Øyan, H., Andersen, O., Fangel, K., Vistad, O. I. 2008. Utredning om vern av Breheimen-Mørkridsdalen. Konsekvenser for friluftsliv – NINA Rapport 350. 37 s.

Aas, Ø., Tangeland, T. 2008. Utredning av vern i Breheimen – Mørkridsdalen. Konsekvenser for reiseliv. NINA Rapport 394. 39 s.

Aa, A. R. 2009. Rapport 2009. Geologi i Vigdalen. 3 s.

Aa, A. R. & Sønstegaard, E. 2006. Geologi og kvartærgeologi i Breheimen (i Luster, Skjåk og Lom kommunar). R-Nr. 1/2006. Avdeling for Ingeniør- og Naturfag. Høgskulen i Sogn og Fjordane. 111 s.

Verneområda i Breheimen

Verneområda i Breheimen femner om Breheimen nasjonalpark, Strynefjellet landskapsvernombord, Mysubytta landskapsvernombord, Høydalen landskapsvernombord, Vigdalen landskapsvernombord, Mørkridsdalen landskapsvernombord, Høyrokampen naturreservat og Honnsrøve naturreservat.

Breheimen er eitt av dei mest varierte naturområda våre. Her finn ein både nokre av dei mest nedbørsrike og dei mest nedbørsfattige områda i landet. Området strekkjer seg frå kring 100 moh. ved Hødnevollen i Mørkridsdalen til Store Hestbrepiggen på 2 172 moh. Landskapet er forma av isbrear, skred og andre geologiske prosessar gjennom hundretusen av år. I Breheimen kan ein oppleva alt frå frodige stølsdalar med eit levande kulturlandskap til karrig høgfjell og isbrear med eit spennande dyreliv. Her er kulturminne som viser generasjonar sin bruk av områda. Variasjonen i natur- og kulturgrunnlaget speglar også stor variasjon i naturverdiane i Breheimen, både i naturtypar og plante- og dyreliv. Knapt noko anna etablert verneområde i Noreg kan vise til tilsvarende variasjonsbreidd og kontrastar over til dels korte avstandar!

Både eldre og nyare granskningar stadfestar at området har vore nytta av veidefolk i særskilt lang tid ettersom det husar ei mengd kulturminne knytt til den gamle villreinfangsten. Dette vitnar om at reinen har vore ein sentral ressurs for menneska opp gjennom tidene. Reinheimen - Breheimen villreinområde er det tredje største leveområdet for villrein i Noreg.

Utmarksressursane har vore svært viktige i dagleglivet, og for overleveling for folk rundt, og i Breheimen. Bruken har vore varierande frå dei første fangstfolka som kom etter villreinen og som hausta av ressursane som fanst, via haustingsjordbruket og til dagens beitebruk. Det særegne kulturlandskapet vitnar om både tidlegare, og dagens bruk av områda.

Kontaktinformasjon Breheimen nasjonalparkstyre

- E-post: fmoppost@fylkesmannen.no
Nett: www.nasjonalparkstyre.no/Breheimen
Post: Postboks 987, 2626 Lillehammer
Besøksadresse: Rådhuset i Gaupne og Skjåk Almenning

ISBN: 978-82-691091-0-8